

Marknads plassar omkring Hardangervidda

ein arkeologisk og historisk analyse av innlandets økonomi og
nettverk i vikingtid og mellomalder

Kjetil Loftsgarden



Avhandling for graden philosophiae doctor (ph.d.)
ved Universitetet i Bergen

2017

Dato for disputas: 1. desember 2017

Abstract

The period from the late Viking Age to the High Middle Ages, c. 950–1350, was an era of economic expansion, where towns were formed, populations increased, and royal and church power were established. This thesis examines the inland regions of Southern Norway and the exchange of commodities at marketplaces between the mountainous and valley districts and the coastal areas in this period. The marketplaces are seen as part of a larger economic whole, including specialized surplus production, the trading of this surplus, and the overall impact this had on society.

Central questions are how can the marketplaces be identified, where were they located, when were they used and who were involved in the exchange at the marketplaces? I see the marketplaces in conjunction with the surplus production of outfield resources and explore issues such as; who were the actors behind the surplus production from outfield resources and the subsequent trade with these commodities?

The theme of the thesis is extensive; geographically, thematically and chronologically. The focus is therefore on the overall structure of the utilization of outfield resources and trade between mountainous and coastal areas. The thesis is thus developed in line with an understanding of time and change where long overarching structures are slowly changing through interaction with events with a shorter time span. Topographical and climatic factors, such as limited arable land but large outfield areas, provided limitations and opportunities for the people living in the mountainous and valley districts, and this can be seen as an overall structure which required a degree of regional specialization based on traditions and different natural conditions.

Several archaeological surveys and a re-examination of existing archaeological and historical material have shown the existence of a broad range of marketplaces, from seasonal marketplaces in mountainous regions to more established marketplaces with an urban character in inner fjord regions.

In collaboration with Norwegian Institute for Cultural Heritage Research (NIKU), an area in Kinsarvik by the Hardangerfjord was mapped using ground-penetrating radar. This and previous surveys show traces of 18–20 buildings which most likely should be connected to crafts and trade in Kinsarvik in the early and High

Middle Ages. Similarly, surveys conducted on probable marketplaces in mountainous regions found traces of tent rings, horseshoes, horseshoe nails, fire steel and knives that could be traces of yearly gatherings for the purpose of trade, competitions and social interaction.

It is an aim of this thesis to see the marketplaces in a wider context in relation to the exploitation of resources, routes and administrative regions. To achieve this goal, and to aid in the analysis of the material, I have used Geographic Information Systems (GIS). By storing both spatial and non-spatial data in a geodatabase I have analysed archaeological data in conjunction with historical sources, place names and topographical elements. In addition, I have re-calibrated and applied a statistical analysis to earlier C-14-results and made calculations regarding the total amount of iron produced in the late Viking Age–High Middle Ages.

The results indicate that iron production, hunting, and trapping was organized and carried out by local farmers, and that goods from this surplus production were exchanged at seasonal marketplaces in the mountainous or upper valley districts, or at more permanent marketplaces like Kinsarvik in Hardanger or Kaupanger in Sogn.

Furthermore, my analysis shows that the iron production in the south Norwegian inland was on a massive scale in this period and seems to exceed both regional and national demands for iron. This indicates that iron not only constituted a necessary item for regions with little iron production, such as the coastal areas of eastern Norway and large parts of western Norway, but was most likely also an important export article, especially towards Denmark.

My contribution to knowledge is that from the late Viking Age there was an interaction between the marketplaces and surplus production in the inland of Southern Norway. The marketplaces can be seen as a contributing factor in the extensive iron production and surplus production from hunting and trapping. Stable economic networks and marketplaces that are emerging in the late Viking Age made it possible for largely autonomous farmsteads around the inland plateau of Hardangervidda to invest in surplus production, since they could rely on this surplus being exchanged for commodities they needed or wanted.

The marketplace was also a way to avoid the strict social norms related to trade. By being a dedicated arena for exchange, trade could be carried out in a place where the roles were set and it was less likely for misunderstandings to occur.

At the marketplace, an inland population could obtain the products they needed or wanted and the populous communities along the coast – the medieval towns, the royal and ecclesiastical and other elites – had access to the resources from the hinterland via trade networks flowing to these marketplace hubs.

I argue that the people in mountainous and valley regions around Hardangervidda took part in both surplus production from outfield resources and the subsequent trade at marketplaces, and the elite to a large part gained access to these important inland resources through trade networks and via marketplaces. However, changes in administrative borders and several law amendments in 13th and 14th centuries indicate a new strategy of linking inland resources more directly to the towns.

This thesis gives new insight regarding the extent and consequences of the marketplaces in the south Norwegian inland in the late Viking Age–High Middle Ages. Marketplaces in this period had a social significance for the inland population, but were also of great economic importance for inland regions as well as for society at large.

Forord

Eg er mange ein stor takk skuldig. Fyrst og fremst vil eg takke min rettleiar Randi Barndon som har støtta meg heile vegen. Ho har bidrege med uvurderlege råd og fagleg rettleiing, ikkje berre knytt til avhandlingsarbeidet, men òg artiklar, innlegg og søknader. Eg vil så takke min bi-rettleiar Frode Iversen som har vore ein verdifull diskusjonspartnar og bidrege med verdifulle innspel og refleksjonar. Utan teamet Randi og Frode hadde denne avhandlinga ikkje vore mogleg.

Eg vil òg takke vener og kollegaer ved Institutt for arkeologi, historie, kultur- og religionsvitskap. Samtalane rundt lunsjbordet og andre stader har vore ein stor kjelde til inspirasjon og avkopling. Eg vil særleg takke mine medstipendiatar, Heidi Berg, Anne Drageset, Tina Jensen Granados, Magnus Haaland, Dag Erik Færø Olsen, Christina Videbech og Henriette M. Hop Wendelbo. Det er umisseleg å ha ein arena med likesinna for å lufter idear, tankar og frustrasjonar.

Det fyrste halvåret i min stipendiatperiode sat eg i Oslo. Eg vil rette ein takk til Kulturhistorisk Museum (KHM) for lån av kontor, og også takke vener og kollegaer der som har bidrege med gode faglege innspel og diskusjonar. Eg er òg takksam overfor forskargruppa Centre for Viking-Age Studies (ViS) ved KHM, særleg Dagfinn Skre og Zanette T. Glørstad. Arbeidet med seminaret *Markedets Makt* og boka *Viking-Age Transformations: Trade, Craft and Resources in Western Scandinavia* har vore ein særdeles lærerik erfaring.

Eg vil også rette ein takk til Universitetsmuseet i Bergen. Særleg ved Asle Bruen Olsen som har vist stor forståing i sluttspurten av avhandlingsarbeidet, og Morten Ramstad som har bidrege med tilgang på data, gode diskusjonar og har vore ein viktig samarbeidspartnar knytt til feltarbeid.

Feltarbeidet har vore avhengig av lokal kjennskap til områda. Eg vil i det høvet takke Hol historielag, ved Torstein Seim og Knut Medhus. Eg er òg takksam overfor Oddmund Hus frå Kinsarvik som har bidrege med verdifull lokal kunnskap, samt «ferjemannen» Olaf Dybedokken frå Osa, som var svært hjelpsam med lån av båt og skyss over Nedre Grøndalsvatn. Eg vil òg takke Buskerud fylkeskommune, og då særleg Håvard Hoftun.

Dei arkeologiske undersøkingane i samband med dette prosjektet hadde ikkje vore mogleg utan støtte frå Meltzerfondet. Eg vil òg takke Norsk Institutt for Kulturminneforskning for samarbeidsprosjektet knytt til geofysisk undersøking av Kinsarvik.

For råd og faglege innspel på område der eg er meir enn vanleg ustø vil eg gje takk til Ole-Jørgen Johannessen, Kyrre Kverndokk, Eldar Heide, Rory Dunlop og Terje Granås.

Eg vil også takke Bernt Rundberget for gjennomlesing og nyttige kommentarar og refleksjonar knytt til jernframstilling. Så er eg ein stor takk skuldig Ingvild Øye for grundig gjennomlesing, konstruktive merknadar og innspel.

Sist, men ikkje minst, vil eg takke vener og familie som har bidrege med uvurderleg støtte. Mine foreldre har som alltid utgjort eit solid fundament og gjort det mogleg for meg å gå i gang med denne avhandlinga. Eg vil særleg takke far min, som moglegvis er landets beste hobbyarkeolog.

Til slutt vil eg takke min kjære Anja, som alltid har vore engasjert og støttande, som var med på å flytte til Bergen utan å nøle og som har tilrettelagt for til dels lange arbeidsdagar mot slutten. Og sjølvsagt, Sigrid og Odd, som har vore og er ein konstant kjelde til glede og avkopling.

Bergen, 13. juni 2017

Kjetil Loftsgarden

Innhald

1. Innleiing	13
1.1 Geografisk avgrensing	18
2. Forskingshistorisk bakgrunn	25
2.1 Marknadsplassar og handel i forskingshistorisk perspektiv	25
2.2 Utmarka og utmarksressursar i tidlegare forskning.....	30
3. Teoretiske perspektiv og metodiske tilnærmingar	33
3.1 Samfunnsøkonomiske aspekt i sein vikingtid–høgmellomalder	33
3.2 Historiske strukturar	37
3.3 Marknadsplassar som knutepunkt.....	39
3.4 Retrospektiv metode	40
3.5 Geografiske nivå for handel og kontakt.....	42
3.6 Klassifikasjon av stader for vareutveksling og sosial interaksjon	44
Type I.....	47
Type IIa.....	47
Type IIb	48
Type III	48
Type IV.....	48
3.7 Identifisering av marknadsplassar	49
Arkeologiske funn og struktur	49
Skriftleg kjeldemateriale.....	50
Stadnamn	50
Segn og tradisjon	52
3.8 Arkeologiske undersøkingar – nye data.....	53
C-14-datering og statistisk analyse.....	55
Geofysisk undersøking	55
3.9 Geografiske informasjonssystem – romleg struktur og handsaming av massedata.....	56
3.10 Estimering og utrekning av jernproduksjon og jernbehov	58
Omfanget av jernframstillinga.....	59
Tidfesting av jernvinna	67
Jernproduksjon.....	68
Jernbehovet.....	69
4. Marknadsplassar – eit oversyn	73
5. Marknadsplassane ved fjorden	81
5.1 Ferdsel, frakt og kommunikasjon	81
5.2 Kaupanger i Sogn.....	85
Arkeologiske spor	88
Skriftlege kjelder om marknadsplassen.....	89
Eigar- og brukstilhøve	90
Samlande vurdering.....	90
5.3 Kinsarvik i Hardanger.....	92
Arkeologiske spor	94
Segn og tradisjon	102
Eigar- og brukstilhøve	104

Samlande vurdering	104
6. Marknadsplassane i innlandet	107
6.1 Bjørkum i Sogn	107
Arkeologiske spor	109
Eigar- og brukstilhøve	111
Samlande vurdering	112
6.2 Kaupang i Hol	113
Arkeologiske spor og segn om kaupangen	115
Eigar- og brukstilhøve	115
Samlande vurdering	116
6.3 Røldal	117
Arkeologiske spor	117
Skriftlege kjelder om marknadsplassen	121
Eigar- og brukstilhøve	122
Samlande vurdering	122
6.4 Valle i Setesdalen	123
Arkeologiske spor	125
Skriftlege kjelder om marknadsplassen	129
Eigar- og brukstilhøve	130
Samlande vurdering	131
6.5 Kyrkjestølen på Filefjell	132
Arkeologiske spor	134
Skriftlege kjelder om marknadsplassen	136
Eigar- og brukstilhøve	137
Samlande vurdering	137
6.6 Hallingskeid	138
Hallingskeid i Grøndalen	139
Hallingskeid i Fødalen	152
Hallingskeidsanden	153
6.7 Kolsfet i Numedal	159
Samlande vurdering	162
6.8 Toresmoen i Øvre Telemark	162
Arkeologiske spor	164
Skriftlege kjelder om marknadsplassane	167
Eigar- og brukstilhøve	169
Samlande vurdering	171
7. Marknadsplassar og handelsvarer.....	175
7.1 Marknadsplassane – eit typologisk og kronologisk oversyn	175
7.2 Jern som handelsvare	182
Emnesjern	184
Smedutstyr og smieslagg som handelsindikator	190
Jern og marknadsplassar	193
7.3 Jakt og fangst som ressurs og kjelde til handelsvarer	194
Fangstgroper	195
Massefangstanlegg	198
Handelsvarer frå jakt og fangst	201

Reinsdyr og marknadsplassar	203
7.4 Brynestein	204
7.5 Andre ressursar	205
Kleber	205
Salt	209
7.6 Handelsvarer frå utmark – samlande vurdering.....	212
8. Aktørar, råderett og organisering	215
8.1 Organisering av jernframstilling og jakt og fangst	215
Kven stod bak jernvinna?	216
Jakt og fangst – ein lokal ressurs?	218
Organisering av overskotsproduksjon i utmark.....	220
8.2 Eigedomstilhøve, administrative og økonomiske grenser	225
Jordeigar eller jordleigar?	225
Administrative og økonomiske grenser	227
8.3 Aktørane i handelen	235
Bonde og handelsmann.....	236
Handelskvinner	239
Organisering og kontroll av handelen	240
Kyrkje og marknadsplass.....	245
8.4 Økonomiske prinsipp i sein vikingtid–høgmellomalder.....	247
Bruk av sølv og mynt som betalingsmiddel	248
Marknadsøkonomiske faktorar	251
Handelens sosiale status	253
8.5 Den sosiale betydninga av møte- og marknadsplassar	254
Fleirfunksjonelle møteplassar	255
Hestekamp og hestekappløp	256
Kokegroper	261
9. Oppkomst og nedgang – ressursutnytting og marknadsplassar	263
9.1 Kvifor auka overskotsproduksjonen?	263
9.2 Nedgangen	266
10. Marknadsplassar omkring Hardangervidda – samlande drøfting og	
perspektiv.....	271
10.1 Kvar låg marknadsplassane og når var dei bruk?	273
10.2 Utmarksressursar og handelsvarer	276
10.3 Aktørar i overskotsproduksjon og handel.....	277
Eit differensiert Fjelland	279
10.4 Integrasjonsprosessen	280
Litteratur	283
Appendiks	313
Tabell A1	313
Tabell A2	321

Figurar

Figur 1-1, Oversikt over marknadsplassar i Sør-Noreg. Lokalitetane som utgjer case-studiane i dette prosjektet er markert med raudt (Kart: K. Loftsgarden).	17
Figur 1-2. Kartet viser dagens jordbruksregionar basert på forholdsvis like jordbruksvilkår og topografiske forhold. Regionane er utarbeidd av Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (NIJOS). Eitt prikk på kartet representerer ca. 1000 personar, slik situasjonen var i 1664–1666 (Dyrvik 2004). Den stipla linja markerer det geografiske undersøkingsområdet for avhandlinga (Kart: K. Loftsgarden).	19
Figur 1-3, Ein sannsynleg utstrekning av Fjellandet slik det er beskrive i Historia Norwegie ca. 1150–1175 (HN; Iversen 2017), (Kart: K. Loftsgarden).	21
Figur 3-1, Den geografiske inndelingane i patria slik dei er beskrive i Historia Norwegie, etter Iversen 2015, 2017 og Ødegård 2017 (Kart: K. Loftsgarden).	43
Figur 3-2, Pyramiden symboliserer ulike type stader for sosial og økonomisk interaksjon og vareutveksling i vikingtid og mellomalder.	47
Figur 3-3, Alternativ og dynamisk framstilling av klassifikasjonsmodellen.	47
Figur 3-4, Kart over registrerte kolgroper fordelt på kommune, og då utbreinga av jernframstilling i vikingtid–mellomalder (fase II omn). Bykle i Setesdal og Åmot i Østerdalen er dei klart best undersøkte områda og dei einaste kommunane med over 1000 registrerte kolgroper. Kartet viser òg inndelinga i jernframstillingstradisjonar innanfor perioden (Narmo and Hansen 2000:139–150; Narmo 2013), (Kart: K. Loftsgarden).	60
Figur 3-5, Dateringar frå 285 undersøkte kolgroper i perioden 2001–2010 (Loftsgarden 2015). Dateringane er kalibrert og summert gjennom OxCal 4.2 (Bronk Ramsey 2009; Reimer mfl. 2013).	67
Figur 4-1 Oversikt over sannsynlege lokalitetar for vareutveksling (Kart: K. Loftsgarden).	74
Figur 4-2 Lokalitetane er markert etter kva grad dei er rekna som å ha vore brukt i vikingtid–mellomalder (Kart: K. Loftsgarden).	77
Figur 4-3 Oversikt over case-studiane (Kart: K. Loftsgarden).	79
Figur 5-1, Kartet viser dei mest sentrale slep, i tillegg til 1800-talets hovudvegar og gode bygdevegar (Kart: K. Loftsgarden).	82
Figur 5-2, Foto av Kaupanger kyrkje, tatt i 1964 mot søraust (Foto: P.G. Maurtvedt Cf11182, © Kulturhistorisk museum, UiO / CC BY-SA 4.0).	86
Figur 5-3, Oversiktskart over Kaupanger (Kart: K. Loftsgarden).	87
Figur 5-4, Almerket i Kinsarvik, flyfoto 1952 (Foto: Fotograf ukjent, Hardanger og Voss Museum).	92
Figur 5-5, Oversiktskart, indre Hardanger (Kart: K. Loftsgarden).	93
Figur 5-6. Kart av Almerket basert på Asbjørn Herteig sin planskisse. Kartet viser ca. 18 tufter, gjennomgåande kvadratiske i forma og som regel ikkje under 5–7 meters	

lengde (Herteig 1968). Også Per Fetts positive prøvestikk er avmerkt (Kart: K. Loftsgarden).	95
Figur 5-7. Resultat, georadarundersøking på Almerket 2016 (Kart: NIKU).	97
Figur 5-8 Funn og registrerte strukturar med Askeladden id i Kinsarvik sentrum (Kart: K. Loftsgarden).	102
Figur 6-1, Oversiktskart, Bjørkum (Kart: K. Loftsgarden).	108
Figur 6-2. Framstilling av lokaliteten Bjørkum av Arkikon(Loftsgarden mfl. 2017).	109
Figur 6-3. Trelagskam, B16701-1, med runeinskripsjon: «austant kairþi kâb þinn», funne på Bjørkum (Foto: S. Skare, © Universitetsmuseet i Bergen / CC BY-NC-ND 3.0).	110
Figur 6-4. Oversiktskart, Kaupang i Hol (Kart: K. Loftsgarden).	114
Figur 6-5. Oversiktskart, Røldal (Kart: K. Loftsgarden).	118
Figur 6-6. Gravfeltet på Seim med Askeladden id. Jordskiftekartet frå 1932 viser løpet til elva Tuftelva før flaumen i 1938 (Kart: K. Loftsgarden).	120
Figur 6-7, Oversiktskart over Setesdalen (Kart: K. Loftsgarden).	124
Figur 6-8. Kart over nærområdet til Valle kyrkje (Kart: K. Loftsgarden).	126
Figur 6-9. Gravhaug på Nomeland, foto tatt i 1922 (Foto: G. Midttun, Norsk Folkemuseum).	127
Figur 6-10. Oversiktskart, Kyrkjestølen (Kart: K. Loftsgarden).	133
Figur 6-11. Kart over Kyrkjestølen og nærområdet (Kart: K. Loftsgarden).	135
Figur 6-12, Oversiktskart over dei fire Hallingskeid (Kart: K. Loftsgarden).	139
Figur 6-13 Oversiktskart over Hallingskeid i Grøndalen (Kart: K. Loftsgarden).	140
Figur 6-14, Øyane, sør ved Nedre Grøndalsvatn. Foto tatt mot nordvest (Foto: K. Loftsgarden).	141
Figur 6-15, Oversikt over Grøndalen og registrerte kulturminne (Kart: K. Loftsgarden).	142
Figur 6-16, Tufta «Marknadsbui» og området rundt. Foto tatt mot søraust (Foto: K. Loftsgarden).	143
Figur 6-17, Dateringsresultat frå C-14-analysene av kokegroper i 1978, 2015 og 2016, kalibrert gjennom OxCal 4.2 (Bronk Ramsey 2009; Reimer mfl. 2013).	145
Figur 6-18, Kniv, BRM1090/1–2 og hestesko, BRM1090/3–6, (Foto: K. Loftsgarden).	146
Figur 6-19, Ortofoto med oversikt over metallsøkarfunn og strukturar (Kart: K. Loftsgarden).	147
Figur 6-20 Oversiktskart over Hallingskeidsanden og Hallingskeid i Fødalen (Kart: K. Loftsgarden).	153
Figur 6-21, Teltring 5 i forgrunnen. Foto tatt mot aust (Foto: K. Loftsgarden).	156

Figur 6-22, planteikning av teltring 5 og 6 (registreringsnemning; Hall 5 og Hall 6).	157
Figur 6-23, Oversiktsfoto av teltring 6, steinar markert med raud sirkel. Foto tatt mot aust (Foto: K. Loftsgarden).	156
Figur 6-24, Oversiktskart, Kolsfet (Kart: K. Loftsgarden).	160
Figur 6-25, Utsnitt av foto av Kolsfettangen frå registrering av Dagalivassdraget (Foto: I. Martens, © Kulturhistorisk museum, UiO / CC BY-SA 4.0).	159
Figur 6-26, Oversiktskart, Rauland og Møsstrond (Kart: K. Loftsgarden).	163
Figur 6-27, Foto frå undersøkinga av tuft ved Mogen, tatt mot aust (Foto: R. Utne, © Kulturhistorisk museum, UiO / CC BY-SA 4.0). Raud sirkel er lagt på biletet og indikerer den undersøkte tufta. Blå sirkel indikerer Toresmoen.	165
Figur 6-28, Foto frå undersøkinga av tuft II på Hovdeøyi på Møsstrond (Foto: R. Utne, © Kulturhistorisk museum, UiO / CC BY-SA 4.0).	171
Figur 7-1 Kart over stader for vareutveksling i vikingtid og/eller mellomalder med typologisk inndeling. Den stipla linja markerer det geografiske undersøkingområdet i dette prosjektet (Kart: K. Loftsgarden).	179
Figur 7-2, a) Bleggøksjer, C32244 (Foto: Ukjent, © Kulturhistorisk museum, UiO / CC BY-SA 4.0). b) Blesterjern, C25340 (Foto: E.I. Irgens, © Kulturhistorisk museum, UiO / CC BY-SA 4.0). c) Stangbarre, B8298 (Foto: Ukjent, © Universitetsmuseet i Bergen / CC BY-NC-ND 3.0). d) R.438, C29128 (Foto: O. Holst, © Kulturhistorisk museum, UiO / CC BY-SA 4.0).	186
Figur 7-3, Geografisk fordeling av stangbarre, blesterjern og emnesjern av type R.438 (Kart: K. Loftsgarden).	188
Figur 7-4, kart over gjenstandar per grav knytt til smeden og smiing. Kartet bygger på funnlistar frå tidlegare arbeid (Petersen 1951; Bøckman 2007), supplert ved å søke i dei arkeologiske gjenstandssamlingane på søkeorda: ambolt, hammar, fil, smedsaks, smedtang, tang og trådjern, datert til yngre jernalder (Kart: K. Loftsgarden).	192
Figur 7-5, Registrerte fangstgroper og tufter med beindynger på og ved Hardangervidda. Lokalitetar der fleire enn fire fangstgroper inngår er markert med raudt (Kart: K. Loftsgarden).	197
Figur 7-6, Dateringar frå Sumtangen analysert gjennom distribusjonsmodellen «boundary», og viser sannsynleg start av aktiviteten, «Boundary Start» og sannsynleg slutt, «Boundary End». Dateringane er analysert og kalibrert gjennom OxCal 4.2 (Bronk Ramsey 2009; Reimer mfl. 2013).	200
Figur 7-7, Rekalibrerte dateringar frå Krækkja N og Krækkja S (Blehr 1973:104). Dateringane er kalibrert gjennom OxCal 4.2 (Bronk Ramsey 2009; Reimer mfl. 2013). .	201
Figur 7-8, Kart som viser spreininga av fragment eller heile kleberkar, -gryte eller -bolle og baksteheller. Datamaterialet er henta frå hovudkatalogane til KHM, BM, NTNU og AM. I tillegg er automatisk freda klebersteinsbrot markert (Kart: K. Loftsgarden).	206
Figur 7-9, Mågefunnet, B6348 (Foto: Svein Skare, © Universitetsmuseet i Bergen, CC BY-NC-ND 3.0).	208

Figur 7-10, Oversiktskart over område med sannsynleg overskotsproduksjon i perioden 1000–1300 (Kart: K. Loftsgarden).....	213
Figur 8-1, Depotfunn med jerngjenstandar frå vikingtid/mellomalder. Tal på gjenstandar per funn er visualisert med sirkel. Depotfunn beståande berre av emnesjern er ikkje inkludert (Kart: K. Loftsgarden).....	222
Figur 8-2, Andelen bonde- og borgargods frå landskomisjonen i 1661, etter kart av Jørgen H. Marthinsens i Norsk historisk leksikon (2004), (Kart: K. Loftsgarden).....	226
Figur 8-3, Oversikt over lovområde og lagsogn ca. 1200 (etter Ødegård 2015), (Kart: K. Loftsgarden)	228
Figur 8-4, Oversikt over lagsokn ca. 1320, etter kart av Jørgen H. Marthinsens i Norsk historisk leksikon (2004) og Ødegård 2015 (Kart: K. Loftsgarden)	230
Figur 8-5, Oversikt over bispedøme ca. 1223–1537 (etter kart av Jørgen H. Marthinsens i Norsk historisk leksikon (2004) og Ødegård 2015 (Kart: K. Loftsgarden)	232
Figur 8-6, Kunstnarisk framstilling av eit skeid (Senter for pedagogiske tekster, Høgskolen i Sørøst-Norge, på http://www-lu.hive.no/plansjer).	257
Figur 8-7 a) Hallingskeidsanden (Foto: M. Ramstad), b) Hallingskeid, Fødalen (Foto: M. Ramstad), c) Hallingskeidstølen i Grøndalen (Foto: K. Loftsgarden), d) Øyane ved Nedre Grøndalsvatn (Foto: K. Loftsgarden)	258
Figur 9-1. Den store nausttufta «Skiparstod» i Kinsarvik med mindre naust. Biletet kan sjåast som ein illustrasjon på dei økonomiske og politiske tilhøva før og etter nedgangsperioden på 1300-talet (Foto: ukjent, © Universitetsmuseet i Bergen / CC BY-NC-ND 3.0.)	269

Tabellar

Tabell 3-1, Klassifikasjonsmodell for stader for sosial interaksjon og vareutveksling.	46
Tabell 3-2, Utrekna gjennomsnittleg volum på kolgroper innanfor Møsvatn-tradisjonen.	62
Tabell 3-3, Forholdstal, jernframstillingsanlegg og kolgroper per km ²	64
Tabell 3-4, Anslag jernframstillingsanlegg og kolgroper basert på tidlegare anslått jernframstillingsanlegg og kolgroper per km ²	64
Tabell 3-5, Alternativ 1, anslag av total jernframstilling innanfor Møsvatn-tradisjonen	65
Tabell 3-6 Alternativ 2, anslag av total jernframstilling innanfor Møsvatn-tradisjonen	66
Tabell 3-7, Dateringar frå kolgroper summert opp, frå Larsen 2009.	68
Tabell 3-8, Anslått total jernframstilling, Møsvatn-tradisjonen.	68
Tabell 4-1, Oversikt over alle marknadsplassar sør for Trondheim, utanom mellomalderbyane og Kaupang-Skiringssal og Heimdalsjordet. Plassane er sett opp mot identifikasjonsmarkørane, sjå også tabell A1 i appendiks. Plassane er plassert med dei sikraste øvst i tabellen.	76
Tabell 5-1, Tidspunkt for årvisse marknader i tidleg nytid.	84
Tabell 6-1, Daterte kokegroper i nærområdet til Valle kyrkje.	125
Tabell 7-1, Vurdering og klassifisering av marknadsplassane som utgjer case-studiane. .	177
Tabell 7-2, Stader for vareutveksling i vikingtid og/eller mellomalder klassifisert etter type.	178
Tabell 7-3, Skjematisk framstilling av antatt brukstid for dei ulike marknadsplassane. ...	181
Tabell 7-4, Tall på ulike emnesjern, frå UB, KHM og AM.	187

1. Innleiing

Perioden frå slutten av vikingtid og fram til og med høgmellomalder er ein utprega ekspansjonsperiode over heile Europa, også Noreg fell inn under dette alminnelege biletet når det gjeld framvekst av byar, handel, handverksproduksjon, auka folkemengd og jordbruksareal (jf. Helle 1974; Nedkvitne 1983; Benedictow 1996; Øye 2002; Helle 2006; Andersson mfl. 2008; Brink og Price 2008; Skre 2012; Glørstad og Loftsgarden 2017).

Samstundes er det ein klar auke i utnyttinga av utmarksressursar, både fjellbeite og stølsbruk, men òg produksjon av jern frå myrmalm, jakt og fangst, samt steinressursar som kleber, kvernstein og brynestein. Til tross for at desse ressursane representerte store verdier er dei knapt omtala i skriftlege kjelder frå mellomalderen. Omfanget og betydinga er likevel godt belyst gjennom ei rekke arkeologiske undersøkingar og forskingsprosjekt (t.d. Martens 1988; Mikkelsen 1994; Bergstøl 2008; Indrelid 2009; Larsen 2009; Tveiten 2012; Rundberget 2013; Stene 2014).

Den auka jernproduksjonen, men òg andre ressursar produsert i fjell- og dalbygdene, føresette effektive distribusjonsledd. Produksjonen, utvekslinga og verdiane av desse ressursane har berre i mindre grad vore trekt inn i overordna samfunnsøkonomiske framstillingar av perioden og det er såleis behov for syntesar på eit overordna nivå. Eit sentralt spørsmål i denne avhandlinga er difor kvar og korleis utvekslinga av desse varene og ressursane frå fjell- og dalbygdene gjekk føre seg i perioden sein vikingtid til og med høgmellomalderen.

I yngre jernalder var økonomi ein meir integrert del av sosiale og politiske forhold, medan frå sein vikingtid og tidleg mellomalder er det ei utvikling der relasjonar som tidlegare var av sosial art får ein stadig meir avtaleprega og økonomisk karakter (Carelli 2001:369). Eg vil belyse denne utviklinga og drøfte i kva grad marknadshandel var del av vareutvekslinga i det sør-norske innlandet.

Med handel bygger eg på Peter Carelli sin definisjon og meiner alle former for utveksling av varer, med føresetnaden av at utvekslinga var for eiga vinning. Hovudsakeleg økonomisk, men også sosialt og politisk (Carelli 2001:178–182).

Fokus er innlandets ressursutnytting og handel på marknadsplassar mellom kyst og innland, og det er lagt til grunn eit breitt kulturhistorisk perspektiv for best å forstå og drøfte samanhengen mellom ressursutnyttinga og marknadsplassar. Termen marknadsplassar blir i dette prosjektet nytta som eit vidt omgrep for stader der det føregjekk handel og ulike former for sosial interaksjon.

Grunnleggande sett er marknadsplassar stader som huser ein form for meir eller mindre organisert utveksling av varer. Desse varierer likevel i storleik, organisering, og funksjon. Ein må vidare rekne dei som fleirfunksjonelle stader. Sjølv om lokalitetane omfatta ein eller fleire former for vareutveksling, kunne sosiale og politiske aspekt like fullt vere til stades, om enn i varierende grad. På regelmessige samkome kunne nyhende bli spreidd, venskap kunne bli vedlikehalde og framtidige giftarmål kunne bli avtalt. Dette gjorde ting, stemne og marknadsplassar til viktige og naturlege midtpunkt i den sosiale strukturen i samfunnet (Sigurðsson 2013:27).

Handel kan oppstå når ulike område har fordelar, naturgjevne eller kulturelle, i produksjon av varer som er ettertrakta i andre område der desse varene manglar eller er vanskeleg tilgjengeleg (Torsvik 2003). Det er slik interessant å sjå kontrasten mellom dei mange spor etter jernframstilling ein finn på Austlandet og eit nær fråvær av dette på Vestlandet (Bjørnstad 2003; Tveiten 2012). Dette tyder på ein betydeleg innførsel av jern til Vestlandet.

Ein hypotese er difor at ein vesentleg del av den storstilte jernframstillinga som gjekk føre seg i fjell- og dalbygdene omkring Hardangervidda i sein vikingtid og fram til og med høgmellomalderen, gjekk mot Vestlandet for å dekke etterspørselen der. Denne utvekslinga fordra stabile økonomiske, men òg sosiale og politiske nettverk mellom innland og kyst/fjord i Sør-Noreg.

Gjennom den endra samfunnsstrukturen i denne perioden blir andre aktørar – konge, kyrkjelege institusjonar og verdslege stormenn – knytt til utmarksbruken og handel med varer her frå (Øye 2002:392). Det er likevel regionale skilnader og eg vil belyse korleis samfunnets øvste sjikt kunne vere involvert i produksjon og utveksling med utmarksressursar, delvis som jordeigarar, delvis som mottakarar av pliktytingar og delvis som partar i handelsnettverk.

Marknads plassane varierer i storleik og kompleksitet, frå årvisse fjellmarknader til meir faste marknads plassar i dei indre fjordbygdene. Som fenomen er dei fleste marknads plassar flyktige og dynamiske og såleis lite synlege i det arkeologiske og historiske materialet. Sjølv om den samla mengda varer som har inngått i handelen på marknads plassane kunne vere stor, var den oppstykkja og fordelt.

Det er eit mål å gje ei samla vurdering av bruken av marknads plassar i innlandet i Sør-Noreg frå vikingtid og mellomalder, basert på eit samansett kjeldemateriale av arkeologiske, historiske, kartografiske og topografiske kjelder.

I alt er tolv marknads plassar undersøkt nærare, innanfor eit område omkring Hardangervidda og Langfjella som strekk seg frå indre fjordbygder i Hardanger og Sogn i vest til Øvre Telemark og Hallingdal i aust, og frå Setesdalen i sør til Filefjell i nord, jf. figur 1-1. Dette er område som ut frå 1800- og 1900-talets samferdsel og administrative regionar har vore handsama som isolerte område, men som i yngre jernalder og mellomalder viser teikn på tette kontaktar, band og kommunikasjon.

Det å kunne etablere og oppretthalde eit hushald eller ein gard i vikingtid og mellomalder i dette området kravde at visse varer og ressursar måtte bli tilført utanfrå. Varer som inngjekk i handelen inkluderte jern, kleberstein, kvernstein og brynestein (Resi 1987; Jørgensen 2010; Baug 2015a; Hansen mfl. 2015). I tillegg til matvarer og næringsmiddel, som fisk, husdyr, korn eller salt, samt handverksprodukt, våpen og reiskapar. Ein bør heller ikkje undervurdere behovet for meir utprega symbolske markørar som smykke eller tekstilar som statussymbol utover det funksjonelle.

Ein grad av produksjon av varer tenkt for handel og utveksling har sannsynlegvis vore til stades i dei fleste lokalsamfunn i fjell- og dalbygdene frå sein vikingtid (Stene og Wangen 2017). Dette er synleg gjennom ein rekke arkeologiske strukturar og funn som viser eit stort spenn i den ressursmessige spesialiseringa i vikingtid og mellomalder, med jernframstilling, jakt og fangst som viktige ressursar i fjell- og dalbygdene, medan kleberstein og salt har vore viktig i fjordbygdene.

Kvar og korleis utvekslinga av varer gjekk føre seg i perioden sein vikingtid til og med høgmellomalderen er framleis lite belyst og utgjer kjernen i dette prosjektet, og avhandlinga er utarbeidd med utgangspunkt i fylgjande spørsmål;


- Korleis identifisere marknads plassane?

- Kvar låg marknadsplassane?
- Kva produkt vart utveksla på desse marknadsplassane?
- Når oppstod marknadsplassane, kva brukstid hadde dei og kan ein spore ein endring over tid?
- Kva aktørar var involvert i produksjon basert på utmarksressursar og den vidare utvekslinga med dei?
- Kva relasjon er det mellom marknadsplassane og den auka utnyttinga av utmarksressursar?

Med grunnlag i desse spørsmåla er målet å kaste ljøs over marknadsplassane si rolle og betydning, for fjell- og dalbygdene, men òg samfunnet elles. Det er vidare eit mål å drøfte korleis handelen gjekk føre seg i praksis og korleis innlandets ressursar kunne utgjere ein faktor i endringane i dei administrative grensene utover i mellomalderen og med det integrasjonsprosessen mellom innlandet og mellomalderbyane.

Hovudfokus er knytt til innlandshandel og tyngdepunktet ligg på lokalitetar for vareutveksling og sosial interaksjon med ein regional eller interregional kontaktflate. Ved å identifisere og analysere spora etter slike marknadsplassar vil eg diskutere betydninga og deira samfunnsmessige rolle. I samfunn med spreidd busetnad må forsamlingar der grupper av menneskje møtast med jamne mellomrom ha vore særskild viktige for sosial kontakt og mogleggjorde ei effektiv spreiding av informasjon og kunnskap. Marknadsplassane var med å skape geografisk bundne identitetar, så vel som relasjonar på tvers av lokalsamfunn (Sindbæk 2007b; 2008:78–79; Sanmark 2009).

Dei ulike topografiske tilhøva og naturressursane la ulike premisser for ulike område. Dei var vidare bestemmande for kva ressursar som vart utnytta og såleis kva varer som gjekk mot aust og kva som gjekk mot vest. Fjell- og dalbygdene med sine lange vintrar og korte somrar, i tillegg til relativt lite innmark, gjorde det vanskeleg å stole på større avlingar av korn. Derimot finst det store utmarksområde med gode beiteforhold. Likskapane i topografi og klima og den økologiske tilpassinga til desse



Figur 1-1, Oversikt over marknadsplassar i Sør-Noreg. Lokalitetane som utgjer case-studiane i dette prosjektet er markert med raudt (Kart: K. Loftsgarden).


gjer at befolkninga i fjell- og dalbygdene dela livsvilkår og den daglege og sesongmessige arbeidsrytmen. Det er såleis klare sameinte kulturelle trekk på tvers av fjell- og dalbygdene i Sør-Noreg.

Sosialantropologen Jan-Peter Blom har funne at forskjellane i kulturelle trekk mellom fjellbønder og bønder frå låglandet likevel ikkje har ført med seg eit dikotomisk forhold mellom gruppene, forskjellane har heller blitt underkommunisert (J.P. Blom 1969). Dette behovet for å bli inkludert i det øvre samfunnet ser ein òg i det arkeologiske funnmaterialet i vikingtida og i mellomalderen. I denne perioden vart det utnytta eit vidt spekter av utmarksressursar som inngjekk i eit regionalt og interregionalt utvekslingssystem. Som ledd i sosiale strategiar for å stadfeste rolla som del av storsamfunnet kunne overskotet frå utmarksressursane mellom anna bli investert i statusgjenstandar (Martens 2009; Svensson 2014).

Det arkeologiske og historiske kjeldematerialet er til dels fragmentarisk og krevjande å tolke. Det kan difor vere vanskeleg å nå målet om å gje ein heilskapleg tolking av årvisse marknadsplassar og deira rolle i samfunnet utan å fylle teksten med kjeldekritiske reservasjonar. Men sjølv med ein kjeldekritisk grunnhaldning må ein også gjere rom for meir eller mindre underbygde hypotesar. For å overkomme dette tilsynelatande dilemmaet mellom fragmentarisk kjeldemateriale og ein kjeldekritisk og skeptisk haldning er fokuset lagt på det generelle framfor det spesifikke, strukturar framfor enkelthendingar og kollektiv framfor individ. Det må likefullt poengterast at det er menneska som skaper historia. Det er summen av menneska sine handlingar og tankar som utgjer historiske strukturar og prosessar.

1.1 Geografisk avgrensing

Det geografiske undersøkingsområdet er områda omkring Hardangervidda. Det omfattar Setesdalen i sør opp mot Jotunheimen i nord, og dei indre fjordbygdene i Hardanger og Sogn i vest og fjell- og dalbygdene i Telemark, Numedal, Hallingdal og Valdres i aust (jf. figur 1-1 og figur 1-2). Dette inkluderer store utmarksområde med relativt spreidd busetnad.



Figur 1-2. Kartet viser dagens jordbruksregionar basert på forholdsvis like jordbruksvilkår og topografiske forhold. Regionane er utarbeidd av Norsk institutt for jord- og skogkartlegging (NIJOS). Eitt prikk på kartet representerer ca. 1000 personar, slik situasjonen var i 1664–1666 (Dyrvik 2004). Den stipla linja markerer det geografiske undersøkingsområdet for avhandlinga (Kart: K. Loftsgarden).


Befolkninga slik den var fordelt i 1664–1666, jf. figur 1-2, er basert på manntalet som vart gjennomført i desse åra. Til saman budde det om lag 440 000 menneskje i Noreg på den tida, av desse budde berre 30 000 i tettbygde strøk.¹ Dette ligg inntil, men moglegvis noko under dei anslag som er gjort av folketal rundt 1300 som ligg mellom 400 000 og opp i mot 530 000 (Sandnes og Salvesen 1978:61; Lunden 2002:20; Øye 2002:252). Det er grunn til å rekne med at det er meir eller mindre dei same områda som er busett mot slutten av høgmellomalderen som i 1664–1666 og figur 1-2 kan slik nyttast som ei grov oversikt over befolkninga i høgmellomalderen. Med utgangspunkt i dette kartet, ser ein at kysten og område med god åkerjord er tettast busett, likevel budde det då om lag 50 000 i fjell- og dalbygder i Sør-Noreg.

Kartet viser òg ei markering av det geografiske undersøkingsområdet. Det inkluderer ikkje berre ulike jordbruksregionar, men òg ulike administrative område. Generelt er det få kjelder som fortel om vikingtidas og mellomalderens kulturhistoriske regionar. Slik står det latinske verket *Historia Norwegie* fram som ei særskild viktig kjelde. Dette vart skriven mellom 1150–1175 som ei krønike over norske kongar. Mest interessant her er likevel den geografiske inndelinga, der landet er delt inn i tre geografiske hovudområde/*zoniae*; Kystlandet - *Zona itaque maritime*, Midt- eller Fjelllandet - *Mediterranea zona/De montanis Norwegie*, og Finnanes land - *De Finnis*. Sistnemnde omhandlar samiske område, då mest sannsynleg delar av innlandet i dagens Nordland og Nord-Sverige, samt Troms og Finnmark.

Fjelllandet og Kystlandet har vore tolka til å representere to nivå og rettskrinsar med eigne ting (Storm 1880; Ekrem 1998:32). Fire såkalla *patriae* utgjorde Kystlandet og sameleis fire utgjorde Fjelllandet (HN:54–64). Desse *patrie* vart vidare delt inn i provinsar, 30 i Kystlandet og tolv i Fjelllandet.² Det blir beskrive i

¹ Tettbygde strøk er definert som område med minst 200 busette der avstanden mellom husa som regel ikkje er meir enn 50 meter. Tal frå Statistisk sentralbyrå «Hjemmehørende folkemengde» <http://www.ssb.no/a/histstat/tabeller/3-1.html>.

² Peter Andreas Munch meinte at handskriftet måtte innehalde ein feil og at talet på provinsar i Kystlandet var 22. Storm fylgde Munch og retta til 22 i sin kjeldeutgjeving (Storm 1880:76). Seinare forskarar har oppretthalde 22 som talet på provinsar i Kystlandet. Frode Iversen (2015a) på sin side argumenterer overtydande for gyldigheita til originalkjelda og at det rette talet må vere 30.



Figur 1-3, Ein sannsynleg utstrekning av Fjellandet slik det er beskrive i *Historia Norwegie* ca. 1150–1175 (HN; Iversen 2017), (Kart: K. Loftsgarden).

hovudtrekk kva område som utgjorde kvart *patria*, likevel er nokre område ope for tolking. *Patria 2* i Fjellandet er beskrive som Telemark og fjerntliggande bygder (*remotes ruribus*), det sannsynleg at dette peikar mot Numedal (Steinnes 1930:131; Iversen 2017), jf. figur 1-3.

Dei fire såkalla *patrie* som utgjer Fjellandet, kan sjåast som regionar med liknande topografiske, økonomiske og klimatiske soner og truleg med relativt like rettslege behov. Dette gjeld særskild fjell- og dalbygdene som også har blitt sett på som eit kulturområde (Werenskiold og Isachsen 1936; J.P. Blom 1969; Stylegar 2004). Dette er område som er karakterisert med lite dyrka mark og hovudvekt på februk. Det arkeologiske materialet viser også ein omfattande bruk av utmarksressursar i vikingtid og mellomalder, til beite, til jakt og fangst og til jernframstilling.

Det geografiske fokuset i mitt arbeid inkluderer Fjellandets *patria 2*, samt det som i mellomalderen ser ut til å ha utgjord Setesdalen eller «Sættre», det vil seie dagens Valle og Bykle kommunar (Steinnes 1974:22). Mot nord vel eg ikkje å ta med lokalitetar nord for Valdres, som markerer grensa mot Fjellandets *patria 4*. Desse er alle område karakterisert av kontakt mot vest, det vere seg gjennom handel og kommunikasjon eller meir spesifikt gjennom rettslege eller administrative grenser. Eg har difor også valt å inkludere dei indre fjordområda i Hardanger og Sogn. Den varierte topografien, klimaet og ressursgrunnlaget mellom dei indre fjordbygdene og fjell- og dalbygdene kunne ha vore med å fremje spesialisering, handel og kontakt.

Ved å sjå desse områda i eit langtidsperspektiv kan ein belyse utviklingar som vil vere gjeldande for Sør-Noreg som heilskap. Gjennom mellomalderen skjer det ei endring av samhandlingsromet i innlandet som fylgje av etablering av byar ved kysten (Iversen 2017). Dette vart formalisert gjennom ein ny organisering av rettsgeografiske forhold. Blant anna blei Hallingdal og Valdres frå om lag 1350 lagt under Oslolagmannen, frå tidlegare å ha vore del av Gulatingslagen. Den geistlege tilknytninga til Stavanger vart likevel oppretthalden fram til 1600-talet (Frøholm og Lillebrænd 1973:95).

Likeins blir det gamle søndre lagsogn av Eidsivatingslagen, omtalt frå 1223, delt opp slik at Oslo, Tønsberg og Skien fekk kvar sin del av Fjellandet i sør (Iversen 2017). Men både Øvre Telemark og Numedal var del av Hamar bispedøme fram til

1600-talet (Kårstad 1953:53; Seierstad 1958:28). Eg vil sjå desse prosessane i ljøs av innlandets ressursar og handelen mellom innland og kyst, og drøfte om innlandets ressursar kunne utgjere ein årsaksfaktor i denne utviklinga.

2. Forskingshistorisk bakgrunn

Tematikken i avhandlinga krev eit breitt kulturhistorisk kjeldetilfang, og er inspirert av tilnærminga til forskning innanfor den såkalla Annales-skulen. Denne retninga kan ein definere som ein middelveg mellom kulturhistorisk og prosessuell historieforståing. Grunnlaget for denne retninga vart lagt gjennom arbeidet til dei franske historikarane Marc Bloch og Lucien Febvre, og seinare gjennom arbeidet til Fernand Braudel.

Den holistiske forskingsmetoden og teorien fekk særleg gjennomslag i mellomalderforskning gjennom Blochs *La société féodale* (Bloch 1949) og Braudels *La Mediterranee et le monde mediterraneen a l'epoque de Philippe II* (Braudel 1949). Denne måten å drive forskning har vidare blitt postulert som eit mål innanfor lokalhistorisk litteratur, (jf. Sandnes 1981; Sandnes 1997), avhandlingane til Peter Carelli (2001) og Frode Iversen (2008) er også eksempel på dette perspektivet.

I dette kapittelet vil eg presentere og vurdere framstillingar og perspektiv som har vore sentrale i tidlegare forskning på marknadsplassar og bruken av utmark, og som slik også dannar utgangspunkt for avhandlinga. Forsking heng ofte saman med den teoretisk utviklinga av fagområdet, den forskingshistoriske framstillinga her vil difor også inkludere sentrale teoretiske perspektiv.

2.1 Marknadsplassar og handel i forskingshistorisk perspektiv

Handel i vikingtid og mellomalder har vore gjenstand for omfattande forskingsarbeid blant norske arkeologar og historikarar, frå Peter Andreas Munchs *Det norske folks historie* (1852–1863) til dei siste tre bind om utgravingane ved Kaupang-Skiringsdal (Skre 2007b, 2008b, 2011b). Med omsyn til marknadsplassar, også i norsk samanheng, har særleg Karl Polanyi vore tonegjevande.

Polanyi, i lag med Anne Chapman og Rosemary Arnold, utarbeidde ein modell for førmoderne handelsplassar, karakterisert som *ports of trade* (Arnold 1957; Chapman 1957; Polanyi 1957, 1963). Dette var administrative einingar med ein fast befolkning som var involvert i handelen gjennom å bidra med tilrettelegging og rekneskap og ikkje stader som vaks fram på bakgrunn av økonomiske faktorar som tilbod og etterspørsel. Stadane utgjorde ei sikker og nøytral ramme der ulike former for

vareutveksling kunne gå føre seg, men var i seg sjølve ikkje naudsynte for handelen. Vareutveksling vart gjennomført ut frå ein fastsett pris, og fullkomne pengar var ikkje del av handelen.³

Ports of trade vart sett på som ein universell institusjon som kom før etableringa av internasjonale marknader. *Ports of trade* er i prinsippet lokalisert i grenseområde, som langs kysten, mellom fjell og steppe, eller ved grensa til vanskeleg farbare strekk som til dømes ørken (Polanyi 1957:263; 1963:30–31). Omgrepet *ports of trade* har blitt kritisert for å vere for brei og vag og med eit behov for ein vidare definering (Hodges 1978:100; Gallaway 2005:718), men har likevel sett sitt preg på den arkeologiske forskinga.

Ports of trade blir i forskingssamanheng ofte brukt synonymt med det latinske omgrepet for marknadsplass, *emporia*. Ein viktig forskjell er likevel at eit *emporium* ikkje treng vere ein stad med administrert handel, eller vere kontrollert av ein elite, noko som er omtala som eit krav med omsyn til *ports of trade* (Möller 2013:1). Sidan 1970-talet har *emporia* vore viktig i samband med forskning på vareutveksling i jernalder og tidleg mellomalder. Særleg Richard Hogdes si bok *Dark age economics* frå 1982 har vore sentral i så måte.⁴

Inspirert av tidas prosessuelle tilnærming klassifiserte Hodges mindre bysamfunn og marknadsplassar som *emporia* av A-, B- eller C-typen (Hodges 1982:50–52). A-emporia er etter Hogdes sesongvise marknadsplassar som ofte er lokalisert i grenseområde. Det hadde få, om nokon, faste installasjonar som lagerbygg eller bryggeanlegg. B-emporia klassifiserte han som urbane samfunn med planlagde gater og bygg, der vareutveksling og handverk la grunnlaget for oppkomst og eksistens (Hodges 1982:51–52). Ribe, Birka og Kaupang har vore rekna som døme på B-emporia (Stylegar 2009:69). C-emporia klassifiserer Hodges som ei vidareutvikling av B-emporia, mot den seinare byen. Vareutveksling blir mindre viktig, og staden får ein auka regional status og administrativ funksjon (Hodges 1982:52).

Klassifiseringa har evolusjonistiske trekk, der A-emporia er grunnlag for B-emporia, som igjen er grunnlag til C-emporia. Hogdes fokuserte i stor grad på

³ Fullkomne pengar er betalingsmiddel utan verdi i seg sjølv.

⁴ Hogdes har sidan utvida og revidert boka (jf. Hodges 2012).

betydinga av store emporia. Styrt og kontrollert av ein elite gav dei òg grunnlag for å gje eliten tilgang på prestisjevarer. Dei mindre rurale marknadane som eksisterte, hadde liten innverknad på systemet som heilskap (Hodges og Whitehouse 1983:101; Palmer 2003:49). Likevel har arkeologisk, historisk og numismatisk forskning dei seinare år vist at handel i vikingtid/mellomalder gjekk føre seg på langt fleire og meir rurale stader. Dette tyder på at ein stor del av sosial samhandling og vareutveksling i vikingtid og mellomalder var småskala og mindre organisert, og ein skal ikkje undervurdere den samla innverknaden den hadde på samfunnet (Sindbæk 2013:72).

Stader for vareutveksling har variert i storleik og kompleksitet over tid og rom, frå stølstreiff til byar (Brendalsmo mfl. 2009). Med omsyn til framveksten av større marknadsplassar som Kaupang, Birka og Ribe ser desse ut til å ha vore initiert av stormenn, høvdingar eller kongar. Inndeling av parseller før busetnaden vaks fram peikar mellom anna i den retning (Skre 2001:170).

Betydinga av kongemakt og kyrkjelege institusjonar sett opp mot handel og vareutveksling har vore sentrale tema i forskning på tidleg byoppkomst i Norden. Dette heng òg saman med kontinuitetsspørsmålet i forhold til vikingtidens sentralstader (Andrén 1985:17; Christophersen 1989:110–111). Tidlegare forskarar såg handel og økonomiske forhold som avgjerande i samband med framveksten av tidlege byar i mellomalderen (Bull 1933:77). Dei økonomiske perspektiva var basert på klassisk økonomisk teori, fyrst framlagt av Adam Smith (2007 [1776]). Smith studerte eit industrialisert britisk samfunn, og såg menneskje som rasjonelle, styrt av eigeninteresse, og med mål om maksimert nytte (2007 [1776]:32).

Ved byrjinga av 1900-talet viste etnografiske studiar likevel i aukande grad eit meir nyansert bilete av ikkje-vestlege system for organisering av produksjon og vareutveksling. *Argonauts of the Western Pacific* av Bronislaw Malinowski (1922) og *The gift - Essai sur le don. Forme et raison de l'échange dans les sociétés archaïques* av Marcel Mauss (1967 [1925]) fekk særleg stor innverknad i så måte.

Blant dei mange som vart påverka av Mauss og Malinowski var tidlegare nemnde Polanyi. I boka *The great transformation* (2001 [1944]) og seinare verk (t.d. Polanyi mfl. 1957), hevda Polanyi at i tida før den moderne staten arbeidde ikkje menneska for å eige mest mogleg materielle gode, men for å fremje sin sosiale status

og sine sosiale tilgangar. Mennesket skaffa seg materielle gode berre for å oppnå dette målet. Økonomien i eldre kulturar var innvoven i den sosiale sfære, og økonomiske val vart styrt etter sosiale og kulturelle omsyn. Polanyi meinte difor at det er problematisk å nytte omgrep som «vare», «kjøp» og «etterspørsel» når ein beskriv handel og varebyte i førmoderne samfunn (Polanyi 1957:243–244).

Polanyi utvikla sine teoriar som ein reaksjon mot dei klassiske økonomiske teoriene. Han hevda at deira positivistiske tilnærming førte med seg ein avhumanisert økonomi, og at «marknadsmentaliteten» tvillaust var eit produkt av den moderne kapitalismen (Polanyi 2001 [1944]; Garraty 2010:11). Ein formalistisk (formal) oppfatning av økonomi med ein logisk og profittsøkande mål-middeltenkjemåte gav såleis ikkje dei rette føresetnadane til å beskrive og forklare vareutveksling i førkapitalistiske samfunn. I staden meinte han at økonomi i førmoderne samfunn må bli forklara med bakgrunn i menneska sitt samspel med sine naturleg og sosiale omgjevnader for å skaffe seg livsopphald. Dette vart kalla ein «substansiell» (substantivistisk) oppfatning av økonomi.

Blant andre er Axel Christophersen influert av Karl Polanyi og antropologen Maurice Godelier i sitt arbeid på vareutveksling og byoppkomst i vikingtid og mellomalder i Noreg (Christophersen 1989). Christophersen ser større marknadsplassar som del av redistributive nettverk, styrt av lokale stormenn, småkongar eller høvdingar. I kraft av sine sentrale posisjon innanfor redistribusjonssystemet fekk desse stormenn tilgang på overskotet av heimleg produserte luksusvarer, samt nyttevarer som jern, klebergryter, brynestein og kvernstein. Han argumenterer for at stormenn også kontrollerte marknadsplassar med sentral lokalisering i regionen. Christophersen presiserer likevel at slike marknadsplassar ikkje må bli forveksla med «bondesamfunnets mange små lokale markeds plasser, skueplasser for det frie, uregulerte utbytte av subsistensvarer» (Christophersen 1989:122, 128). Liknande økonomisk system er sett fram med omsyn til vikingtida på Vestlandet og i Trøndelag, men då sterkt påverka av prosessuelle tenkjemåtar og systemteoretiske modellar (Sognnes 1979, 1988).

Eit redistributivt system er der stormenn og/eller sentralstader fungerer som redistributive knutepunkt mellom folk frå ulike område som produserte ulike varer

(Polanyi 2001 [1944]:51–52). Om desse ikkje møttest til same tid (noko som i praksis vil ha resultert i ein marknadsplass) vil denne forma for utveksling ha kravd ein utstrekt bruk av gjeld og ein høg grad av respekt og tillit mellom stormenn og bøndene. Det betydde vidare at bøndene ofte måtte ta to turar til stormannen/sentralsstaden, ein for å selje sine varer og ein for å hente varene dei fekk i byte. Ein kan tenkje at stormenn også kunne gje sølv for varene, men det løyste ikkje bøndene sine utfordringar med å finne varene dei trong. Redistribusjon er avhengig av mange ledd og stor grad av tillit, i tillegg måtte det bli investert meir tid og arbeid frå alle partar. Stormenn kunne nytte redistribusjon for å sikre tilslutning og dei kunne få direkte kontroll over handelen, men måtte stille med til dels store ressursar.

Eg finn det mindre sannsynleg at den omfattande utvekslinga av varer som jern, skinn, gevir, matvarer og handverksprodukt, som måtte ha funne stad til og frå fjell- og dalbygdene i sein vikingtid og mellomalder kunne bli gjort gjennom redistributive nettverk eller gåvebytte. Eg støttar slik historikaren Knut Helle sin vurdering (Helle 2009:585).

Eg vil drøfte i kva grad årviss marknadshandel kan ha vore meir effektivt og formålstenleg for både stormenn og bønder i denne perioden. Og ser økonomiske faktorar til å vere av stor betydning i vareutvekslinga, sjølv om også sosiale og politiske forhold har hatt innverknad på utvekslinga. Eg er såleis på linje med dei fleste forskarar i dag som finn at realiteten mest sannsynleg ligg ein stad mellom det såkalla formalistiske og det substantivistiske verdsbilete (sjå t.d.Gustin 2004; Orning 2010; Stark og Garraty 2010; Norseng 2014; Skre 2015).

Handel på mindre årvisse marknadsplassar er godt kjent frå tidleg nytid. Desse er omtala i både segn og skriftlege kjelder, med aktivitetar som handel, leik, tevlingar, slagsmål og kappriding. Særleg innanfor lokalhistorisk litteratur, etnologi og folkloristikk er slike møteplassar beskrive og drøfta, ofte av forskarar tilknytt Instituttet for sammenlignende kulturforskning. Sentrale verk er *Norsk sætertradisjon* (1952) av folkloristen Svale Solheim og historikaren Lars Reinton sine bøker *Sæterbruket i Noreg* (1955, 1957, 1961).

2.2 Utmarka og utmarksressursar i tidlegare forskning

Utmarka, med allmenningar inkludert, utgjorde ein viktigare del av landbruket i Noreg enn i mange andre vesteuropeiske land (Øye 2002:361–362). Mengda dyrkbar jord var beskjeden, men eit omfattande haustings- og beitebruk i utmark gjorde det mogleg å halde fleire husdyr enn dei gardsnære områda gav grunnlag for. Skogen gav ved og tømmer, og råstoff til kull- og tjærebrenning. Myrområda gav malm til jernframstilling og somme stader kunne ein bryte kvernstein, kleberstein og brynestein. Også fiske, jakt og fangst bidrog til økonomien, både i innland og ved kystområda.

Både i europeisk og norsk arkeologisk forskning har utmark dei siste tiåra blitt meir vektlagt og fått større betydning. Denne forskinga har vist regionale variasjonar og kompleksiteten i bruken av utmark i yngre jernalder og mellomalder (Svensson 2015:294).

I Skandinavia har ein rekke historiske og arkeologiske forskingsprosjekt belyst fleire sider rundt utmark og utmarksbruk, knytt til stølsbruk jakt, fangst og jernframstilling (t.d. Bjørgo mfl. 1992; Mikkelsen 1994; Svensson mfl. 1998; Lunden 2002; Øye 2002; Emanuelsson mfl. 2003; Stenvik 2003; Holm 2004; Holm mfl. 2005; Amundsen 2007; Bergstøl 2008; Indrelid 2009; Stene 2014).

Vassdragsundersøkingane på 1960–1980-talet, samt dei seinare års hytteutbygging har ført til at særleg mange jernframstillingsanlegg har blitt arkeologisk undersøkt. Jernvinneundersøkingane rundt Møsvatn i Telemark leia av Irmelin Martens (Martens 1988) og utgravingane ved Dokkfløy i Oppland leia av Jan Henning Larsen (Larsen 1991) har lagt grunnlaget for jernvinneforskninga slik den står fram i norsk arkeologisk forskning i dag. Også undersøkingane Østerdalen ved Rødsmoen og Gråfjell har vore av stor betydning (Narmo 1997; Rundberget 2007, 2013). Fleire andre undersøkingar og forskingsprosjekt har ført til at kunnskapen om jernframstilling i sein vikingtid og mellomalder etter kvart er omfattande (t.d. Narmo 1996; Stenvik 2003; Larsen 2009; Tveiten 2012).

I arkeologisk forskning er fangstanlegg fyrst omtala sporadisk på 1800-talet, som av Nicolay Nicolaysen då han på reise sørvest for Hardangerjøkulen i 1860 gjekk forbi fleire fangstgroper (Nicolaysen 1861:20). Hustuffer med avfallshaugar med bein- og

gevirmateriale, var derimot tidleg eit forskingsobjekt. Sumtangen ved Finnsbergvatn, som også var eit av måla for reisa til Nicolaysen i 1860, er ein av dei mest kjende av slike lokalitetar og har vore undersøkt i fleire omgangar (Christie 1842; Bøe 1942; Indrelid 2003).

Spor etter jakt og fangst har òg blitt undersøkt i samband med større vasskraftutbyggingar i fjell- og dalbygdene, og desse undersøkingane har hatt stor betydning for kunnskapen om jakt og fangst (t.d. Gustafson 1982; Randers 1986; Bjørgø mfl. 1992; Indrelid 2009). Jakt og fangst var òg ein viktig del av *Hardangerviddaprojektet for tverrvitenskaplig kulturforskning* (1970–1974). Gjennom dette breitt anlagde prosjektet var målet å kartlegge Hardangerviddas kulturhistorie frå dei eldste tider til nytid.

På bakgrunn av den massive mengda jernframstillingsanlegg og kolgroper i fjell- og dalbygdene, så vel som spora etter jakt og fangst, er det ein generell semje om at utmarksressursar har spela ein stor samfunnsøkonomisk rolle i vikingtid og mellomalder. Blant andre har Egil Mikkelsen med utgangspunkt i massefangst av rein i Dovre sett produkt frå jakt og fangst som del av vikingtida og mellomalderens økonomi (Mikkelsen 1994). Den økonomiske betydning av jernvinna er òg tatt opp av forskarar som Martens (1987, 1988), Lars Erik Narmo (1996) og Bernt Rundberget (2013).

Hovudfokus ligg på ressursar og handelsvarer som gjekk frå fjell- og dalbygdene mot kyst og fjordstrøka, eg vil likevel også drøfte kva varer som kunne inngå i handelen frå kyst- og fjordområda mot innlandet. Dette inkluderte ein rekke varer og ressursar, men eg vil avgrense mitt utval til kleberstein og salt.

Tidleg arkeologisk forskning på kleber fokuserte på typologisk-kronologiske samanstillingar av kleberkar (Shetelig 1912; Petersen 1934). Arne Skjølsvold sin magistergradsavhandling og publikasjonen *Klebersteinsindustrien i vikingetiden* (1961), samt hans påfølgjande publikasjonar om emnet, har vore definerande for vidare forskning om kleberstein og klebersteinsbrot. I dei seinare år har klebergjenstandar som kar, spinnehjul og vevlodd vore gjenstand for fleire forskingsprosjekt og desse har vist kor utbreidd og viktig klebergjenstandar var i

dagleglivet i jernalder og mellomalder (Andersson 2003; Vangstad 2003; Baug 2011; Øye 2011; Baug 2015a; Schou 2015).

Sjølv om salt var ein viktig og nausynt ressurs og vare har framstilling og bruk av salt i norsk vikingtid og mellomalder i liten grad vore belyst gjennom arkeologisk eller historisk forskning i Noreg. Det finst likevel enkelte artiklar og bidrag i lokalhistorisk litteratur, som (Olafsen 1908; Bugge 1925:14–20; Sandvik 1992; Omdal 2011; Larsen 2013).

Eg bygger på tidlegare forskning, både knytt til organisering, omfang og betyding av utmarksressursane, men eg vil i større grad problematisere kva samfunnsmessig rolle desse ressursane spela, og på kva måte desse ressursane og varene vart utveksla.

3. Teoretiske perspektiv og metodiske tilnærmingar

Gjennom dei siste 150 år har arkeologisk og historisk forskning vore prega av vekslende teoretiske retningar, frå den breitt anlagde kulturhistoria via ein empirisk-kjeldekritisk retning til meir postmoderne perspektiv. Direkte eller indirekte er alle forskingsarbeid påverka av samtida og samtidas rådande tankesett. Målet med dette kapittelet er å gjere greie for teoretiske aspekt som i størst grad har påverka og inspirert mitt arbeid og som dannar det teoretiske utgangspunkt for analysen og den vidare drøftinga. Dette utgjer også eit rammeverk som ligg bak val av metode og dannar grunnlaget for korleis prosjektet er organisert og gjennomført. Teori og metode er såleis knytt tett saman og dette kapittelet vil gje ein presentasjon av teoretiske perspektiv, samt metodiske tilnærmingar.

Eit overordna spørsmål i prosjektet er korleis ein kan identifisere marknadsplassar. Dette er viktig for å kunne kaste ljøs over dei andre hovudspørsmål, som brukstid, tilknyttinga til ressursar og kven som var involvert i utvekslinga. Spor etter slike plassar er få og fragmentariske, det er soleis naudsynt med eit breitt kjeldegrunnlag, noko som betyr at også ein rekke metodar og analytisk verkemiddel er tatt i bruk. Eg vil greie ut om desse, og korleis metodane er anvendt i analysearbeidet i høve til dei problema eg har stilt og perspektiva eg har lagt til grunn. Eg vil òg presentere ein utrekning av jernframstilling og jernbehov i sein vikingtid–høgmellomalder, då ein talfesting av jernproduksjonen i fjell- og dalbygdene i denne perioden legg viktige premiss for den vidare presentasjonen og analysen.

3.1 Samfunnsøkonomiske aspekt i sein vikingtid–høgmellomalder

Forskingshistorisk har ulike teoretiske modeller vore nytta for å forklare utveksling og handel, både redistribusjon og gåveutveksling. Eg vil drøfte i kva grad marknadshandel kunne vore rådande som utvekslingsform i fjell- og dalbygdene omkring Hardangervidda og mot kystområda i sein vikingtid – høgmellomalder, då

særleg med omsyn til utveksling av varer frå utmarka som til dømes jern, skinn, pels, og gevir.

I det høvet vil eg presentere ein modell over framveksten av spesialisert produksjon og handel. Sjølv om dette er ein generell modell viser den samfunnsøkonomiske prinsipp som kan vere relevante for å forstå framveksten av marknadsplassane i det sørnorske innlandet.

Modellen er utvikla av økonomen John Hicks (1974), som ser vegen mot spesialisert handel gå gradvis via regelmessige samkome. Slike samkome gav ein anledning til handel. Når individ møttest til religiøs høgtid eller liknande kunne deltakarane ha med seg ulike ting. Dette gjorde at dei kunne bli freista til å byte seg i mellom. Denne bytehandelen var berre ein marginal del av samkome. Og slik vil det halde fram med å vere om det berre er små fordelar å få ut av ein slik rudimentær handel, men om fordelane er store kan denne aktiviteten auke i omfang. Variasjonar i levevilkår, klima og topografi vil gjera at ulike område produserer ulike varer og sjansane til fordelaktig byte vil auke. Hicks meiner handelen etterkvart kan gå på kostnad av det som opphavleg var formålet for å møtast. På denne måten kan ein religiøs fest gradvis bli omgjort til ein marknad (Hicks 1974:31–32).

Dei som handlar på slike marknader treng ikkje vere spesialiserte handelsmenn, men nokon av dei som handla vil vere rikare enn andre, eller ha fleire ting å selje. Dei vil såleis vere meir aktive i handelen og kan vere villige til å ta i mot ting som dei ikkje nødvendigvis ynskjer sjølv fordi dei har gode moglegheiter til å selje dei vidare att. Dei byrjar å fungere som mellommenn.

Varer som desse har erverva treng ikkje bli seld vidare same dag. Om dei er varige kan dei bli oppbevart og seld ved ein anna anledning. Om denne aktiviteten blir sentral er det viktig å trygge lagerbeholdninga. Det er både kostbart og risikabelt å bringe lagerbeholdninga med seg mellom marknadsplassar. Ved å ha varene fast på ein marknadsplass er det enklare å halde oppsyn over dei, og ein kan vere klar til å selje varene når som helst. Det betyr at når spesialiserte handelsmenn tok tilhald på ein marknadsplass vart marknaden kontinuerleg i tid. På marknadsplassen kan handelsmannen òg auke verdien ved materiell omarbeiding av varene (Hicks 1974:32–33).

Omrisset til Hicks tek utgangspunkt i ein samfunnsform utan sterke hierarkiske føringar. Han legg difor til at også større eller mindre herskarar kunne bli involvert i denne handelen. Anten gjennom handel for økonomisk vinst eller handel som fylgje av omdisponering av kongens inntekter i form av skatt og avgifter.

Kongens inntekter vart som regel betalt i naturalia og gjekk til kongens undersåttar som trong matforsyningar eller materiale til omarbeiding. Avgiftene til staten vart ofte levert på stader som ikkje var ynskeleg, og det kan godt vere lettare å kjøpe forsyningar opp i nærleiken av tettstader enn å få dei direkte som avgifter frå befolkninga. Ein del av kongens menn måtte difor innkrevje, organisere og disponere kongens inntekter. Denne verksemda gav gode høve til handel på deltid, som lett kunne gli over i handel på heiltid (Hicks 1974:35–36). Og all handel på vegner av herskaren, eller andre stormenn, vil utan tvil kunne skje mykje lettare om det allereie finst marknader der folk møttest for å byte varer. Slik bidreg handel mellom bønder og handel eller innkjøp på vegner av herskaren til å styrke kvarandre (Hicks 1974:36).

Denne modellen kan fungere som ein skjematisk framstilling på korleis marknadsplassar kunne vekse fram i det sørnorske innlandet. Meir eller mindre dynamisk og med utgangspunkt i årvisse samkome der eksplisitt handel opphavleg har vore av underordna betydning. Her kan ein sjå for seg ein vekselverknad mellom ressursmessig spesialisering og handel. Jern og andre ressursar vart fyrst i mindre grad utnytta, så i aukande grad i takt med at handel vart del av årvisse samkome og ressursar frå overskotsproduksjon kunne bli enklare omsett.

Eit viktig moment i samfunnsøkonomisk teori ut frå dette, er at det aldri er nok ressursar til at alle kan nå alle sine mål. Så ved å bruke ressursar til å nå eit mål må ein ta ressursar som kunne blitt brukt andre stader. Ressursar treng ikkje nødvendigvis bety råvarer eller pengar, men kan bety tid, talent eller kunnskap (Sowell 2014:1–9).

Avgjersler er såleis alltid ein avveging mellom ulike konsekvensar, mellom kostnad og nytte. Eksempelvis betyr det at dei val som førte til ein overskotsproduksjon av utmarksressursar kom på kostnad av anna bruk av tid og ressursar. Desse vart likevel alltid tatt innanfor sosiale og politiske rammer. Nyare samfunnsøkonomisk teori anerkjenner at mennesket ikkje er fullkomne rasjonelle aktørar, ei rekkje eksperiment viser at ulike predisposisjonar og kognitiv bias som

rettferdsstandardar, altruisme og resiprositet er viktige motivasjonsfaktorar knytt til menneskeleg åtferd (Tversky og Kahneman 1981; Fehr og Gächter 2000; Elster 2003:214–232; Kahneman 2003).

Ein kan likevel hevde at aktørar handlar målretta for å realisere veldefinerte og konsistente interesser. Ei handling er rasjonell dersom ho best innfrir målet aktøren har, uansett kva mål det er (Torsvik 2003:52–54). Målet kan vere egoistiske materielle interesser, men ikkje nødvendigvis. Aktørane samhandlar på ein sosial arena og den forventa konsekvensen av åtferd vil vere avhengig av åtferda til andre (Ringstad 1995:223–224).

Klassiske økonomiske modeller er utarbeidd for å beskrive og føresjå menneskje sin åtferd. Medan når teorien om rasjonelle val blir brukt innanfor filosofi, sosiologi eller til dels samfunnsøkonomi blir det antatt at aktørar er rasjonelle i ein normativ forstand. Handlinga blir sett som rasjonell om det er den beste måten aktøren meiner å nå sine ynskje (Elster 2003:214).

Kva verdiar ein legg vekt på og som ein ser som «nytte», er avhengig av ulike sosiale og kulturelle rammer for samhandling. I mange samanhengar er det ein strid mellom egosentriske interesser og utoverretta sosiale omsyn (Torsvik 2003:168,175). Menneskje er ikkje alltid rasjonelle, men tek omsyn til irrelevante opplysningar og brukar ofte eit lite og skeivt utval av tilgjengeleg informasjon. Men menneskje *vil* vere rasjonelle og tek val dei sjølv oppfattar som rasjonelle (Elster 2003:6).

Når eg greier ut om samfunnsøkonomisk teori og argumenterer for relevansen i ein arkeologisk avhandling om marknadsplassar i vikingtid og mellomalder er ikkje det fordi eg ser alle menneske som økonomisk rasjonelle aktørar, som alltid vil minimere kostnad og maksimere vinst. Det finst mange døme på samfunn der økonomisk rasjonalitet ikkje er ein openberr drivande faktor, som Malinowskis (1922) tidlegare nemnde studie av Trobrianderene eller potlach-offerfesten blant delar av urbefolkninga i USA og Canada (Boas 1920).

Det har difor vore ein tendens til å avvise samfunnsøkonomisk teori som fremjar av eit kynisk menneskesyn og ein naturalisering av profittmaksimering og eigeninteresse, og med liten relevans som forklaringsmodell (Graeber 2001:7–8). Men ein bør unngå å skilje moderne og førmoderne samfunn i to unyanserte motståande

økonomiske kategoriar. Motivasjonsfaktorar bak menneska sine handlingar rommar openbart meir enn snever eigeninteresse, likevel meiner eg at samfunnsøkonomi kan gje nyttige ramar for forståing og eit teoretisk utgangspunkt som vil vere verdifullt innanfor studiet av vikingtid og mellomalder, og særleg til å belyse auka i spesialisert produksjon og framveksten av marknadsplassar.

3.2 Historiske strukturar

For å forstå samfunnsutviklinga gjennom vikingtid og mellomalder i ljøs av utnyttinga av innlandets ressursar og vareutvekslinga med desse, er det tenleg med eit fokus på strukturar og prosesser bak den enkelte marknadsplass eller den einskilde jernframstillingsstad. Målet til forskning innanfor den såkalla Annales-skulen, om å tolke og samle ulike kjelder til ein syntetiserande heilskap har slik vore ein inspirasjon i arbeidet med denne avhandlinga.

Eg vil her legge fram nokre nøkkelomgrep som vil vere nyttige i det vidare arbeidet (jf. Braudel 1980 [1969]:25–55). Innanfor denne retninga vart det lagt vekt på dei historiske strukturane som utgjer relasjonane i samfunnet, og brot og kontinuitet i desse. Strukturar er ein konstruksjon, men over og forbi konstruksjonen ligg ein realitet som også er i endring i samspel med tid. Nokre strukturar varer over fleire generasjonar, andre varer korte tidsperiodar, men alle av dei kan underbygge, så vel som legge hindringar for framferd.

Geografiske avgrensingar, biologiske realitetar eller mentale rammeverk kan utgjere strukturar. Endringar bør bli analysert innanfor rammene sett av store strukturar – økonomiske, sosiale eller demografiske – der vanlege menneske lev sine liv og den lange tidsdimensjonen bør stå i sentrum, *longue durée*. Endringar i samfunnet skjer over lange tidsperiodar og frå dag til dag er desse meir eller mindre usynlege for menneska i samfunnet. Samfunnet og endringar i samfunnet bør såleis granskast og foreinast i større overgripande syntesar.

Bruk av kronologi og kulturell og teknologisk evolusjon er av stor betydning og vesentleg for arkeologisk forskning, men det betyr å sjå tid som ein singular og lineær sekvens, som også verkar inn på oppfatninga av kulturell og samfunnsmessig endring

(Lucas 2005:27, 115). Annales-skulen og Braudel differensierer mellom ulike prosesser som går føre på ulike tidsskalaer, dette gjer at ulike former for forklaring bør tas i bruk sjølv om alle prosesser verkar i samspel med kvarandre (Braudel 1972; 1980 [1969]:27–38; Knapp 1992; Iversen 2008:51).

Braudels differensierte forståing av tid blir delt i tre nivå. *Longue durée* er dei seige, kollektive og overgripande strukturane, der endring skjer over lang tid, det kan vere innanfor landbruket eller bruken av landskapet. Mellomnivået, *conjunctures*, kan karakteriserast av oppkomst eller avvikling av sosiale og økonomiske institusjonar, som til dømes priskonjunkturar, økonomiske trendar, demografiske eller teknologiske endringar. Det tredje nivået, *événements*, er kortvarige hendingar, særleg politiske eller militære hendingar. Det er gjentakande, daglegdagse handlingar som dannar basis for dei overordna seige strukturane, i samspel med materielle strukturar. Slike strukturar danna stabile rammer for samfunnet der endringar skjedde sakte over tid (Braudel 1980 [1969]:31; Iversen 2008:51).

Ei fallgruve om ein vel å ta utgangspunkt i eit forskingsmessig strukturelt perspektiv, er at menneska og deira handlingar verkar redusert og nærast utan betydning. Men det er menneskas mindre og daglegdagse gjentakande handlingar, vaner eller rutinar, som dannar basis for dei seige strukturane, i lag med grunnleggande materielle strukturar. Dei sosiale strukturane verkar igjen inn på menneskelege handlingar. Det er med andre ord eit samspel mellom strukturar og handlingar og overordna samfunnsstrukturar påverkar og legg avgrensingar på folks handlingar (Giddens 1984:25).

Både handling og struktur må også sjåast i samband med sosialt nivå. Det vil seie at den potensielle innverknaden eit menneske har endrar seg i takt med kvar individet står på samfunnets rangstige. Di høgare, di større strukturell rekkevidde får individ og hendingane dei tek del i (Holmsen 1970 [1940]:28; Iversen 2008:53–55). I mellomalderens Noreg vil såleis ein prest sine handlingar potensielt ha større strukturelle konsekvensar enn ein gardsgut sine handlingar. Såleis vil det skriftlege kjeldematerialets særlege fokus på kyrkje-, kongemakt og stormenn bli rettferdiggjort med omsyn til å påvise strukturelle endringar. Dei omfattande spor etter utnytting av utmarksressursar, som kolgroper, jernframstillingsanlegg og fangstgroper vil på sin

side utgjere rester etter nærmast kvardagslege hendingar som er med å danne basis for seige strukturar.

3.3 Marknadsplassar som knutepunkt

I dette prosjektet vil nettverksteori bli nytta for å forstå marknadsplassane som knutepunkt i stabile og varige økonomiske og sosiale nettverk. I samspel med samfunnsøkonomisk teori kan dette opne for nye perspektiv på overskotsproduksjon og handel og bidra til belyse motivasjonsfaktorar og føresetnadar av betydning for auka i ressursutnyttinga i innlandet i sein vikingtid–høgmellomalder.

Det elementære utgangspunkt for arkeologisk forskning på handel er eksistensen av gjenstandar på stader utanfor deira produksjonsstad. Spreiinga av artefaktar er grunnlaget for spreingskart, og nyare nettverksanalyse innanfor historisk og arkeologisk forskning kan dels sjåast som ein vidareføring av dette. Der ein kombinerer stader, menneskje, ting og relasjonar innanfor same rammeverk (t.d. Sindbæk 2007b, 2007a, 2009; Knappett 2011; Malkin 2011; Knappett 2013; Seland 2013, 2017).

Eit teoretisk nettverk visualiserer strukturen bak komplekse relasjonar ved å vise undersøkingsobjekt som punkt og relasjonar som liner mellom desse. Ei metodisk utfordring i å nytte nettverksanalyse og -teori på historisk og arkeologisk materiale er at kvantitative analyser kan vere vanskeleg å gjennomføre og vere unøyaktige på grunn av relativt lite datagrunnlag. I tillegg kan område som i større grad er undersøkt arkeologisk bli uforholdsmessig vektlagt i forhold til andre område. Nettverksteori har likevel potensiale til å få fram ny kunnskap og belyse nye sider på eit overordna nivå.

Ein nettverksteori som tidlegare har vore nytta er såkalla ”down-the-line” eller fritt omsett; frå punkt til punkt, der ein gjenstand gjekk frå hand til hand meir eller mindre vilkårleg frå ein kjelde til ein fjern mottakar. Om ein gjenstand skulle bevege seg utelukkande frå hand til hand eller nabo til nabo i Skandinavia i vikingtid, ville for eksempel eit bryne frå Eidsborg risikere å måtte passere fleire titals ledd for å bli frakta til Hedeby. Forsøk har vist at kommunikasjon basert på så mange sosiale ledd har liten sjanse for å lukkast. Likevel viser rikeleg med funn frå vikingtid at gjenstandar kunne bli flytt over sær store avstandar (Sindbæk 2007b:61–62).

Ein nettverksteori som i større grad kan forklare korleis informasjon og gjenstandar kunne bevege seg over så store avstandar er såkalla "scale-free network" eller fritt omsett; friskalanettverk. Teorien bak eit slikt nettverk er at relativt få mellomledd og/eller nøkkelpersonar har sær mange lenker og kontaktar, medan mange mellomledd har få lenker og kontaktar. Innanfor andre fagfelt har friskalanettverk vist seg som ein god forklaringsmodell på store komplekse nettverk. Namnet kjem av at nettverksmodellen er dynamisk og kombinerer mellomledd av ulik skala (Barabási og Albert 1999; Sindbæk 2007b:61–62).

Marknads plassar kan sjåast som viktige knutepunkt i friskalanettverk. Stader der folk frå ulike område kunne møtast for å vedlikehalde og styrke sosiale og økonomiske relasjonar. Dette var stader med fleire funksjonar utover handel, som til dømes sosialt samkome, alliansebygging eller tevlingar. Ulike forhold, aktørar og sosiale strukturar kan ha verka inn på etablering og vedlikehald av slike møteplassar, og for å forstå utviklinga og endringa av slike stader over tid er det naudsynt med refleksjonar rundt kva mekanismar som kunne spele inn.

Marknads plassar kan forståast som ein arena der handlingar er lokaliserte og vert slik ein etablert og produsert arena for samhandling mellom ulike aktørar. Frå tidleg nytid er det døme på årvisse marknads plassar som blir flytt etter nokre år, men som heile tida er den «same» lokaliteten. Hovudbiletet er likevel at årvisse møte- og marknads plassar blir halden på dei same stadene år etter år, og det er ein lang kontinuitet i bruken av områda. På marknads plassane møttest folk frå større område og kan ha vore med å skape felles kulturelle normer, verdiar og sedvanar. Deltaking i sosiale samkome med fest og tevlingar, sjølv som observatør, vil gje ein rekke felles erfaringar og bidra til å bygge og styrke ei kjensle av gruppeidentitet og fellesskap (Semple og Sanmark 2013:525).

3.4 Retrospektiv metode

Nærleik i tid og rom er alltid halde som eit kriterium for ein god analogi, eg meiner såleis at nordisk seinmellomalder og tidleg nytid utgjer eit verdifullt samanlikningsgrunnlag for å forstå bakgrunnen og motivasjonen for val som vart tatt i

sein vikingtid–høgmellomalder. Eg ser difor blant anna på skildringar av marknadsplassar på 1600-, 1700- og 1800-talet. Desse fortel om den sosiale omgangen og kva type varer som vart utveksla. Ein får innsyn i kven som deltok og kva rolle marknadsplassar spela for innlandets økonomi, samt eit inntrykk av kor stor sosial betyding slike samkome hadde. Ved å sjå innlandets ressursbruk og marknadsplassar slik dei er beskrive i tidleg nytid kan ein nansere det arkeologiske og historiske kjeldematerialet. Dette kan omtalast som ein retrospektiv metode.

Retrospektiv metode spring ut av franske mellomalderforskingstiljø frå 1930-talet. Ein retrospektiv metode er kort fortalt å kaste ljøs over strukturar som har halde seg meir eller mindre uforandra i det tidsrom ein sluttar bakover (Holmsen 1976), eller at endringane har skjedd i eit mønster som er kjent for forskaren. Til dømes kan ein ta i bruk historiske kjelder frå mellomalder for å belyse aspekt i vikingtid og tidlegare. Opplysningar må korrigerast mot anna eldre kjeldemateriale der dette finst (Iversen 2008:50).

I Noreg vart metoden fyrst tatt i bruk av forskarar knytt til Institutt for sammenlignende kulturforskning, særleg Andreas Holmsen (1961 [1939], 1970 [1940], 1976). Ein retrospektiv metode omhandlar altså undersøkingar som med utgangspunkt i yngre kjelder forsøker å rekonstruere eldre forhold og hendingar. Det er påpeikt at i internasjonal forskning blir omgrepet *retrogressiv* nytta på denne metoden (Karsvall 2013:415; Gjerpe 2014). Eg tek utgangspunkt i norsk forskingstradisjon og vel å nytte omgrepet retrospektiv metode i det vidare arbeidet.

Bruk av retrospektiv metode er ofte knytt opp mot tidlegare nemnte Annales-skulen, og særleg Braudel, sin differensierte forståinga av tid og endring. Der endringar skjer innanfor rammene sett av store overgripande stabile strukturar og over lange tidsperiodar. Klimatiske og topografiske rammer for levevilkår i fjell- og dalbygdene kan på denne måten sjåast som ein seig overordna struktur.

Det er sannsynleg at iallfall frå vikingtid og mellomalder har gardsdrifta i desse områda i stor grad basert seg på husdyrhald der ein kunne dra nytte av dei store beiteområda i utmark. I tillegg til ein grad av korndyrking, jakt, fangst og fiske til eige bruk. Det har vidare vore ein viss spesialisering med utgangspunkt i tradisjonar og ulike naturvilkår, og då også ein vareutveksling mellom grender. Samstundes vil

hendingar spele inn på denne strukturen, som oppkomst av kyrkje- og kongemakt eller endring i etterspørselen etter varer og ressursar. Det er til all tid eit dynamisk vekselforhold mellom handling og struktur og strukturar av ulik tidslengd verkar på kvarandre med ulik kraft, òg på samfunnet og individa (Iversen 2008:52). Det betyr at endringar i den overgripande struktur skjer sakte over lang tid.

Denne graden av kontinuitet i gards- og jordbruksdrifta gjennom jernalder og mellomalder betyr at den retrospektive metoden kan bli nytta for å nyansere data frå arkeologiske og skriftlege kjelder. Tanken om kontinuitet har vore kritisert og diskutert (Weidling 2003; Pilø 2005). Det er likevel sannsynleg at for delar av landet var levevilkåra nokså stabile over lang tid. Om ein ser på gardsreiskapar eller om ein tek utgangspunkt i føresegna i lovene ser det ikkje ut til at det har vore drastiske endringar i driftsmåtane frå tidleg mellomalder og fram mot 1800-talet (Lunden 2002; Øye 2002).


Det betyr likevel ikkje at ein utan vidare kan overføre 1700- og 1800-talets bruksmåtar til tidleg- og høgmellomalder, men det betyr at det er visse naturgjevne føresetnadar og avgrensingar som har vore til stades og som ein må ha tatt omsyn til, i mellomalderen så vel som på 1700-talet (Indrelid 1988:116).

Eg vil difor ta i bruk retrospektive perspektiv for å nyansere og auke kunnskapen om driftsmåtar og ressursutnytting i sørnorske fjell- og dalbygder i perioden sein vikingtid–høgmellomalder. Også skildringar frå samlings- og marknadsplassar på 1600-, 1700- og 1800-talet kan nyttast retrospektivt for å belyse og forstå kva rolle og betydning årvisse marknadsplassar spela i denne perioden.

3.5 Geografiske nivå for handel og kontakt

Handel, kontakt og kommunikasjon gjekk føre seg på ulike geografiske nivå. Eg vil nytte fire hovudskilje; lokalt, regionalt, interregionalt og internasjonalt.

Lokalsamfunn kan nyttast som omgrep for ein eller som regel fleire busetnadar og sosiale miljø innanfor eit mindre område, i denne samanhengen vil det bety til dømes ei grend eller bygd.



Figur 3-1, Den geografiske inndelingane i patria slik dei er beskrive i *Historia Norwegie*, etter Iversen 2015, 2017 og Ødegård 2017 (Kart: K. Loftsgarden).

Region er eit avgrensa område som er større enn lokalsamfunnet og som skil seg frå andre område geografisk, kulturelt, politisk eller økonomisk, og kva ein legg i regionsomgrepet kan difor variere utifrå ulike praktiske eller teoretiske utgangspunkt (Gansum 1999:14; Barndon mfl. 2010:5; Baug 2016). I dette prosjektet vil geografisk region fylgje dei historiske inndelingane i *patria*, slik dei fyrst er skissert i Historia Norwegie, sjå figur 3-1.

Handel og kontakt innanfor eit lokalsamfunn vil bli definert som lokal, og handel innanfor ein region då vil bli omtala som regional. Om handelen går på tvers av regionar vil den bli definert som interregional, medan kontakt utover landegrensene er internasjonal.

Utveksling innanfor ein regional, interregional og internasjonal kontekst er ulike nivå av dei same prosessane. Varer som inngjekk i ein regional kontekst kunne seinare inngå i ein interregional eller internasjonal vareutveksling. Og omvendt, varer som kom til landet gjennom internasjonal handel, kunne etterpå inngå i ein regional eller interregional vareutveksling.

Eg vel å nytte inndelingane skissert ovanfor for å markere eit generalisert skilje mellom ulike typar handel, og inndelingane vil tene til å belyse økonomiske aktivitetar, relasjonar og kommunikasjonsmønster som er mest sentrale i dette forskingsprosjektet.

3.6 Klassifisering av stader for vareutveksling og sosial interaksjon

Tidlegare klassifiseringssystem av marknadsplassar har vore utarbeidd på grunnlag av til dels store markadar eller sentralstader frå Europa eller Midtausten (Polanyi 1963; Hodges 1982, 2012). Handel i det sørnorske innlandet var relativt sett i liten skala og det er såleis tenleg å utarbeide eit klassifiseringssystem som samstemmer betre med dette materialet.

I internasjonal forskning er det fleire omgrep som har vore nytta til å definere og forklare slike mindre årvisse stemne- eller marknadsplassar, der i blant *peasant markets* - bondemarknad (Dalton 1974; Hodges 1988). Dette omgrepet fører med seg nokre utfordringar, men kan fungere som eit utgangspunkt slik George Dalton (1974:242) presiserer og avgrensar det:

The only general meaning to be attached to the term «peasant market» is negative: that they are not the moneyless petty markets of aboriginal Melanesia and that they are not the full-blooded input and output markets of late nineteenth-century industrial Britain.

Mindre samlingsplassar for vareutveksling og sosialt samkvem har vore talrike i tidleg nytid, og det er lite som taler for at slike stader skal ha vore særleg færre i mellomalderen. Dette er lokalitetar som eksisterte ved sidan av byane og kan romme stader som marknadsplassar, tettstader, hamner og strandstader. Kategorisering vil uunngåeleg føre til at ein ser vekk frå nokre forskjellar mellom dei som blir sett i same kategori og nokre likskapar frå dei som blir sett i ulik kategori. Likevel er kategorisering tenleg for den vidare analysen.

I dette arbeidet er det gjort eit forsøk på å utarbeide eit skjema og ein modell som rommar alle stader for vareutveksling og sosial interaksjon. Dette er gjort for å skaffe oversyn over breidda av former for marknadsplassar og samhandling som eksisterte og vise variasjonen og relasjonen mellom dei og for å setje småskala vareutveksling inn i ein større kontekst og som del av eit større nettverk og system.

Eg tek utgangspunkt i Hogdes inndeling av A-, B- og C-emporia, og Dagfinn Skre (2008a:337–338) sin vidareutvikling av denne. Sjølv om Hogdes i hovudsak tek for seg større plassar kan den hierarkiske inndelinga hans knytt til maktforhold og funksjon mellom marknadsplassar vere nyttig også i mindre skala.

Konteksten marknadsplassen opptre i – og omlandet dei tener – er avgjerande for stadane sin storleik og kompleksitet, og for kva potensial marknadsplassen har for utvikling, vekst og nedgang. Samt kva ressursar som var tilgjengeleg i omlandet og kva betydning desse ressursane hadde i samfunnet. Dette vil også ha betydning i høve til busetnaden i omlandet, som igjen har betydning for marknadsplassens storleik.

På denne måten står modellen også i gjeld til geografen Walter Christaller (1933) sin sentralstadteori, ein teori som særleg er brukt innanfor forskinga på byutvikling og urbanisering (Sullivan 1990; Helle 2006). Christaller legg stor vekt på at byen tener omlandet på fleire måtar, politisk-administrativt, økonomisk, kulturelt og kultisk. Desse prinsippa og eit hierarkisk system der ein vare sin reiselengde har stor påverknad på storleiken av dei ulike plassane, er nyttig i samband med utarbeiding av min klassifikasjonsmodell. Eg legg vekt på betydinga av samspelet mellom


sentralstader/marknads plassar og omlandet, og dette samspelet er avgjerande for framveksten av desse stadene og for korleis dei utviklar seg.

Modellen som er utarbeidd med mål om å illustrere ulike typar stader for sosial interaksjon og vareutveksling i Noreg i vikingtid og mellomalder er vist i tabell 3-1, figur 3-2 og figur 3-3. Den fylgjer ein hierarkiske tankegang der kvar type står for auka i storleik og kompleksitet, frå talrike desentraliserte sosiale samkome med innslag av vareutveksling, til færre sentrale maktsenter/byar med handverk og handel i større skala. Innanfor kva type den enkelte lokalitet høyrer heime kan endre seg over tid, stader kan vekse, men kan òg miste betydning når samfunnet rundt endrar seg, slik samfunnet også i stor grad gjorde i denne perioden.


Eit av formåla er å visualisere dei ulike stadane og vise nivå for handel og sosial interaksjon, og antyde forholdet dei i mellom for å sette stadane inn i lokal eller regional kontekst. Metodisk blir det då viktig å kontekstualisere dei ulike plassane for å datere og nyansere funksjonar og sjå dei i ein tidssamanheng.

Type	Forklaring
I	Maktsenter. Sentralstader med internasjonalt kontaktflate.
Ila	Marknads plass. Staden har også administrative funksjonar. Regional og interregional kontaktflate, med utskiping mot by/sentralstader.
Ilb	Bygdenær årvisst marknads plass. Hovudsakleg regional og interregional kontaktflate.
III	Mindre årvisst marknads plass, lokalisert i utmark, i møtepunkt mellom bygder, regional og interregional kontaktflate.
IV	Lokale regelbundne treff. Kontaktflate i hovudsak i lokalsamfunnet

Tabell 3-1, Klassifikasjonsmodell for stader for sosial interaksjon og vareutveksling.



Figur 3-2, Pyramiden symboliserer ulike type stader for sosial og økonomisk interaksjon og vareutveksling i vikingtid og mellomalder.



Figur 3-3, Alternativ og dynamisk framstilling av klassifikasjonsmodellen.

Type I

Type I rommar sentralstader med ein stor kontaktflate, lokal, regional, interregional og internasjonal, i denne samanheng byar og det som vart kalla kaupangar og kjøpstader i mellomalderkjeldene. Det vil seie stader med fast busetnad, ofte med regulerte tomter og gatenett og utstrekt handverk og handelsverksemd, dei er ofte også administrative senter i mellomalderen. Delar av innbygarane kan livnære seg heilt på handel. Dei fyrste mellomalderbyane er eksempel på senter som blir klassifisert innanfor type I, men òg maktsenter i vikingtid kan bli klassifisert under type I, som til dømes Kaupang-Skiringssal. Det er stader som via mellommenn og/eller mindre typar marknadsplassar knyter menneska og ressursane i innlandet til ein internasjonal kontaktflate og *vice versa*, jf. figur 3-3.

Type IIa

Dette er stader der det gjekk føre seg handel og handverk, men også med administrative funksjonar i mellomalderen knytt til kyrkje- og/eller kongemakt. Stadane kan slik ha visse privilegium, som til dømes eigen takmark. Dei kan ha hatt ein befolkning som, fast eller årviss, var knytt mot meir spesialisert handel og handverk. Topografisk kan stadane ligge som møteplassar og knutepunkt mellom ulike landskapsregionar.

Type IIb

Som type IIa er dette stader som ligg innmarksnært, tilknytt bygder, med hovudsakleg regional og interregional kontakt og kommunikasjon. Sjølv om stadene ligg i område med fast busetnad vil sjølve marknaden ha vart nokre dagar kvart år og befolkninga vil ikkje vere spesialiserte handelsmenn som på stader av type I og IIa.

Type III

Dette er stader som betener kontakt mellom bygder, ei regional, men også interregional kontaktflate. Stadane ligg på hei eller vidde utanfor busette område, og det er fylgjeleg ikkje spor etter fast busetnad frå vikingtid eller mellomalder, men det kan vere buer eller stølshus. Skriftlege kjelder om liknande stader i tidleg nytid peikar mot at sjølve tida for marknadsaktivitet var avgrensa til nokre dagar årleg (Haukenæs 1894:349; Ødegaard 1997 [1911]:95).

Type IV

Det finst ein rik folkeleg tradisjon om festliv på stølen, i bygda eller mellom bygder. Den fortel om samkome av ulike slag og i varierende former for dei ulike landsdelar. Dette fylgjer naturleg av ulikskapar i topografi, avstand frå busetnad og organisering av det periodiske stølslivet (Solheim 1952:518). Dei har likevel vakse fram av den same trongen til sosial interaksjon og avveksling frå eit hardt og tidkrevjande arbeid.

Samkome av dette slaget kunne vere heller tilfeldig, utan å vere knytt til faste dagar, men omfatta ein meir eller mindre fast krins av folk frå bygdene rundt. Aktivitetar inkluderte dans, leik eller tevlingar av ulik slag (Solheim 1952:525; Bakka 1978:148–152). Frå vikingtid-mellomalder er slike samkome lite synleg i det skriftlege eller arkeologiske materialet, men kjem fram i stadnamn, som gjennom ulike former av *leik*. Gardsnamn med variantar av *leik* er særst utbreidd i Sør-Noreg, og peikar mot omfanget av denne typar samkome (Rygh 1999 [1898]:64–65). Det er såleis liten grunn til å tru at leikstemna var mindre vanlege før tidleg nytid.

3.7 Identifisering av marknadsplassar

I arbeidet med å identifisere marknadsplassane og gje dei innhald har eg tatt utgangspunkt i fylgjande kjelder, *arkeologiske funn eller strukturar, skriftlege kjelder, stadnamn*, samt *segn og tradisjon*. Ut frå desse kjeldene utarbeidde eg ein oversikt over moglege marknadsplassar i Sør-Noreg. Metodiske utfordringar og moglegheiter knytt til kjeldene vil bli nærare utdjupa nedanfor.

Arkeologiske funn og strukturar

Det kan vere vanskeleg å finne klare arkeologiske spor etter handel, men naturleg nok vil sjansen for å finne att ein marknadsplass gjennom arkeologiske strukturar eller funn auke i takt med storleiken og varigheita på marknaden. På større marknadsplassar vil funn av produksjonsavfall, mynt, vektutstyr eller depotfunn peike mot handel og produksjon, samt strukturar som hustuffer, parseller eller bryggeområde. Funn av kokegropar eller eldstader kan tyde på lokalitetar for samkome, det same kan lausfunn av hesteko, kniv og liknande.

Ved fleire mellomalderbyar i Noreg er det gjennomført omfattande arkeologiske undersøkingar og i lag med vikingtidslokalitetane som Kaupang-Skiringsdal og Heimdalsjordet i Vestfold har det gjeve god innsikt i førmoderne vareutveksling. Årvisse marknadsplassar er derimot i liten grad undersøkt. For å auke kunnskapen om denne typen lokalitetar må ein òg ta i bruk arkeologisk materiale som indirekte kan peike mot vareutveksling.

Frå vikingtid finst blant anna eit rikhaldig gravmateriale som kan gje indikasjonar på område der vareutveksling har stått sentralt. Særleg er funn av importgjenstandar, som smykke og irskproduserte beslag dratt fram og kan indikere større handelsnettverk, i tillegg til vekter og vektlodd (Blindheim og Tollnes 1972). Også betalingsølv eller mynt, heile eller fragmenterte, kan peike mot handel. Vektlodd og vektutstyr treng ikkje utan vidare indikere handel, men må sjåast i samanheng med konteksten dei opptre i (Pedersen 2001:31; 2008). Gravfunn med vektutstyr kan likevel vere indikator på ein marknadsplass i området, særskild om det kan bli påvist fleire graver med liknande gravfunn i relativ nærleik.

Mindre årvisse marknadsplassar der naturalia er rådande som betalingsmiddel vil stå i fare for å bli oversett ved denne framgangsmåten, samt marknadsplassar som har vokse fram i mellomalderen. I samspel med andre kjelder kan graver og gravfunn likevel fungere som indikator på vareutveksling/marknadsplassar. Ved fleire stader der slep frå fjellovergangar møter fjord- eller dalbygder er det dessutan kjent omfattande gravfelt og dette kan sjåast som eit uttrykk for betydinga av kommunikasjons- og handelslinjer i eldre jernalder, så vel som i yngre jernalder.

Skriftleg kjeldemateriale

Samtidige skriftlege kjelder om marknadsplassar i Noreg i vikingtid og mellomalder er få. Difor skil skildringa frå høvdingen Ottar frå Hålogaland seg ut. Denne er frå 890-åra og beskriv Ottar si reise sør langs kysten til kaupangen i Skiringssal (Blindheim 1953:1–2; Simonsen 1957).

I arbeidet med å avdekke stader for handel og vareutveksling i meir eller mindre samtidige skriftlege kjelder er mellomalderbyane best belagt, (jf. Adam av Bremen ca.1070, Ordericus Vitalis ca. 1135). Fyrst i dei islandske sagaene finn ein heilskaplege beskrivingar og mindre glimt frå marknadsplassar utanom mellomalderbyane. Bruken av sagalitteraturen må vere kritisk, særleg knytt til individuelle hendingar, men beskrivingane av dei samfunnsmessige og sosiale forhold som forma bakgrunnen for forteljningane kan ein feste større lit til (Bagge 1991:239). Sagaene har såleis ein historiske kjerne med grunnlag i ein munnleg tradisjon og utgjer ein viktig kjelde (Helle 2011:71). I denne samanheng vil sagaen gje innblikk i sosiale normer og rammer rundt handel og samkome, så vel som meir direkte kunnskap om marknadsplassar.

Stadnamn

I samtidige skaldekvad og framande krøniker, og i dei yngre sagaene, er marknadsplassar eller tettstader omtala med ulike namn som *marknaðr*, *kaupangr*, *kaupstaðr*, *kaupstefna*, *vicus/portus*, seinare *bær/býr* (Andersen 1977:223). Dei ulike namna kan peike på funksjonelle ulikskapar, men kan også vise ein utvikling over tid.

Slike stadnamn og eigennamn utgjer eit meir eller mindre varig vitnemål om handelens betyding, og har vore nytta som ein indikasjon på vareutveksling i vikingtid og mellomalder. Særskild har stadnamn som inneheld variantar av *marknad*, *kaup* eller *torg* vore brukt som handelsindikator. Alle tre er kjent i nordisk mellomalder (Schmidt 2000:79).

Også stadnamn som *Lahelle* eller *Bjarkøy/Bjerkøy* er sett i samband med handel (Andersen 1977:229). *Lahelle* peikar mot oppbevaring, oppsamling av varer, som stader for utskiping eller omlasting, og slik sett ikkje nødvendigvis vareutveksling (NG VII:145–146). Det vil difor ikkje bli vektlagt i dette arbeidet. *Bjarkøy/Bjerkøy* i seg sjølv betyr ein stad med bjørkeskog, likevel blir det ofte sett i samband med handelsstader eller marknadsplassar. Dette blir forklart av namneforskarer Tom Schmidt ved at namnet har spreidd seg ved oppkalling etter øya Björkö i Mälaren, med handelsplassen Birka (Schmidt 2000:79).

Stadnamna som meir enn noko anna blir sett i samband med handel i Noreg er dei med forstavinga *kaup*-. Språkforskarer Johan Fritzner i hans *Ordbog over det gamle norske Sprog* omtalar fleire ord som peiker mot stader for vareutveksling avleidd av *kaup*, som *kaupstefna*, *kaupstaðr*, *kaupangr*, *kaupangrsmadr* eller *kauphús* (Fritzner 1891:263–269). Medan *kaupstefna* ser ut til å omtale mindre marknadsplassar blir omgrepet *kaupstad* (*kaupstaðr*) i kongesagaene brukt om mellomalderbyane, då særleg Tønsberg, (Nidaros/Trondheim), Bergen, Borg (Sarpsborg), Oslo og Konghelle (Helle 1982:86; 2006:41). Fritzner nemner *kaupstader* som handelsplass eller kjøpstad. Det blir skilt mellom kjøpstader og små kjøpstader, blant anna er dette gjort i ein kongeleg rettarbot frå 1384 (DN V, nr. 331; RN VII, nr 1176). Og sjølv om også stader som Veøy er omtalt som kjøpstad, verkar *kaupstader* generelt til å referere til dei relativt sett største stadane for vareutveksling i Noreg.

Det kanskje mest utbreidde stadnamnet som peikar mot handel i Noreg er *Kaupang* (*kaupangr*) og avleiingar, og kan nyttast som indikator på at det her stått ein marknadsplass i nærleiken, samt vere ein indikasjon på når marknadsplassen var i bruk. I innleiinga til *Norges Gaardnavne* skriv Oluf Rygh fylgjande om *kaupangr*; «bruges i MA. i Norge om Kjøbstæder, men maa tidligere ogsaa have være Navn paa Markedspladse, hvor man kun til bestemte Tider mødtes for at drive Handel» (Rygh

1999 [1898]:59–60). Ofte blir kaupang brukt om ein bestemt stad, men utan at staden blir nemnt, men ein kan slutte seg til kva kaupang det er tale om utifrå konteksten (Fritzner 1891:266). Schmidt konkluderer med at stadnamnet Kaupang vart tatt i bruk i Norden i vikingtida (Schmidt 2000:91).

Stadnamn som viser til samkome, som *skeid* eller *leik*, kan òg vere relevante. Skeid har ein rekke betydingar som slette eller flat voll, kanskje opphavleg knytt til «skilje», men det er òg eit omgrep for samkome (Stenvik 2001:65–66). Skeid (*skeið*) som stadnamn finst i variantar over store delar av Skandinavia (Holsbøvåg 2012). Med omsyn til Sverige har namneforskaren Per Vikstrand peikt på at stadnamn med *-skeið* varianten *Skædvi-* har ein sentral plassering innanfor sine respektive bygder (Vikstrand 2001:360). Frans-Arne Stylegar tek dette vidare og argumenterer for at for store delar av Skandinavia synast stadnamn samansett med *skeið* å utgjere ein fast del av yngre jernalders sentrale befolkningsområde (Stylegar 2005). Då *skeid* og *leik* er såpass utbreidd og slike samkome ikkje nødvendigvis treng å ha inkludert handel, blir dei ikkje rekna som kriterium for utval av lokalitetar i dette prosjektet. Dei kan likevel fungere som indisium i lag med andre kjeldekategori.

Segn og tradisjon

Mange bygder har stader der det er knytt segn om møte- eller marknadsplass. Slike segn er ofte stereotype og ein kan finne liknande forteljingar mange stader, men dei har også ofte detaljerte beskrivingar om staden der hendingane har funne stad. Staden er vesentleg for konstruksjonen og varigheita av segna, medan tidsaspektet er meir mørklagt (Zachrisson 2003:122–123).

Segn er ein usikker kjeldekategori med mange kjeldekritiske utfordringar, både når det gjeld datering og funksjon. Ein av dei fyrste som undersøkte segntradisjonens historiske kjeldeverdi var folkloristen Knut Liestøl. I avhandlinga *Norske ættesogor* (1993 [1922]) undersøkte han sanningsgehalten i fleire norske ættesogor ved å sjå tradisjonen opp mot blant anna lensrekneskap, folketeljingslister og rettsdokument.

Ættesogor finn ein i hovudsak i Agder og Telemark, men også i øvre Hallingdal og enkelte stader på Vestlandet. Desse sogene hentar noko av sitt materiale alt frå

byrjinga av 1600-talet, men omhandlar for det meste personar som levde på slutten av 1700-talet til midten av 1800-talet (Hodne 1973:8–9).

Liestøl er forsiktig positiv til bruk av ættesoger som ein historisk kjelde og konkluderer med at den munnlege tradisjonen vil kunne ha ein historisk kjerne i 300–400 år (Liestøl 1993 [1922]:157). Historikaren Halvor Nordbø er meir kritisk meiner ættesoger er mindre truverdig som kjelde (Nordbø 1928). Likevel har folkloristen Bjarne Hodne (1973) synt at det er kulturell nærleik som er avgjerande for truverda til ei kjelde, og ikkje nødvendigvis nærleik i tid.

Frå ein folkloristisk synsvinkel har segn si eiga historiske sanning. Segn er diktning som søker å gje essensen av ein hending gjennom biletmåling. Dei einskilde hendingane som blir skildra er mindre relevant; det er hovudinstrykket av hendingane som er viktige (Alver 1962; Hodne 1973:20). I nyare forskning på segn og tradisjon er det såleis mindre fokus retta mot å påvise historiske fakta, men meir på kva segn og tradisjonar kan seie om haldningar og sosiale forhold.

I dette prosjektet derimot er fokuset nettopp å finne ei eventuell historiske kjerne for segna, og det finst døme der segn og tradisjon meir eller mindre blir underbygde gjennom arkeologiske funn (jf. Pedersen 1921; Brendalsmo og Stylegar 2003; Stylegar 2016). Segn kan slik ha ein verdi innanfor arkeologisk forskning og som eg difor tek omsyn til i granskingane. Likevel kan samspelet mellom stadnamn og synlege arkeologiske strukturar i mange tilfelle vere spirer til segn som etter kvart kan bli akseptert sanning, særleg i lokalhistorisk litteratur. Eg vil difor vere varsam med å legge vekt på segn.

3.8 Arkeologiske undersøkingar – nye data

Med utgangspunkt i arkeologiske funn eller strukturar, skriftlege kjelder, stadnamn, segn og tradisjon er det lokalisert 54 moglege marknadsplassar i Sør-Noreg jf. tabell A1 i appendiks. Innanfor den geografiske avgrensinga som er sett som

undersøkningsområde ligg 28 marknadsplassar. Dei fleste av desse marknadsplassane er synfare, og ved fleire er vidare undersøkingar gjennomført.⁵

For marknadsplassane som ligg i utmark eller i stølsområde er det gjennomført synfaringar og mindre arkeologiske undersøkingar der målet var å sikre spor som kunne indikere handel og samkome. Sidan det ikkje tidlegare har vore gjennomført heilskaplege arkeologiske registreringar ved dei fleste lokalitetane vart det fyrst gjennomført ei synfaring med dokumentasjon av strukturar og organiseringa av desse. Relevante arkeologiske strukturar vart dokumentert med foto, innmåling, teikning og beskriving. Innmåling vart gjort ved hjelp av handhalden GPS. Ved enkelte lokalitetar vart det gått over området med metallsøkar og alle funn ved metallsøking vart innmålt med GPS. Ved nokre av strukturane vart det gjennomført mindre arkeologiske inngrep for å ta ut trekol til vedartsanalyse og påfølgjande datering gjennom C-14-analyse.

Marknadsplassar i innmark vart synfare og ved den eine lokaliteten, Kinsarvik, vart det gjennomført ein geofysisk undersøking. Arkeologiske funn frå tidlegare undersøkingar vart gjennomgått i magasinet ved Middelaldersamlingen, Universitetet i Bergen, i tillegg vart det søkt gjennom topografisk arkiv ved Universitetsmuseet i Bergen, Arkeologisk museum ved Universitetet i Stavanger og Kulturhistorisk museum ved Universitetet i Oslo for rapportar frå tidlegare synfaringar og undersøkingar eller andre relevante opplysningar.⁶

Den mest grundig undersøkte lokaliteten i dette prosjektet er Hallingskeid i Grøndalen i Ulvik. Både i 2015 og 2016 vart det her gjennomført feltkurs for nye masterstudentar i arkeologi ved Universitetet i Bergen. Fleire område vart då systematisk gjennomgått med metallsøkar, eit kokegropfelt vart undersøkt og ein rekke strukturar vart dokumentert og det blei tatt ut kolprøver for datering.

⁵ I forkant av feltarbeidet innvilga Riksantikvaren søknad om dispensasjon frå Kulturminnelova for undersøking av desse lokalitetane.

⁶ Universitetsmuseet i Bergen gjekk før 2011 under namnet Bergen Museum. De kulturhistoriske samlingene ved Bergen museum hadde før namnet "Historisk Museum". Arkeologisk landsdelsmuseum for Austlandet og Sørlandet gjekk før 1999 under namnet Universitetets Oldsaksamling, men er i dag del av Kulturhistorisk museum.

C-14-datering og statistisk analyse

Eit sentralt spørsmål er når marknadsplassane oppstod, utvikla seg og gjekk ut av bruk. I det høvet har eg ved fleire av plassane tatt ut kolprøver frå arkeologiske strukturar for datering ved C-14-analyse.⁷ Alle prøvene er analysert med akseleratormassespektrometri (AMS). AMS er i dag standard og er betrakteleg meir nøyaktig enn C-14-datering ved konvensjonell metode som var brukt tidlegare. Det er likevel framleis fleire utfordringar og potensielle feilkjelder ved C-14-metoden, som sikker kontekst for uttak av prøver og eigenalder av prøvene (Loftsgarden mfl. 2013). Alle kolprøver i dette prosjektet er difor tatt ut i dokumentert profil og sendt til vedartsanalyse før C-14-analyse.

For å oppnå korrekt radiologisk datering må resultat frå C-14-analysen bli kalibrert opp mot ein kurve over tidlegare mengde radioaktivt karbon i atmosfæren. Desse kalibreringskurvene blir kontinuerleg oppdatert, noko som fører til at resultat stadig blir meir nøyaktige. Dette betyr også at eldre radiologiske dateringar bør bli rekalkibrert etter nye kalibreringskurver.

I tillegg til å kalibrere dateringar frå eigne undersøkingar har eg difor også rekalkibrert ein rekke eldre dateringar av jernframstillingsanlegg, kolgroper og fangstanlegg. Eg har nytta kalibreringsprogrammet OxCal, utvikla og driven av Oxford Radiocarbon Accelerator Unit ved Universitetet i Oxford. Gjennom OxCal har eg òg køyrt statistiske analysar av større mengder C-14-dateringar frå tidlegare undersøkingar, for å auke presisjonen på dateringsresultatet og sjå det opp mot bruken av marknadsplassane.

Geofysisk undersøking

Det vart i februar 2016 gjennomført ein georadarundersøking i Kinsarvik. Ein georadar sender elektromagnetisk energi ned i bakken som blir reflektert tilbake til instrumentet ved ulike lagskilje. Georadar kan på denne måten gje informasjon om grøfter, groper, murverk, eldstader, stolpehol, kokegroper eller stratigrafiske forhold (Gustavsen og Stamnes 2012:82).

⁷ Om dateringsmetoden, sjå Michels 1973 og Aitken 1990.

Sjølve georadarundersøkinga går raskt, medan handsaminga av datamaterialet er komplisert og tolkinga er tidkrevjande. I tillegg vil ulike typar jordsmonn spele inn på kor godt resultat ein får. Tung marin leire eller jordsmonn med høgt saltinnhald kan gjere at signal frå georadaren raskt mistar energi. Medan bruk av georadar på steinrik morenegrunn kan føre med seg tolkingsproblem, der stein i bakken kan generere anomaliar som kan vere vanskelege å skilje frå arkeologiske anomaliar (Gustavsen og Stamnes 2012:85).

Geofysiske metodar er sjeldan nytta på by- og handelsstader frå mellomalderen, dette er fordi kontrasten mellom dei tjukke kulturlagsmassane og dei arkeologiske strukturane kan vere svært liten. Dette viste seg også å vere tilfelle i Kinsarvik og var ein utfordring i samband med tolking av dataa. Det betyr at trass i framleis gode resultat frå georadarundersøkinga vil det vere strukturar som ikkje vart fanga opp av undersøkinga.

3.9 Geografiske informasjonssystem – romleg struktur og handsaming av massedata

Dei fleste arkeologiske funnsamlingar er i dag digitalisert og tilgjengeleg på nett, likeins er nær alle registrerte arkeologiske lokalitetar digitalt tilgjengelege med utfyllande informasjon. Ein har såleis tilgang på tusenvis av funn og strukturar med detaljerte opplysningar. Desse massedata stiller store krav til handtering og organisering av informasjonen, og i så måte har geografiske informasjonssystem (GIS) vist seg som eit verdifullt verktøy, både til dokumentasjon, illustrasjon og analysar. Alle geografiske analysar og kart som er utarbeidd er gjort med GIS-applikasjonen ArcMap. Bakgrunnskart er henta frå «Natural Earth» eller Kartverkets frie datasett.⁸

I arbeidet med å identifisere marknadsplassar og ferdsselsårer har eg gått gjennom historiske kart. Eldre kart kan innehalde verdifulle opplysningar med omsyn til strukturar som i dag er fjerna, stadnamn, vegar eller om topografien før moderne utbygging. Store delar av Kartverkets historiske arkiv som er fritt tilgjengeleg på nett,

⁸ Kart frå naturalearthdata.com er fritt tilgjengeleg og kart frå Kartverket er lisensiert etter «Creative Commons Navngivelse 4.0 international» (CC BY 4.0).

er blitt systematisk gått gjennom innanfor den geografiske avgrensinga sett i prosjektet.

Også eldre jordskiftekart kan romme nyttig informasjon. Mange jordskiftekart er tilgjengeleg i det digitale arkivet til jordskifterettane⁹. Eg har òg vore i kontakt med fleire lokale jordskifterettar for kopi av eldre jordskiftekart der dette har vore tilgjengeleg. Elles er amtskart dei mest heilskaplege av dei historiske oversiktskarta. Gjennom prosjektet *Digitalisering av Amtskartene* har Kulturhistorisk museum digitalisert alle amtskart i Sør-Noreg og med det gjeve ein unik oversikt over 1800-talets kommunikasjonslinjer og busetnad. Desse data har eg kombinert med anna kartdata som slepa over fleire fjellområda slik dei er teikna på historiske kart eller beskrive og brukt i tidleg nytid.¹⁰

Dei aller fleste arkeologiske gjenstandfunn er digitalt tilgjengelege gjennom Universitetsmuseas samlingsportalar; www.unimus.no. For å kunne ta i bruk informasjonen i ein geografisk analyse i ArcMap må ein eksportere data til rein tekst. Dette må så må bli gjort om til eit rekneark som kan bli importert til ArcMap. Eg har også importert data frå den nasjonale kulturminnedatabasen Askeladden i ArcMap. Desse arkeologiske data, samt andre kartfesta strukturar eller grenser, har eg sett opp mot historiske kart som eg har georeferert.

All kartfest informasjon, som til dømes gjenstandsfunn, lokalitetar, ferdselsårer, stadnamn eller administrative grenser, har eg samla ein geodatabase. Denne framgangsmåten har gjort det mogleg å analysere ulikt datamateriale og sjå det opp mot andre kjelder og kartfesta einingar.

Dei store datamengdene som er lett tilgjengeleg og den relativt låge brukarterskelen knytt til GIS er eit udiskutabelt gode. Likevel er det ein fare for at ein slik bidrar med å organisere det uorganiserte. Utan å gå vidare inn mot fenomenologiske landskapsanalyser, kan det vere verdt å stoppe opp og tenkje seg eit landskap utan kart. Eg har difor synfare alle dei aktuelle lokalitetane. Som eit metodisk aspekt er dette lite synleg i sluttproduktet frå eit forskingsprosjekt. Likevel kan meir

⁹ Arkivet til jordskifterettane; <http://wcarkiv.domstol.no/wcarkiv/kommunelist.wc?ID>

¹⁰ Ferdselsårene over fjellet er grundig beskrive fleire stader. I tillegg til historiske kart har eg nytta fylgjande kjelder: Hauge 1950; Fønnebo 1988 Ohnstad 1962; Kjeltingtveit og Kostveit 1992; Tjeltveit 1999 og Roland 2001.

erfarte landskap vere nyttig i å forstå, eller iallfall nærme seg ein forståing om korleis landskapet var oppfatta i vikingtid og mellomalder.

3.10 Estimering og utrekning av jernproduksjon og jernbehov

Det finst store mengder data frå registreringar og utgravingar av kolgroper og jernframstillingsanlegg i det sørnorske innlandet. Dette er eit unikt materiale i den forstand at det mogleggjer å estimere mengda som vart framstilt innanfor ein relativt presis kronologisk ramme, noko som er vanskelegare med andre utmarksressursar som jakt og fangst. Ved å kvantifisere jernframstillinga i fjell- og dalbygdene meir presist og sjå mengda framstilt jern opp mot jernbehovet i samfunnet kan ein belyse og drøfte jernet si økonomiske og samfunnsmessige rolle i sein vikingtid–høgmellomalder.

Sjølve jernet vart brukt og smidd om og er difor vanskeleg å etterspore. Når jernet ikkje lenger kunne brukast og vart kassert, rusta det og vart fort nedbrote. Dette er også tydeleg i befolkningsundersøkingar, til dømes utgjer mengda jerngjenstandar som kom fram i samband med utgravingane av Bryggen i Bergen berre 1,9 prosent av det totale antallet funn frå 1100–1170 (Andersson mfl. 2015:223). Det betyr at for å vise betydinga og mengda av jernet må ein ta utgangspunkt i spora etter jernframstillinga, som kolgroper, omnar og slagg.

Råstoffa ein treng til å framstille jern er jernmalm og brensel, og dette finst over store delar av det sørnorske innlandet i form av myrmalm og tre. I jernframstillingsomnen smelta forureiningane i myrmalmen og danna slagg, medan sjølve jernet låg i omnen som ein klump, kalla «luppen». Det framstilte jernet inneheldt likevel framleis ein god del slagg som måtte skiljast ut ved å varme opp og tilverke luppen.

Primærsmiing er arbeidet med å reinske jernet for slagg etter det vart tatt ut at jernomnen. Dette var naudsynt før jernet kunne bli brukt og smidd ut til gjenstandar (Jakobsen 1991:38). *Sekundærsmiing* er arbeidet med å smi jernet om til gjenstandar, som våpen eller reiskapar (Magnusson 1999:394). Dette betyr at slagg frå primærsmiing utanfor sentrale jernframstillingsområde kan vere ein indikator på handel med råjern.

Omfanget av jernframstillinga


I vikingtid og mellomalder er sjaktomn med slaggavtapping, såkalla fase II, den dominerande omnstypen. Fase II omnar vart nytta over heile Aust-Noreg, men basert på variasjonar i storleiken og organisering av jernframstillingsstaden og lokalisering, mengda og storleiken på kolgropene kan ein skilje mellom tre jernframstillingstradisjonar; Møsvatn-tradisjonen, JKS-tradisjonen og Hedmark-tradisjonen (Narmo 2013), jf. figur 3-4. Eg konsentrerer mine utrekningar på jernproduksjonen innanfor Møsvatn-tradisjonen, dette er for å forenkle utrekninga og for å halde talet på usikre variablar så lågt som mogleg.

JKS er ein forkorting for «jernframstillingsplasser med kullgroper i samling», og som namnet tilseier er JKS-anlegg identifisert med at til dels store kolgroper ligg på sjølve jernframstillingsplassen (Narmo 2013). Medan ved Møsvatn- og Hedmark-tradisjonen ligg kolgropene som satellittar rundt anlegga. Ved Hedmark-tradisjonen er gropene større og færre, medan dei er mindre og meir talrike ved Møsvatn-tradisjonen.

Mindre hus/buer på jernframstillingslokaliteten, blesterhus, ser til å ha vore vanleg både ved JKS-anlegg og Møsvatn-tradisjonen, i motsetnad til Hedmark-tradisjonen. Sjølv om grensene er diskutert ser det ut til at Møsvatn-tradisjonen er til stades i bygdene aust for Langfjella frå Hovden/Bykle i sør og til Filefjell i nord. Medan JKS-tradisjonen finn ein i Valdres og Gausdal og inn mot Hallingdal. Jernframstillingsanlegg innanfor Hedmark-tradisjonen finst aust for Mjøsa og er best undersøkt på Gråfjell og Rødsmoen (Narmo og Hansen 2000:140; Larsen 2009:184–185; Narmo 2013; Rundberget 2013).

Fordi utrekning av totalt produksjonsvolum er eit reknestykke med mange usikre faktorar vil eg legge fram to ulike utrekningsalternativ. I alternativ 1 tek eg utgangspunkt i kolgroper, medan alternativ 2 er basert på slaggmengda ved jernframstillingsanlegga.

Ved gjennomgåande å bruke minimumstal og presentere to ulike utrekningsalternativ kjem eg fram til resultat som med stor grad av tryggleik kan nyttast i den vidare analysen og drøftinga. Ved å kvantifisere produksjonsvolumet kan ein tydeleggjere kor omfattande jernframstillinga var i det sørnorske innlandet og kor



Figur 3-4, Kart over registrerte kolgroper fordelt på kommune, og då utbreiinga av jernframstilling i vikingtid–mellomalder (fase II omn). Bykle i Setesdal og Åmot i Østerdalen er dei klart best undersøkte områda og dei einaste kommunane med over 1000 registrerte kolgroper. Kartet viser òg inndelinga i jernframstillingstradisjonar innanfor perioden (Narmo and Hansen 2000:139–150; Narmo 2013), (Kart: K. Loftsgarden).

stor del av ressursutnyttinga jernet kunne utgjera, og såleis vise den økonomiske rolla jern hadde som produkt og handelsvare i sein vikingtid–høgmellomalder.

Alternativ 1

Ein kan estimere mengda framstilt jern om ein veit talet på kolgroper og volumet av kolproduksjonen, samt kolforbruket i ein jernframstillingsomn per kg jern. Det til dels store regionale skilnader knytt til storleik og tal på kolgroper og ein må såleis handsame kvar stad, eller i det minste kvart tradisjonsområde for jernframstilling, for seg.

Utrekning av volum på kolgroper bygger på fleire faktorar og potensielle feilkjelder, slik som gropa si utforming og grad av innrasing, ulik måltaking og definisjonar eller kor høgt ein reknar veden som har blitt stabla (Rundberget 2007:274–275; Larsen 2009:58–59; Causevic 2014:19–20). Med atterhald om slike feilkjelder, kan volumet av ei kolgrop reknast ut om ein veit indre mål for topp og botn, samt djupna. Ulike matematiske formlar må nyttast for ulike område. Dette på grunn av regionale variasjonar i utforminga av gropene. I Østerdalen er dei som oftast rektangulære, medan kolgropene i områda omkring Hardangervidda i hovudsak er sirkulære (Loftsgarden 2015:148).

Talet ein kjem fram til ved utrekning basert på indre mål av kolgropa, utgjær bruttovolumet i gropa. Dette inkluderer trekol og tomrom mellom trekolet i gropa. Målet her er å koma fram til nettovolumet, det vil seie kolets eigenvolum. Tom Bloch-Nakkerud har rekna nettovolumet til å vere to tredelar av bruttovolumet (Bloch-Nakkerud 1987:91), og det same talet nyttar også Narmo (Narmo 1996:48–52).

I Gråfjellprosjektet vart det forsøkt å rekne ut liter kol i høve til volumet i gropa. Då kom ein fram til at 1 m³ kol frå grop etter uttak svarar til 1520 liter, medan 1 m³ av volumet på gropa *in situ* vil vere 1000 liter. Det fyrste talet er basert på masse tatt ut av gropa, medan det andre er eit reint romleg mål utan samsvar med massens eige volum. Grunnen til at kol aukar i liter etter uttak, er at ein då får ein luftigare kolmasse. I høve til utrekning av produksjonsmengd er det mengda liter som er brukt under jernproduksjonen som er måleverdig og ikkje kol slik det står fram i kolgropa før uttak (Rundberget 2007:275). Det betyr vidare at tidlegare utrekningar har underestimert kolproduksjonen.

Ved Møsvatn er den vanlegaste storleiken på kolgroper ein diameter på 2–2,5 m og ein djupne på 0,5–1 m (Martens 1988:87). Dette er meir eller mindre den same storleiken som frå Hovden (Bloch-Nakkerud 1987:113–116). Utrekninga av gjennomsnittleg volum på kolgroper innanfor Møsvatn-tradisjonen er basert på 43 kolgroper som er undersøkt i kommunane Bykle, Vinje, Nore og Uvdal, Hol, Ål, Hemsedal og Vang i perioden 2005–2010.

Eg har gått gjennom rapportar frå arkeologiske undersøkingar og utvalet avgrensar seg til dei arkeologiske undersøkingane som har rapportar der mål for indre diameter, djupne og diameter milebotn er oppgjeve. I tillegg har eg valt vekk kolgroper som ikkje har sirkulær form, dette utgjorde likevel ikkje meir enn fem kolgroper. Sjølv om det er til dels store skilnader på talet undersøkte kolgroper frå kommune til kommune, er det til ein viss grad fanga opp lokale skilnader. Det vil såleis representere eit gjennomsnittleg tal med omsyn til mål og volum av kolgroper i dette området.

Då fleire av kolgropene berre er undersøkt med prøvestikk og ikkje har nøyaktige innmålingar av botnplan etter utgraving, har eg nytta tala for målt botnplan før utgraving. Ved Gråfjellprosjektet viste det seg at botnplan etter utgraving er i snitt 1,7 gonger større enn måla før utgravinga (Rundberget 2007:277). Eg har difor multiplisert gjennomsnittstalet for botnplan med 1,7. I tillegg representerer djupna registreringsdjupna, og det er lagt til 30 cm på djupna for å kome fram til nedgravingsdjupna. Den gjennomsnittlege tjukkeleiken på torv og kollaget i gropa for kolgropene i Gråfjellområdet var 30 cm.

Ved å bruke desse data i ein utrekningsformel for ein avkorta kjegle ($V=1/3\pi(R_1^2+R_1R_2+R_2^2)H$) kan ein rekne ut volumet, og såleis kome fram til fylgjande gjennomsnittleg storleik på kolgroper omkring Hardangervidda:

Gjennomsnittleg kolgrop, Møsvatn-tradisjonen			
Indre diameter	Diameter botnplan	Djupn før graving	Volum
2,62	2,30	0,89	4,0 m ³

Tabell 3-2, Utrekna gjennomsnittleg volum på kolgroper innanfor Møsvatn-tradisjonen.

For å nytte estimert gjennomsnittleg kolgropvolum for å finne mengda framstilt jern må ein sette det opp mot den totale mengda kolgroper. I Askeladden er det

registrert i underkant av 10 000 kolgroper i fjell- og dalbygdene omkring Hardangervidda. Dette utgjør likevel berre ein del av den totale mengda kolgroper, sidan ikkje meir enn ein liten del av områda er systematisk registrert og det er heller ikkje alt som er ført inn i Askeladden.

Nye metodar, som laserskanning frå fly (LiDAR), vil kunne auke mengda registrerte kolgroper og jernframstillingsanlegg dramatisk, sidan ein då kan utarbeide detaljerte terrengmodellar. Innanfor områda på om lag 200 km² som er skanna med høg oppløysning i Øystre Slidre i Valdres, vart det funne meir enn 700 jernframstillingsanlegg og 4000 kolgroper. Mindre enn 10 prosent av desse var kjent frå før (Pilø 2013:23). Det utgjør ein frekvens på 20 kolgroper per km² og 3,5 jernframstillingsanlegg per km². Dette er nok også eit av områda med størst tettleik av jernframstillingsanlegg i Valdres.

Ved Møsvatn varierer det frå over 100 kolgroper per km² til 25–30 per km². Likeins varierer forholdet mellom kolgroper og jernframstillingsanlegg frå 5,4 til 16 kolgroper per jernframstillingsanlegg, der gjennomsnittet ligg på 11,8 (Martens 1988:87, 106). Med omsyn til Møsvatn/Rauland vurderte Martens det som forsvarleg å rekne med ein funnfrekvens på seks jernframstillingsanlegg per km² for område opp til 1000 m.o.h. (Martens 1988:100).

For området rundt Hovden er det gjennomsnittlege talet på kolgroper per hektar 1,1 (Bloch-Nakkerud 1987:152), det vil seie om lag 110 kolgroper per km². Bloch-Nakkerud reknar vidare 20 kolgroper per jernframstillingsanlegg (Bloch-Nakkerud 1987:153). Det betyr om lag 5,5 jernframstillingsanlegg per km².

I Gråfjell er det ein gjennomsnittleg funnfrekvens på 1,3 jernframstillingsanlegg og 19,3 kolgroper per km² (Rundberget 2013:249, 253). Funnfrekvensen verkar altså til å vere relativt låg i innanfor Hedmark-tradisjonen av jernvinna, men det er då viktig å ha i mente at talet på anlegg ikkje er lik produksjonsvolum. Sidan det er til dels stor variasjon i produksjonsvolumet på det enkelte jernframstillingsanlegg. Likeins må ein sjå forskjellane i antall kolgroper per km² mellom Hedmark-tradisjonen, JKS og Møsvatn-tradisjonen med at kolgroper innanfor Møsvatn-tradisjonen jamt over er mindre.

	Hedmark-tradisjon	JKS	Møsvatn-tradisjon	
	Gråfjell	Øystre Slidre	Hovden	Møsvatn
Jernframstillingsanlegg per km ²	1,3	3,5	5,5	6
Kolgroper per km ²	19,3	20	110	70,8

Tabell 3-3, Forholdstal, jernframstillingsanlegg og kolgroper per km²

Områda som omfattar Møsvatn-tradisjonen i jernvinna reknar eg kommunane Bykle, Vinje, Tinn, Nore og Uvdal, Hol, Ål, Gol, Hemsedal og Vang. Dette er stader som er karakterisert med store utmarksområde i form av hei og vidde. Innanfor desse ni kommunane er berre 23,9 prosent i dag definert som skog, dette utgjer 5432 km². Dette kan ha vore større som fylgje av det meir gunstige klimaet i vikingtid og fram mot 1300-talet (Tunstad 2007). Eg vel likevel å bruke 5432 km² som eit potensielt produktivt areal med omsyn til jernframstilling for Møsvatn-tradisjonen.

Produktivt areal: 5432 km ²	Forholdstal Hovden (Bloch-Nakkerud)	Forholdstal Møsvatn (Martens)
Jernframstillingsanlegg:	29 876	32 592
Kolgroper:	597 520	384 586

Tabell 3-4, Anslag jernframstillingsanlegg og kolgroper basert på tidlegare anslått jernframstillingsanlegg og kolgroper per km²

Tabell 3-4 viser estimert mengde jernframstillingsanlegg og kolgroper basert på forholdstal lagt fram i tabell 3-3. Desse forholdstal er tatt frå område med ekstensiv jernframstilling. Dette vil variere og det finst område med mindre jernframstilling, likevel er det på det reine at nær eit kvart nytt område som blir arkeologisk registrert avdekkjer nye kolgroper og jernframstillingsanlegg.

For det vidare reknestykke vil eg likevel dele forholdstalet for Hovden og Møsvatn i to. Det inneber at ein kan vente at det er minst 15 000 jernframstillingsanlegg innanfor Møsvatn-tradisjonen, og talet på kolgroper ligg mellom 200 000 (forholdstal, Møsvatn) og 300 000 (forholdstal, Hovden). For å halde talet heller for lågt enn for høgt, vil eg nytte 200 000 vidare. Det er heller ikkje tatt med eventuell ombruk av kolgroper i denne utrekninga. Rundberget reknar med at

minst 20 prosent av kolgropene i Østerdalen er brukt to eller fleire gonger (Rundberget 2013:249).

For å utleie mengda framstilt jern med utgangspunkt i kolproduksjonen er det naudsynt å fastslå kolforbruket i ein jernframstillingsomn per kg jern. Her har ein i praksis berre skriftlege kjelder frå jernframstilling innanfor Evenstadtradisjonen på 1700-talet. Kolforbruket varierer her mellom eit minimumsforbruk på 29,5 liter kol per kg jern og eit maksimumsforbruk på 59 liter kol per kg jern (Narmo 1996:146). Sannsynlegvis vil forholdstalet mellom forbruk av kol og mengda framstilt jern variere i takt med faktorar som malmkvalitet, kvalitet på kol og forbrenningsprosessen i omnen.

Utrekingar Rundberget har gjennomført på Gråfjell-materialet viser at maksimum forbruk av kol ikkje let seg kombinere med andre data, berre minimumsforbruket på 29,5 liter kol per kg jern er realistisk, og moglegvis ligg det reelle talet enno lågare (Rundberget 2013:249–250). Med utgangspunkt i eit estimat på 200 000 kolgroper, og eit forholdstal på 29,5 liter kol per kg jern, kan ein anslå at den totale mengda framstilt jern innanfor Møsvatn-tradisjonen ligg på rundt 41 000 tonn jern, jf. tabell 3-5.

Møsvatn-tradisjonen (alternativ 1)			
	Tal	Mengde kol	29,5 liter kol per kg jern
Kolgroper	200 000	1 216 000 000 liter	41 220 tonn

Tabell 3-5, Alternativ 1, anslag av total jernframstilling innanfor Møsvatn-tradisjonen

Alternativ 2

I teorien kan ein utleie mengda framstilt jern frå den totale mengda slagge ein finn på ein jernframstillingsstad. Likevel har praksis vist at det kan vere store variablar knytt til analysearbeidet (Rundberget 2007:333). I tillegg kjem problemet med å avgjere kor stort vekttalet var i samband med reinsing og omarbeiding av luppe.

I samband med undersøkingane ved Møsvatn rekna Martens ut eit gjennomsnittleg volum per slagghaug på 10,68 m³, eller 107 000 dm³. Dette gjaldt anlegg datert til sein vikingtid–høgmellomalder. Slaggevekta rekna ho til å vere på

1007 g per dm³ (Martens 1988:102). Gjennomsnittleg slaggevekt per anlegg blir då i overkant av ti tonn.

Martens valde ikkje å ta høgde for slagghaugens innhald av leire, stein og jord. Dette vart grunngeve med at gjennomsnittstala var utarbeidd på bakgrunn av registreringsdata og at ved utgraving har slagghaugane ofte har vist seg å vere større enn registreringsmåla (Martens 1988:102). Det er likevel grunn til å rekne med at dette har ført til ei overvurdering av gjennomsnittleg slaggmengde. I Ole Tveiten sine jernvinneundersøkingar, fann han at mengda slagge utgjer mellom 30 og 60 prosent av slagghaugen (Tveiten 2012:71–115).

Larsen opererer med ein «normalstorleik» på mellom tre til fem tonn slagge per jernframstillingsanlegg i fjell- og dalbygdene vest for Mjøsa. Eg finn det difor riktig å nytte eit forsiktig anslag på gjennomsnittleg tre tonn slagge per anlegg.

For å rekne ut mengda jern som vart framstilt, må ein bruke eit forholdstal mellom jern og slagge. Her har fleire tal vore brukt, i Noreg er det bruka forholdstal frå 0,3 kg jern per kg slagge, til 1,5 kg jern per kg slagge. Medan i Sverige og Danmark er tal mellom 0,2–0,5 kg jern per kg slagge bruka (Narmo 1997:125–126; Englund 2002:288–291). Rundberget som har gått grundig gjennom desse, finn eit forholdstal slagge:jern på 1:0,7 til å passe best med andre relevante faktorar (Rundberget 2013:250). Eg har difor også nytta dette.

Basert på tala presentert her, sett opp mot anslaget på 15 000 jernframstillingsanlegg, vil dette utrekningsalternativet gje ei total produsert mengde jern på 31 500 tonn, jf. tabell 3-6.


Møsvatn-tradisjonen (alternativ 2)					
Gjennomsnittleg slaggmengde	3 tonn	Forholdstal jern:slagge	0,7	Gjennomsnittleg jernmengde	2,1 tonn
Jernframstillingsanlegg	15 000				
Produsert jern	31 500 tonn				

Tabell 3-6 Alternativ 2, anslag av total jernframstilling innanfor Møsvatn-tradisjonen

Tidfesting av jernvinna

For å vise betydninga av jern som handelsvare må ein setje jernframstillinga inn i ei kronologisk ramme. Sidan kolgroper er tett knytt til fase II omnen, og ikkje er i bruk før, kan ein ta utgangspunkt i kolgroper for å få på plass ein tidfesting av jernframstillinga i yngre jernalder og mellomalder. Dette er nyttig sidan fleire kolgroper enn jernvinneanlegg er datert, og dateringane er også fordelt på fleire lokalitetar og område.

Eg har summert opp dateringsresultatet frå 285 kolgroper undersøkt ved Kulturhistorisk Museum i perioden 2001–2010 (Loftsgarden 2015), jf. figur 3-5. Figuren viser ein auke frå om lag 900 med jamt over høg aktivitet frå 1050 til 1300. Det er framleis ein del dateringar frå perioden 1300 til 1400, men svært få etter denne perioden.



Figur 3-5, Dateringar frå 285 undersøkte kolgroper i perioden 2001–2010 (Loftsgarden 2015). Dateringane er kalibrert og summert gjennom OxCal 4.2 (Bronk Ramsey 2009; Reimer mfl. 2013).

	Oppland	Aust-Agder	Telemark	Buskerud
Datering, kolgroper, 1-Sigma (68,2%)	990–1330 (59,4%) 1340–1400 (8,8%)	1040–1090 (7,4%) 1120–1140 (2,9%) 1150–1410 (57,9%)	950–1300 (62,6%) 1400–1450 (4,7%)	1010–1420

Tabell 3-7, Dateringar frå kolgroper summert opp, frå Larsen 2009.

Den same tendensen som ein ser i figur 3-5 er også synleg i tabell 3-7. Jernframstillinga føregjekk i hovudsak frå ca. år 1000 til om lag år 1300, men med lokale forskjellar (Larsen 2009:181–183).

Jernproduksjon

Perry Rolfsen rekna med ein produksjon i Bykle på meir enn 4 000 tonn over ein periode på 500 år (Rolfsen 1992). Det kan bety ein gjennomsnittleg årsproduksjon på åtte tonn jern. Dette talet har seinare blitt oppjustert til omkring 20 tonn årleg (Larsen og Mjærum 2014:117). Om ein reknar med jernframstilling i Bykle i 300 år, vil det gje ei total jernproduksjon på 6 000 tonn jern i Bykle åleine.

Dette anslaget samsvarar med mine utrekningar som tek for seg heile området som omfattar Møsvatn-tradisjonen. Desse utrekningane har vist ein total jernframstilling på mellom 30 000 og 40 000 tonn jern, jf. tabell 3-8. Eit konservativt anslag på 30 000 tonn framstilt jern innanfor Møsvatn-tradisjonen over ein periode på 300 år, vil slik vere godt innanfor kva som kan reknast som sannsynleg.

	Alternativ 1	Alternativ 2
Total jernframstilling, Møsvatn-tradisjonen	41 220 tonn	31 500 tonn

Tabell 3-8, Anslått total jernframstilling, Møsvatn-tradisjonen.

Når eg har tatt utgangspunkt i Møsvatn-tradisjonen, er det for å forenkle utrekninga og for å halde talet på usikre variablar så lågt som mogleg, men det er klart at i Valdres og delar av Hallingdal gjekk det føre ei ekstensiv jernframstilling innanfor JKS-tradisjonen. Tidlegare undersøkingar og registreringar tyder på at jernframstilling innanfor JKS-tradisjonen i omfang sannsynleg var tilnærma lik Møsvatn-tradisjonen. Det betyr at om ein også inkluderer JKS-tradisjonen, kan det reknast med ein total

produksjon på rundt 60 000 tonn jern i fjell- og dalbygdene i Setesdal, Øvre Telemark, Numedal, Hallingdal og Valdres i sein vikingtid–høgmellomalder.

Gjennomsnittleg årsproduksjon vil då ligge på rundt 200 tonn. Ein må likevel rekne at det var svingingar i produksjonen, tider då det var ei intensiv jernframstilling og tider då det var mindre. I tillegg tyder dateringar frå både jernframstillingsanlegg og kolgroper på at jernproduksjonen fylgde ei kurve med gradvis aukande produksjon frå slutten av vikingtid og med høg aktiviteten over ein periode på 200–300 år før omfanget gjekk relativt fort ned rundt 1300–1350.

Jernbehovet

Utrekningane eg har lagt fram viser at betydelege mengder jern vart framstilt i det sørnorske innlandet i perioden sein vikingtid–høgmellomalder. For fullt ut å forstå desse tala og vise jern som ressurs og handelsvare på marknadsplassane, må ein sjå mengda framstilt jern i ein vidare samfunnsmessig kontekst ut frå jernbehovet i Noreg. Eg vil òg dra inn tal frå Sverige og Danmark ettersom det fann stad seg ei ekstensiv vareutveksling og samhandling på tvers av landegrensene som også kunne spele inn på både produksjon og etterspørsel.

Når det gjeld vikingtid har Pär Hansson (1989) freista å kvantifisere behovet for jern med utgangspunkt i ein vikingtidsgard. Han rekna med at eit hushald på elleve personar hadde reiskapar som vog til saman 48 kg.

For mellomalder har Hans Andersson, Gitte Hansen og Sonia Jeffrey lagt fram eit estimat for jernforbruk i mellomalderbyar med utgangspunkt i Bergen og Lödöse (Andersson mfl. 2015). I gjennomgangen av gjenstandsmateriale frå Bergen med funn frå ca. 1100–1170, utgjer jerngjenstandar ei samla vekt på 3330 gram.

Forfattarane har vidare tatt utgangspunkt i jern funne ved ei utgrave bytomt på Bryggen og kombinert dette med ein rekonstruksjon av hamneområdet i perioden og anslått at ein kunne vente å finne ca. 82 kg om heile området vart utgraven. Det vil bety eit jernforbruk på knapt 1,2 kg per år (Andersson mfl. 2015:224). For Lödöse er det anslått 3500 kg over 300 år, altså ca. 12 kg per år (Andersson mfl. 2015:238).

Det er stor forskjell på resultatane til Hansson og talmaterialet til Andersson, Hansen og Jeffrey, og det er lite som tilseier at den kronologiske forskjellen mellom

dei to utrekninga skulle ha så stor innverknad. Ei årsak kan ligge i ulike metodiske tilnærmingar, der Hansson tek utgangspunkt i anslag om behovet for ulike jerngjenstandar, tek Andersson, Hansen og Jeffrey utgangspunkt i bevart materiale frå arkeologiske undersøkingar.

Med omsyn til utrekninga basert på Bergen og Lödöse er det fleire problem knytt til metode og representativitet, som også forfattarane er klar over. Særskild gjeld dette bevaringsgrad. I tillegg vil jernet som er anslått representere jernet som gjekk ut av sirkulasjon og ikkje jernet som var i bruk (Andersson mfl. 2015:225).

Smed og tidlegare handverksstipendiat ved Norsk Håndverksinstitutt Terje Granås opplyser om at blestra jern (direkte metode) er særst godt eigna til ombruk. Jernets gode sveiseegenskapar gjer det relativt enkelt å bygge opp større emne av mindre stykke (Granås 2015). Dette tilseier at alle mindre bitar av jern vart spara på og brukt om att. Dette kan også forklare dei små mengdene jern som er funne i mellomalderbyane (Hansen 2015:167–169). Undersøkingar av emnesjern frå Tønsberg viste også at dei fleste var sveisa saman av mindre delar (Jakobsen 1991:146).

I høve til Hanssons utrekning kan ein diskutere utvalet, mellom anna regionale skilnader. Hansson tek utgangspunkt i fem jerngryter per hushald, men det er grunn til å anta at i Sør-Noreg har kleberkar til ein viss grad fylt rolla som jerngryter har i Sverige (Baug 2017). I tillegg vil hans anslag på 48 kg per representere mengda jern eit hushald hadde behov for, men det vil ikkje representere årsforbruket.

Med utgangspunkt i Lödöse har det blitt anslått eit minimumstal for jernforbruk i byar i Sverige i perioden 1000–1300 på totalt 52 tonn (Andersson mfl. 2015:247). Medan Catarina Karlsson har anslått eit årleg tap av jern gjennom slitasje i samband med jorddyrking til ca. 48 tonn per år i Sverige omkring 1300 (Karlsson 2015:296).

Dette kan tyde på at det er rurale område som har hatt den største bruken av jern, ikkje byen. Jern i samband med oppføring av bygg, som kyrkjer eller festningsverk, er likevel ikkje er tatt med (Andersson mfl. 2015:247). Generelt er jernbehovet knytt til monumentale bygg, båtbygging og krigføring lite undersøkt innanfor skandinavisk vikingtids og mellomalderforskning.

Tidlegare har det årlege jernbehovet i mellomalderen i Noreg blitt rekna til 1 kg per gard, sjølv om også 5 kg er brukt (Narmo 1997:128). For å kunne nytte desse tala vidare må ein anslå folketal og talet på gardsbruk.

Med omsyn til vikingtid så har språkforskaren og filologen Magnus Olsen (1939) og historikaren Ole Jørgen Benedictow (1996) anslått ca. 27 000 gardar i Noreg. Bergljot Solberg argumenterer for at Olsen sitt estimat er sett for lågt og at ein bør rekne med over 30 000 gardsbruk rundt år 1000 (Solberg 2003:241).

Kunnskapen om hushaldet på kvar gard er framleis mangelfull og det er knytt uvisse til anslag over folketal i vikingtid. Olsen rekna med ein befolkning på rundt 250 000 i Noreg i sein vikingtid, medan Benedictow opererer med 185 000 (Olsen 1939:18–19; Benedictow 1996). Det gjekk føre seg ei betydeleg folketalesauke opp mot midten av 1300-talet og som nemnt ligg anslag av folketalet innanfor landets grenser rundt 1340 på mellom 400 000 og 530 000 (Sandnes og Salvesen 1978:61; Lunden 2002:20; Øye 2002:252).

I samband med *Det nordisk ødegårdsprosjektet* vart det freista å anslå kor mange gardar som var i drift i «høgmiddelalderens maksimum», altså før tilbakegangen og øyde-legginga ein ser rundt midten av 1300-talet. Ved å summere direkte kjeldepålagte gardar, gardar rekonstruert ved hjelp av stadnamn, eigedomsforhold, landskyldstorleik i nyare tid og arkeologiske forhold i eldre tid, vart det då anslått ca. 36 500 namnegardar og ca. 60 000 gardsbruk innanfor Noregs noverande grenser (Sandnes og Salvesen 1978:58). Det er talet på gardsbruk som er sentralt om ein vil finne folketal, produksjon eller behov, men det er namnegardar som sikrast let seg påvise (Lunden 2002:17).

Historikaren Kåre Lunden stiller saman resultat frå fleire lokale befolkningsgranskingar for anslag om gardstal og folketal i mellomalderen, og finn at rundt år 1340 var det totalt i overkant av 70 000 gardsbruk (Lunden 2002:20). Han finn vidare at talet på namnegardar auka med 79 prosent frå år 1000 til år 1300, medan talet på gardsbruk totalt auka med 145 prosent innanfor same periode (Lunden 1976:261–262).

Med eit anslag på 60 000–70 000 gardsbruk og med eit tal på 1 kg jern per gardsbruk kjem ein fram til eit årsbehov på jern omkring år 1300 på 60–70 tonn jern.

Det samsvarer godt med talet Karlsson har lagt fram frå Sverige. Over ein periode på 300 år blir det då eit behov på 18 000–21 000 tonn jern for alle gardsbruk innanfor Noregs noverande grenser. Dette talet kan også tenkjast vere lågare då eg ikkje har tatt omsyn til auka i talet på gardsbruk gjennom tidleg- og høgmellomalder. Likevel er dette, og tidlegare anslag av jernbehov forbausande låge med tanke på dei utrekningar som er gjort for å estimere mengda framstilt jern, eit estimat som i tillegg er rekna som minimumstal.

Rundberget har gjennomført utrekning av slaggvolum på 92 registrerte anlegg i Gråfjellområdet, samt fire frå Rødsmoen og han kjem fram til at det har vore framstilt 1686 tonn jern. Om ein legg tala ovanfor til grunn, betyr det at berre desse 96 anlegga ville ha kunna dekkja behovet til alle gardsbruk i landet over ein periode på 25–30 år.

Rundberget har estimert at berre innanfor Hedmark-tradisjonen har den totale mengda framstilt jern vore på omkring 130 000 tonn (Rundberget 2013:253–254). Og om ein legg til tala frå mine utrekningar, 30 000 tonn innanfor Møsvatn-tradisjonen og tilsvarande frå JKS-tradisjonen, vil den totale jernframstillinga i Sør-Noreg i sein vikingtid og fram til og med høgmellomalder ha vore på 190 000 tonn jern.

Sjølv med eit forbruk på 5 kg jern per gard per år blir årsbehovet ikkje meir enn 300–350 tonn jern, og 90 000–105 000 tonn over 300 år. Dette indikerer at det heimlege jernbehovet var betydeleg mindre enn produksjonen. Talmaterialet tyder altså på at ein bør sjå jern frå det norske innlandet som ein regional, interregional og internasjonal handelsvare i perioden 1000–1300.

4. Marknads plassar – eit oversyn


Målet er å gje ein så samla oversikt som mogleg over marknads plassar i Sør-Noreg, utifrå kriteria som er nemnt tidlegare. I alt er 54 marknads plassar identifisert sør for Trondheim, jf. figur 4-1 og tabell A1. Området omkring Hardangervidda er det geografiske hovudområdet i prosjektet og er til såleis best undersøkt.

Eg reknar det som sannsynleg at det har føregått handel i ulike former ved alle desse lokalitetane, men det er variasjon i graden lokalitetane er representert ved dei ulike identifikasjonsmarkørar og det er naudsynt med ei vidare kronologisk drøfting og klassifisering for å skilje ut kva lokalitetar ein med relativ sikkerheit kan rekne å ha vore i bruk i vikingtid og/eller mellomalder.

Sjølv om mellomalderbyane i Sør-Noreg, samt Heimdalsjordet ved Tønsberg og Kaupang-Skiringssal, er tatt med i tabell A1 og figur 4-1, har eg valt ikkje å gje dei ein utfyllande beskriving. Dei er heller ikkje tatt med i tabell 4-1. Dette er stader som er godt belagt i arkeologisk og historisk forskning og er heller ikkje del av det sentrale undersøkingsområdet.

Den kronologiske vurderinga er gjort på bakgrunn av arkeologiske funn eller strukturar, skriftlege kjelder, stadnamn, segn og tradisjon og topografiske knutepunkt. Arkeologiske funn og/eller skriftlege kjelder er blitt tillagt størst vekt. Med arkeologiske funn eller strukturar i tabell 4-1 reknar eg spor etter handel, produksjon eller regelmessige sosiale samkome. Likeins med skriftlege kjelder meinast det kjelder frå mellomalderen som indikerer bruken av det aktuelle området til handel, produksjon eller teikn på ulike typar samkome.

Marknads plassar med daterte arkeologiske funn knytt til perioden eller skriftlege kjelder som indikerer handel eller samkome så tidleg har eg vurdert som sikre eller sannsynlege. Stader med arkeologiske funn som også er representert ved to eller fleire av dei andre kjeldekategoriane har eg vurdert som moglege. Unntaket er Kaupang i Hol og Kaupangnes/Komnes der stadnamn, lokalisering og funn i nærområdet gjer at eg vurderer desse som moglege. Stader utan arkeologiske funn eller skriftlege kjelder har eg vurdert som usikre.




Figur 4-1 Oversikt over sannsynlege lokalitetar for vareutveksling (Kart: K. Loftsgarden).

Marknads plass	Arkeologiske funn eller strukturar	Skriftlege kjelder	Stad-namn	Segn, og tradisjon	Knute-punkt	Vurdering – vikingtid og/ eller mellomalder
Bjørkum	X				X	Sikker
Borgund	X	X			X	Sikker
Frösön	X	X				Sikker
Kaupanger	X	X	X		X	Sikker
Kinsarvik	X			X	X	Sikker
Kyrkjestølen	X			X	X	Sikker
Veøy	X	X			X	Sikker
Fjære	X				X	Sannsynleg
Hallingskeid i Grøndalen	X		X	X	X	Sannsynleg
Kaupang-Koppang	X		X	X	X	Sannsynleg
Lillehammer	X				X	Sannsynleg
Røldal	X			X	X	Sannsynleg
Valle	X			X	X	Sannsynleg
Hallingskeid L	X		X	X	X	Mogleg
Hallingskeisanden	X		X	X	X	Mogleg
Hardingroe	X		X		X	Mogleg
Kaupang i Hol			X	X	X	Mogleg
Kaupangnes/ Komnes			X	X	X	Mogleg
Kolsfet	X			X	X	Mogleg
Toesmoen	X			X	X	Mogleg
Angelburoe				X		Usikker
Birki-Kaupang/ Bjørkomp			X		X	Usikker
Grundset					X	Usikker

Marknads plass	Arkeologiske funn eller strukturar	Skriftlege kjelder	Stad-namn	Segn, og tradisjon	Knute-punkt	Vurdering – vikingtid og/ eller mellomalder
Grøndals-marknaden				X	X	Usikker
Hallingskeid E			X	X	X	Usikker
Hørt						Usikker
Jønnberg				X		Usikker
Kaupang-Botne			X			Usikker
Kaupang-Svene				X		Usikker
Kaupmanns-bui			X	X		Usikker
Kjøpstad			X			Usikker
Marknads-plassen						Usikker
Raumyr				X		Usikker
Røros						Usikker
Saltpytt			X			Usikker
Sandbu				X	X	Usikker
Skartåker-vollan				X	X	Usikker
Slettedalvollen				X	X	Usikker
Sulebu				X	X	Usikker
Torge			X	X		Usikker
Ævangen				X	X	Usikker
Åmyri						Usikker

Tabell 4-1, Oversikt over alle marknadsplassar sør for Trondheim, utanom mellomalderbyane og Kaupang-Skiringsstal og Heimdalsjordet. Plassane er sett opp mot identifikasjonsmarkørane, sjå også tabell A1 i appendiks. Plassane er plassert med dei sikraste øvst i tabellen.



Figur 4-2 Lokaliteteane er markert etter kva grad dei er rekna som å ha vore brukt i vikingtid-mellomalder (Kart: K. Loftsgarden).

Eg har vurdert 19 som *sikre* marknadsplassar, 6 som *sannsynlege*, 7 som *moglege* og 22 lokalitetar som *usikre*. Dei sikre inkluderer mellomalderbyane og Kaupang-Skiringssal og Heimdalsjordet, sjølv om desse ikkje er inkludert i tabell 4-1. Lokalitetane er markert på kart med symbol som viser deira respektive kronologiske vurdering, jf. figur 4-2, medan meir utfyllande opplysningar finst i tabell A1.

Av dei 22 usikre er ti kjent gjennom segn eller tradisjon, men med få eller ingen andre indisium som peikar mot vareutveksling. Når det gjeld Hórt, Saltpytt, Åmyri og sannsynlegvis Kaupmannsbui veit ein at desse har romma marknadsplass i tidleg nytid, men det er ingen kjelder som peikar mot at desse stadane skal ha vore i bruk i vikingtid eller mellomalder. Det same ser ut til å gjelde for Grundset og Rørosmartnan.

Fire av lokalitetane innanfor denne kategorien, Birki-Kaupang/Bjørkomp, Kjøpstad, Kaupang-Svene og Kaupang-Botne, har stadnamn som tilseier at staden har vore nytta som marknadsplass, men ingen andre kjelder underbygger dette.

Andre lokalitetar der stadnamn peikar mot vareutveksling, og der det ligg føre tradisjonsmateriale gjeld, Torge i Elverum og «Marknadsplassen» i fjellet mellom Gausdal og Valdres. Tradisjonen rundt Marknadsplassen indikerer at dette har vore ein møteplass for driftekarar i samband med driftebeite i tidleg nytid (Bye og Sigstad 1997:121–122). Torge er omtala som «Trysilmarkedet» og kjend frå tidleg nytid (Finne-Grønn 1921:266-268), men utan teikn på at det har vore marknad her i mellomalder eller tidlegare.

Eg ser ikkje vekk frå at stadane eg har kategorisert som usikre likevel kan ha vore nytta som marknadsplass i vikingtid-mellomalder. Det gjeld særleg stadane utanfor mitt undersøkingsområde, sidan eg ikkje har hatt anledning til å djupt inn i kjeldematerialet her.

Mengda tilgjengeleg datamateriale for kvar marknadsplass heng tett saman med stadens storleik og kompleksitet. Ved større marknadsplassar som har hatt lang rekkevidde i varebytet har ein ofte både arkeologiske og skriftlege kjelder som kan hjelpe med å kaste ljøs over bruken. Medan på fleire av dei mindre årvisse marknadsplassane lokalisert i utmark er det ikkje kjent arkeologiske spor som indikerer handel eller kontakt. Dette betyr likevel ikkje at det ikkje har vore marknadsplass her.



Figur 4-3 Oversikt over case-studiane (Kart: K. Loftsgarden).

På stader som Hórt, Hardingroe og Saltpytt i Øvre Telemark veit ein at det har vore årviss marknadsplass over fleire tiår på 1700- og 1800-talet, likevel har eg ikkje funne noko synlege strukturar frå denne bruken. Metallsøking kan hjelpe med å finne gjenstandar som indikerer handel og samkome utover det lokale, ein er likevel avhengig av også å samanstille relevant arkeologisk og historisk materiale frå omkringliggende område, og dessutan utnytte anna kjeldemateriale som stadnamn, segn og tradisjon. Samla må plassane sjåast i ein større kulturhistorisk kontekst med ressursutnytting, kommunikasjonsliner og andre sosioøkonomiske forhold.

Marknadsplassane som er lokalisert innanfor undersøkingsområdet i dette prosjektet inkluderer område med ulike topografiske og klimatiske tilhøve, og med ulikt ressursgrunnlag. Mange av stadene ligg i grenseområde, og kan såleis utgjere knutepunkt mellom Fjelllandet og Kystlandet – Austlandet og Vestlandet.

Lokalitetane som utgjer case-studiane er Kaupanger, Kinsarvik, Bjørkum, Kaupang i Hol, Røldal, Valle, Kyrkjestølen, Hallingskeid i Grøndalen, Hallingskeidsanden, Hallingskeid i Fødalen, Kolsfet og Toresmoen, jf. figur 4-3. Av desse er Kaupanger og Kinsarvik dei største og mest sentrale. Desse kaupangane ved fjorden var plassar med handel og administrative funksjonar av ein annan skala enn marknadsplassane i innlandet, og eg vil difor presentere desse lokalitetane fyrst i eit eige kapittel.

5. Marknads plassane ved fjorden


Fokus i dette prosjektet ligg på regional og interregional handel frå fjell- og dalbygdene og mot fjord- og kystområda i sein vikingtid–høgmellomalder. Kinsarvik og Kaupanger er sentrale lokalitetar i det høvet og eg vil i dette kapittelet gje ein gjennomgang av ny og eksisterande kunnskap rundt bruken av desse stadene til handel og samkome. Særskild kva varer som inngjekk i handelen og kven som var aktørane, både direkte og meir indirekte. Slik kan det òg bli kasta ljøs over samanhengen mellom utmark og marknads plassane. Eit mål er også å avgrense brukstida på lokalitetane.

Det er sannsynleg at ein sentral del av handelsgrunnlaget til Kaupanger og Kinsarvik låg i deira lokalisering som knutepunkt mellom fjell- og dalbygdene omkring Hardangervidda og dei meir kystnære områda, inkludert Bergen. Dette fordra stabile ferdselsårer, der folk, fe og varer kunne bli frakta over fjellet. Eg vil difor drøfte betydinga av innlandets transport- og kommunikasjonslinjer i vikingtid og mellomalder. Korleis vart varer frå fjell- og dalbygdene transportert og kva ferdselsårer vart tatt i bruk?

5.1 Ferdsel, frakt og kommunikasjon

Arkeologiske funn, stadnamn og ulike skriftlege kjelder tyder på ein ekstensiv kontakt mellom bygder frå vikingtid og mellomalder. Med omsyn til fjell- og dalbygdene omkring Hardangervidda har kontakten vore like stor, om ikkje større, mot vest som mot aust. Dette er synleg blant anna i likskapar i bygg- og handverkstradisjonar (Brekke 2005). I samband med omtalen av Øvre Telemark, Gudbrandsdalen, Valdres og Hallingdalen skriv historikaren Sverre Steen at «skogene skiller, vidden binder sammen» (Steen 1929:259).

Det vide og relativt flate høg fjellet var i mange tilfelle å føretrekke framfor tett skog, djupe dalar og fossande elvar. Driftekarar tok ofte lange vegar om høg fjellet for å koma fram. Her var elvane mindre brysame, ein unngjekk verste ulenda og vegane vart både flatare og beinare (Ohnstad 1991:35–37).



Figur 5-1, Kartet viser dei mest sentrale slep, i tillegg til 1800-talets hovudvegar og gode bygdevegar (Kart: K. Lofisgarden).

Vegar eller stiar i fjell- og dalbygder i vikingtid og mellomalder var for å ri eller gå. Dei trong såleis ikkje vere så flate eller breie, men dei burde vere tørre. På vinterstid vart islagte vatn og slake myrar godt nytta (Steen 1929:198). I indre fjordstrøk var naturleg nok fjorden den mest nytta ferdselsåra.

Ferdselsårene fylgde den topografisk lettaste vegen, men òg andre faktorar som tryggleik eller tradisjon kan ha spela inn. Kontakten over fjellet gjekk gjennom område med lite fast busetnad, ein trong såleis ikkje taka omsyn til andre, i tillegg var ferdselen over Hardangervidda ganske lett når ein fyrst kom opp på plataet. Generelt bør ikkje vanskaner med ferdsel og transport i innlandet overdrivast (Horden 2012:28).

Ferdsla over Hardangervidda har vore så stor at den har sett tydelege spor i terrenget og ein kan skilje ut fleire hovudslep mellom Austlandet og Vestlandet, som frå Vinje over fjellet til Røldal, frå Sørfjorden til Telemark og Numedal, frå Eidfjord til Hallingdal, frå Hemsedal til Sogn og frå Valdres og til Lærdal (Steen 1929:211; Fønnebø 1968, 1988; Roland 2001). Marknads plassane låg langs sentrale ferdselsårer, ofte der fleire slep møtest eller der slep frå fjellet møter busette område, jf. figur 5-1.

Dei årvisse marknads plassane i fjell- og dalbygdene omkring Hardangervidda frå tidleg nytid var sommar- eller haustmarknader, i dei fleste tilfelle knytt opp til høgtider, jf. tabell 5-1. Det finst likevel døme på marknader andre stader som vart halde tidleg vår eller vinter, som marknaden Grundset i Elverum eller Frösön i Jämtland (Gjone 1922; Holm 2000).

Frakt vart i mange tilfelle enklare på vinteren, ein kunne ta i bruk slede og gå over islagte vatn og elvar. I prinsippet kan ein difor tenkje seg at marknadane som vart halden omkring Hardangervidda i vikingtid og mellomalder òg skjedde tidleg vår eller vinter. Eg finn likevel det er mest sannsynleg at tradisjonen med å halde marknader sommar og haust i tidleg nytid var ei vidareføring av tidlegare tradisjonar.

Ei viktig årsak til dette er ferdsla over fjellet. Om vinteren kunne vêret skifte fort og det var knytt stor risiko til å krysse Hardangervidda. Peder Clausson Friis skriv i 1632 om eit forbod mot å krysse Hardangervidda vinterstid: «Oc det er forbødet/at ingen skal drage offuer dette Field effter Bartholomei Tid/oc inden Korsmes om

Vaaren/paa det icke offuerfaldis aff snee/eller forvildis oc bliffue borte» (Friis 1632:75).¹¹

Fordelen med enklare transport på vinteren vil neppe ha vege opp for risikoen. På våren er vêret meir føreseieleg og dagane er lengre, men snø og utrygg is gjorde kryssing av elvar vanskeleg på våren. Likeins vil snøsmelting ha ført til at elvane var store og vanskeleg å krysse tidleg på sommaren. Det kan òg nemnast at alle heile hestekosaum som er funne i samband med mine undersøkingar har flatt hovud, altså såkalla sommarsaum (Kjellén 2013:33). Samt at i Magnus Lagabøtes landslov frå 1274 er det sett eit minstelege for å drive handel, spesifisert til å gjelde mellom påske og slutten av september (L VIII 23). Ein kan såleis rekne med at dette var perioden med størst handelsverksemd.

Stad	Høgtid	Dato	Varigheit, marknaden
Røldal	St. Hans/Jonsok	23. juni	8 dagar
Kyrkjestølen	Marias besøkelsesdag/ Syftesok	2. juli.	Fleire dagar, ikkje nærare spesifisert
Valle (skeidet)	14 dagar før Krossmesse	14. september	Ikkje spesifisert
Hallingskeid, Fødalen	Larsok (Larsmesse eller Lavransmesse)	2. august	Ikkje spesifisert
Hallingskeid	Olsok	29. juli	Ikkje spesifisert
Lærdalsmarknaden	Åtte dagar etter Mikelsmess	7. oktober	8 dagar

Tabell 5-1, Tidspunkt for årvisse marknader i tidleg nytid.

Varene som gjekk mellom aust og vest kunne bli frakta med kløvhest, eller med slep etter hest. Slepet vart dratt etter hesten og bestod av to lange staur bunde i hop med tverrstokkar, og oppå desse vart lasten plassera (Fønnebø 1968; Indrelid og Henriksen 1979:102). *Slep* i Nordmannslepa kan vise til bruken av slep i samband med frakt, men kan òg syne til ei slepe, i betydinga veg eller sti (Ellingsgard 2000:33). Frakt med slep kan ha vore eigna på delar av sjølve høg fjellsplatået, men for å koma

¹¹ Det vil seie mellom 3. september og 13. mai, gregoriansk kalender.

seg opp til plataet var det vanskeleg med slep. Det vil òg vere ein utfordring å krysse elvar med slep. Kløvhest kan såleis vere ein meir fleksibel fraktmetode, men det inneber òg at ein får frakta mindre per hest.

Bruk av kløvhest er også nemnt i fleire sagaer, sjølv om desse rett nok tek for seg islandske forhold (t.d. Soga om Viga-Glum, kap. 11; Sagaen om øyrbyggene, kap. 58). I Ravnkjell Frøysgødes saga blir det beskrive at det tok seksten kløvhestar (*klyfjaða hesta*) frakta varene frå eit skip (Ravnkjell Frøysgodes saga, kap. 17). I tidleg nytid kan fjordhesten ha ei bør på 80–100 kg i ulendt terreng og over større avstandar (Bakken 1986). Målingar av knoklar av hest, truleg fjordhest, frå utgravingar i Bergen viser ein mankehøgde på mellom 127–140 cm, tilsvarande materiale i Oslo viser mankehøgde på 132–137 cm (Øye 2002:352). Gjennomsnittleg mankehøgde på fjordhesten er i dag på litt over 140 cm (Vangen 2016). Dagens fjordhest er altså noko større enn mellomalderhestar, men skilnaden er ikkje større enn at kan rekne med ei bør opp mot 80 kg per kløvhest i vikingtid og mellomalder.

Skildringar frå tidleg nytid og funn av hesteko og hestekosaum på marknads plassar viser til hestens sentrale rolle i samband med frakt av varer i innlandet. Likeins har fonnefunn frå Jotunheimen gjeve unikt innblikk i ferdsel over fjellområde. Ved eit fjellpass ved Lendbreen er det funne over 20 hesteko, der dei fleste kan daterast til mellomalderen. Det er også funne knoklar frå to kløvhestar, den eine datert til ca. 500 og den andre til 1700-talet. Det var òg bevart mykje hestemøkk i isen på Lendbreen, fleire dateringar av denne viser at den er frå vikingtid og tidleg mellomalder (Finstad og Pilø 2016).

Med bruk av slep eller kløvhest kunne ein frakte betydelege mengder varer over fjellet. Både arkeologiske funn og skriftlege kjelder frå mellomalderen og tidleg nytid skildrar betydinga hesten har hatt, både i samband med transport, men òg som vare i seg sjølv.

5.2 Kaupanger i Sogn


I Sverres saga er Kaupanger arena for ein rekke dramatiske hendingar og sagaen er ei av få samtidige skildringar av marknads plassar i Noreg frå høgmellomalderen. Det blir



Figur 5-2, Foto av Kaupanger kyrkje, tatt i 1964 mot søraust (Foto: P.G. Maurtvedt Cf11182, © Kulturhistorisk museum, UiO / CC BY-SA 4.0).

beskrive ein marknadsplass med ein meir eller mindre fast busetnad av handelsmenn (Sverres saga, kap. 79–82). Arkeologiske undersøkingar indikerer at også produksjon og handverk har vore del av aktivitetane på kaupangen (Øye 1989; Knagenhjelm 2008).

Kaupanger ligg vest i Amlabukti sentralt i indre Sogn, der fjordarmane Lustrafjorden, Årdalsfjorden og Lærdalsfjorden møtast, jf. figur 5-3. Frå fjordbotnen ved desse fjordarmane gjekk det ferdsselsårer over fjellet mot Gudbrandsdalen, mot Valdres og mot Hallingdal. Amlabukti utgjer ein av dei fyrste og beste naturlege hammene på sjøvegen ut fjorden. Inne i bukta er det ly frå alle retningar og her ved Kaupangselvi ligg Kaupanger kyrkje og Kaupanger hovudgard, jf. figur 5-2.



Figur 5-3, Oversiktskart over Kaupanger (Kart: K. Loftsgarden).

Arkeologiske spor

Det er gjennomført fleire arkeologiske undersøkingar i Kaupanger, både i austenden av Amlabukti ved garden Amle og i vestenden av bukta (jf. Grieg 1931; Fett 1962; Myhre 1968; Herteig 1969b; Øye 1977). Både topografi og arkeologiske funn peikar mot at kaupangen mest sannsynleg låg ved Kaupangerelvi vest i bukta (Øye 1989:145; Knagenhjelm 2008:65).

Området mellom sjøen og kyrkja, på austsida av Kaupangerelvi, peikar seg ut som eit sannsynleg område for marknadsplassen. I dette området har husa og hagen til Kaupanger hovudgard lege sidan 1600-talet. Marknadsplassen kan ha strekt seg frå land og nord forbi kyrkja. Dette er indikert ved at det her vart påvist eit brannlag i samband med bygging av ny kyrkjeveg på 1960-talet. Brannlaget var mellom 5 og 20 cm tjukt og ein kunne observere fleire nedgravingar og moglege stolpehol i same område. Brannlaget låg på undergrunnen, om lag 0,4–1 m under torvlaget. Dette tyder på at brannlaget har høg alder og kan såleis potensielt settast i samband med brannen som er omtala i Sverres saga (Øye 1986:381).

I 1970 vart eit større område systematisk undersøkt i Kaupanger, ca. 300 m² vart då avdekt sør for Kaupangselvi og 50–80 m vest for sjøen. I 1977 vart området utvida og det vart undersøkt eit område på ca. 230 m² (Øye 1977). Ved utgravinga i 1970 vart det utgrave tre groper, i desse vart det funne store mengder slagg og brent leire. Basert på ei C-14-datering av eit fragment av never, samt funn av keramikk, blir gropene datert til 1200-talet (Øye 1986:382; Knagenhjelm 2004:23–28). I 1977 vart det avdekt fleire liknande groper med funn av slagg. Morfologisk analyse av slagget syner at det stammar frå smedarbeid. Vidare vart det også funne spor som kan tyde på at det fann stad ein form for omarbeiding av kopar.

Dei registrerte gropene, i tillegg til relativ omfattande kulturlag med trekol og slagg, tyder på at omarbeiding av jern har utgjort ein betydeleg del av aktivitetane i Kaupanger (Øye 1986:383). Funn av spinnehjul, kleberkar og baksteheller viser at området ikkje berre har vore ein produksjonsstad, men også har hatt regulær busetnad (Øye 1986:384).

I samband med restaurering av Kaupanger stavkyrkje vart det i 1964 gjennomført ein arkeologisk undersøking under kyrkjegolv. Det vart då funne 1320

mynter og brakteatar, av desse er heile 1007 frå perioden 1177–1319. Utgravingane viste også spor etter to tidlegare stolpekyrkjer. Den fyrst reist i andre halvdel av 1000-talet (Bjerknes og Lidén 1975:23). Ein dendrokronologisk analyse av tre tatt frå sørportalen av den ståande kyrkja viser at tømmeret var hogge i 1137 (Hohler 1999:184).

Skriftlege kjelder om marknadsplassen

Sverres saga er ei viktig kjelde til kunnskap om marknadsplassen i Kaupanger. Det blir her skriva at Kong Sverre i 1184 sette sysselmenn over Vestlandet. Hans sysselmenn i Sogn kravde ein skatt til joleveitsle for seg, då dei hadde tenkt å feire jol i det som vart kalla Lusekaupangen. Sagaen fortel at dette førte til at kaupangsmennene samla folk frå Sogn og Eid og angreip sysselmennene. Dei drap alle sysselmenn og nesten heile deira fylgje. Neste sommar tok Kong Sverre hemn og sendte seks skip med menn inn til Lusakaupangen. Der tok dei alt gods dei fekk tak i, og brente kjøpstaden (Sverres saga, kap. 79–82).

Kaupanger blir omtala med den nedsettande nemninga Lusekaupangen (*Lúsakáupangi*), eit namn som berre er brukt i denne sagaen. Frå 1300-talet er staden kjent som Kaupanger, og heitte sannsynlegvis det også på 1100-talet (Øye 1989:144).

Då birkebeinarane gjekk til åtak på baglarane som heldt til i Kaupanger i 1201, la dei til ved bryggene, lét «lurene låte» og gjekk til angrep (Sverres saga, kap. 178). Dette tyder på at busetnadsområdet låg tett med sjøen og bryggene. I motsetnad til gardane som vanlegvis låg eit stykka unna strandområdet, som regel på tørre terrassar eller noko opp i dalsidene (Øye 1986:381). Marknadsplassen Kaupanger ser såleis ut til å fylgje eit mønster ein òg ser ved andre vestnorske tettstader og marknadsplassar, som Bergen og Borgund (Herteig 1974; Øye 1989).

Beskrivinga av marknadsplassen Kaupanger er ikkje omfattande i Sverres saga, men det trår fram eit bilete av eit relativt tettbygd område med ein rekke hus, forråd av mat, badstover og utbygd hamneområde.

Eigar- og brukstilhøve

Kaupanger høyrer til dei tidlegaste kyrkjestadane, men får ikkje same sentrale betyding som religiøst sentrum som Kinsarvik, Veøy og Borgund. Kaupanger har likevel hatt ei rolle som eit regionalt verdsleg-administrativt sentrum. I Sverres saga ser ein at systemmennene med sitt fylgje i Sogn planla å opphalde seg her i jola, og dette peikar mot at Kaupanger iallfall tidvis har fungert som systemmannsete.

Frå tidleg 1200-tal vart systemmannoppbodet knytt til storgarden Kvåle vest for Sogndal, og verdsleg og administrativt ser det ut til å ha vore eit balanseforhold mellom Kaupanger og Kvåle. Moglegvis noko liknande forholdet mellom garden Giske og Borgund i Sunnmøre. Det var i Kaupanger at sogningane stemnde inn til ting og leidangsutbod i 1201, og utferding av dokument, rettsavgjerder og kunngjeringar gjekk framleis føre seg i Kaupanger på 1300-talet (Sverres saga, kap. 178; Øye 1986:391; 1989).

I tillegg til å vere namnet knytt til kyrkja og prestegarden, står også namnet Kaupanger for eit større geografisk område rundt Amlabukti og er nemnd iallfall i åtte offentlege dokument frå mellomalderen, sju av desse frå 1300-talet.¹²

Dei fleste av dokumenta dreier seg om arv og sal av gardpartar. Det som er mest interessant i denne samanheng er gardsnamna som blir omtala, som *Brasagarør* og *Skollagarør*. (DN I 226; DN I 248; Øye 1989:384). Altså *garð* med eit personnamn eller tilnamn framfor. På 1500-talet er også eigedommane *Boxegaardt* og *Bøstizsgaarden* kjent frå Kaupanger. Denne namnetypen er vanleg i Bergen, men skil seg klart ut frå andre gardsnamn i indre Sogn, og kan peike mot at desse gardane primært hadde andre funksjonar enn jordbruksdrift og at dei stod i det gamle kaupangsområdet (Øye 1986:384–386).

Samlande vurdering

Samla sett tyder arkeologiske spor og skriftlege kjelder på at Kaupanger var eit økonomisk og administrativt senter med regional og interregionalt kontaktflate

¹² DN IX 80, DN VI 83, DN I 174, DN I 248, DN I 348, DN II 371 og DN I 432

gjennom tidleg- og høgmellomalder, og kan bli klassifisert som ein type Ila marknadsplass.

Kaupanger ligg som eit bindeledd mellom Vestlandet og Valdres og Hallingdal og vil ha fungert som ein arena for utveksling av varer frå innlandet med varer frå kyst- og fjordstrøk. At jern frå Valdres og Hallingdal har vore ein viktig handelsvare her blir vidare sannsynleggjort ved arkeologiske undersøkingar som har vist spor etter smier i Kaupanger. Analysar har vist at gjekk føre seg jernsmiing i tillegg til omarbeiding av kopar. Spora etter smedarbeid er datert til 1200-talet og kan såleis settast i samanheng med kaupangen. Men òg i yngre jernalder peikar særleg gravmaterialet mot ein sterk smedtradisjon i Sogn, som den nyleg undersøkte Nordheimsgraven i Sogndal (Roberts 2015). Denne grava er datert til tidleg vikingtid og er blant gravene med det største tal og utval av verktøy for metallomarbeiding som så langt er funne i Vest-Noreg (Barndon mfl.; under arbeid).

Dei skriftlege kjeldene fortel om Kaupanger si rolle som administrasjonsstad, her vart det stemnd til ting og det vart halde leidangsutbod. Skildringa frå Sverres saga tyder på at systemmenn tidvis hadde fast tilhald i Kaupanger og at staden fungerte som oppsamlingsstad for varer og pliktytingar som skulle til Bergen, samstundes som staden fungerte som mottakar og vidareformidlar av varer frå Bergen (Øye 1989:384). Omtala av kaupangsmenn i Sverre saga tyder på at det var ein befolkning i Kaupanger med ein eigen sosial struktur som hadde andre oppgåver enn ordinær gardsdrift.

Gardsnamna Brasagard og Skallagard frå 1300-talet tyder på at Kaupanger då framleis var marknadsplass og lokalt eller regionalt senter, men frå andre halvdel av 1300-talet og utover i seinmellomalderen er det sannsynleg av Kaupanger mista sin betyding som økonomisk og administrativt senter (Øye 1989:394–395).

I etterreformatorisk tid veks marknaden i Lærdal fram og blir den dominerande marknadsplassen i indre Sogn. Lærdalsmarknaden er nemnt allereie i 1596, då kongen sender ut eit påbod om at marknaden skulle bli halden åtte dagar etter Mikkelsmess og skulle vare i åtte dagar (NRR III:441–442).¹³ Lærdalsmarknaden var årvisst og fekk aldri tilsvarande rolle som administrativt og politisk senter som Kaupanger hadde i tidleg- og høgmellomalder.

¹³ St. Mikaelstfest, også kjent som Mikaeli eller buferdsdagen, 29. september.


5.3 Kinsarvik i Hardanger

Det har lenge vore kjent spor etter meir eller mindre kvadratiske hustuffer i området ved Kinsarvik kyrkje kalla Kinsarvik allmenning eller Almerket, jf. figur 5-4. I sin *Beskrivelse over Hardanger* (1781) argumenterer Marcus Schnabel for at det har vore ein kjøpstad i Kinsarvik og grunngjev dette med «de gamle Hus-Tomter, som endnu sees, og de mange Kul, som findes i Jorden, og som synes at vise at Byen er ødelagt af Ildsvaade» (Schnabel 1912 [1781]:45). Arkeologiske undersøkingar på 1950- og 1960-talet registrerte desse tuftene. Georadarundersøkinga som vart gjennomført i samband med dette prosjektet legg ytterlegare tyngde bak eksistensen av buer/hus i Kinsarvik knytt til ein marknadsplass. Det er også registrert tjukke kol- og kulturlag her, og det er gjort funn av blant anna mellomaldermynt og eit depotfunn av emnesjern (Undset 1888:35).

Kinsarvik er ikkje omtala som marknadsplass i mellomalderkjeldene, men særleg arkeologiske funn og strukturar peikar mot at Kinsarvik hadde ein liknande rolle som andre og betre dokumenterte kaupangar på Vestlandet.



Figur 5-4, Almerket i Kinsarvik, flyfoto 1952 (Foto: Fotograf ukjent, Hardanger og Voss Museum).



Figur 5-5, Oversiktskart, indre Hardanger (Kart: K. Loftsgarden).

Kinsarvik ligg midtjords i Hardanger og er sentralt plassert som eit kryssingspunkt mellom fjordarmar og ferdselsveggar frå Hardangervidda, jf. figur 5-5. På ein slette ved steinkyrkja frå mellomalderen vest for utløpsosen av elva Kinso kunne folk som fylgde desse ferdselsårene møtast til handel og samkome. Som ved Borgund er det rekker av båtopptrekk ute i fjæra og tuftene ligg mellom kyrkja og fjorden (Herteig 1974:12).

Arkeologiske spor


Tuftene på Almerket

I 1958 gjennomførte Per Fett ein arkeologisk undersøking av tufta etter ei gildestove, om lag 75 m vest for kyrkja på Almerket (BM-38386). Moderne forstyrningar og knapp tid gjorde at det ikkje var mogleg å finne ein haldbar stratigrafi, men ei rekke funn peikar tilbake på bruken av området i mellomalderen, som to sølvmyntar prega under Håkon V Magnusson (1299–1319), rav- og glasperler, ringar av sølv og bronse, spannforma klebergryte, samt diverse fragment av keramikk (B11013).

Rory Dunlop ved Norsk institutt for kulturminneforskning (NIKU) har gjennomført ein visuell vurdering av keramikken som kom fram ved to av undersøkingane frå Kinsarvik (B10902-k og B11013-o)¹⁴. Han fann at mesteparten av keramikken var etter-reformatorisk, men at enkelte skår kunne vere frå mellomalderen. Fett tok også fire prøvestikk på Almerket, to heilt sørvest på flaten og to meir sentralt på området, jf. figur 5-6. Dei to fyrste var utan funn, medan dei to siste viste 50 cm kulturlag med blant anna slagg og keramikk (Lange og Fett 1961:497).

Med mål om å skaffe ein betre oversikt over kulturminna på Almerket gjennomførte Asbjørn Herteig i 1968 ein arkeologisk registrering (Herteig 1968). Alle synlege spor etter tufter eller liknande vart då kartfest og det vart gjennomført mindre prøvegravningar, jf. figur 5-6. Det vart også utført ein av landets fyrste geofysiske undersøkingar på kulturminne, med formål om å «påvise anomalier i jordens ledningsevne ved konduktometriske målingar» (Herteig 1968).

¹⁴ Middelaldersamlingen, 8. april 2016



Figur 5-6. Kart av Almerket basert på Asbjørn Herteig sin planskisse. Kartet viser ca. 18 tufter, gjennomgåande kvadratiske i forma og som regel ikkje under 5–7 meters lengde (Herteig 1968). Også Per Fetts positive prøvestikk er avmerkt (Kart: K. Loftsgarden).

I samband med undersøkinga vart det utarbeidd ein planskisse av området, jf. figur 5-6. Planskissa viser i alt 18 tufter som gjennomgåande er meir kvadratiske enn rektangulære og som regel ikkje under 5–7 meters lengde. Sett vekk frå eit søkk i terrenget i søraustre del er det strukturar og spor etter moglege tufter over store deler av Almerket.

I tuft 4 vart det lagt ei prøvesjakt (sjakt B), også på bakgrunn av utslag av dei geofysiske målingane. Utslaga blir forklart med «sterkere konsentrasjon av kleberstensavfall», det vart også avdekt eit steinfora stolpehol og ut frå dette ein 1,75 m lang syllsteinsrekke. I tuft 4 vart det funne to små stykke keramikk, både tidfest av Herteig til mellomalderen, det eine til 1200- eller 1300-talet. I tillegg vart det funne to

delar av bakstehelle, samt brente og ubrente bein¹⁵. Kulturlaget er opplyst til å vere ca. 55 cm tjukt med skjørbrent stein og trekolrestar. Også tuft 14 vart undersøkt med ei prøvesjakt, tufta målte ca. 7 x 7 m ytre mål med nedrast syllmur. Like under eit 8–10 cm tjukt torvlag vart det påvist eit konsentrert lag med trekolrestar (sjakt A).

Geofysiske undersøkingar

I februar 2016 fekk eg i samarbeid med NIKU gjennomført ein georadarundersøking i Kinsarvik. Resultata frå slike geofysiske undersøkingar kviler i stor grad på grunnforholda, og på Almerket er det særleg to fenomen som pregar desse, dei menneskeleg avsette kulturlaga og dei naturlege avsetningane frå sjøbotn. Kulturlaga er synlege som større felt av reflekterande masser og er særleg tydelege i sørvestre og austre del av det registrerte feltet, men det er sannsynleg at det finst kulturlag over eit større område (Kristiansen mfl. 2016:14). Kulturlaga har ei tjukn på rundt 50–60 cm og under det blir naturleg undergrunn synleg og representerer truleg sjøavsette masser (Kristiansen mfl. 2016:14). Georadardataa viser at det har vore relativt få moderne inngrep på Almerket (Kristiansen mfl. 2016:17).

Den svake kontrasten mellom arkeologiske strukturar og kulturlaget gjorde at sjølv syllsteinsrekker og murverk som var påvist under sjakting framstod som relativt utydeleg i datasettet (Kristiansen mfl. 2016:13–14, 17). Det vart likevel påvist elleve strukturar, tolka som bygningsrestar eller moglege bygningsrestar, sjå figur 5-7 og tabell A2 i appendiks. Av dei totalt 18 tuftene registrert i 1968 (Herteig 1968), er åtte påvist med georadar. I tillegg er det påvist ytterlegare tre strukturar som er tolka som moglege bygningsrestar.

Det kan vere fleire årsaker til at ikkje alle tuftene som vart registrert i 1968 er avdekt i dei geofysiske data. Tuftene kan bestå av materiale som vanskelege let seg påvise med georadar, som registrert tuft 8 der moglege torvveggar vart påvist ved prøvesjakt (Herteig 1968). Som nemnt er det også sannsynleg at sjølv solide bygningsrestar ikkje har blitt fanga opp på grunn av den svake kontrasten mellom strukturane og dei omkringliggande kulturlaga.

¹⁵ Funna frå Herteig sine undersøkingar er ikkje funne att museumssamlingane i Bergen.



Figur 5-7. Resultat, georadarundersøkning på Almerket 2016 (Kart: NIKU).

Det er difor mogleg at det finst spor som ikkje vart fanga opp med georadar, som restar etter fleire bygningar, vegfar/gater, brønner eller andre strukturar. Og det er registrert ei mengd anomaliar som mest sannsynleg representerer menneskeskapte strukturar, men dessverre er desse så svake og fragmenterte at det er vanskeleg å gje ein god tolking på kva dei representerer (Kristiansen mfl. 2016:24).

Basert på data frå georadarundersøkinga kan ein skilje ut to fasar i bruken av området. Under det som er rekna som kulturlagsnivået, altså 60–100 cm under overflata vart det registrert anomaliar som til saman dannar ein spissoval struktur på ca. 6,3 x 19,5 cm. Strukturen (struktur 11) ligg nærast vinkelrett på dei eldre sjøbotnlaga og er lokalisert i ein forseinking i landskapet som er tydeleg også i dag. Form og lokalisering kan minne om ein nausttuft.

Dei fleste anomaliane ligg likevel i nivået 0–60 cm under overflata, altså over den moglege nausttufta. Av i alt ti tufter registrert på georadardataa, var åtte registrert av Herteig, som også hadde registrert ytterlegare ti tufter. Det vil seie at det moglegvis er eller har vore spor etter så mange som 20 tufter på Almerket. I motsetnad til den moglege nausttufta ligg dei fleste andre bygningsrestane på linje med sjøen. Stort sett alle av desse ser ut til å respektere kvarandre, noko som tyder på at dei har vore i bruk meir eller mindre på same tid.

Det er truleg at delar av det som må reknast som marknadsplassområdet har gått tapt som fylgje av bygging av blant anna hotell, veg og ferjekai. Det er såleis sannsynleg at det totale arealet som kan reknast som del av marknadsplassen utgjør nærare ti mål, moglegvis meir. Sjølv om dette er betrakteleg mindre enn på Borgund og Veøy der utstrekninga av marknadsplassane ligg på om lag 35–40 mål, ligg dei registrerte bygningsrestane ganske tett på Almerket og saman med kulturlaget må dette reknast som teikn på omfattande aktivitet.

Registreringa og prøveundersøkinga i 1968 og georadarundersøkinga i 2016 har påvist restar etter bygningar av dels forskjellig form og byggemåte. Dette er også tilfelle for dei mellom 15–20 husrestane som er registrert på Borgund. Det vart funne både bustader og uthus. Nokre var lafta, medan andre ser ut til å ha bestått av flettverksveggar. Det er hus med golv av stampa leire og med tregolv, nokre har spor etter opne eldstader midt på golvet og andre med hjørneeldstader (Herteig 1974:5).

Andre strukturar

Kyrkja på Almerket vart undersøkt av arkitekten Håkon Christie i 1960. Han fann at skipet vart oppført på slutten av 1100-talet og at koret vart føya til etter at skipet vart tatt i bruk, men neppe seinare enn 1250 (Christie 1961). I samband med utgravingane vart det påvist spor etter ein tidlegare trebygning i skipet. Det er tydeleg at steinkyrkja har avløyst den eldre trekyrkja då steinkyrkjias grunnplan er stukke ut frå trekyrkjas hjørne. Noko som har resultert i at steinkyrkja fekk same akse og same skeivheitlar som trekyrkja (Lidén 1999:133).

Det vart dessutan funnen 420 myntar i kyrkja (Svarstad 1962). Det mest karakteristiske ved myntfunna er det forholdsvis store talet myntar frå Harald Hardråde og hans søner, heile 13 stykke. Særleg interessant er at to av desse vart funne i fyllmassane til eit av stolpehola til trekyrkja (Svarstad 1962). Dette gjer det sannsynleg å datere oppføringa av trekyrkja til midten eller slutten av 1000-talet.

Kinsarvik var såleis ein tidleg og viktig kyrkjestad, og steinkyrkja har blitt lagt fram som ei av fjerdingsskyrkjene i Hordaland rundt år 1300 (Robberstad 1952:325). Fylkes- eller fjerdingsskyrkjer kan ein identifisere indirekte etter kor mykje paveskatt kyrkjene betalte i 1329 (Iversen 2013:21). Kinsarvik er i det høvet rangert likt med Ullensvang kyrkje som høgast i Hardanger og indikerer at båe kan ha fungert som fjerdingsskyrkjer (RN IV, nr 719; DN I, nr 206).

Det er indikasjonar på at Kinsarvik også har vore tingstad og møteplass for meir sentrale tingstemne i mellomalderen. Frå 1600 er det opplysningar om eit vårting i Kinsarvik (UBB 1600-02-13). 27 år seinare vart dette halde på garden Lutre (Lutro) (UBB 1618-10-19). I tillegg er det på vestsida av Kinsarvikbukta ein stad som har gått under namnet «Tingplassen». Om denne skriv Olafsen; «Paa Salthellen er der et sted kaldet Tingpladsen, som bestaar af en mindre Rydning, omgivet af en lav, bred Mur. I midten ligger en stor Sten. Hvad dette har været, er uvist» (Olafsen 1907:615). Det er i dag ikkje synlege spor etter desse strukturane.

Om lag 180 m vest-sørvest for kyrkja ligg ei 34 m lang og 13 m brei nausttuft (id 100973). Tufta, omtala som «Skiparstod», er blitt knytt opp mot leidangen, særleg på grunn av storleiken og den sentrale plasseringa (Bull 1920:127). Det vart gjennomført ei prøvegraving og restaurering av nausttufta i 1954 (Bakka 1954; Fett

1954a), og det vart då funne naglar og jernslag, samt fragment av leirkar, som typologisk kan daterast til seinmellomalder (B10901)(Grieg 1933:197–198).

Funn på staden

I 1954 vart det bygd eit fruktlager om lag 70 m nordvest for kyrkja, med tilhøyrande veg langs stranda på Almerket. Egil Bakka samla opp funn som kom fram som fylgje av inngrepet (B10902), og skriv om dette i ein artikkel i Bergens Tidende:

Under torva var eit halvmetr tjukt lag av kolblanda jord med mykje stein i, mykje av steinen var brend. Og her var fullt opp av funn, øydelagde og kasserte saker av stein, jarn og metall, bein og tenner av dyr, og leirkarbrot i mengder. Vi har samla inn litt av dette til Historisk Museum, og av det skal nemnast: Boltar, spikra og båtsaum av jarn, ei øydelagd pen liten ause av kleberstein, stykke av andre klebersteinskjerald, kljastein, eit stykke av ein handkvernstein, eit knivskaft med messingnaglar og med ein hestehov av messing i enden, eit stykke av eit messingbeslag, enkelt dekorert med emaljeliknande lakk, gjort på same måten som på sume relikvieskrin frå mellomalderen, eit stykke som visstnok er armen på ei lita skålvekt, og så keramikk og meir keramikk. – Det meste er simple, trefota kokekar med tut på sida, men også av andre krukker og kar. Det er brukskeramikk frå mellomalderen, serleg frå 1300–1400-talet (Bakka 1954).


Lenger sør i Sørfjorden er det bygd med rike funn frå eldre jernalder, som til dømes Opedal. Dette er ikkje tilfelle for Kinsarvik, som har få funn før vikingtid. Men i vikingtid er det derimot funn frå alle dei tre gardane i Kinsarvikbukta (Bakka 1963:200). Dette treng likevel ikkje bety at det var tre gardar i Kinsarvik i vikingtid. Det at kyrkja og soknet fekk namn etter Kinsarvik kan heller tyde på det motsette, då kyrkjer og sokn ofte fekk namnet etter garden dei stod på (Wessén 1921:113). Og sidan ingen gard i dag ber namnet kan det tyde på at dette var namnet på ein opphavleg gard i vika, mest sannsynleg med tunet på Hus.

Hus er ikkje berre den største garden i Kinsarvikbukta, men er i dag også den største skogarden i Sørfjorden (Kolltveit 1963:220). I motsetnad til ved Bråvoll og

Sandvin er det på Hus også påvist busetnad før vikingtid. Det er likevel ikkje før i vikingtid at Kinsarvik tok til å spele ein ledande rolle i indre Hardanger (Bakka 1963:201). Fleire rike gravfunn frå denne perioden underbygger dette (Fett 1954b:32–34). Dessverre er ingen fagleg utgravne, opplysningar og funn er ufullstendige eller bortkomne. Eit av desse bortkomne funn er ein sannsynleg båtgrav frå Bråvoll (id 101404). Haugen låg like ved sjøen, nær osen til Kinso, jf. figur 5-8. Dette var ein langhaug på rundt 12,5 m og det skal ha blant anna ha vore funne naglar og eit samanbøygd sverd.

I det same området søraust i Kinsarvikbukta er det også registrert ytterlegare ei gravrøys (id 100829) og eit felt med tre moglege gravrøyser (id 101403). I sørvestleg del er det likeins gjort fleire gravfunn, men ingen står att i dag. I 1927 vart det funne ei rekke gjenstandar i samband med anleggsarbeid (id 101190). Desse vart funne spreidd med fleire meters mellomrom og dekkja av eit ca. 50 cm tjukt lag med skredjord. Gjenstandane vart sendt inn til Bergen museum og består av blant anna av tre økser, to sverd, skjoldbule, smietong, stor smihammar, bryner, bekselmunnbitt og hestetenner (B7880). Gjenstandane stammar frå to graver, ein brent og ein ubrent, båe frå slutten av 700-talet eller byrjinga av 800-talet (BM38792). Førekomsten av smietong og smihammar tyder på at omarbeiding av jern utover ei rein gardssmie har vore til stades i Kinsarvik i vikingtid. I det høve kan det òg nemnast at det på Hus er funne kol og blant anna to firkanta jerntein og ein spydspiss frå vikingtid (B10499 og B3541) i ei jordblanda røys, kalla Smiehaugen.

Vest i Kinsarvikbukta skal det ha stått ein langhaug med ein oppreist stein i eine enden (id 101191). Like ved denne stod det restar av ein liten haug eller brulagt krets, i tillegg til restar av ein husgrunn (Fett 1954b:33). Like vest for dette området gjennomførte Historisk museum ein arkeologisk undersøking i 1969. Det vart då funne eit bryne og fire gropar. To av dei gryteforma gropene vart utgrave, kvar med ein diameter på ca. 1 m og med eit kollag på 8 cm til 15–20 cm. Det vart funne til dels store mengder skjørbrent stein i gropene. På bakgrunn av at steinane var brent sterkare på undersida enn på oversida vart gropene tolka som restar etter bål der steinane vart lagt på for å avgrense eller sløkkje varmen (BM 38974).



Figur 5-8 Funn og registrerte strukturar med Askeladden id i Kinsarvik sentrum (Kart: K. Loftsgarden).

Dette verkar likevel som ein lite overtydande tolking. Ei meir plausibel tolking vil vere at steinen har funksjon i høve til matlaging, der mat kan ha blitt lagt oppå steinen i staden for å bli pakka mellom steinen (sjå t.d. Diinhoff 2005:137). Gropene kan vere spor etter matlaging i samband med større samkome, men gropene vart ikkje datert.

Segn og tradisjon

Hardanger er via lite plass i sagaene, men i Håkon Jarls saga blir det nemnt at Harald Gråfell ofte oppheldt seg her og det blir fortalt om eit havskip som kom frå Island lasta med gråfeller (*vararfeldum*) som dei ville selje (Hkr, Håkon Jarls saga, kap. 2).¹⁶ Sjølv

¹⁶ *Vararfeldum* var ein fell vevd av ull (Juuhl 2013).

om dette er skrive fleire hundreår seinare kan det indikere at aktørar i Hardanger har vore involvert i storstilt handel, noko også Absalon Pederssøn Beyer peikar på i sitt verk *Om Norgis Rige* (1567–70):

Udi Hardanger brender man maadelig got salt, der vanker godt smør, fæ, lax, vildvare. Disse Hardanger havue i fordom tid verit saa rige, mandelige oc duelige, at de have seglet til Grönland, Island, Biarmeland, oc ført dit salt, jern oc andre gode varer, oc have de havt der til store skib, som deris store naust, murede op med stene, nocksom tilkenne give (Beyer 1928 [1567–1570]:80).

Eit ytterlegare teikn på Kinsarvik si sentrale rolle i Hardanger er førekomsten av eit gilde (Kolltveit 1963:268–273). Dette gildet, som var knytt til St. Olav, er eit av fleire gilde i Hordaland i mellomalderen, som St. Mikkelsgildet på Voss, St. Nikolasgildet i Øystese og Onarheimsgildet på Tysnes (Brekke 2009:220).

Gildet som institusjon i mellomalderen endra og utvikla seg, men sentrale element ser ut til å ha vore brorskap gjennom drikkelag (Qviller 1997). I Olav Kyrres saga blir det fortalt at han skipa Miklagildet i Nidaros og andre gilde i fleire kjøpstader, men Snorre legg med det same til at det var eit drikkelag der frå før, omtala som «*kvirvingsdrykkjer*» (Hkr, Olav Kyrres saga, kap. 2). Dette kan omsetjast til omgangsdrikkelag, og kan tyde på at gildet som institusjon var ein vidareføring av heidenske drikkelag, og fekk draghjelp og endra innhald av konge og kyrkjemakt når desse vart gjeldande (Johnsen 1920:5; Berg 1967).

Gilde som det i Kinsarvik er ofte omtala som bygdegilde eller soknegilde og betydde sosialt samvære med gjensidig hjelp og støtte for medlemmene. I bygdene var befolkninga til dels mindre økonomisk og sosialt differensierte, bygdegilde omfatta difor det meste av befolkninga i bygda eller soknet og ikkje økonomisk eller sosialt åtskilte grupper som i mellomalderbyane (Haugland 2012:32).

Gildeskråen, altså reglementet for gildet, er ikkje bevart frå Kinsarvik. Men det er bevart tre gildeskrå frå mellomalderen, inkludert den såkalla Onarheimsskråen frå Olavsgildet på Onarheim. Onarheimsskråen er datert til 1394, men språkmerke og innhald peikar tilbake mot slutten av 1000-talet (NgL V:11–13; Pettersen 2004:20; Iversen 2013:21). Gildet i Kinsarvik var eit forum for frie bønder i Hardanger, og sjølv

om gildet ikkje nødvendigvis hadde ein direkte rolle i samband med marknadsplassen stadfester det den sentrale rolla Kinsarvik spela i Hardanger i mellomalderen.

Eigar- og brukstilhøve

I jordeboka Bergens kalvskinn (BK) frå 1350–1360 er to gardar i frå Kinsarvikbukta oppført, Sandvik med 10 månadsmatbol og Gruflunni med 5 månadsmatbol (BK, nr 78). Gruflunni finn ein ikkje att i kjeldene etter mellomalderen og ein veit ikkje eksakt kvar garden stod (Kolltveit 1963:276). Bråvoll er Kinsarviks gamle prestegard og seinare anneksgard og var friteken for skatt og tienda og er såleis ikkje nemnt i jordebøker.

I Håkon Håkonssons saga er ein Marteин kongsfrende omtala som kongens rådgevar og den same Marteин blir seinare omtala som Marteин frå Kinsarvik (Þorðarson 1964 [1265]:56, 80). Hus er den klart største av gardane i Kinsarvikbukta, og det er sannsynleg at dette var garden til Marteин i høg mellomalderen.

Sjølve marknadsplassen har ikkje stått på noko gardsgrunn, men har vore på Almerket, altså ein allmenning til bruk for alle. Iallfall i tidleg nytid ser bruksretten for Almerket i Kinsarvik ut til å ha vore hevda av bygdefolket (Kolltveit 1977:136–137).

I Hardanger er det, i tillegg til i Kinsarvik, kjent ein allmenning i Odda. Her er eit område vest for elva Opo omtala som Almerket og var brukt som båt plass for sør fjordingar (Reinton 1961:206). Det var også ein liknande allmenning i Ulvik (Arctander 1938-41:329). Desse ligg sentralt ved kyrkja der ein måtte ha plass til å møtast, til hestane ein reid med og til å legge til med båt.

Samlande vurdering

Kinsarvik er lokalisert som knutepunkt mellom fjell- og dalbygdene mot aust og dei ytre meir folkerike kystområda mot vest. Tykke kulturlag med blant anna kol, slag, skjorbrent stein, klebersteinfragment og keramikk tyder på at det har vore stor aktivitet knytt til handel og produksjon på Almerket i mellomalderen.

Herteig sine undersøkingar viste 18 tufter på Almerket. Dei geofysiske undersøkingane frå 2016 påviste åtte av tuftene frå Herteig sin undersøking i tillegg til tre andre strukturar som òg er tolka som bygningsrestar. Det er grunn til å rekne med

at det finst fleire strukturar som ikkje har latt seg registrere då undersøkingane som er gjennomført på Almerket er avgrensa til overflateregistrering, mindre prøvesjakter og georadarundersøking.

I stor grad ser tuftene ut til å respektere kvarandre, noko som indikerer at dei har vore i bruk samstundes. Det er ingen kjelder som fortel om gardsdrift eller liknande i dette området. Sett opp mot at dei fleste bygningsrestane ser ut til å vere meir kvadratiske enn rektangulære og lokaliseringa på ein allmenning nær kyrkja, gjer det nærliggande å knytte tuftene til handel og utveksling.

Ein mogleg parallell kan bli trekt til kystmarknadene på Island, der det er kjent kvadratiske buer som var i bruk i samband med marknaden. Buene bestod av veggar bygd med torv og eit telt over (Sagaene om Gudmund den gode som prest og gudmund dyre, kap. 4; Gardiner og Mehler 2007:400).

Frå undersøkinga til Herteig ser det ut til at både syllstein og torvvegger er nytta på Almerket, og dette indikerer at ulike bygningar med ulike funksjonar har vore i bruk. Noko som også er synleg frå undersøkte husrestar frå Borgund (Herteig 1974). Tuftene og funna frå Almerket tyder på at folk har budd her over ein viss periode, det er funnrestar av bakstehelle, kleber frå gryter, kar og ause og kvernstein.

Depotfunn av emnesjern (C54518) og funn av slagg peikar mot at det har vore smedarbeid på staden. Emnesjerna er av ein type som mest sannsynleg har sitt opphav i Valdres eller Hallingdal, og tyder på at jern kom frå desse områda.

Dei store kleberbrot i Hardanger sannsynleggjer at også kleber inngjekk i handelen i Kinsarvik. Funn av klebersteinsavfall indikerer at det også har gått føre seg ein grad av tilverking av klebergjenstandar i her.

Myntfunn frå kyrkja tyder på at mynt har vore i sirkulasjon i Kinsarvik frå tidleg mellomalder. Og myntane (B11013-a og -b) som er funne på Almerket, indikerer at mynt kan ha vore nytta som betalingsmiddel på marknadsplassen i høgmellomalder.

Kinsarvik med fjerdingsskyrkja som sentrum var eit knutepunkt og bindeledd mellom sentrum og periferi i bispedømmet, og inngjekk som ein sentral del av kyrkja sitt veitslesystem (Tryti 1994:35–36). Likeins er det sannsynleg at Kinsarvik var tingplass i ei skipreide med eige leidangnaust. Det er såleis truleg at det vart samla

leidangskatt her (Øye 1989:158). På denne måten gjekk det store mengder landskyldvarer via Kinsarvik til Bergen.

Det teiknar seg eit bilete der Kinsarvik har hatt ei sentral rolle i Hardanger i tidleg- og høgmellomalder, i samband med handverk og handel med ein regional og interregional kontaktflate, men òg med administrative funksjonar og ein kan klassifisere Kinsarvik som ein type IIa lokalitet.

6. Marknads plassane i innlandet

Eg vil her gå meir i djupna på dei mindre årvisse marknads plassane og greie ut om tidlegare arkeologisk funn og undersøkingar, nye arkeologiske data, skriftlege kjelder, stadnamn og andre kjelder som fortel om bruken av områda til handel og samkome.


I den fylgjande framstillinga vil eg fyrst ta for meg marknads plassar som ligg bygdenært, i innmark og gjennomgangen går frå nord; Bjørkum, Kaupang i Hol, Røldal og Valle. Eg vil så ta for meg marknads plassane som ligg i utmark og fylgje same mal, frå nord til sør; Kyrkjestølen, dei fire skeidplassane Hallingskeid, Kolsfet og Toresmoen.

6.1 Bjørkum i Sogn

Bjørkum er ein unik lokalitet med spor etter handverksproduksjon og karakter av ein mindre marknads plass. Lokaliseringa, funn og strukturar gjer det sannsynleg at lokaliteten har vore anlagt i tidleg vikingtid med mål om få tilgang til ressursar frå utmarka på Filefjell og Valdres, til produksjon og vidare handel.

Lokaliteten ligg ved eit meir roleg parti av den nokså strie Lærdalselvi, om lag 20 km inn frå Lærdalsøyri, jf. figur 6-1. Området kan omtalast som marginalt med avgrensa innmarksområde og lite sol, og før lokaliteten vart avdekt gjennom ein arkeologisk undersøking i 2009 var det ikkje kjent lausfunn eller gravminne i området (Ramstad 2011:40). Bjørkum ligg likevel strategisk plassert langs ferdsselsårer som fører aust over Filefjell mot Valdres, og mot vest til Lærdalsøyri og Sognefjorden. Det går også slep sør over fjellet mot Hallingdal, jf. figur 6-1.

Gardsnamnet Bjørkum kan peike mot ein stad med bjørk og er i utgangspunktet ganske alminneleg (NG XII:62). Likevel er gardsnamnet interessant sett opp mot bruken av området til handverk, produksjon og utveksling som vart synleg gjennom den arkeologiske undersøkinga. Som nemnt kan denne typen stadnamn bli sett i samband med handelsstader eller marknads plassar (Schmidt 2000:79), og det kan tenkjast at garden på staden har fått namnet etter aktivitetane som gjekk føre seg her i tidleg vikingtid.



Figur 6-1, Oversiktskart, Bjørkum (Kart: K. Loftsgarden).

Arkeologiske spor

Innanfor eit avgrensa sentralområde på om lag 1500 m² med kulturlagsmasser vart det avdekt eit buplassområde med hustufter av grophus og andre bygningar, og spor etter handverksproduksjon gjennom funn av smieslagg, restar etter kamproduksjon og vevlodd. Mellom husa vart det dokumentert store eldstadanlegg og rundt 40 kokegropar. Til saman vart det funne spor etter ni sikre stolpebygde hus, men ingen teikn til oppdeling i mindre rom eller aktivitetsområde. Det vart heller ikkje identifisert rom eller egne bygningar for husdyr.

Bygningane på Bjørkum verkar å vere mindre, lettare og meir mellombels enn liknande hus frå yngre jernalder. Stolpehola er alle svært grunne, det er lite skoningsstein og få indikasjonar på utskiftingar. I tillegg til dei stolpebygde husa vart det funne avtrykk etter seks lettare teltliknande strukturar og i alt 13 grophus, jf. figur 6-2. Dette representerer den største konsentrasjonen av grophus på Vestlandet. Som dei andre bygningane gjev også grophusa inntrykk av å vere av ein lettare konstruksjon og av ha ein sesongmessig brukstid (Ramstad 2011). Dei store eldstadane og kokegropene peikar vidare mot Bjørkum som ein stad for sosialt samkome (Loftsgarden mfl. 2017).



Figur 6-2. Framstilling av lokaliteten Bjørkum av Arkikon (Loftsgarden mfl. 2017).



Figur 6-3. Trelagskam, B16701-1, med runeinskripsjon: «austant kairþi kãb þinn», funne på Bjørkum (Foto: S. Skare, © Universitetsmuseet i Bergen / CC BY-NC-ND 3.0.).

I Noreg er Bjørkum ein spesiell lokalitet, men i Danmark har det i den seinare tid dukka opp liknande lokalitetar. Slike har vore omtala som andre generasjons produksjonsstader, «productive sites» (Jørgensen 2003:173–183). Desse er gjennomgåande større og inkluderer ofte hundrevis av grophus. Det er likevel samanfallande trekk med Bjørkum, som tilsynelatande sesongmessig busetnad og spor etter storstilt handverksproduksjon.

Med utgangspunkt i C-14-dateringane ser det ut til at aktivitetane på Bjørkum kan delast inn i to fasar. Ein mindre del av dateringane fell innanfor perioden 850–1030 og er tolka som mogleg attbruk av eldre bygningar, men etableringa og hovudfasen ser ut til å ligg innanfor 700–850 (Loftsgarden mfl. 2017). Det tjukke kulturlaget på lokaliteten må sjåast i samband med dei omfattande aktivitetane som har gått føre seg over ein relativt kort periode. Noko som har betydd at dei organiske komponentane ikkje har fått tid til å bli bryte ned og eit basisk jordsmonn har blitt danna (Loftsgarden mfl. 2017).

Funnmaterialet på Bjørkum er variert og består både av kvardagslege objekt, personlege eigedelar og smykkemateriale, som til dømes perler (B16701–B16728). Små og truleg fleifunksjonelle knivar er blant dei mest utbreidde reiskapane som er funne (Wahlborg 2012). Funn av spinnehjul/handteinsnelle og vevlodd av ulike typar er spor etter variert tekstilproduksjon (Cartwright 2012). Dette kan sjåast i samband med den auka betydninga av ull gjennom vikingtida og kan bli knytt til utnytting av omkringliggende fjellområde til beiting.

Det omfattande kulturlaget har ført til gode bevaringsforhold for organisk materiale, og det har blitt bevart ein rekke gjenstandar av bein og gevir, som nåler og spelebrickar. Det som skil seg ut som spesielt viktig er reinsdyrgevir, særleg i samband med produksjon av kammar og det er funne restar etter opptil ti kammar av typiske vikingtidsformer (Loftsgarden mfl. 2017), jf. figur 6-3.

Fangstgroper og bogastelle i omkringliggende fjellområde vitnar om reinfangsten sin betyding, likevel er det ikkje gjort funn av bein etter reinsdyr på Bjørkum, trass dei gode bevaringsforholda. Dette kan indikere at berre reinsdyrgevira vart frakta til staden som råvare i samband med produksjon. Det er vidare nærliggande å tenkje seg at dei som jakta reinsdyr også åt reinsdyrkjøt, og at mangelen på reinsdyrbein såleis peikar mot at det var andre enn dei som budde på Bjørkum som dreiv jakt og fangst på reinsdyr.

Eigar- og brukstilhøve

Bjørkum ser ut til å ha vore tidleg delt i to gardar, både Bjørkum og Nordre Bjørkum er ført opp i Bergens Kalvskinn. Eit månadsmatbol av Nordre Bjørkum låg til Hauge kyrkje, medan fire månadsmatbol og to ertog låg til Maria-alteret (Mariakirken) i Bergen (BK, nr 39; BK, nr 29). Rundt 1600 er Bjørkum ført opp med landskyld til soknepresten, men det er ikkje spesifisert om det gjeld nordre eller søndre Bjørkum. I skattematrikkelen av 1647 er det opplyst at nordre Bjørkum var i bondeiege (SM XII:57; Espe 1990:41).

Det er ikkje kjent arkeologiske funn eller strukturar frå gardsbefolkning i Bjørkum frå vikingtid. Botaniske analysar vitnar om at det har vore dyrking på Bjørkum frå bronsealder til romartid, mens i yngre jernalder er det få eller ingen slike spor. Då det likevel er gjort funn av korn i fleire av dei arkeologiske kontekstane, kan det tyde på at kornet vart transportert til lokaliteten utanfrå. I den same perioden er det ein generell nedgang i beiteindikatorar og møkkindikerande soppsporar, samstundes som makrofossilprøvene inneheld spor som kan knytast til mykje trakk og andre forstyrningar i jordsmonnet (Halvorsen 2012; Loftsgarden mfl. 2017).

Samlande vurdering

Funn og lokalisering tyder på at produksjon og handel har vore sentrale aktivitetar på Bjørkum. Smieslagg og råstoff til kammar, spinnehjul, vevlodd, samt grophus viser produksjon, men det er ingen gjenstandsfunn som direkte peikar mot handel anna enn eit enkelt vektlodd av bly. Vektloddet kan vera spor etter handel, men kan òg vere knytt opp mot handverksproduksjon. Mangelen på klare handelsindikerande funn tyder på at om det har gått føre seg handel på Bjørkum har utvekslinga i hovudsak vore med naturalia som bytemiddel.

I høgmellomalderen var båe gardane på Bjørkum eigd eller deleigd av kyrkja, både lokalt og av Maria-alteret i Bergen. Med omsyn til vikingtid indikerer pollenanalysar at det har vore lite eller ingen korndyrking nær Bjørkum, og saman med fråvær av gravminne og lausfunn tyder dette på at det mest sannsynleg ikkje har vore regulær gardsdrift på Bjørkum samstundes med at det har vore aktivitet på marknads- og produksjonsstaden. Dette kan tyde på at Bjørkum var initiert og organisert utanfrå. Moglegvis av menn som hadde ressursar til å oppretthalde ein sesongmessig befolkning av menn og kvinner knytt til produksjon og handel, og som hadde ressursar og bytevarer til varene som kom frå fjell- og dalbygdene i aust.

Eit mogleg scenario er at folk med ein spesialisering innan ulik produksjon, handverk og handel oppheldt seg på Bjørkum for ein kortare tidsperiode, direkte eller indirekte for ein storbonde eller høvding. På Bjørkum bytte dei til seg varer som reinsdyrgevir, jern og ull med folk som levde i omkringliggende område, samstundes som det gjekk føre ein handverksproduksjon av ulik karakter.

Storleiken og lokaliseringa av Bjørkum gjer at det kan vere fruktbart å sjå årvisse samlingsplassar slik ein kjenner dei frå tidleg nytid som ein mogleg parallell og som kan hjelpe med å kaste nytt ljøs over Bjørkum. Samkome som på Hallingskeid i Lærdalsfjella eller i Valle i Setesdalen kan definerast som fleirfunksjonelle utan klare skilje mellom dei ulike aspekt ved samlingane slik som alliansebygging, fest og konsum, produksjon og handel, konkurranse eller underhaldning og rekreasjon (Loftsgarden mfl. 2017).

Dei arkeologiske spora tyder på at handverksproduksjon og samkome har vore sentralt på Bjørkum, vareutveksling har tilsynelatande vore ein mindre viktig del.

Likevel gjer plasseringa av lokaliteten det sannsynleg at det nettopp er utveksling med ressursar frå innlandet, som reinsdyrgevir og jern, som har vore hovudformålet med lokaliteten. Det at ein finn reinsdyrgevir, men ingen spor etter reinsdyrbein, tyder på jakt og fangst ikkje er utført av folk som oppheld seg på Bjørkum, då ein kunne rekne at i det minste noko av reinsdyrkjøtet i så fall ville vore spist på Bjørkum. Det er difor ikkje usannsynleg at gevira kom som handelsvare.

Moglegvis var handelen i tidleg vikingtid i dette området meir tilslørt og i større grad sett som ein del av sosiale samkome. Medan mot slutten av vikingtid og i tidleg mellomalder blir handel ein meir uttalt og integrert del av årvisse samkome og lokalitetar som Bjørkum blir moglegvis mindre viktige.

6.2 Kaupang i Hol

Den største indikasjonen på at det har vore ein marknadsplass på Kaupang i Hol ligg i stadnamnet. Som nemnt er dette namnet nærast synonymt med marknadsplass frå vikingtid og mellomalder. Gardsnamnet, saman med den sentrale lokaliseringa, har ført til at Kaupang i Hol er omtala som marknadsplass i bygdebøker, så vel som forskingsartiklar (Reinton 1938:98; Øye 1989:146).

Det er peika på at det finst eit *Kaupang*-namn i kvar av dei større austnorske innlandsdistrikta, i tillegg til eit i Sogn, eit i Trøndelag og eit på Island (Storm 1901:233–234; Blindheim 1960:47), og dei fleste ligg sentralt til, langs kommunikasjonslinjer. Likevel treng ikkje alle gards- eller stadnamn med kaupang bety marknadsplass, det finst døme på gardsnamn som sannsynlegvis er oppkallingsnamn, som Kaupang-Botne (Skjelsvik 1960:231). Det sentrale spørsmålet er om det finst kjelder anna enn stadnamnet som kan bidra med å identifisere ein eventuell marknadsplass på Kaupang i Hol og om ein i så fall kan avgrense brukstida.

Kaupang ligg i grenda Kvisla nord i Ustedalen, der Hallingdalen forgreinar seg nordvest mot Hol og sørvest mot Geilo. Kaupang er sentralt lokalisert som knutepunkt



Figur 6-4. Oversiktskart, Kaupang i Hol (Kart: K. Loftsgarden).

med ferdselsårer vest over fjellet mot Hardanger og Aurland, og nord mot Lærdal via Fødalen, samt aust og sør via Hallingdal eller Numedal, jf. figur 6-4.

Arkeologiske spor og segn om kaupangen

Det er gjort fleire spreidde lausfunn i området rundt garden Kaupang, som pilspissar og ei bjølle frå yngre jernalder (C7173, C7174), eller funn av beksel, spore og stigbøyel frå mellomalder (C3775, C4365, og C2312). Sjølv om særleg hesteutstyret kan indikere kontakt og ferdsel, peikar funna ikkje eintydig mot handel eller ein marknadsplass.

I Reintons bygdebok *Folk og fortid i Hol* blir Kaupang omtala som eit «handelscentrum for hallingar og vestlendingar. ... Vestlendingane kom hit og bytte fisk og salt uti jern», og han ser marknadsplassen til å vere frå førkristen tid (Reinton 1938:95). Reinton gjev også att ein beskriving frå ein Eiliv Solheim (født 1853), som i sine yngre år fór mykje i Hardanger, Røldal og Sunnhordaland som handelsmann. Solheim fortalde at gamle folk i Røldal endå tala om to gamle marknadsplassar, den eine på Seim i Røldal, den andre i Kaupang i Hol (Reinton 1977:285).

I lokalhistorisk litteratur er det òg nemnt at det var ein samlingsstad «i gammal tid» på Hamaren, ein stad under garden Hamarsbøen, 400–500 m nordaust for gamle Kaupang gard, langs gamlevegen. Her skal ungdommar ha samlast til dans og kappestrid, og eldre skal ha møtst til rådlegging (Hande 1871:56–57; Reinton 1977:94; Solhjell 2000:108).

Eigar- og brukstilhøve

Kaupang i Hol er fyrste gong nemnt i mellomalderkjeldene frå 1424, som *Kop Anger* (DN XVI, nr 82) og 1444, *Kapaner* (DN X, nr 180). Kaupang var *ein* gard fram til omkring 1590, då den vart delt i Søre Kaupang og Nordre Kaupang. Søre Kaupang vart i 1727 delt i Synste Søre-Kaupang og Nordre Søre-Kaupang, mens Nordre Kaupang vart delt i Søre Nordre-Kaupang og Nordre Nordre-Kaupang i 1765. I 1863 vart dei to Søre Kaupang-gardane samla under namnet Vindegg. Kaupang var før delinga i 1590 ein av dei største i Hol og hadde del i alle dei større sameigene i Kvisla og Skurdalen (Reinton 1977:285–287). Kaupang er ikkje nemnt i Grågåås og både

Skattematrikkelen 1647 og andre diplom tyder på at garden har vore i bondeeeige både før og etter delinga av garden.

Det er særskild to område om skil seg ut som potensielle stader for marknadsplassen. Det fyrste er eit område sør for dagens hovudveg. Dette er ein flate på om lag 40–50 m x ca. 20 m i elles skrånande terreng. Dette var eit tunområde før garden vart flytt nord for vegen etter 1863, men det er ingen synlege spor på overflata. Grunneigar Ola Vindegg fortel at området skal ha vore pløgd mange gonger, men utan funn. Jorda skal heller ikkje ha vere merkbart mørkare enn andre stader.¹⁷

Eit anna potensielt område er rundt Markehaugen. Dette er staden der vegen gjennom Ustedalen tidlegare kom ned til Kvisla, men før terrenget brekk og går ned til Kaupang. Grunnen ligg i dag framleis under hovudbølet (gnr. 52/1). Området nedanfor denne vegen, og sørvest for Markehaugen er noko overflaterydda og har vore nytta som utslått. Delar av området er inngjerda med eit til dels kraftig steingjerde, men det er framleis mykje stein i området. Området rett nord for Markehaugen er i dag eit jorde med grasproduksjon. Dette området er flatare og slik sett moglegvis betre eigna til eit stemne. Området rundt Markehaugen kan ha vore ein god stad for plassering av marknadsplass, lokalisert før terrenget skråar ned mot gardane og inn på sjølve innmarka.

Samlande vurdering

Ved Kaupang i Hol indikerer stadnamnet ein marknadsplass, saman med lokaliseringa som eit knutepunkt med ferdslsårer vest mot Hardanger og nordvest mot indre Sogn. I tillegg er det segn og tradisjon om ein marknadsplass på Kaupang.

Det er spor etter omfattande jernframstilling og jakt og fangst av reinsdyr i øvre Hallingdal og dette er ressursar som kunne ha utgjort handelsvarer i bytte mot varer som salt, klebersteinskar, korn og fisk frå Vestlandet. Det er så langt likevel ikkje funne arkeologiske eller skriftlege kjelder som underbygger at det har vore ein marknadsplass ved Kaupang i Hol, verken frå vikingtid–mellomalder eller frå tidleg nytid. For å koma nærare bruken av staden til samkome og vareutveksling er det

¹⁷ Området vart synfare i 2014 i lag med grunneigar Ola Vindegg og Håvard Hoftun frå Buskerud fylkeskommune.

naudsynt med nye arkeologiske undersøkingar. Til dømes organisert metall søking av utvalde område, gjerne i kombinasjon med geofysiske undersøkingar.

6.3 Røldal


I tidleg nytid, fram til slutten av 1700-talet, vart det på garden Seim i Røldal halden ein årvisst marknad som samla folk frå Sunnhordaland, Hardanger, Ryfylke, Setesdal og Telemark. Røldal var også eit pilegrims mål og marknaden vart arrangert samstundes med den årlege jonsokmessa. Funn av mellom anna deler av en skålvekt (B6718/C235871) ved «rydning av haug» på Seim i 1913 indikerer at marknadsplassen i Røldal kan ha røter i vikingtid.

Røldal ligg som eit knutepunkt mellom fleire regionar og her møttest fleire ferdselsårarer; nord frå Telemark og Numedal, sør frå Suldal og Ryfylke, og vest frå Hardanger og Sunnhordaland, jf. figur 6-5. Dei fleste gardane i Røldal ligg nordvest for Røldalsvatnet (380 m.o.h.). Her ligg gardane omkransa av bratte fjell og lier, med stavkyrkja midt i grenda. Gardane er delt av Storelva og Tufteelva som baa renn ut i Røldalsvatnet. Desse elvene har skifta løp mange gonger, og fleire store flaumar har ført til store øydeleggingar på gardar og innmark.

Røldalsvatnet renn ut mot sørvest mot Suldal og reint geografisk kan ein rekne Røldal som eit framhald av Suldal. Når desse to grendene likevel høyrer, og har høyrd til, kvart sitt fylke må det grunnast den 20 km lange og tronge Brattlandsdalen som skil meir enn den bind grendene saman. Røldal var del av Kinsarvik skipreide, men høyrde til Stavanger bispedøme fram til 1600-talet og hadde slik ei dobbel tilknytning, på same måte som Øvre Telemark, Numedal, Valdres og Hallingdal.

Arkeologiske spor

På garden Seim ligg det i dag fleire gravhaugar. Desse utgjær likevel berre siste rest av eit større gravfelt som gjennom åra har vore utsett for øydelegging og fjerning i samband med gardsdrift, og særleg etter utskiftinga og innføringa av maskinelt jordbruk. Jens Kraft (1830:680–681) skriv om atskillege større og mindre haugar som



Figur 6-5. Oversiktskart, Rørdal (Kart: K. Loftsgarden).

låg mellom Røldalsvatnets nordre bredde og kyrkja, men allereie då Bendix Edvard Bendixen undersøkte Røldal mot slutten av 1800-talet var ein rekke gravminne fjerna;

Paa Seim skjelnes 3 gravfelter. Nord for de sydligste huse (Orm Olsens og Knut Olsens) har ligget en stor samling røser, hvis antal ikke kan bestemmes, og som er saagodtsom bortryddet. Herfra er kommet de allefleste fund. Søndenfor i nogen afstand ligger den på skitsen no. 1 afsatte række grave, ialt 18 rundhauger, 3 firkanter og 1 trekant, og i omtr. 50 skridts afstand fra disse 2 hauger og saa igjen 2 længere mod vest foruden 1, der er bortryddet, hvor Knut Olsens huse staar. ... I øst henne ved en smal arm af elven ligger den tredie gruppe (skitse no. 2), maaske 25 hauger, hvoraf 4 langhauger eller firkanter; dog er flere af dem især langhaugerne temmelig usikre. Stedet kaldes Skarpteig. Den første, den ødelagte gruppe, maa have tilhørt yngre jernalder, medens de to andre felter tilhører ældre jernalder (Bendixen 1894:16–17).

Bendixen omtala altså tre gravfelt på Seim, men desse ligg så tett attmed kvarandre at dei mest sannsynleg har vore eit gravfelt. Funn frå gravfeltet viser at det har vore i bruk både i yngre og eldre jernalder (Fett 1955:4–7), men få graver er fagleg utgravne. Bendixen nemner i alt 52 gravhaugar, medan i 1955 er berre 34 gravhaugar att på garden (Fett 1955:4). Både maskinelt jordbruk og flaumar og ras vore med på å desimere det ein gong så omfattande gravfeltet. Den siste store flaumen var i 1938 og har ført til at det er vanskar å finne tilbake til alle gravminne på Bendixen sine plankart (Fett 1955).

Figur 6-6 viser gravfeltet på Seim med eit georeferert jordskiftekart frå 1932 som bakgrunn. Dette kartet viser løpet til Tuftelva før flaumen i 1938. Marknaden stod nær gravfelt med id 101855 og mykje av spora etter både marknadsplassen og gravene har gått med i denne og dei føregåande flaumane i Røldal.

I tillegg til gravfunn har det òg vore gjort eit sannsynleg depotfunn på Seim, eit reimeslag av forgylt bronse, rikt ornamentert i irsk stil med innbua langsider (B492). Dette smykket vart funne i 1818, pakka i eit stykke tøy nedsett i eit skrin i jorda, men ikkje i haug (Lorange 1875:150).

Om lag midt i Røldal, 70 m nord for Storelva står Røldal stavkyrkje. I samband med restaurering i 1902, vart den undersøkt av arkitekten Jens Zetlitz Kielland. Han



Figur 6-6. Gravfeltet på Seim med Askeladden id. Jordskiftekartet frå 1932 viser løpet til elva Tufselva før flaumen i 1938 (Kart: K. Loftsgarden).

fann då at kyrkja hadde hatt eit rektangulært grunnplan utan særskild kor (7,5 x 6,5 m). Kunsthistorikaren Anders Bugge meiner kyrkja er oppført mellom 1275–1300, men at det er sannsynleg at den erstatta ei tidlegare kyrkje (Bugge 1953:25, 46). Kyrkja i Røldal var ei såkalla votiv- eller lovekyrkje, det vil seie at den var oppført og halde ved like gjennom private bidrag og gåver i håp om betre helse og å bli bønnehørde (KLN M XX:258; Aukrust 1993:734).

Skriftlege kjelder om marknadsplassen

Som nemnt fann marknaden stad ved Seim, på vestsida av Tuftelva i eit område som enno blir kalla Marknadsplassen (Dalen og Dalen 1960:152). Fram til 1756 var marknaden halden frå fyrste tysdag etter jonsok og skal ha vart i åtte dagar, men etter 1756 vart marknaden flytt til tredje tysdag etter jonsok (Haukenæs 1894:349; Dalen og Dalen 1960:152).

I tidleg nytid var marknaden særleg nytta for omsetning av hestar. Den auka etterspørselen etter tømmer gjorde at spesielt fjordhest vart etterspurd som køyrehest til skogbruk. I tillegg var det utveksling av ymse hushaldsvarer, som tørrfisk, sild, salt, humle, øl og ullvarer (Dalen og Dalen 1960:152).

Det ser ikkje ut til å ha vore knytt privilegium eller eigne handelsrettar til Røldal i tidleg nytid. I eit brev frå futen Andreas Heiberg til Stiftamtmanden i 1733 skriv han blant anna; «Vist nok skal det være, at ingen haver Privilegium eller nogen Bevilgning til at holde Marched i Røldahl. Icke destomindre så har det dog fra uminnelige Tider været Praxis...». I brevet argumenterer Heiberg for at marknaden bør halde fram, sjølv om enkelte i Røldal ynskte å legge ned marknaden (Dalen og Dalen 1960:154).

I 1763 førte store nedbørmengder til flaum og marknadsplassen, som tidlegare hadde vore ein fin grasvoll, vart dekt av eit tjukt lag med stein og grus. Etter denne flaumen gjekk tilstrøyminga til marknaden ned, og den vart etterkvart nedlagt (Haukenæs 1894:350–351; Dalen og Dalen 1960:220).

I høg mellomalderen var Røldal blant dei viktigaste pilegrimsmåla i landet etter Nidarosdomen, særleg krusifikset (frå ca. 1250) var målet for pilegrimsreise (Brekke 2000:47). Under midnattsmessa på jonsok skulle krusifikset ha lækjande kraft (Wolff

1651:178–179; Haukenæs 1894:321–322; Blindheim 1986:149). Pilegrimsferda heldt fram etter reformasjonen og skaffa kyrkja talrike gåver og verdiar, og valfarten til Røldal og krusifikset fortsette fram til så seint som 1840 (Helland 1921:737).

Eigar- og brukstilhøve

Det arkeologiske funnmaterialet og det omfattande gravfeltet i seg sjølv står i kontrast til korleis Røldal blir omtala etter høgmellomalderen. Seim reknast då som ein liten eller middels gard. I 1628 står det ein merknad om garden at det «kun ehre nogen smaa flikker og pladtzer» (Dalen og Dalen 1960:492). I Skattematrikkelen av 1647 framstår heile bygda i seg sjølv som liten og bortgjømt; «Vdj Ryldallenn som er femb store mille tilfields offuenfor Haranger ligger nogle jorder som er gandsche smaa och ringe. Giffuer tilsammen a(a)riligen vdj den sexdallers skatt pennger» (SM XI:211).

I jordebok for Stavanger domkapittel for tida 1590–1620 går det fram at 6 mk smør i Seim er skyldgods til Røldal kyrkje (Grågås, nr 57), og i matrikkelen frå 1667 står Seim oppført med to pund smør i landskyld. Kyrkja i Røldal er altså inne som ein eigar/deleigar i garden Seim på 1600-talet. Det er likevel liten grunn til å anta at kyrkja, sentralt eller lokalt, har hatt ei rolle i marknaden. Det var som nemnt ein vekselverknad mellom marknaden om den årlege jonsokmessa, men brevet frå futen i 1733 er stila til stiftamtmanden og kyrkja er ikkje nemnt som part eller på annan måte tilsynelatande involvert i marknaden.

Samlande vurdering

Marknaden i Røldal var blant dei mest sentrale i det sørnorske innlandet i tidleg nytid. Spørsmålet er om marknadsplatsen kan førast attende til mellomalder eller vikingtid, og eventuelt kva varer som då inngjekk i handelen.

Det er sannsynleg at den sentrale lokaliseringa mellom område med ulike ressursgrunnlag må reknast som bakgrunnen for Røldalsmarknaden i tidleg nytid. I tillegg til denne økonomiske faktoren hadde marknaden også ein sosial og religiøs komponent ved at marknaden vart arrangert samstundes med den årlege jonsokmessa.

Det er ikkje knytt privilegium eller rettar til marknaden og tidleg på 1700-talet er det ingen som står ansvarleg for marknaden. Det er sannsynleg at marknaden har

vakse fram og blitt oppretthaldt på bakgrunn av dei økonomiske fordelane involverte partar hadde i marknaden. Dette vil inkludere bønder i Øvre Telemark, Setesdal, Ryfylke og Hardanger. Som ein ser av brevvekslinga mellom fut og stiftmann hadde styresmaktene i tidleg nytid også interesse av at handelen vart oppretthalden.


Som tidlegare vist gjekk det føre ein omfattande overskotsproduksjon av jern i Øvre Telemark og Setesdal i sein vikingtid–høgmellomalder, det er sannsynleg at om det var marknadsplass i Røldal i denne perioden var jern ein viktig handelsvare. Då i form av smidde gjenstandar, reiskapar og våpen eller råjern. Det er ikkje funne spor som indikerer at det har funne stad noko omfattande form for omarbeiding av jern eller anna handverk i samband med marknaden i Røldal.

Det er ingen direkte kjelder om marknaden i vikingtid eller mellomalder. Likevel indikerer det store gravfeltet som har lege på Seim verdiar utover det den jordbruksmessig marginale bygda i seg sjølv kunne tilby. Ein kan såleis hevde at lokaliseringa som eit knutepunkt mellom aust og vest, dei omkringliggende utmarksressursane og utveksling på bakgrunn av desse ligg som grunnlag for den rikdom gravfeltet symboliserer. Funn av delar av skålvekt i ei grav på Seim, datert til 900-talet kan også underbygge dette. Det er ikkje funne anna handelsindikerande gjenstandar i Røldal, men det må også understrekast at dei arkeologiske undersøkingane har vore få.

6.4 Valle i Setesdalen

I Valle er det arkeologiske spor som indikerer ein marknadsplass i sein vikingtid og tidleg mellomalder, medan skriftlege kjelder viser at det også har vore ein marknadsplass her, eit såkalla skeid, i tidleg nytid. Eg vil drøfte årsaker til denne tilsynelatande kontinuiteten i stadens rolle i samband med utveksling og samkome og belyse kva ressursar som inngjekk i handelen i sein vikingtid–høgmellomalder.

Valle i Setesdalen ligg om lag midtvegs mellom enden av Byglandsfjorden i sør og Bykle i nord. Det er blitt hevda at Setesdalen låg avstengt og isolert i førmoderne tid, og folkeminnegranskaren Johannes Skar skildrar Valle som «so utestengt frå anna folk som noko bygd kunne vere» (Skar 1997 [1903]:24).



Figur 6-7, Oversiktskart over Setesdalen (Kart: K. Loftsgarden).

Arkeologiske funn viser derimot at det er liten grunn til å anta at Valle har vore isolert, men heller at det har vore ein nær kontakt både sørover, austover og vestover. Her gjekk det slep mot vest til Lysebotn og vidare mot Ryfylke og Stavanger, mot nord gjekk det slep til Bykle og Hovden, der ei omfattande jernframstilling gjekk føre frå sein vikingtid til 1300–1400-talet. Mot aust gjekk det slep mot Fyresdal eller til Dalen/Eidsborg og brynesteinsbrotet der, jf. figur 6-7.


Arkeologiske spor

Dei fleste arkeologiske funn frå Valle er komne inn som lausfunn der funnstadene sjeldan er arkeologisk undersøkt og konteksten for funna difor ofte er usikre. I dei seinare år har likevel fleire arkeologiske registreringar blitt gjennomført i Valle sentrum og det er avdekt fleire lokalitetar med kokegropar og moglege stolpehol (Paulsen 2010; Møistad 2012), jf. figur 6-8. I alt 19 kokegropar er registrert, fire av desse er snitta og datert, jf. tabell 6-1.

Askeladden-id	Beskriving	Vedart	Datering
159128-1	Kokegrop	Bjork	390–540 e.Kr.
159129-1	Kokegrop	Furu	140–260 e.Kr.
159130-2	Kokegrop	Bjork	780–890 e.Kr.

Tabell 6-1, Daterte kokegropar i nærområdet til Valle kyrkje

Generelt ligg dei fleste daterte kokegropar innanfor perioden 500 f.Kr. til 400 e.Kr (Gustafson 2005b:105). Kokegropa med id 159130-2 i Valle skil seg slik ut då den er frå vikingtid, kokegropa ligg òg klart åtskild frå dei andre registrerte kokegropene her. Sjølv om ein ikkje skal legge for mykje vekt på ei enkeltliggande kokegrop, er det same mønsteret også synleg ved Moi-undersøkinga i øvre Bygland sør for Valle. Der det vart kartlagt rundt 150 kokegropar og ein tredjedel av dei daterte kokegropene vart tidfest til vikingtid–tidleg mellomalder (Reitan 2014:77).



Figur 6-8. Kart over nærområdet til Valle kyrkje (Kart: K. Loftsgarden).

Funn på staden

Trass i at det er gjennomført få faglege utgravingar i Valle, ligg det føre eit rikt arkeologisk materiale med særleg mange gravfunn frå 900- og 1000-talet (Larsen 1981). På bakgrunn av funn av relativt sett mange vektlodd, mynter og importgjenstandar, er det hevda at det har vore ein vikingtids handelsplass i Valle (Larsen 1980). Nyleg undersøkte graver med handelsindikerande funn frå Langeid i Bygland om lag 2,5 mil sør for Valle nyanserer likevel dette biletet noko (Loftsgarden og Wenn 2012; Glørstad og Wenn 2017).

Saman med Vest-Agder og Østfold utgjør Aust-Agder eit unntak frå det generelle funnbiletet med ei auke i tal på gravfunn frå eldre jernalder til vikingtid. Det er tydeleg færre funn frå vikingtid enn frå romartid/folkevandringstid, om ein ser fylket under eitt. Likevel er dette ikkje gjeldande for innlandsområdet, spesielt Bygland og Valle, der talet på gravfunn aukar i vikingtid (Glørstad 2014:46). Særleg gravfunn frå siste del av vikingtid og tidleg mellomalder er relativt vanleg i Setesdal.



Figur 6-9. Gravhaug på Nomeland, foto tatt i 1922 (Foto: G. Midttun, Norsk Folkemuseum).

Eit av dei desse kom fram på garden Nomeland i 1849. Det er sparsamt med funnopplysningar av slike tidlege funn, men det blir opplyst om at det vart grave fram i ein gravhaug «af hvilke der paa denne Gaard skal findes mange» (C30539 a-o). Dette var ein rikt utstyrt grav med mellom anna øks, reimutstyr, 39 bronseperler, 21 vektlodd av bronse og fem sølvmyntar. Av myntane er det ein tysk penning, ein anglosaksisk frå 1017/23, ein dansk frå 1018/35, ein norsk frå 1065/80 og ein udefinerbar penning. Den norske er prega under Olav Kyrre og gjev ein bakre datering av grava til 1065 (Skaare 1976:145). Det er sannsynleg at dette funnet stammar frå den største bevarte gravhaugen på garden Nomeland (id 76549), som også er blant dei største i heile Aust-Agder (Larsen 1981:24–25; Glørstad 2014:46), jf. figur 6-9. Eit anna funn som er opplyst «fundne i Jorden paa Nomeland i Valle Prgd» inkluderer hengjesmykke i sølv, perler av glas og bergkrystall, samt seks vektlodd i bronse (C1671–1672).

Ved garden Viki om lag 500 m søraust for Valle kyrkje er det vidare gjort fleire funn frå vikingtid. I 1973–1974 vart det funne ei mannsgrav med sverd, øks og kniv. Det vart også funne tre vektlodd av bly og nokre lærstykke som moglegvis stammar frå ein pung til vektlodda, i tillegg til ein moglegvis dansk penning frå midten 1000-

talet. I ein vegskjering like ved vart det nokre år seinare gjort eit nytt funn av to vektlodd av bly, samt sju perler av glas og rav, to spinnehjul og ein bunt pilspissar (C34262 a-o) (Larsen 2000:44). På Valle prestegard er det funne eit forgylt irsk bronsebeslag som stammar frå 800-talet (C30540), og om lag 500 m mot sør ein angelsaksisk bronsedåse (C120 d) frå overgangen mellom 700- og 800-talet. Av andre importgjenstandar er fem frankiske spydspissar funne i Aust-Agder, og alle frå Setesdal, tre av dei frå Hylestad/Valle (Låg 1999:120).

I 1890-åra kom det inn funn til Bergen Museum, frå tre samanblanda mannsgraver frå ulike haugar (B5207). Funnet skal ha vore gjort på ein gard med namnet Nomeland i Hylestad sokn, om lag 10 km sør for Valle sentrum. Funnet omfatta tre sverd, tre økser, tre skjoldbuler, tre bekselmunnbitt, i tillegg til to vektlodd, eit av bly og eit av bronse, ein ring av sølvtråd og fragment av fire sølvmyntar. Typologisk er gravene datert til ca. 1000 eller meir sannsynleg fyrste halvdel av 1000-talet (Petersen 1919:165).

Funn av enkelte vektlodd i gravkontekst treng ikkje nødvendigvis vere teikn på handel, men funn av fleire vektlodd i same kontekst, eller skålvektsett i lag med fleire lodd av ulik vekt, bør derimot sjåast i samband med handel (Pedersen 2001). Kombinasjonen vektlodd, mynt og importfunn er vidare talande og det er nærliggande å kople dette opp mot ein vikingtids marknadsplass i Valle.

Det gjeld også om ein ser det opp mot den totale distribusjonen av sølvmynt og vektutstyr i vikingtidskontekst i Sør- og Aust-Noreg. Vestfold med funn av totalt 470 vektlodd, særleg frå Kaupang og Heimdalsjordet, dominerer her med klart flest funn av vektutstyr (Pedersen 2008; Bill og Rødsrud 2017). Valle skil seg ut som eit innlandsområde med relativt mange funn av vektutstyr (Stylegar 2009:82,88).

Liknande geografisk spreing viser seg òg med omsyn til vikingtids sølvmynt. Som med vektutstyr, er også den store majoriteten av sølvmynt funnen på Kaupang og Heimdalsjordet, men om ein ser resten av Sør-Noreg skil Valle og øvre Bygland seg klart ut, saman med funn frå kystområda rundt Grimstad og Fjære (Glørstad og Wenn 2017).

Funn og strukturar i omkringliggende område

I 2011 vart det undersøkt eit gravfelt og busetnadsspor på Langeid nord i Bygland, om lag 2,5 mil sør for Valle kyrkje. Dette gravfeltet har fleire likskapar med funn frå Valle, både med omsyn til gjenstandsmateriale og datering. Alle gravene på Langeid er datert til vikingtid. Ved elleve av gravene kan ein også gje ein meir spesifikk datering og desse ligg innanfor 900- og 1000-talet og åtte av gravene er eldre enn 975 (Loftsgarden og Wenn 2012; Wenn 2016a, 2016b, 2016c; Glørstad og Wenn 2017).

Fem av gravene inneheldt gjenstandar knytt til handel, i alt vart det funne elleve vektlodd, 20 fragment av mynt, og eit skålvektsett. Dette indikerer at handel har vore ein sentral del for dei som vart gravlagt på Langeid.

Særleg tydeleg er dette for grav 6 (C58880), her vart det blant anna funne eit samanleggbart skålvektsett i eit never- og treetui og fem vektlodd. I tillegg vart det funne små fragment av sølvtråd av ulik tjukkeleik, samt fire myntfragment og ein oppdelt, men komplett mynt. Dei fire myntfragmenta stammar frå abbasidiske dirhemer, prega i perioden 800–850. Den komplette mynten oppdelt i tre delar er ein tysk pfenning prega under Otto III i Dortmund, og datert til 983–996. I same grav vart det også funne restar etter ei kiste med lås og nøklar, nålehus og pinsett og eit dobbelt sett med eldslagingsflint og sigd. Dette kan tyde på at grava har vore for to individ, moglegvis mann og kvinne (Wenn 2016b:30–39). I denne grava låg det også ein amulett i sølv, liknande type R.678. Denne typen amulett er svært sjeldan i norsk samanheng, men ein av dei er frå Nomeland i Valle (Rygh 1999 [1885]:35). Funnet frå Nomeland inneheldt dessutan seks vektlodd av ulik storleik (C1672).

Skriftlege kjelder om marknadsplassen

Basert på konsentrasjonen av funn som vektutstyr, mynt og importfunn har Jan Henning Larsen argumentert for at det var ein handelsplass i Valle i vikingtid, mest sannsynleg rundt Valle kyrkje (Larsen 1980:146; 2000:45)

Dette området har vore nytta til marknadsplass også i nyare tid, nærare bestemt skeidet i Valle. Slik skeid er beskrive i tidleg nytid inkluderte desse vareutveksling, sosiale samkome og eit særskild fokus på tevlingar som kappriding og hestekampar (Loftsgarden mfl. 2017). Skeidet i Valle var det største av fleire skeid i Setesdal og

Telemark i tidleg nytid (Solheim 1952, 1956, 1961), og vart halde kvar haust, 14 dagar før Krossmesse (Skar 1997 [1907]:172).¹⁸

Skeidet i Valle er beskrive fleire stader, den eldste skildringa er frå 1771 av presten Reier Gjellebøl i hans *Beskrivelse over Sætersdalen i Christiansands Stift* (Gjellebøl 1800:55–58). I Fyresdal, nabodalen vest for Valle, er eit skeid beskrive i 1618 (Glostrup og Huitfeldt-Kaas 1895:39). Ein kan soleis anta at skeidet i Valle òg kan førast attende til tidleg 1600-tal. I 1847, om lag 30 år etter det vart lagt ned, skriv presten Johan Nikolai Frantzen om skeidet i Valle i brev til Jørgen Moe (Øverland 1898:24–25). Både Gjellebøl og Frantzen gjev inngåande beskrivingar av hestekampane, der to og to hingstar slost over ei hoppe, og av hestekappløpa, der tre eller fire reid om kapp utan sal. Bryting og slåssing mellom menn var òg vanleg. Dei fortel vidare at menn og kvinner i alle aldrar var til stades og at «Lystigheten fortsattes om Natten med Dans og Drik». Det blir også fortalt om handel og auksjonar (Gjellebøl 1800:55–58; Øverland 1898:24–25).

Gjellebøl skriv at hestekampane gjekk føre seg på ein «Plads tæt ved Prestegaarden, som kaldes Skejvolden», medan hestekappløpa finn stad på «en Plads paa den anden Side af prestegaarden, som bliver kaldt Leeg-Volden». Også Frantzen omtalar Skeivollen og Leikvollen som stadane der hestekampar og –kappløp fann stad.

Lokaliseringa av Leikvollen er usikker, men Skeivolden var ein husmannsplass og er no eit bruk under Valle prestegard. Plassen ligg om lag 400 m nord for Valle kyrkje. Jordet rett vest for Skeivolden vart registrert ved maskinell sjakting i 2010 (Møistad 2012). Området er utsett for flaum og det var spor etter moderne påverknad. Det vart likevel registrert fire kokegroper, ei av desse er datert til romartid, jf. tabell 6-1. Det vart også funne eit lite bryne i matjordlaget.

Eigar- og brukstilhøve

Skeidet i tidleg nytid stod på grunnen til prestegarden og det er sannsynleg at det opphavlege gardsnamnet til Prestegarden, gnr. 42, var Valle (eller liknande), eit namn som lev vidare i grendenamnet Vallebø eller soknenamnet Valle. Staden der kyrkja står kallast også Vaddarhaujen, opprinneleg Vallarhaugrinn (NG VIII:216).

¹⁸ Krossmesse om hausten, 14. september.

Eit diplom frå 1437 omtalar garden Rike som liggande i «Vallarbøø» (DN XII, nr 170). På fleire stader i Setesdalen ser det ut til at grendenamn, med endinga –bø, har oppstått i samband med deling av ein gard, og denne gardens namn dannar grendenamnets fyrste ledd. Fleire har argumentert for at dette betyr at Valle tidlegare har vore ein storgard (Bugge 1916:19; Åkre mfl. 1983:346). Rygh opnar også for dette, men understrekar at blant gardsnamna som ligg i Vallebø inkluderer gardar som i seg sjølv kan vere særst gamle (NG VIII:226).

Valle blir fyrst gong nemnt i rekneskap og dagbøker frå ein paveleg utsending i 1327, der dåtidens fire sokn i noverande Setesdal blir nemnt; «Ecclesia de Hulesta, ecclesia de Wal, ecclesia de Nomuglant, ecclesia de Buglom» (Munch 1864:24).

Inn til nyare tid finn ein at «Sættre»/«Sætr»/«Sætrum» og seinare «Sætersdal» betyr Valle prestegjeld og «Otrodale» Bygland prestegjeld (Steinnes 1974:22). Stadnamnet «Sættre» blir òg nytta i Landslova (L I 2). Stadnamnet «Setrum» blir nemnt i Orknøyingesoga, her blir ein introdusert for «Haarek af Sættrum» som sannsynlegvis var lendmann i Setesdal med band til andre mektige ætter (Orknøyingasoga, kap. 60–61; Bull 1919:47).

Samlande vurdering

Valle skil seg ut i det norske innlandet med mange funn av vektutstyr og klipt sølvmynt frå gravkontekst. Funn frå utgraving av eit gravfelt ved Langeid ca. 2,5 mil mot sør tyder på at Valle og Langeid var vevd saman i eit økonomisk, sosialt og politisk nettverk i sein vikingtid og tidleg mellomalder. Ein ting er likskapen i gravfunn med spor etter handelsverksemd, som er sjeldan gravgods i norske fjell- og dalbygder. Ein annan ting er kor nær i tid gravene med funn av slike gjenstandar er i Valle og Langeid. Dei fleste gravene er datert til perioden mellom siste halvdel av 900-talet og fyrste halvdel av 1000-talet og er blant dei siste kjente gravene utanfor ein kristen kontekst i Sør-Noreg.

Utanom gravmaterialet er det likevel ingen indikasjonar på at det har vore ein marknadsplass i Langeid. Eg finn det difor mest sannsynleg at det er i Valle marknadsplassen låg. Der finst det ein rekke kjelder frå mellomalder og tidleg nytid som peikar mot den sentrale rolla Valle har hatt i området.


For å belyse kva form handelen hadde i Valle i sein vikingtid og mellomalder kan ein dra veksling på yngre kjelder. Seinast frå 1600–1700-talet vart det halde eit årvisst skeid i Valle. På seinsommaren samla dette skeidet folk frå omkringliggende bygder til handel, sosialt samkome, hestekamp, -kappløp og andre kappestridar. Skeid har røter i vikingtidssamfunnet, og er også kjent i sagalitteraturen (Solheim 1956, 1961; Stylegar 2006; Loftsgarden mfl. 2017). Skeidet i Valle er døme på eit fleirfunksjonelt samkome der det var eit samspel mellom økonomiske og sosiale sider.

Det er ikkje urimeleg å anta at det har vore ein marknadsplass eller skeid i Valle alt i sein vikingtid eller tidleg mellomalder. Basert på lokaliseringa av skeidet i tidleg nytid, er det sannsynleg at marknadsplassen låg på grunnen til prestegarden/Valle gard som var blant dei største gardane i Setesdal (Ryningen mfl. 1987:381). Ein kan soleis vente at marknadsplassen vart organisert under leiging av ein eller fleire storbønder i Valle.

Gjennom mellomalderkjeldene skin det gjennom at det har budd mektige bønder i Setesdal og gravmaterialet tyder på at mykje av makta og rikdommen i Valle låg i handel eller kontroll av handel. Det store mengdene jern som vart framstilt på Hovden og i Bykle nord for Valle, og lokaliseringa som bindeledd mellom innland og kystområda, må sjåast som sentrale element i så måte. Denne lokaliseringa er sannsynlegvis også ein viktig årsak til kontinuiteten i Valle si rolle i samband med handel og samkome, sjølv om kva ressursar som vart utnytta, og kva varer som inngjekk i handelen endra seg over tid.

6.5 Kyrkjestølen på Filefjell

Frå 1600-talet og fram til 1808 vart det halde marknad og samkome ved St. Thomaskyrkja på den såkalla Kyrkjestølen på Filefjell, og det er sannsynleg at dette var ein vidareføring av bruken av området i mellomalderen. I tidleg nytid var dette ei av dei største årvisse marknadane i det sørnorske innlandet og samla folk frå



Figur 6-10. Oversiktskart, Kyrkjestølen (Kart: K. Loftsgarden).

omkringliggende bygder så vel som handelsmenn frå Bergen (Hodne og Dybing 2000:183).

Ei sentral ferdselsåre mellom aust og vest var over Filefjell mellom Valdres og Sogn. Av alle fjellovergangane er denne den lågaste og kortaste og den er skildra brukt blant anna i Sverres saga (Sverres saga, kap. 77), og i 1790 vart den fyrste køyrbare vegen (Kongevegen) mellom Austlandet og Vestlandet bygd over Filefjell. Kyrkjestølen ligg ved denne sentrale ferdselsåra, som eit knutepunkt mellom aust og vest, jf. figur 6-10


Arkeologiske spor

Stavkyrkja vart riven i 1808 og det er difor knytt noko uvisse rundt når den vart bygd, men den tilsynelatande likskapen til Høre og Borgund stavkyrkjer gjev grunn til å datere St. Thomaskyrkja til omkring 1200 (Fønhus og Hovi 1923; Christie mfl. 2013).

Utvendig har kyrkja vore relativ enkel utan mange utskjeringar, men innvendig ser det ut til at kyrkja har vist seg frå ei anna side. I eit kongeleg reskript frå 1747 heiter det at St. Thomaskyrkja har «zirlige Ornamenten i Overflødighed» og «et anseeligt Inventarium» (Pontoppidan 1752:70; Wessel-Berg 1842:23). Likeins tyder bevarte helgenbilete og spesielt eit forgylt relikvieskrin på kyrkja si rikdom (Christie mfl. 2013). Dette inventaret speglar ein rikdom som har kome til kyrkja gjennom gåver. Som kyrkja i Røldal var St. Thomaskyrkja ei votivkyrkje eller lovekyrkje, og var oppført og vedlikehalda hovudsakleg gjennom private bidrag og gåver (KLNMM XX:258; Aukrust 1993:733–734).

Også etter stavkyrkja vart riven har området vore nytta til samkome og i 1971 vart det sett opp ei ny kyrkje her. Tufta etter stavkyrkja kan framleis sjåast om lag 10 m vest for den nye kyrkja. Tufta har ein breidde på 6–7 m og lengde på ca. 14 meter. I tillegg til denne tufta er det registrert fleire tufter her av varierende form (id 128587). Alder og funksjon på desse tuftene er ikkje klarlagt. Sjølv om dei fleste nok er knytt til stølsdrift i nyare tid, kan det tenkjast at ei eller fleire av desse er knytt til stemne eller ferdsel over fjellet.

Steen antok at det stod eit sælehus på Kyrkjestølen før Nystoga vart bygd ved Otrøvatnet om lag to km aust for Kyrkjestølen (Steen 1929:339), jf. figur 6-11.



Figur 6-11. Kart over Kyrkjestølen og nærområdet (Kart: K. Loftsgarden).

Sælehus var ein form for herberge for reisande og vart ført opp på fjellovergangar og aude ferdselsårer, så som Hjerkin fjellstue på Dovre eller Maristova (Margretestova) på den vestleg sidan av Filefjell (Steen 1929:338–339; Hougen 1944:207). Sælehus er nemnt i sagalitteraturen og i Gulatingslova (G X 1–2). Den arkeologiske undersøkinga av Hjerkin fjellstue viser at opphavet til sælehusa kan sporast attende til iallfall tidleg mellomalder (Hougen 1944:207). Kong Øystein Magnusson (1103–1123) skal ha lete gjere sælehus på Dovrefjell og i 1358 stadfestar Kong Haakon (VI) Maristova som sælehus (DN XI, nr 47).

I kva grad konge- og kyrkjemakt i realiteten var knytt til sælehus er usikkert og både Steen og Bjørn Hougen meiner at det var dei som brukte sælehusa som også reiste dei, og at konge og kyrkje var lite involvert (Steen 1929:338; Hougen 1944:207).

Funn i omkringliggende område

Det er gjort fleire lausfunn i området rundt Kyrkjestølen, blant anna eit einegga sverd, moglegvis frankisk, frå den seinaste delen av 700-talet (C22879). Sverdet skal vere

funne ved Kyrkjestølen, men funnkonteksten er usikker (Hougen 1958:171). Det er også gjort funn av spydspissar (C16222) nær Nystoga. I gjennomgangen av funn og fornminne omtalar Hougen (1958:193) dette som funn av 22 spydspissar, men i Kulturhistorisk museum sin hovudkatalog er berre ein spydspiss omtala.

Det er ikkje gjennomført arkeologiske undersøkingar på Kyrkjestølen, men i samband med undersøkingane av fjellstuer utførte Hougen i 1939 ein arkeologisk undersøking av ei hustuft som skal vere etter Gamlestoga, lokalisert sør for Otrøvatnet som etter lokal tradisjon skal ha vore eit sælehus som var i drift før Nystoga. Gamlestoga er bygd på eit jernframstillingsanlegg og må såleis vere bygd etter sein vikingtid eller tidleg mellomalder (Hougen 1944; Larsen 2009:137).

Det er òg registrert og undersøkt fleire andre tufter i området. Dei fleste er tolka som stølshus. Nokre av dei er datert tilbake til 600-talet, men hovudvekta ligg på tidleg- og høgmellomalder (Helmen 1949; Tveiten 2012:166). Dei mest talrike og undersøkte kulturminna på Filefjell er likevel kolgroper og jernframstillingsanlegg, og særleg i dei siste 20 åra har spor etter jernframstilling vore gjenstand for omfattande arkeologiske undersøkingar (Larsen 2009:137–138).

Skriftlege kjelder om marknadsplassen

Presten Herman Ruge skreiv om St. Thomaskyrkja i 1750 og fortel at kyrkja lenge stod aude og gløymt, men at soknepresten Thue Auchessøn, som var prest i Vang frå 1643 til 1673, overtalte allmugen til å sette i stand kyrkja (Ruge 1916 [1750]:38–39; Ødegaard 1917:61). Det vart då gjennomført messe 2. juli kvar sommar, på Syftesokdagen. Dette var neppe tilfeldig, men fornying av ein gamal valfart- og stemnetradisjon (Hodne og Dybing 2000:183). Rundt Syftesokdagen vart det kvar sommar også arrangert marknad på Kyrkjestølen, med vareutveksling og sosialt samkome (Myhre 1928:234).

Som ved Røldal kyrkje var St. Thomaskyrkja eit pilegrimsmål og kyrkja var antatt å ha ein form for lækjande krefter. Det vart difor gjeve gåver til kyrkja, og på midten av 1700-talet skal St. Thomaskyrkja hatt ein kapital på 400–500 riksdalar og gav presten i Vang ei årleg inntekt på 40 riksdalar (Ey 1916:29; Ruge 1916 [1750]:42).

Som også var tilfelle med Røldal ser denne nærast katolske skikken ut til å ha ergra den øvre kyrkja og med biskopen i spissen vart St. Thomaskyrkja riven og seld i 1808.

Segn og tradisjon

Det at kyrkja vart oppført på 975 m.o.h. og såpass langt frå fast busetnad har ført til spekulasjonar rundt kvifor ho vart bygd. Det er blant anna blitt hevda at kyrkja vart bygd av og for ein fast busetnad i Smeddalen vest for Kyrkjestølen, ein befolkning som livnærte seg på jernframstilling og anna smedverksemd (Ruge 1916 [1750]; Skoug 1975:60).

Bakgrunnen for desse segna er dei mange jernframstillingsanlegg med blestertufter ein finn i området. Det er likevel lite som peikar mot at det har vore ein fast busetnad i Smeddalen. Og i alle tilfelle er hovudtyngda av undersøkte jernframstillingsanlegg og kolgroper på Filefjell blitt datert til sein vikingtid (Larsen 2009:138).

Eigar- og brukstilhøve

Kyrkjestølen ligg godt over ei mil frå næraste gard og i tidleg nytid har Kyrkjestølen og resten av den austlege delen av Filefjell vore stølsallmenning for gardane i Øye sokn i Vang kommune, og naturleg nok særleg gardane nærast Filefjell, altså ved Øvre Dalen (Tveiten 2012:161). Eit område rundt Nystoga var den einaste større statsallmenningen i området i tidleg nytid, dei resterande fjellområda var stølsallmenning eller private eigedomsområde (Hermundstad 1960:249; Tveiten 2012:161).

Samlande vurdering

Fjellovergangen over Filefjell mellom Valdres og Sogn er ei av dei mest nytta kommunikasjonslinene mellom aust og vest. At varer vart ført over fjellet her er indirekte synleg i mellomalderkaupangen i Kaupanger og dei seinare marknadane i Lærdal og på Kyrkjestølen. Stavkyrkja som vart bygd på Kyrkjestølen kring 1200 kan tyde på at eit årlege fleirfunksjonelt samkome her kan først attende til høg mellomalderen.

Skriftlege kjelder tyder på at kyrkja har vore ute av bruk ei stund før både den årvisse marknaden og kyrkja blir tatt opp att på midten av 1600-talet. Om ein reknar at marknaden har fylgt bruken av kyrkja, noko som ikkje er usannsynleg, ser det ut til at det var ein årleg marknad ved Kyrkjestølen i høgmellomalderen.


Det er sannsynleg at både kyrkja og marknaden mista sin betydning i løpet av 1300-talet, med folkenedgang og brot i økonomiske nettverk. For så å bli tatt opp igjen på 1600-talet, i takt med auka folketal og økonomisk differensiering. Dette tyder på at Kaupanger og Kyrkjestølen var i bruk samstundes, noko som moglegvis kan indikere at dei tente forskjellige økonomiske sjikt og aktørar i samfunnet.

6.6 Hallingskeid

I fjellområda mellom Hallingdal, Sogn og Hardanger er det fire stader som er namngjeven Hallingskeid, jf. figur 6-12. Stadnamnet og segn indikerer at stadene kan ha fungert som årvisse møteplassar med vareutveksling og sosialt samkome som til dømes hestekampar og –kappløp. Metallsøkarundersøkingar har påvist hestesko, hesteskosaum, knivar og eldstål og ved Hallingskeidsanden er det også funne teltringar.

Det er påvist funn og strukturar som indikerer bruk av områda til samkome og marknadsplass på alle lokalitetane, med unntak av Hallingskeid i Eidfjord. Området ved Hallingskeid i Eidfjord vart synfare over to dagar i august 2013 utan at det vart påvist funn eller strukturar som kunne hjelpe med å belyse bruken av området. Dette kan ha fleire årsaker, men Hallingskeid i Eidfjord vil uansett ikkje bli vektlagt i det vidare analysen.

Eg har ikkje hatt høve til å synfare Hallingskeid i Fødalen, og gjennomgangen av denne lokaliteten vil difor vere kort. Eg vil derimot gå i djupna på Hallingskeid i Grøndalen og Hallingskeidsanden, der fyrstnemnte er best undersøkt.



Figur 6-12, Oversiktskart over dei fire Hallingskeid (Kart: K. Loftsgarden).

Hallingskeid i Grøndalen

Hallingskeid i Grøndalen er sentralt plassert mellom Aurland og Sogn i nord og Osa og Hardanger i sør, og fleire slep møttest her jf. figur 6-13. Lokalhistoriske verk fortel om bruken av staden til samkome og marknadsplass (jf. Olafsen 1925; Opedal 1987; Ohnstad 1991), og metalløskarfunn indikerer eit samkome av typen skeid i mellomalder eller i tidleg nytid.

Den eksakte staden for marknaden er ikkje kjent, men tre område peikar seg ut i frå namn og topografi; ved den så kalla Marknadsbui ved øvre Grøndalsvatn, på ei øy i sørenden av Nedre Grøndalsvatn i området kalla Øyane, og ved Hallingskeidstølen der elvene Moldo og Skoma møtes.

Alle stadane er karakterisert ved større flate sletter. Desse tilnærma steinfrie stadane skil seg ut frå omkringliggende område som er kupert med berg og flyttblokkar. Særleg Øyane i sørenden av Nedre Grøndalsvatn (978,5 moh) peikar seg ut som ein eigna stad for samkome. Den største øya her er flat med sand/morenegrunn og lite blokkstein og her er det registrert eit kokegropfelt. Elva Moldo som renn ut i



Figur 6-13 Oversiktskart over Hallingskeid i Grøndalen (Kart: K. Loftsgarden).




Figur 6-14, Øyane, sør ved Nedre Grøndalsvatn. Foto tatt mot nordvest (Foto: K. Loftsgarden).

Nedre Grøndalsvatn delar seg og omringar øya, jf. figur 6-14. Øya er om lag 450 m lang og 180 m på det breiaste. Det er fleire flate jord- og sandbankar på øya, og det er påvist at elva til tider har gått mellom desse.

Grøndalen vart fyrst arkeologisk registrert i 1978 (Gustafson 1982). Etter det er det ikkje gjort større arkeologiske undersøkingar før det vart gjennomført relativt omfattande undersøkingar i samband med arkeologisk feltkurs i 2015 og 2016 (Berg mfl. under arbeid).

Arkeologiske spor

Tufta Marknadsbui er lokalisert ved eit historisk slep, nord for Øvre Grøndalsvatn, jf. figur 6-15. Tufta har ytre mål på ca. 10 x 6 m og indre mål på om lag 5,75 x 4,0 m, og er orientert aust-vest. Murane er ikkje meir enn ca. 0,5 m høge. Det er lite stein rundt murane og det ser ut til å vere eit markert inngangsparti på langsida mot nord, jf. figur 6-16. Nord for tufta er det ein flat slette på ca. 10 x 30 meter, og vest for tufta er det spor etter eit mindre bekkefar. Om lag 600 m lenger mot vest på nordsida av Øvre



Figur 6-15, Oversikt over Grøndalen og registrerte kulturminne (Kart: K. Loftsgarden).



Figur 6-16, Tufta «Marknadsbui» og området rundt. Foto tatt mot sørøst (Foto: K. Loftsgarden).

Grøndalsvatn er det eit stølsområde med fleire tufter, men desse er mindre og veggane er i stor grad bygd opp av stein.

I 2016 vart tufta dokumentert og undersøkt med ei prøvesjakt, det vart tatt ut ei kolprøve frå profilet sør i sjakta som vart datert til 1165–1220 e.Kr. (UBA-33087, 847±29). Alle massane frå sjakta vart sålda, og det einaste funnet var eit stykke eldflint.

Det omkringliggende området til tufta vart undersøkt med metallsøkar og det vart funne fem hesteskosaum. Det vart også funne ein pilspiss attmed ein flyttblokk om lag 70 m sørvest for tufta (B17779/1). Pilspissen har fal, ikkje tange, og liknar R.535 (Rygh 1999 [1885]:18). Jan Petersen gjev ei typologisk datering av denne pilspisstypen til merovingartid (Petersen 1919:48). Ved den same flyttblokken vart det også funne ein hestesko. Dateringane tyder på at pilspissen ikkje har noko samband med tufta.

Kva funksjon denne såkalla Marknadsbui har hatt er usikkert. Om den skal settast i samband med stølsdrift, må den representere ein annan og tidlegare fase enn

stølsområdet ved Øvre Grøndalsvatn. Ein indikasjon på bruksområde anna enn stølsdrift er at det i samband med registreringa på 1970-talet vart gjennomført fosfatanalyse av jordprøver frå tufta. Analysen viste låge verdiar, noko som indikerer fråvær av husdyr (Gustafson 1982:41).


Eit anna område som moglegvis kan settast i samband med samkome er som nemnt på Øyane i sørenden av Nedre Grøndalsvatn. Her vart det i 1978 registrert eit kokegropfelt (reg.nr. 20/id 212330), og i samband med dei arkeologiske feltkursa i 2015 og 2016 vart dette kokegropfeltet undersøkt. På øya vart det registrert til saman 25 kokegropar og ei røys med skjørbrent stein, noko som gjer kokegropfeltet blant det største som er kjent i det sørnorske fjellområdet.

Sju av kokegropene og røysa vart undersøkt i 2015, medan ytterlegare åtte vart undersøkt i 2016. Kokegropene hadde ein indre diameter på mellom 120 og 160 cm og ein djupne, frå topp av voll til botn av kollag, på mellom 40 og 80 cm. Frå profilet av alle undersøkte strukturar vart det tatt ut trekolprøver og eit utval vart vedart- og C-14-analysert, jf. figur 6-17.

To av dei daterte kokegropene skil seg ut som tidlege. Det gjeld ei kokegrop, 2AK294 som er datert til sein neolittisk tid og røysa med skjørbrent stein, 2A100, som er datert til eldre bronsealder. Det finst døme på nokre få kokegropar i utmark som har like tidlege og tidlegare dateringar. Ved Breheimenundersøkingane vart det til dømes registrert to kokegropar med datering til mesolittisk tid (Randers 1986:78). Desse låg likevel utanfor støls- og beiteområde og nærare høgfjellsterreng.

Med omsyn til 2AK294 er gropa djup og det låg til dels tjukke masser over kollaget, gropa er lokalisert som del av kokegropfeltet, men på kanten av jord- og sandbanken. Storleiken på den skjørbrente steinen i røysa, 2A100, tyder på at dei stammar frå bruk i kokegrop og ikkje som kokstein. At dateringane frå røysa ikkje fell saman med den nærliggande kokegropa tyder på at røysa er frå ein tidlegare bruksfase av kokegropene. Dette kan også tenkjast som ein mogleg forklaring på den tidlege dateringane av 2AK294, det vil seie at denne ikkje vart tatt opp og brukt om att i seinare fasar fordi gropa vart liggande på kanten av jord- og sandbanken som fylgje av flaum som eroderte vekk grunnen nord for gropa. Slik vart denne gropa upraktisk å bruke om att i seinare periodar.

OxCal v4.3.2 Bronk Ramsey (2017); r.5 IntCal13 atmospheric curve (Reimer et al 2013)



Figur 6-17, Dateringsresultat frå C-14-analysene av kokegroper i 1978, 2015 og 2016, kalibrert gjennom OxCal 4.2 (Bronk Ramsey 2009; Reimer mfl. 2013).

Sju av dei daterte kokegroperne ligg innanfor førromersk jernalder og romartid, og fell saman med hovuddelen av andre undersøkte kokegroper i norske fjellstrøk (Gustafson 2005a:213–214). Den yngste kokegropa er likevel datert til tidleg vikingtid (UBA-33870, 1204 ± 25), noko som indikerer eit særst langt tidsspenn i bruken av kokegropfeltet.


Funn på staden

Ved undersøking av kokegrop, 2AK266, vart det funne to bitar av flint. Dette kan vere spor etter ein tidlegare buplass/aktivitetsområde, men det er meir sannsynleg at det er eldflint. Berre basert på flintens form og utan vidare undersøking er det likevel vanskeleg å gje ein endeleg konklusjon.

Området rundt kokegropene vart også systematisk undersøkt med metall søkar. Alle funn som ikkje var tydeleg moderne vart innmålt med totalstasjon og tatt med inn. Sett vekk frå flinten funnen ved kokegrop 2AK266, vart det ikkje gjort funn med klar tilknytning til strukturar. Til saman vart det funne to knivar, seks hestesko og ei rekke hesteskosaum (BRM1070 og BRM1090), jf. figur 6-18 og figur 6-19. Alle funna vart gjort i eller rett under torvlaget og kan indikere samkome der hest har vore ein sentral bestanddel.



Figur 6-18, Kniv, BRM1090/1–2 og hestesko, BRM1090/3–6, (Foto: K. Loftsgarden).



Figur 6-19, Ortofoto med oversikt over metalløkarfunn og strukturar (Kart: K. Loftsgarden).

Det er ikkje før i yngre jernalder det er funne spor av forsterking av hestens hovar i Skandinavia, fyrst i form av isbroddar, så også hestesko (Færden 1990:245–246; Meling 2000). I tidleg mellomalder ser det ut til at bruk av hestesko var blitt vanleg i Norden (Færden 1990:246; Gansum 2002:31; Ekman 2007).

Då det ikkje er gjennomført ein fullstendig gjennomgang av hestesko i nordisk kontekst frå mellomalder, er bruk av hestesko- og hesteskosaum som dateringsmateriale heft med ein del uvisse og det er vanskeleg å gje ein presis typologisk datering. Anslagsvis, basert på storleik og utforming av dei funne hesteskorne og -saumane, kan ein likevel anta at hesteskorne funne på Hallingskeid moglegvis er av seinmellomaldertype, eventuelt noko yngre (jf. Wallander 1998; Gansum 2002; Ekman 2007:158–173).

Likeins er det vanskeleg å gje ei typologisk datering av knivane, liknande knivar er i bruk iallfall gjennom vikingtid og mellomalder (Arrhenius 1998).

Segn og tradisjon

Området rundt Hallingskeidstølen, 800–900 m vest for togstasjonen, har blitt nemnt som staden der marknaden eller skeidet vart halde (Opedal 1987:82–83; Bach og Gjerdåker 1994:12–13). Her møtast elvane Moldo og Skoma og rammar inn ei stor grasslette. Stølen høyrer til garden Osa og skal ha blitt tatt opp rundt 1820 (Olafsen 1925:129). Det er ikkje registrert strukturar eller funn som indikerer at det har vore eit skeid her.

Historikaren Anders Ohnstad (1991:35–36) skriv at det også skal ha vore ein marknad ved Øvre Grøndalsvatn, «Grøndalsmarknaden», som skal ha vore nytta etter Hallingskeid gjekk ut av bruk. Det er ingen skriftlege kjelder som omtalar dette stemnet, men den tidlegare nemnde tufta Marknadsbui var av Ohnstad sett i samband med denne marknaden. Dette stemmer likevel ikkje overeins med resultat frå dei arkeologiske undersøkingane her.

Eigar- og brukstilhøve

Både lokaliseringa og stadnamn, som «Hallingskeid» og «Austmannatjørni» to km vest for Øvre Grøndalsvatn, peikar mot at området har samla folk ikkje berre frå dei næraste grendene, men også frå fjellbygdene aust for Hardangervidda. Det er likevel

Osa som ser ut til å ha hatt dei sterkaste bruks- og eigarrettane i området og alle stølane på Hallingskeid høyrer til Osagrenda ved gardane Osa og Sævartveit (Olafsen 1925:129; Kolltveit mfl. 1987:291).

Desse gardane ligg inst i Osafjorden, ein 12 km lang avstikkar frå Eidfjorden. Høge, bratte fjell omkransar fjordbotnen, men området er prega av flate terrasser og elvene Norddøla og Austdøla som skjer gjennom terrenget. Sævartveit er ikkje ført opp i dei eldste skattemanntala, og blir fyrste gong nemnt i 1603 (Sertuedt), og då som øydegard (Lensregnskap Hardanger, Bergenhus, Hardanger, 1603 – 1605). Truleg er Sævartveit skilt ut frå Osa i løpet av tidleg- eller høgmellomalder, så vart garden liggande aude i seinmellomalder før den vart tatt opp att mot slutten av 1500-talet. Sævartveit ser ut å ha vore sjøveigande bondegods i 1647 (SM XI:182).

Garden Osa er nemnt i skriftlege kjelder fyrste gong i 1337 (DN II, nr 223). Storleiken på garden, lokaliseringa og gardsnamnet gjer det sannsynleg at garden er gamal og blant dei opphavlege i bygda. Kyrkja har vore deleigar i Osa og i 1647 utgjorde biskopen sin del på litt over tredelen av den samla landskylda (SM XI:181–182). Den geistlege innverknaden på Osa ser ut til å gå attende til iallfall midten av 1300-talet. Ifylgje Bergens Kalvskinn åtte Lavrantsaltaret, moglegvis i Domkyrkja eller Kristkyrkja, i Bergen ti månadsmatbol i Osa (BK, nr 29).

Det einaste sikre gjenstandsfunnet frå garden er eit mindre spyd av jern (B10494), dette er funne rett under torva på ein terrasse kalla Hjadlane. Elles skal det ha vore funne, og mista, ei «sølje», ei øks og meir på terrassen der sjøve garden ligg (Fett 1956:20). Vidare er tre tufter frå tidleg mellomalder arkeologisk undersøkt på Osas grunn sørvest for Austdøla. Under denne undersøkinga vart det også avdekt strukturar frå eldre jernalder (Randers 1993).

Like til 1918 skal det òg ha vore synleg ei tuft ved vatnet i Osa, ei tuft som skal ha vore så stor som fire vanlege naust. Denne blir i lokalhistorisk litteratur sett i samband med marknaden på Hallingskeid og tolka som lagerhus for handelsmenn (Kolltveit mfl. 1987:286; Opedal 1987:83).

Samlande vurdering

Ved Hallingskeid i Grøndalen er det kjent ein rekke kokegroper. Denne kulturminnetypen er så langt ikkje funne på dei tre andre Hallingskeida. Kokegropene

er spor etter bruken av området til samkome i eldre jernalder, og saman med stadnamnet og metallsøkarfunn indikerer dette at området har vore nytta som møteplass over lang tid frå jernalder, mellomalder og tidleg nytid. Den sentrale plasseringa må reknast som avgjerande i så måte. Ved Hallingskeid møttest ferdselsårar frå Sogn i nord, Voss i vest, Hardanger i Sør og Hallingdal i aust.

Tre område skil seg ut som moglege plasseringar av marknadsplassen, ved Øvre Grøndalsvatn og tufta Marknadsbui, ved Hallingskeidstølen og ved Øyane sør i Nedre Grøndalsvatn.

Marknadsbui er ei tuft lokalisert ved Øvre Grøndalsvatn attmed ei ferdselsåre som er tydeleg markert i landskapet. Denne tufta frå høgmellomalderen har ingen tydelege parallellar i området og skil seg frå andre stølstufter her. Der det ved andre kjente tufter i området er tatt i bruk stein så langt det let seg gjera for å lage veggjar, er spora etter Marknadsbui berre låge steinmurar. Dette tyder på at huset vart oppført i tømmer, noko som i tilfelle betyr at bygginga av dette huset har kravd tid og ressursar. Det trongs betydelege mengder tømmer for å bygge veggjar og tak og dette måtte bli frakta frå lågareliggande område.

Det einaste funn som vart gjort i tufta var eldflint og det er difor vanskeleg å gje eit sikkert svar på bruken av tufta. Det var ingen synlege beindynger attmed tufta og pilspissen som vart funne i nærområdet har ein tidlegare datering enn tufta. Det er såleis lite sannsynleg at tufta kan knytast til jakt og fangst.

Ved registreringa av tufta i 1978 vart det påvist låge fosfatverdiar, noko som kan indikere fråvær av husdyr. Det er såleis mogleg at tufta kan ha hatt ei rolle i samband med handel og ferdsel. Eg vil likevel ikkje legge stor vekt på resultatet frå fosfatanalysen, då det ikkje er opplyst om kor mange jordprøver som vart tatt ut frå tufta eller kvar dei vart analysert. Då det heller ikkje er funne liknande solide spor etter hus i samband med andre marknadsplassar, finn eg er det mest sannsynleg at tufta er spor etter tidleg stølsdrift i området.

Som alt nemnt, er området ved Hallingskeidstølen også ofte dratt fram som staden for marknaden. Her er det store flate grassletter godt eigna til samkome, men det er likevel ingen funn eller strukturar som peikar mot denne bruken.

Samla sett, er det difor sannsynleg at marknadsplatsen på Hallingskeid i Grøndalen, har vore på Øyane. Sjølv om det òg kan tenkjast at fleire av dei nemnde stadane har vore nytta og det har skjedd ei endring over tid. Øyane ligg sør i Nedre Grøndalsvatn og på den største av desse flate, graskledde øyane er dei fleste metallsøkarfunn gjort, det er også her mesteparten av kokegropene er lokalisert. Staden skil seg ut i landskapet, og funn og strukturar vitnar som staden si rolle som eit regionalt knutepunkt både i jernalder og mellomalder.

Så kan ein argumentere for at metallsøkerfunna på Øyane kan vere knytt anna bruk av området, som stølsdrift. Ein burde då forvente å finne liknande funn på flatene ved Hallingskeidstølane, men dette er ikkje tilfelle. Dette området er gått over med metallsøkar i fleire omgangar, både i 2014 og 2016, men med unntak av moderne søppel er det gjort få metallsøkarfunn i dette området. Trass i at staden har vore nytta som støl iallfall sidan 1820. Det ligg såleis nære å knyte metallsøkarfunna på Øyane opp mot samkome eller skeid som samla større mengder folk.

I tillegg, om Øyane vart nytta til stølsbeite for hest, er det sannsynleg at hestane gjekk utan hestesko og ein ville ikkje finne hestesko og -saum i den mengda som er gjort her (Solveig Danielsen, Geilo hestesenter, personleg kommunikasjon, 26.1.2016). Hesteskorne og knivane funne på Øyane kan forsiktig daterast til seinmellomalder eller hundreåra etter reformasjonen. Dette betyr likevel ikkje at det ikkje kan ha vore marknad her også tidlegare.

For ytterlegare å kaste ljøs over marknaden på Hallingskeid kan ein sjå til Osa, som hadde, og har, bruks- og eigedomsrett i Grøndalen. At det har budd folk i Osa som også dreiv handel ser ein ved at dei var involvert i bynæringane i Bergen. I eit diplom frå 1337 der garden Osa fyrste gong er nemnt møter ein Sigurd i Osa som var med på eit skifte i husa i Brødregarden på Bryggen i Bergen (DN II, nr 223; Kolltveit mfl. 1987:286). Slik at han, i lag med ein Gudbrand Gudbrandsson fekk den eine halvdel av dei i alt 38 bygningane i bygarden. Moglegvis kan tilgangen til varer frå Hallingdal og andre regionar gjennom marknadsplatsen på Hallingskeid ha vekt i den forbindelse. Kjeldene indikerer at også kyrkjemakta har hatt ein interesse i garden Osa.

Eg meiner det likevel er sannsynleg at rolla til handelsmenn frå Osa, og eventuelt indirekte kyrkjemakta, kan ha vore som aktørar i handelen, og ikkje som ein

organisator som kontrollerte handelen. Når marknaden vart halde på Hallingskeid var det fordi det var ein stad der alle partar med tilgang til ulike ressursar kunne oppnå fordelaktig byte. Dette blir vidare underbygga av liknande årvisse marknadsplassar som vart halde i tidleg nytid.


Hallingskeid i Fødalen

På Lærdalsfjella er det to stader med namnet Hallingskeid, omtala som vestre og austre Hallingskeid. Hallingskeid i Fødalen er den austre av desse, og er lokalisert ved ei sentral ferdselsåre mellom indre Sogn og Hallingdal, jf. figur 6-20.

Denne Hallingskeid er kanskje mest kjent gjennom Reinton si doktoravhandling *Villandane: ein etterrøknad i norsk ættesoge*, som tok for seg segn og tradisjonar knytt til Villandsætta frå øvre Hallingdal og freista å verifisere tradisjonen gjennom tingbøker og anna skriftleg materiale. Her blir Hallingskeid omtala som ein grasslette på fjellet mellom Ål og Lærdal og det blir fortalt om at folk frå Hallingdal, Valdres og Sogn møttest her kvar sommar for dans, hestehandel og hestekamp (Reinton 1939:40–41).

Universitetsmuseet i Bergen ved Morten Ramstad og Trond Linge gjennomførte ei synfaring av området i 2015. Dei gjekk då også over området med metalløskar og trass i ein relativt hastig undersøking vart det funne hesteskosaum, hesteko, og eit eldstål (Morten Ramstad, personleg kommunikasjon, 6.1.2017). Funnsamansettinga minner mykje om dei to andre undersøkte Hallingskeida. Det var ingen spor etter moderne aktivitet.

Lokaliseringa av både Hallingskeidsanden og Hallingskeid i Fødalen i fjellet attmed ferdselsårer, vitnar om handel og kontakt mellom Indre Sogn og Hallingdal. Desse to lokalitetane er baa lokalisert i Lærdalsfjella og det er grunn til å anta det ikkje er store forskjellar verken i brukstid og funksjon, eg vil difor gje ein samla vurdering av baa desse stadene etter gjennomgangen av Hallingskeidsanden.



Figur 6-20 Oversiktskart over Hallingskeidsanden og Hallingskeid i Fødalen (Kart: K. Loftsgarden).

Hallingskeidsanden

Vestre Hallingskeid, Hallingskeidsanden, ligg attmed Hallingskeidvatnet i Lærdalsfjella. I lokalhistorisk litteratur er staden omtala som eit «svært gamalt kulturelt møtepunkt mellom folk frå aust og vest» (Christensen 2000:20).

Hallingskeidvatnet ligg i fjellområdet sør for Lærdal, nord for Hallingdal og vest for Aurland, jf. figur 6-20. Sjøelve vatnet ligg på 1397 m.o.h. og det er difor lite vegetasjon i området, anna enn gras, mose og lav.

Hallingskeidsanden er i dag del av Lærdal Austre Statsallmenning. Det er sannsynleg at området i hovudsak har vore brukt av befolkninga i Lærdal også tidlegare. Særleg knytt til jakt, fangst og fiske, sidan området ligg for høgt til stølsbruk.

Området rundt Hallingskeidvatnet vart undersøkt i 2014 og det vart registrert fem teltringar, og funne seks hesteskosaum og ein hestesko (Loftsgarden og Ramstad 2015).¹⁹ Alle funn og strukturar gjort nordvest for vatnet. I dette området er det eit flatt platå om lag 10 m høgare enn vatnet, ca. 250 m langt og 30–50 m breitt. Platået går nordvest-søraust og skil seg ut i landskapet, avgrensa av eit til dels bratt berg som stig mot nordaust og brå skråning mot vatnet i sørvest. Det er lite stein på platået med vegetasjon av i hovudsak gras og mose, jf. figur 6-21.

Arkeologiske spor

Delar av området har vore arkeologisk synfare tidlegare. På slutten av 1970-talet vart fleire fangstanlegg påvist i nærområdet til Hallingskeidvatnet, og ein flintflekke vart funnen nord for utløpet av Hallingskeidvatnet (Johansen 1978:83–92).

Området vart også registrert tidleg på 1980-talet i samband med vasskraftutbygging (Dalland og Owen 1982). Totalt har undersøkingane avdekka fire teltringar og to eldstader. Ved bruk av metall søkar vart det i 2014 også gjort funn av ein hestesko og seks hesteskosaum.

¹⁹ Undersøkinga vart gjennomført i samarbeid med Morten Ramstad frå Universitetsmuseet i Bergen.

Teltringar

På platået nordvest for vatnet, og 6–7 m sørsørvest for stien som går langs platået, vart det registrert ei tuft/teltring (teltring 1) med ytre mål på om lag 4 x 3,2 m. Flate mosedekte steinar markerer veggane og den står fram som noko opphøgd i forhold til området rundt. Det var likevel ikkje tydelege spor etter oppbygde veggjar og det er mogleg at dei flate steinane som markerer veggane har vore brukt til å halde nede ein teltduk. Det vart sett eit prøvestikk om lag midt i teltringen, men ingen kulturlag eller spor etter eldstad vart påvist.

Totalt vart det registrert fire liknande strukturar, og sjølv om nokre av desse er tilnærma kvadratiske vel eg å nytte omgrepet «teltring» om desse strukturane.


Rundt teltring 1 var det spor etter to eldstader. Det vart sett eit prøvestikk i eldstaden rett nordvest for teltringen. Profilet viste at det var eit kollag om lag 10 cm under overflata. Kollaget var veldig tydeleg, men utan større kolbitar. Det vart tatt ut ei kolprøve i profilet. Vedartsanalyse viste at det var bjørk, og prøva vart datert til så tidleg som 3600–3525 f.Kr. (BETA-400939, 4770±30).

Lenger mot nord på ein godt drenert sand/grusbanke med lite eller inga torv, ligg ei nærast rektangulær teltring med ytre mål på om lag 4,5 x 4,5 m (teltring 5). Veggane er markert med relativt store, i hovudsak flate steinar med mose på oppsida, jf. figur 6-23 og figur 6-21. Struktura ligg i svakt hellande terreng mot sør.

Teltring 6 ligg på eit flatt platå med utsyn over Hallingskeidvatnet. Det er lite stein på platået og relativt mykje vegetasjon av gras og lav. Steinane som markerer veggane, er flate og relativt store og delvis overgrodd med lav og torv, jf. figur 6-22. Teltring 7 ligg om lag 15 m vest for teltring 6. Det vart ikkje tid til å dokumentere og registrere denne struktura fullstendig.




Figur 6-21, Teltring 5 i forgrunnen. Foto tatt mot aust (Foto: K. Loftsgarden).




Figur 6-22, Oversiktsfoto av teltring 6, steinar markert med raud sirkel. Foto tatt mot aust (Foto: K. Loftsgarden).

Hallingskeidsanden, Lærdal kommune, Sogn og Fjordane
Område 1 - Hall 5
14.8.2014
KL/MR



Hallingskeidsanden, Lærdal kommune, Sogn og Fjordane
Område 1 - Hall 6
14.8.2014
KL/MR



Figur 6-23, planteikning av teltring 5 og 6 (registreringsnemning: Hall 5 og Hall 6).

Funn på staden

Delar av området nordvest for vatnet vart undersøkt med metall søkar, og det vart funne seks hesteskosaum, ein hestesko og eit fragment av jern av ukjent funksjon. Hesteskoen vart funne om lag 10 m nordvest for teltring 6. Skoen er godt bevart med tre hesteskosaum som framleis står i saumhola. Form og storleik gjer det sannsynleg at skoen er frå 1800–1900-talet (jf. Gansum 2002; Ekman 2007).

Alle heile hesteskosaum som er funne har flatt hovud, altså sommarsaum (Kjellén 2013:33), noko som tyder på at aktiviteten i området har gått føre seg på sommarhalvåret.

Samlende vurdering

Funn av teltringar på Hallingskeidsanden og metall søkarfunn av hestesko, hesteskosaum og eldstål legg ytterlegare tyngde bak stadnamna og indikerer at områda har vore nytta til marknad og sosialt samkome.

Teltringane er spor etter korte opphald, ingen spor etter kulturlag underbygger også dette, men det gjer det også vanskeleg å gje ein datering av teltringane. Det er ikkje påvist teltringar på andre liknande lokalitetar. Ein forklaring på dette kan vere at Hallingskeidsanden ligg så pass høgt og med så lite vegetasjon at slike spor trår klarare fram.

Frå tidleg nytid blir det skildra ein årvis marknad eller stemne som samla folk frå fleire grender og regionar med ulik ressursmessig utnytting og både økonomiske og sosiale aspekt ser ut til å ha vore av betydning i samband med oppkomst og den vidare bruken av stadene.

Såleis har Hallingskeid i Fødalen, så vel som dei andre Hallingskeid-lokalitetane, vore årvisse fleirfunksjonelle marknadsplassar. Det er vanskeleg å dra bruken av områda tilbake til sein vikingtid–høgmellomalder, dei funna som finst peikar mot seinmellomalder eller tidleg nytid, men det utelukkar ikkje at det har vore marknad her tidlegare.

Ein kan skimte eit mønster der stader som har vore nytta til samkome og marknadsplass i sein vikingtid–høgmellomalder går ut av bruk på 1300-talet for så å bli tatt opp att i tidleg nytid, dette ser ut til å vere tilfelle for Valle, Røldal og Kyrkjestølen. Dette kan òg tenkjast å ha vore tilfelle for Hallingskeid-lokalitetane.

6.7 Kolsfet i Numedal


Kolsfet ligg inst i Sæterdalen i eit område der fleire ferdselsveggar frå Hardangervidda møter Numedalen, jf. figur 6-25. Denne lokalisering, segn og arkeologiske strukturar indikerer stadens rolle i samband med handel og samkome.

Kolsfet er eit stølsområde i vestenden av Ossjøen (950 m.o.h.) der Heinelva og Numedalslågen samlar seg før elva renn vidare sørover gjennom Numedalen. Kolsfettangen er namnet på tangen som går om lag 600 m ut i vatnet og det er her marknadsplassen skal ha stått, jf. figur 6-24.

Området ligg i dag under garden Ramberg Søndre i Dagali, denne garden er fyrst nemnt i skriftlege kjelder på 1600-talet (NG V:455). Dagali er ei fjellbygd som ligg over 800 m.o.h. og det er ikkje kjent skriftlege kjelder, arkeologiske funn eller strukturar som indikerer fast befolkning i mellomalder eller tidlegare (Sønsterud mfl. 2000).



Figur 6-24, Utsnitt av foto av Kolsfettangen frå registrering av Dagalivassdraget (Foto: I. Martens, © Kulturhistorisk museum, UiO / CC BY-SA 4.0).



Figur 6-25, Oversiktskart, Kolsfjet (Kart: K. Loftsgarden).

Det er kjent ein rekke kulturminne frå Sæterdalen, særleg jernframstillingsanlegg og kolgroper, men òg fangstanlegg, gravminne og steinalderbuplassar. På sjølve Kolsfettangen er det tidlegare registrert spreidde kolgroper, ei rekke fangstgroper på tvers av tangen, flintavslag og kokstein.

Området vart synfare i 2013 og det vart funne to kokegroper på den vestre delen av tangen. Desse var knapt synlege på overflata, og måtte bli verifisert gjennom prøvestikk. Grundigare undersøkingar vil tvillaust avdekke fleire kokegroper i området. Kokegropene vart datert på furu, til 918–813 f.Kr. og 109 f.Kr. – 32 e.Kr. (UBA-24906, 2723±29; UBA-24909, 2029±26).

Langs ein av ferdselsvegane mot vidda, 3,5 km vest for Ossjøen, vart det i 1890 funne ei kvinnegrav som typologisk er datert til slutten av 800-talet (id 39858). Grava var plassert på ein låg naturleg grushaug, og markert med ein reist stein, 70–80 cm over bakken. Om lag 10 cm under jorda saman med kol og brente bein vart det funne eit ubestemmeleg jernstykke, 4 glasperler og ein armring av bronse (C15230–C15231).

Ytterlegare ein gravhaug er påvist 400–500 m nord for denne staden på ein morenerygg. Haugen har ein diameter på ca. 7 m og er ca. 1 m høg, med til dels tydeleg fotgrøft (Hougen 1947:195–196).

Med omsyn til mogleg marknadsplass, er Kolsfet omtala som «Kjøbstad» i beskrivinga til Lowsows kvadratmilkart (1847), attgjeven av Reidar Fønnebø:

Laagens søndre Strandbred er meget flad om Kolsfet og noget ovenfor. Paa denne slette skal, ifølge et meget bekjent sagn, engang have staaet en Kjøbstad ved Navn Kolsfet. Noget nærmere herom vidste man ikke at fortelle. Imidlertid skal Manden Lars Haarenatten fra Dagalid, der var bekjent som meget paalidelig, have forsikred at han har set Beskrivelse om denne Kjøbstad i et gammelt Skindbrev (Fønnebø 1988:128).

Dette tyder på at det var ein levande tradisjon om marknaden på Kolsfet tidleg på 1800-talet.²⁰

²⁰ Eg har ikkje funne att segna som Lowzow refererer til andre stader, heller ikkje skinnbrevet han omtalar som bevart i dag.

Samlande vurdering

Kolsfet er ein tange som går ut i vestenden av Ossjøen, sentralt plassert der fleire slep over Hardangervidda møter Numedalen. I området er det kjent ein rekke jernframstillingsanlegg, fangstanlegg så vel som gravminne og kokegroper. Desse kulturminna peikar mot Kolsfet sin sentrale lokalisering som bindeledd mellom Hardangervidda og Numedalen.

Lokaliseringa og segn om marknadsplassen har likskapar til marknadsplassane kjent frå Øvre Telemark, og om det har stått ein marknadsplass her kan det tyde på at denne har vore i bruk i etterreformatorisk tid. Det er likevel vanskeleg å dra sikre slutningar rundt bruken av Kolsfet som marknad, både knytt til om den faktiske eksistensen av ein marknad og eventuell brukstid og funksjon for marknadsplassen. Ytterlegare undersøkingar av staden er naudsynt for å kunne dra meir sikre slutningar.


6.8 Toresmoen i Øvre Telemark

Det er gjennom kontakten mot vest over vidda at lokalitetane Hørt og Hardingroe, Saltpytt og Åmyri, er kjente, jf. figur 6-26. Dette er stader som alle vart nytta som årvisse marknadsplassar i Rauland og Møsstrand i Øvre Telemark på 1700–1800-talet og det møtte folk frå Hardanger, Ryfylke og Øvre Telemark.

Skriftlege kjelder frå slutten av 1700-talet fortel at Toresmoen då hadde gått ut av bruk som marknadsplass (Wille 1956 [1786]:60). Skildringane av staden før oppdemminga av Møsvatn, innkomne funn og segn indikerer at Toresmoen si rolle i samband med samkome og marknad kan ha røter tilbake i mellomalderen.

Det ligg i dag spreidde gardsbruk rundt heile det om lag fire mil lange Møsvatn. Desse gardane utgjør Møsstrand og er ein av landets høgastliggande bygder med fast busetnad. Bygda ligg i sørkanten av Hardangervidda, og frå nordenden av Møsvatn går ein av dei historiske kjente slepene over Hardangervidda.

Møsvatn er oppdemt med høgast regulert vasstand på 918,5 m.o.h. Den fyrste oppdemminga skjedde i 1906 og den gamle normalvasstanden var på 903,1 m.o.h. Med ei oppdemming på 15,4 m vart i alt 34,25 km² sett under vatn, og innløpet i nord



Figur 6-26, Oversiktskart, Rauland og Møsstrand (Kart: K. Loftsgarden).

flytta seg nordvest til Mogen. Det gamle innløpet låg om lag 3 km mot søraust, ved Toresmoen.

Det vart ikkje gjennomført arkeologiske undersøkingar på Møsstrand i forkant av reguleringa, men opplysningar som ligg føre tyder på at ei stor mengd varierte kulturminne vart sett under vatn (Martens 1988:12; Kostveit 2000:10–11).

Arkeologiske spor

I 2013 vart det gjennomført synfaringar og arkeologiske undersøkingar ved lokalitetane Hørt, Hardingroe, Saltpytt og Åmyri. Dette er stader som er dokumentert var i bruk som marknadsplassar over fleire tiår på 1700- og 1800-talet. Likevel vart det ikkje påvist strukturar eller funn som kunne bli sett opp mot denne bruken i tidleg nytid. Delvis kan dette skuldast at det ikkje vart nytta metalløkar på desse undersøkingane. Med unntak av Hardingroe, som eg kjem nærare inn på under, vart det heller ikkje gjort funn som indikerer bruken av områda til handel eller samkome i mellomalder eller tidlegare.

Toresmoen har lege under vatn sidan 1906, det finst likevel ei rekke beskrivingar frå før Møsvatn var demt opp som gjer at ein kan spekulere i kva kulturminne som fanst her.

Ein sorenskrivar, J.C.P. Eliesen, opplyste til dømes Nicolaysen om då han i 1829 var på fottur på Møsstrand og fekk fortalt om ei kyrkje som hadde stått på «Thorismoen» og «ved at grave i jorden fantes paa en ikke liden strekning et Trækullag, hvori Levninger af Dyreben, saavidt jeg forstod rensdyrs- og elgdyrsben» (Nicolaysen 1861:27).

Likeins står det i bygdeboka om to informantar som fann eit lag av dyrebein på Toresmoen. Laget var «vidt som eit stogegolv og paa lag ei fjordungaln tjukt ». Kvart einaste bein var brote, og det vart funne ein pilspiss (C33104-a) og eit bryne i beinhaugen (Berge 1940:50). Pilspissen er typologisk datert til vikingtid-mellomalder (Martens 1988:112). Det er i tillegg gjort lausfunn av ytterlegare ein pilspiss (C33104-b) av vikingtidstype og ein kniv (C10505).

I eit brev til Oluf Rygh, dagsett 12. januar 1893 frå ein John K. Skaarberg (KHM, dok.nr. 16873), blir det same bein- og kollaget omtala. Skaarberg beskriv sletta



Figur 6-27, Foto frå undersøkinga av tuft ved Mogen, tatt mot aust (Foto: R. Utne, © Kulturhistorisk museum, UiO / CC BY-SA 4.0). Raud sirkel er lagt på biletet og indikerer den undersøkte tufta. Blå sirkel indikerer Toresmoen.

som ca. 2 km lang og 200 m brei og midt på sletta er det eit område 12–14 m langt, og 6–8 m i breidd og med eit 8–9 tommar tjukt lag «af kullsmørje og denne er bokstavelig fuld af ben store og smaa de største er neste alle kløvde». Skaarberg fortel vidare at det ikkje var spor etter hus eller tufter.

Andre har likevel beskrive spor etter tufter her, og i bygdeboka står det: «Det er merke etter eit større hus og ævur av ei husborg i rektangulær form; steinane er nedgrodde» (Berge 1940:50). Folkeminnegranskaren Rikard Berge skriv om fleire lokalkjente som har fortalt om at det var restar etter kyrkjegard og ei nedgrodd steinrad etter ei større hustuft, på om lag 12 x 6 m (Berge 1940:150–151).

Oppdemminga har gjort det vanskeleg å undersøke Toresmoen, men i 2016 gjennomførte Norsk Maritimt Museum sonarundersøkingar og dykking i området (Melsom og Wammer 2017). Dei fann fleire tufter frå tidleg nytid, jernvinneanlegg og ei kolgrop, men dei finn grunn til å anta at sjølve Toresmoen kan ligge lenger søraust enn området som vart undersøkt (Melsom og Wammer 2017:23–24).

Martens har undersøkt fleire andre hustuffer på Møsstrand og desse undersøkingane kan også hjelpe med å kaste ljøs over kva tuftene som er beskrive på Toresmoen representerer.

I 1960 undersøkte Martens ei tuft (id 19741) ved Mogen, ved dagens utløp av Kvenna, om lag 3,5 km nordvest for Toresmoen (Martens 1960) jf. figur 6-27. Tufta er på 13,5 x 8 m, utvendige mål, og utan spor etter inndeling. Ein steinalderbuplass låg under og rundt tufta. Inntil austveggen av tufta låg ein avfallshaug, 4–5 m i diameter med kolhaldig jord, skjørbrent stein og mengder godt bevarte bein, så godt som alt var frå reinsdyr. Dei fleste funn frå undersøkinga var frå kulturlaget inne i huset, men nokre av gjenstandane vart funne rett utanfor (C30088, C30629).

Til saman er det funne nær 170 skår av keramikk frå spannforma leirkar. På bakgrunn av dekor er skåra datert til midten og siste halvdel av 500-talet e.Kr. Det er sannsynleg at leirkara er produsert i Agder eller på Vestlandet (Bøe 1931:200–201; Martens 1973:15). Ein annan stor funngruppe er 13 pilspissar i jern. Det vart også funne ein lite stykke av eit grønt glasbeger, samt ein pinsett av bronse og ein annan av jern, og i tillegg til fem knivar, to nøklar, eit stort høvelblad, fil og hammar, alle av jern.

Hørt og Hardingroe

Som nemnt er Hørt og Hardingroe belagt som årviss marknadsplass på 1700- og 1800-talet. I samband med mine undersøkingar vart det ikkje funne spor etter denne aktiviteten, men funn av kokegroper og jernframstillingsanlegg viser at bruken av stadane har ein lang historie.

Stølen Hørt ligg ca. 4,5 km nordvest for Møsvatn. Stølsvollen er på ca. 110 x 50 m og det står no tre hus på vollen, der stølshuset i dag er nytta som hytte. Det er tett vegetasjon på stølsvollen og såleis vanskeleg å identifisere eventuelle strukturar.

Hardingroe ligg to km nordvest for Hørt, dette er òg ein nedlagt støl, men med langt mindre vegetasjon. Stølsvollen er på ca. 150 x 140 m og omringa av eit steingjerde. Inne på stølsvollen vart det registrert to jernframstillingsanlegg med blestertufter og renneslagg. Desse er ikkje datert, men organisering og slaggtipe gjer det sannsynleg at anlegga er frå tidleg mellomalder.

Meir uventa enn jernframstillingsanlegg var funn av to kokegroper. Desse var berre så vidt synlege på overflata og måtte bli verifisert gjennom prøvestikk. Det er difor sannsynleg at det finst fleire kokegroper her. Det er ikkje kjent kokegroper i dette området tidlegare og generelt er det få kokegroper i Øvre Telemark, då spesielt i utmark. Dette er også tilfelle for andre austlege fjellbygder. Enkelte kokegroper i utmark er likevel kjent, som blant anna ei eller kan hende to kokegroper ved Stegaros ved Mårvatn (Gustafson 1978), og det er også kjent fleire kokegroper i utmark på Vestlandet, som dei undersøkt på Hallingskeid i Grøndalen. Ei av kokegropene på Hardingroe vart datert på bjørk, til e.Kr. 423–561 (UBA-24904, 1557±27).

Funn i området

Eit av dei historisk kjente slepa kryssar elva Hondle ved Hardingvadet og går via Hardingroe og vidare ned mot Hardingbukte ved Møsvatn (Berge 1944:18). Og nettopp i Hardingebukte vart det funne eit blesterjern (C33241) på 12,5 kg. Blesterjernet vart funne i eit holrom mellom nokre steinar og representerer såleis eit depotfunn.

Om lag tre km frå Mogen attmed ferdselsvegen som går nordvest mot Nordmannslågen vart det funne fleire gjenstandar og brent bein under eit jordlag på ca. 30 cm på ein liten berghaug omringa av ein myr. Gjenstandane inkluderer eit sverd av Petersens (1919) M-type, ein spydspiss av K-type, ei ringnål av bronse og ein kniv (C24244). Grava er typologisk datert til 900-talet (Martens 1988:108).

Eit anna funn på Mogen vart gjort ca. 150 m nordvest for den tidlegare omtala tufta (id 19741). Her vart det funne ei øks og 12 pilspissar (C33103, C33565) som låg mellom stein i eit lite holrom, 80 cm langt og 50 cm høgt. Øksa er av Petersen (1919) type L og pilspissane type R.539, og depotfunnet er då mest sannsynleg frå sein vikingtid.

Skriftlege kjelder om marknadsplassane

Presten Hans Jakob Wille skriv fylgjande om Hørt i 1786: «½ Miil Nordost fra Holvig ligger et Sted kaldet Hort, en Sæter under Ingusland i Tind, hvor Hardangerne d. 6 Juli holde Marked med heste» (Wille 1956 [1786]:60). Berge skriv i 1940-åra om

informantar der besteforeldre møtte på marknaden på Hørt og kjøpte hest (Berge 1944:16).

Ein gong etter Wille hadde skrive om Hørt, vart marknaden flytt to km mot nord til Hardingroe. Også her vart det halde marknad den 6. juli (Einung 1926:430). Her stod marknaden fram til 1825, før han igjen vart flytt til Saltpytt. Årsaka til at marknaden vart flytt vest til Saltpytt skal ha vore den vanskelege vadestaden over elva Haala som skal ha kravd livet til ein mann med hest (Berge 1944:18).

Saltpytt var i bruk som marknadsplass frå ca. 1825 til 1850 (Opedal 1951:168). Før den igjen vart flytt til Åmyri i Rauland. Åmyri var etter gamalt allmenning, så ein kvar som ville kunne sleppe hestane sine der, men det er ingen indikasjonar på at Åmyri har vore bruka som marknadsplass tidlegare (Berge 1944:21). Åmyri var i bruk frå omkring 1850 til 1897 (Opedal 1951:168). Ein kan her sjå at det er den same marknadsplassen som blir flytt etter nokre tiår på kvar stad.

I ein fotnote i *Norske folkeviser* nemner presten og folkeminnesamlaren Magnus Brostrop Landstad marknadsplassen på Saltpytt som framleis var i drift då samlinga blir nedskriven. Han omtalar Saltpytt som «er øde og uboet Sted midt paa Grændsefjeldet, hvor endnu 8 dage efter Jonsok holdes Hestemarked, og hvor en stor Folkeforsamling i flere Dage og Nætter holder til under aaben Himmel» (Landstad 1968 [1853]:400).

Frå seinare statsråd Niels Hertzberg finst ei vitnebeskriving frå Saltpytt. Hertzberg var som ung gut med hestehandlarar over vidda til marknaden på Saltpytt. Han fortel at om natta låg dei under open himmel med underlag av mose og lyng. Han fortel vidare om kjøp og sal med fleire hundre hestar, og at det møtte opp fleire «sneis av Teledøler, Numedøler og Hallinger». Utover kvelden førte alle «kaupskaalere» til at Saltpytt vart «Skuepladsen for Drukkenskap, Trætter og Slagsmaal» (Hertzberg 1909:42–44).

Segn og tradisjon

Same stad som Wille i 1786 omtalar den samtidige marknadsplassen Hørt, skriv han: «I Enden af Vandet (Møsvatn) i Nord ved siden av Næthøl er et sted kaldet Thoresmoen, hvor Røldals Marked med Heste har staaet for 200 Aar siden» (Wille 1956 [1786]:60). Det må tydst slik at Wille meinte at marknaden som på hans tid og

før stod på Røldal, tidlegare heldt til på Toresmoen. Ein må rekne med at Wille baserer sine opplysningar på tradisjonen om marknadsplassen på Toresmoen.

Det er fleire segn og stev som fortel om denne marknadsplassen (Landstad 1968 [1853]:400). I tillegg er det eit segn om ei kyrkje som skal ha stått på Toresmoen, den såkalla Vini- eller Viningskyrkja. Frå 1700- og 1800-talet er det fleire kjelder som fortel om denne kyrkja. Alt i 1728 nemner amtmannen Christian Bergh at det før i tida skal ha vore ei kyrkje her (Dokumenter vedrørende Hardangerviddens retslige forhold, nr 133).

Dei tidlegare nemnde beskrivingane av tufter og strukturar på Toresmoen er sannsynlegvis også opphavet til sagnkyrkja. Sjølv om Viningskyrkja også er namnet på to nutar vest og aust for Møsvatn om lag to km sørvest for Toresmoen.

Frå same område er det også eit segn som fortel om at staden vart busett av folk frå Hardanger og at som motsvar til dette samla telemarkingane seg og skulle jage vekk nykommarane. Men befolkninga på Møsstrand fekk hjelp frå Hardanger og gjorde at nybyggarane slo telemarkingane i slaget som stod på Slagsvoll, om lag 600 m nord for Toresmoen. Det blir vidare fortalt at hardingane i takksemd bygde eit tempel til guden Tor, og at restane etter dette framleis er synlege.

Liknande segn er også kjent frå Sysendalen i Eidfjord (Haukenæs 1884:105–107; Berge 1940:120–121). Desse mange segn frå Toresmoen viser at staden har vore framme i folks medvit, dei er også ein stadfesting på kontakten mellom aust og vest, og særleg segna om slaget viser betydinga av ressursane som kunne hentast frå området.

Eigar- og brukstilhøve

Tufter og arkeologiske funn viser at det har vore busetnad på Møsstrand seinast frå folkevandringstid til høg mellomalder. Bygda ser så ut til å ha vore fråflytta i løpet av 1300-talet og det eldste samtidige skriftlege materialet frå området er frå 1520 og omhandlar sal av to øydegardar og fisket som låg til desse (DN XV, nr 150; Berge 1940:286).

Gjennom bygselbrev og skyldsettingsvurderingar blir det klart at gardane Argehovd og Juvik, lengst nordvest i Møsvatn og nærast Toresmoen, ikkje ser ut til å

ha vore rydda før på 1600- og 1700-talet (Dokumenter vedrørende Hardangerviddens retslige forhold, nr 132 og 133). Det blir då opplyst om at dei er rydda i Kongens allmenning.

For nærare å undersøke kven som kunne ha bruksrett og stod bak ressursutnyttinga og ein eventuell marknadsplass på Toresmoen i sein vikingtid–høgmellomalder må ein sjå mot arkeologiske kjelder. Det er kjent fleire tufter og busetnadsspor rundt Møsvatn. Berre eit fåtal er utgrave, men Martens undersøkte to tufter (Tuft I–II) på Hovdeøyi på 1960-talet (Martens 1962, 1963, 1973). Det ligg også tre andre tufter attmed desse to, men desse vart ikkje undersøkt (id 147071). Liknande tufter er også kjent andre stader på Møsstrond.

Tuft I måler 13,5 x 9–10 m og her vart det gjennomført mindre undersøkingar i 1965. Funna tyder på at dette har vore eit fjøs. Funn av ein pilspiss frå tufta er typologisk datert til vikingtid–tidleg mellomalder. Det er usikkert om tuft I og tuft II er samtidige.

Tuft II er orientert aust-vest og har ein lengd på vel 30 m og breidde på 6–7 m, jf. figur 6-28. Tufta vart fullstendig undersøkt i 1962–1963. Huset har hatt seks eller sju rom og husets midtre del har vore nytta som bustad, medan den vestenden sannsynlegvis har vore fjøs.

Funn frå tufta er talrike og varierte og inkluderer blant anna ein smal dobbeltkam av bein eller horn, botnen av ein smeltedigel av brent leire der heile innsida er belagt med bronse, nøkkel av jern til hengelås, sylindrisk hengelås av jern, to eldstål, seks knivar og 46 heile og fragmentariske bryne. I tillegg er gjenstandar av kleber godt representert med fiskesøkke og vevlodd, spinnehjul, 129 større og mindre skår av klebergryte og 53 større og mindre stykke av rifla baksteheller (C31339). Martens setter befolkningsstida til innanfor 1100–1300.

Desse undersøkte tuftene, samt tidlegare omtalte funn og strukturar frå Møsstrond, tyder på at det iallfall frå vikingtid og fram til og med høgmellomalderen var det ein fast busetnad på Møsstrond. Dette var bønder, sannsynlegvis med eit



Figur 6-28, Foto frå undersøkinga av tuft II på Hovdeøyi på Møsstrond (Foto: R. Utne, © Kulturhistorisk museum, UiO / CC BY-SA 4.0).

omfattande husdyrhald, men også med spesialisert ressursutnytting som jernframstilling, jakt og fangst.

Samlande vurdering

På 1700- og 1800-talet var fleire stader i Øvre Telemark nytta til å halde marknad. Dette har vore den same marknaden, men som blir flytta over tid. I 1786 vert marknaden halde på Hórt, medan Toresmoen blir då omtala som ein marknadsplass nedlagt for 200 år sidan (Wille 1956 [1786]:60). Segna om marknadsplass på

Toresmoen finn ein òg att i andre kjelder, saman med fleire andre segn frå det same området.

Spor etter tufter og omfattande kulturlag med kol og reinsdyrbein på Toresmoen er mest sannsynleg opphavet til fleire av segna. Toresmoen har lege under vatn sidan Møsvatn vart oppdemt for over 100 år sidan, men dei beskrivingane ein har frå staden tyder på at dette har vore ein stad utanom det vanlege på Møsstrond. At det er knytt fleire segn til Toresmoen og ikkje andre stader, som til dømes Mogen, tyder på at Toresmoen har skilt seg ut i området.

I kulturlaget på Toresmoen er det funne to pilspissar, eit bryne og ein kniv frå vikingtid–mellomalder, samt ein mengde bein. Det er såleis nærliggande å knytte lokaliteten opp mot reinsdyrjakt og -fangst. Basert på mengda jernframstillingsanlegg i området er det vidare sannsynleg at staden også har hatt ei rolle i samband med jernframstilling.

Overskotsproduksjon frå jernframstilling eller jakt og fangst kravde at befolkninga var del av stabile økonomiske nettverk. At Møsstrond var del av økonomiske nettverk er blant anna synleg i funna frå dei undersøkte tuftene, der ein rekke reiskapar og gjenstandar må ha blitt ført inn frå andre regionar. Depotfunn av blesterjern ved Hardingbukte nær Hardingroe, og depotfunn av øks og 12 pilspissar nær Mogen bør knytast til denne overskotsproduksjonen og påfølgjande handel i sein vikingtid–høgmellomalder.

Spørsmålet er om marknadsplassane der handelen kunne gå føre seg låg i Øvre Telemark på denne tida, eller om bøndene på Møsstrond tok med varene sine til marknadsplassar andre stader.

Segn og skriftlege kjelder viser at i tidleg nytid var det årvisse marknadsplassar ved Møsvatn, men i motsetnad til ved Kyrkjestølen, Valle eller også ved Hallingskeid-lokalitetane er marknadsplassane i Øvre Telemark i tidleg nytid lite stadbundne, og flyttar seg etter nokre tiår. Det er vanskeleg å spore ein kontinuitet i bruken av eit område til marknad tilbake til mellomalderen og det er heller ingen indikasjonar på at det har vore ein marknad på Toresmoen eller andre stader på Rauland eller Møsstrond i sein vikingtid–høgmellomalder. Det kan tyde på at folk i dette området tok med seg jern og fangstprodukt til marknadsplassar i Valle, Røldal eller Kinsarvik.

Det er mogleg det har vore ein marknadsplass på Toresmoen i tida etter reformasjonen, liknande den som vart arrangert på Hørt på 1700-talet. I fylgje Wille var marknadsplassen Toresmoen i bruk på slutten av 1500-talet. Dette er før gardar i området var nrydda, så om ein går ut i frå at Wille sine opplysningar stemmer er det sannsynleg at marknaden på Toresmoen i tidleg nytid var organisert lik Hørt, Hardingroe og Saltpytt, altså i eit stølsområde utan ein klar pådrivar og organisator.

7. Marknadsplassar og handelsvarer

Som gjennomgangen over viser er det eit stort spenn i lokalisering, storleik og organisering av dei ulike marknadsplassane. Det er likevel samanfallande trekk ved fleire og i det fylgjande blir marknadsplassane vurderte innanfor klassifikasjonssystemet som vart presentert i kapittel 3.6. Dette kan bidra til betre å forstå utviklingstrekk ved marknadsplassane og kva aktørar som var involvert i handel og samkome på marknadsplassane. Eg vil òg gje eit anslag over brukstida på dei ulike marknadsplassane, basert på datamaterialet som er lagt fram i dei føregåande kapitla.

Det er nærliggande å sjå bruk og omfang av handel på marknadsplassar i samanheng med regional overskotsproduksjon, dette vil òg kunne belyse kva varer som inngjekk i handelen på marknadsplassane. Eg vil difor greie ut om ressursar som var gjenstand for overskotsproduksjon i fjell- og dalbygdene omkring Hardangervidda i sein vikingtid–høgmellomalder.

Kva ressursar som vart utnytta skuldast forskjellar i naturgrunnlag og topografi, samt tradisjon, sosiale og kulturelle normer, men også økonomiske forhold verka inn. Det er sannsynleg at jern var ei viktig vare, men òg skinn, pels og gevir frå jakt og fangst. Ein kan også nemne brynestein frå Eidsborg. Av varer som gjekk mot fjell- og dalbygdene er det sannsynleg at blant anna kleber og salt har vore av stor betydning.

7.1 Marknadsplassane – eit typologisk og kronologisk oversyn

Marknadsplassar med ein klar lokal kontaktflate, type IV, og stader med ein tydelege internasjonal kontaktflate, type I, er ikkje vektlagt i dette prosjektet. Alle marknadsplassar som er undersøkt ligg innanfor type IIa, IIb eller III.

Som nemnt i kapittel 3.6 er type IIa marknadsplassar stader som i tillegg til handel også hadde administrative funksjonar og var knytt til kyrkje- og/eller kongemakt. Type IIb marknadsplassar er lokalisert i innmark nær gardane, der sjølve marknaden føregjekk nokre dagar kvart år og samla folk frå omkringliggende bygder og regionar. Medan type III lokalitetar er årvisse marknadsplassar, lokalisert i fjell

Marknads plass	Vurdering	Type
Kaupanger	Samtidig skriftleg kjelde fortel om marknads plassen i Kaupanger og dei administrative funksjonane knytt til staden. Arkeologiske undersøkingar har påvist ein større produksjons plassen med spor etter smedarbeid.	Type IIa
Kinsarvik	Hustuffer, tjukke kulturlag med kol, slagg, klebersteinsavfall og keramikkskår, funn av mynt og depotfunn med jernbarrar, samt tidleg steinkyrkje og stor nausttuft viser at Kinsarvik har hatt ei sentral rolle i Hardanger. I tillegg til handel med ein regional og interregional kontaktflate har Kinsarvik hatt administrative funksjonar.	Type IIa
Bjørkum	Arkeologisk funn og strukturar peikar mot sosialt samkome, produksjon og vareutveksling i tidleg vikingtid. Funn på staden og lokaliseringa tyder på ein regional og interregional kontaktflate	Type IIb (III)
Kaupang i Hol	Stadnamnet og lokaliseringa indikerer at det var ein marknads plass her i vikingtid og/eller mellomalder. Marknads plassen var då bygdenær, lokaliseringa som knutepunkt mellom fleire sentrale ferdsløyper tyder på ein regional og interregional kontaktflate.	Type IIb
Røldal	Bygdenær årviss marknads plass i tidleg nytid. Det relativt store gravfeltet, samt funn av fragment av skålvekt indikerer Røldal sin betydning i samband med kontakt og utveksling i vikingtid. Stavkyrkja som pilegrims mål er også indikasjon på at Røldal har vore ein samlings plassen for menneske frå fleire bygder både aust og vest for Hardangervidda gjennom mellomalderen.	Type IIb
Valle	Bygdenær årviss skeid/marknads plass sannsynlegvis frå 1600-talet. Relativt sett mange gravfunn med vektutstyr og klipt sølvmynt frå sein vikingtid og tidleg mellomalder tyder på ein marknads plass i Valle også i denne perioden. Mest sannsynleg ein regional og interregional kontaktflate.	Type IIb

Marknads plass	Vurdering	Type
Kyrkjestølen	Årvis marknads plass i utmark frå midten av 1600-talet. Stavkyrkja vart bygd rundt 1200 og tilseier eksistensen av marknads plass også i høgmellomalderen. Lokalisert i utmark.	Type III
Hallingskeid i Grøndalen	Stadnamn, lokalisering, tradisjonsmaterialet og funn peikar mot ein mindre årvis marknads plass. Kontakt mellom bygder er sentralt, men òg kontakt på tvers av regionar. Lokalisert i utmark.	Type III
Hallingskeidsanden	Same vurdering som Hallingskeid i Grøndalen	Type III
Hallingskeid i Fødalen	Same vurdering som Hallingskeid i Grøndalen	Type III
Kolsfet	Lokalisering, tradisjonsmaterialet og funn indikerer stadens rolle i samband med kommunikasjon og handel. Lokaliseringa indikerer ein kontaktflate over Hardangervidda mot Vestlandet. Lokalisert i utmark.	Type III
Toresmoen	Lokalisering og tradisjonsmaterialet peikar mot ein årvis marknads plass i utmark i tidleg nytid. Ferdelsårer og skildringar frå marknads plassar på 1700- og 1800-talet tyder på at kontakten over Hardangervidda er sentral. Lokalisert i utmark.	Type III

Tabell 7-1, Vurdering og klassifisering av marknads plassane som utgjer case-studiane.

eller hei. Som regel er dei sentralt plassert i høve til ferdelsårer med god tilgang på vatn og beite for dyr, men utanfor innmark- og befolkningsområde.

Eg har vurdert kjeldematerialet frå andre marknads plassar i Sør-Noreg og i tillegg sett dette opp mot dei meir grundige analysane og påfølgjande typologiske klassifiseringa av case-studiane, jf. tabell 7-1. På denne måten har eg forsøkt å kategorisere alle 32 marknads plassane i Sør-Noreg som kan ha vore i bruk i vikingtid og/eller mellomalder, jf. tabell 7-2, figur 7-1 og tabell A1 i appendiks.

Ein utfordring med denne framgangsmåten er at det kan føre til at kompleksiteten til lokalitetane og dei sosiale og økonomiske interaksjonane dei er eit produkt av blir underkommunisert og forenkla. Stadene kan opptre på ulik tid og miste

Type I	Type IIa	Type IIb	Type III
Bergen	Kinsarvik	Bjørkum	Hallingskeid i Grøndalen
Borg	Borgund	Fjære	Hallingskeid i Fødalen
Hamar	Frösön	Kaupang i Hol	Hallingskeidsanden
Heimdalsjordet	Kaupanger	Kaupangnes/Komnes	Hardingroe
Kaupang Skiringssal	Veøy	Kaupang-Koppang	Kolsfet
Konghelle		Lillehammer	Toresmoen
Marstrand		Røldal	Kyrkjestølen
Nidaros		Valle	
Oslo			
Skien			
Stavanger			
Tønsberg			


Tabell 7-2, Stader for vareutveksling i vikingtid og/eller mellomalder klassifisert etter type.

betydinga til forskjellige tider. Ein må såleis vere bevisst på at dette er konstruerte kategoriar og grensene mellom dei kan vere flytande.

Det er òg til dels stor skilnad mellom kor mykje arkeologisk og historisk data som ligg føre for kvar lokalitet. Det vil seie at inndelinga som følgjer er tentativ og vil vere ope for endring etter kvart som kunnskapen om stadane aukar. Likevel er ein gruppering av desse lokalitetane nyttig i det vidare arbeidet med å analysere lokalitetane og deira rolle i ein kulturhistorisk kontekst.

Det er til dels store forskjellar i mengda og type kjelder som er tilgjengeleg for dei ulike marknadsplassane. Marknadsplassane ved fjorden er best belagt, medan det er meir vanskeleg å dra sikre slutningar med omsyn til marknadsplassane i utmark (type III). Ein vurdering av brukstid for dei undersøkte marknadsplassane kan slik bli gjort med varierende grad av sikkerheit, jf. tabell 7-3.

Bjørkum er den tidlegaste lokaliteten og er i bruk mellom 700–850. Produksjon, men også sannsynlegvis handel har vore sentralt og kan ha vore årsak til oppkomsten av lokaliteten. Det er indikasjonar på at handelen ikkje gjekk føre seg openlyst, men var tilsørt og ein integrert del av sosiale samkome.



Figur 7-1 Kart over stader for vareutveksling i vikingtid og/eller mellomalder med typologisk inndeling. Den stipla linja markerer det geografiske undersøkingsområdet i dette prosjektet (Kart: K. Loftsgarden).

Dette fleirfunksjonelle aspektet ved årvisse møte- og marknadsplassar ser ein òg i skriftlege kjelder både frå mellomalder og tidleg nytid. Handel var viktig, men så var også det sosiale aspektet ved samkoma. Både arkeologiske og skriftlege kjelder tyder på at i frå slutten av vikingtid blir handel ein meir eksplisitt del av årvisse samkome i det sørnorske innlandet.

Frå sein vikingtid skjedde det ein auke i regional overskotsproduksjon, mest tydeleg er dette i framstillinga av jern. Vektlodd ser no ut til å vere standardisert og det er ein auke i bruk av sølv. I det sørnorske innlandet er dette særleg synleg i gravfunn med ein relativt stor andel sølvmynt, importfunn og vektutstyr frå Valle og omkringliggende område. Desse funn kan indikere ein marknadsplass i Valle frå tidleg 1000-tal.

Gravfunna frå Valle/Øvre Bygland er datert frå siste halvdel av 900-talet og opp mot midten av 1000-talet, ein periode med få gravfunn frå resten av Sør-Noreg (Solberg 2003:314–315). Det er såleis sannsynleg at funna frå Setesdal speglar ein større ressursmessig spesialisering og økonomiske organisering av samfunnet opp mot mellomalderen, ei endring som skjedde fleire stader i landet, men som er mest synleg i gravgodset til dei framleis før-kristne gravene.

Det er sannsynleg at både Kaupanger, Kinsarvik og Røldal vaks fram som marknadsplassar på 1000-talet, men spora etter handelen er ikkje bevart som del av gravminne, slik tilfelle har vore for Valle. I tidleg- og høgmellomalder er det ikkje direkte spor etter handel og samkome verken i Valle eller Røldal, det er likevel nærliggande å anta at det har vore marknadsplassar her fram til nedgangsperioden på 1300-talet. Tidleg- og høgmellomalder er perioden med størst jernframstilling og ekstensiv jakt og fangst, og både Valle og Røldal ligg som knutepunkt mellom desse ressursane i fjell- og dalbygdene og kystområda og mellomalderbyane.

Den sentrale lokalisering blir vidare eksemplifisera då ein veit at det vart halde årvisse marknader i Valle og Røldal i tidleg nytid. Det er vanskeleg å stadfeste når desse oppstod, men skriftlege kjelder indikerer at det kan ha vore årvisse stemne med handel og samkome her frå 1600-talet.

I arkeologiske og skriftlege kjelder trår Kaupanger og Kinsarvik fram som meir eller mindre faste marknadsplassar med ein grad av produksjon og administrative

Med omsyn til marknadsplassane som er lokalisert i utmark, type III, finst det få klare spor knytt til brukstid. Dei eksisterande data ein har indikerer at stader som Hallingskeid-lokalitetane og Toresmoen blir tatt ut bruk til årvisse møte- og marknadsplassar i seinmellomalderen eller tidleg nytid. Det utelukkar likevel ikkje at stadene kan ha vore nytta til samkome og handel også i sein vikingtid–høgmellomalder. Til dømes kan stavkyrkja på Kyrkjestølen på Filefjell indikere ein marknadsplass her frå omkring 1200, då ein sannsynleg årsak til bygginga av stavkyrkja kan ligge i at det allereie var eit årvisst samkome her.

Samla viser det seg eit bilete der marknadsplassar veks fram og er i bruk i perioden sein vikingtid–høgmellomalder, både større lokalitetar med handverk, handel og administrative funksjonar som Kaupanger, men òg mindre årvisse marknadsplassar som Valle.

Dette fylgjer samfunnsutviklinga i perioden med ein auke i folketal og ein auke i overskotsproduksjon av utmarksressursar og økonomisk differensiering. Oppkomsten av eit stabilt kongedømme, kyrkje og byutviklinga er òg viktige faktorar. I løpet av 1300-talet ser det ut til at marknadsplassane gjekk ut av bruk, som fylgje av blant anna folketalsnedgang og moglegvis ein kollaps av mange økonomiske nettverk.

Arkeologiske funn og skriftlege kjelder viser at iallfall frå 1600-talet blir mindre årvisse stader for samkome og handel tatt opp att, dette er tilfelle for blant anna Valle, Kyrkjestølen og Røldal.

7.2 Jern som handelsvare

Det er svært sannsynleg at jern har vore ein viktig handelsvare på marknadsplassane i sein vikingtid–høgmellomalder. Funn og strukturar i Kinsarvik og Kaupanger indikerer dette, men òg anslaget av jernproduksjonen til å vere på rundt 60 000 tonn i fjell- og dalbygdene i Setesdal, Øvre Telemark, Numedal, Hallingdal og Valdres i denne perioden, jf. kapittel 3.10.

Om ein tek med utrekningar frå Østerdalen kan ein rekne med ein produksjon på om lag 190 000 tonn jern i perioden sein vikingtid–høgmellomalder. Dette er klart meir enn dei høgaste overslag for jernbehovet i Noreg i denne perioden som ligg på

rundt 100 000 tonn, jf. kapittel 3.10, og tyder på at det har vore ein omfattande handel med jern, både i regional, interregional og internasjonal kontekst.

Dei store mengdene jern som vart framstilt i denne perioden bør sjåast i ljøs av ein auka etterspørsel etter jern. I perioden 1000–1200 skjedde det fleire tekniske omveltingar i jordbruket i Nord-Europa. Eit sentralt trekk er ein utvida bruk av jern, til jernskodd spade og til større og tyngre skjer av jern på plog og ard (White 1964; Andersen mfl. 2016). Ut frå det svenske materialet ser det ut til at vekta på plog- og ardjern held seg stabilt på mellom 0,3–0,5 kg frå 500-talet og fram til omkring år 1000, då plog- og ardjern vart lengre og vekta auka til om lag 1 kg (Myrdal 1999:53).

Eg har samanstilt funn av plog- og ardjern i Noreg for å undersøke om ein kan sjå den same auka i vekt og storleik over tid som ein ser i det svenske materialet. Totalt er det kjent i underkant av 100 plog- og ardjern i dei arkeologiske samlingane i Oslo, Bergen og Stavanger. Funnopplysningane er likevel sparsame og berre eit fåtal har sikker datering, det har såleis ikkje vore mogleg å vise ein eventuell auke i storleik og vekt over tid.

Likevel er det klart at plog- og ardjern i frå yngre jernalder har ein lengde på mellom 8,5–26 cm (Petersen 1951:175), medan dei som er kjent frå tidleg nytid ligg på 25–30 cm (Øye 1976:91). Ut i frå den norske kjeldesituasjonen kan ein ikkje stadfeste når denne auka i storleik fann stad. I Sverige skjedde dette som nemnt i løpet av 1100- og 1200-talet (Myrdal 1999:56), og det er grunn til å rekne med at dette fann stad om lag samstundes i Sør-Noreg. Særleg med tanke på at ploget er belagt i Sør-Noreg på slutten av vikingtid før den vart innført til Vest-Sverige i perioden 1000–1200-talet (Myrdal 1999:57).

Plogjern var utsett for stor slitasje, og rekneskap frå 1500-talets svenske kongsgardar viser at eit plogjern vart nedslite til halvparten i løpet av fire år (Myrdal 1999:53). Med omsyn til Danmark har Jørgen Elsøe Jensen estimert at det mot slutten av 1200-talet og framover var behov for 500 tonn jern årleg til plogbruket aleine (Elsøe Jensen 2010:17). Dette skil seg markant frå tidlegare anslag av jernbehov i Noreg og Sverige. Danmark står i denne perioden i tillegg nesten utan eigen produksjon av jern (Lyngstrøm 2008; Larsen 2009:193-194), og jernimporten til Danmark må difor ha vore omfattande.

Elsøe Jensen argumenterer for at jern vart importert til Danmark frå Noreg og Sør-Sverige i stor skala frå 1100–1200-talet. Eit handfast døme på jernimporten til Danmark er tolv økseemne tredd på ein granstokk funnet utanfor kysten av Djursland, Jylland (NM C 24854). Metallurgiske analysar viser at øksene har stålegg, men er enno ikkje herda og er såleis halvfabrikata av arbeidsøkser. Analysar av jernet, samt at trestokken er av gran tyder på at jernet har kome frå Noreg eller Sverige (Pentz 2006).

Det er også gjennomført sporanalysar av jern og slagginnslutningar i jern funne i Danmark for å spore jernets opphavsområde. Dei relativt få analysar som er gjennomført viser at iallfall ein del av jernet i Danmark kom frå Noreg (Birkedahl 2000:35; Buchwald 2005; Lyngstrøm 2008; Rundberget 2015:178–182).

I eit regionalt perspektiv må behovet for jern ha vore stort på Vestlandet, då det her er liten eigen produksjon. Noko jernframstilling frå vikingtid og mellomalder har det likevel vore, då i hovudsak i fjell- og dalbygdene mot Austlandet, som Røldal, Sysendalen og Filefjell. Ein må også ta høgde for at biletet kan endre seg med nye undersøkingar. Slik situasjonen er i dag synes det likevel klart at jernframstillinga på Vestlandet var beskjeden sett opp mot den ein finn på austsida av Langfjella (Tveiten 2012).

Det inneber at det meste av jernet som trongst på Vestlandet må ha blitt importert utanfrå. Det er dermed svært sannsynleg at ein stor del av jernet som vart framstilt i fjell- og dalbygdene gjekk til Vestlandet og vart omsett på marknadsplassar som Kaupanger og Kinsarvik. Ikkje berre er vegen over fjellet den kortaste vegen, men det er også påvist tett kontakt og utveksling av varer mellom desse områda både før og etter perioden med intensiv jernframstilling.

Emnesjern

Ei utfordring i arbeidet med å avdekke handelen med jern, er at jern framstilt på same stad kunne få ulike livsløp, og ein må rekne med at det vart smidd om fleire gonger. Ein gjenstandskategori som likevel kan tolkast som eit direkte bevis på vareutvekslinga, er emnesjern.

Emnesjern er råjern som er reinsa for slagg og smidd ut i ein standardisert form. Desse er i varierende grad omarbeidd og representerer ein form for mellomledd


mellom råjern og ein ferdig smidd bruksgjenstand. Desse kan bli definert som halvfabrikata med ein fastsett verdi (Magnusson 1986:274; Jørgensen 2010:112). Emnesjern kunne utgjera ein fleksibel vare ved at jernluppen var delt opp i mindre, standardiserte og handterbare stykke. Jern kunne også lagrast lenge og bli transportert over store avstandar utan å falle i verdi. Såleis kan ein vente at funnfordeling av emnesjern vil kunne vise til handelsruter med jern.

Kva form det standardiserte råjernet fekk, endra seg over tid, og det var lokale skilnader. Frå vikingtid og mellomalder finst særleg to hovudtypar emnesjern, såkalla «Vevjern»/R.438 og blesterjern, dessutan er også spadforma, teinforma og stangforma emnesjern kjente i Noreg frå denne perioden (Jakobsen 1991:44), jf. figur 7-2 a–d.

«Vevjern» er jern som er omarbeidd og utsmidd som ein stang som er banka flat i den eine enden og eit hol eller krok i den andre enden. Slike funn har ofte blitt feilkategorisert, og jamleg har nemninga «vevjern» vore brukt, særleg etter at Rygh omtalte gjenstandstypen som «lodder til vævstole» (R.438) i *Norske Oldsager* (1999 [1885]). Til dømes er det tidlegare nemnde depotfunnet frå Kinsarvik omtalt og kategorisert som «Vævjärn». Ikkje før Petersen gjekk gjennom materialet og funnomstende, vart det fastslått at det dreia seg om jernbarrar (Petersen 1918). Sjølv om Rygh tok feil med omsyn til kategorisering, vil eg i det fylgjande omtale denne typen emnesjern som type R.438 då dette er såpass innarbeidd.

Den andre hovudtypen standardisert jern som vart nytta i perioden, er blesterjern eller fellujern. Dette er råjern som er ein lett omarbeidd luppe. Luppen er slått rein for slagg, og det er ei spalte hogd inn i jernet. Både omgrepa ”blesterjern” eller ”blåstejern” og ”fellujern” har vore nytta. Fellujern kan skiljast frå blesterjern ved at det er tynnare og overflatisk meir tilarbeidd (Olafsen 1916:9; Hauge 1946:149; Martens 1979:195). Den islandske lovboka *Jónsbók* (ca. 1280) viser ein prisforskjell på 17 prosent mellom blesterjern og fellujern (J X 5), noko som indikerer ein forskjell i kvalitet. Sidan dei to termane er nytta om kvarandre i det arkeologiske gjenstandsmaterialet vil eg likevel handsame blesterjern og fellujern som eitt under termen blesterjern.

Petersen postulerte ei utvikling frå kileforma økser, ofte omtalt som bleggøkser, til den reine jernbarretypen R.438 (Petersen 1918:172, figur 1–4). Datering av dei



Figur 7-2. a) Bleggøksker, C32244 (Foto: Ukjent, © Kulturhistorisk museum, UiO / CC BY-SA 4.0). b) Blesterjern, C25340 (Foto: E.I. Irgens, © Kulturhistorisk museum, UiO / CC BY-SA 4.0). c) Stangbarre, B8298 (Foto: Ukjent, © Universitetsmuseet i Bergen / CC BY-NC-ND 3.0). d) R.438, C29128 (Foto: O. Holst, © Kulturhistorisk museum, UiO / CC BY-SA 4.0).

ulike typar emnesjern er problematisk då dei ofte opptre aleine i depotfunn. Det er også gjort enkelte funn med både bleggøksker og R.438. Det verkar likevel som at bleggøksker er ein eldre type, og blir fasa ut til fordel for R.438 som ser ut til å bli utvikla tidleg i yngre jernalder (Resi 1995:136). Eg finn det likevel sannsynleg at dei fleste funn av R.438 og blesterjern er frå sein vikingtid og fram til høgmedievalder, i tråd med intensiteten i jernframstillinga på Austlandet.

Funn og fordeling

Det er klare lokale skilnadar mellom ulike emnesjern. I Trøndelag og Nord- og Mellom-Sverige, med klar hovudtyngde i Norrland, er det funne flest spadforma emnesjern (Lindeberg 2009:25). I Sørøst-Sverige er det i hovudsak funne ljåforma emnesjern, medan R.438 som er så utbreidd i Sør-Noreg er sjeldan i Sverige (Nihlén 1939:106). I Danmark er det likevel gjort enkelte funn av typen R.438, sjølv om her elles er få funn av standardiserte emnesjern (Lyngstrøm 2011).

Med omsyn til Vestlandet har Martens skilt ut ein vestnorsk barreform, omtalt som stangbarre (Martens 1979:63). Dette er emnesjern som er forma som eit langt, nokså smalt jernstykke med firkanta tverrsnitt, tjukkare mot den eine enden og smalare mot den andre og den smalaste er ombøygd til ein hembe, med ei lengd mellom 25 og 34 cm og vekt mellom 300–900 g.²¹ Datamaterialet er for tynt til å kunne sikkert omtale dette som ein barretype av vestnorsk form og det er ingen klare parallellar til denne typen emnesjern i øvrig norsk eller skandinavisk kontekst.

Eg har gått gjennom dei arkeologiske hovudkatalogane for Universitetsmuseet i Bergen, Kulturhistorisk museum og Arkeologisk Museum for å skilje ut alle emnesjern. Desse er vidare er blitt delt inn i emnesjern av typen bleggøksjer, R.438, blesterjern og stangbarre, jf. tabell 7-4 og figur 7-3. Bleggøksjer er ikkje tatt med i den vidare analysen då desse som nemnt er ein eldre type emnesjern.

	Bleggøksjer	R.438	Blesterjern	Stangbarre
Tal	87	7 120	21	40–50


Tabell 7-4, Tall på ulike emnesjern, frå UB, KHM og AM.

Det er fleire klare konsentrasjonar med funn av R.438, som Hedmarken, Toten, Hadeland og Ringerike. Dette er jordbruksbygder med få spor etter jernframstilling i vikingtid og mellomalder, men som må reknast som nedslagsfelt for jern framstilt i Østerdalen, Valdres, Gausdal og Hallingdal.

Med omsyn til Numedal, Øvre Telemark og Setesdal, samt resten av Sørlandet og Sørvestlandet er R.438 fråverande. I dette området er blesterjern den einaste typen emnesjern som er funne, om enn relativt få. Det største funnet er eit depot på seks blesterjern i Edland i Øvre Telemark (C25340).

Dei fleste emnesjern er funne nedgravne eller gøymt vekk i steinur eller -røys og er såleis tolka som depotfunn. R.438 opptrer som regel saman med fleire, opp mot

²¹ Martens reknar depotfunnet av seks emnesjern (B8298) ved Rambjør i Masfjorden til denne typen. I tillegg kan ein nemne eit depotfunn som er gjort på Hope, Lindås. Berre eit av emnesjerna frå dette depotet vart tatt inn til museet (B4953), men det er opplyst om at dei vart funne i lag med 30–40 liknande emnesjern. Min gjennomgang av metallmaterialet ved Middelaldersamlingen ved Universitetsmuseet i Bergen viste ingen emnesjern av typen R.438 eller blesterjern, men det finst to eksemplar av emnesjern som kan vere ein variant av såkalla stangbarre (BRM732/1–7). Desse hadde ingen dokumentert funnkontekst.



Figur 7-3, Geografisk fordeling av stangbarre, blesterjern og emnesjern av type R.438 (Kart: K. Loftsgarden).

fleire hundre jern. I nokre tilfelle består depotet også av jernreiskapar, som celt, øks eller plogjern. Jerndepota var verdiar i form av råmateriale/halvfabrikata, men òg standardiserte bytevarer. Jernet låg gøymt vekk og klar for lokal bruk eller til vareutveksling (Resi 1995:137).

Emnesjern av typen R.438 ser ut til å opptre i to standardiserte storleikar, høvesvis på ca. 30 cm og 100–125 g og på ca. 15 cm og 10–15 g (Hauge 1946:170; Resi 1995:142). Det betyr at av eit blesterjern, som til dømes det funne ved Møsvatn (C33241) som er på 12,5 kg, kunne ein lage 100 emnesjern av den største typen R.438, eller nærare 800 av den minste typen. Kartet over emnesjern, figur 7-3, viser altså talet på emnesjern som er funnen, men ikkje mengda og vekta av jernet.

Vekt og form tyder på at blesterjern og emnesjern av typen R.438 har delvis ulik funksjon og bruksområde. Blesterjern er lette å tilverke, og inneber ikkje meir smedarbeid enn å banke luppen fri for slagg. Dei er likevel store og tunge, og er truleg del av forklaringa til at det er færre funn av blesterjern enn R.438. Til forskjell frå blesterjern står R.438 fram som ein fleksibel handelsvare.

Emnesjern på Vestlandet

For å sjå jern som handelsvare mellom fjell- og dalbygdene mot Vestlandet, vil eg gå litt nærare inn på dei relativt få funn av emnesjern på Vestlandet. Det er likevel enkelte funn som kan stillast på linje med dei største depotfunna på Austlandet, til dømes på garden Alme i Luster der det i 1822 vart gjort eit funn av emnesjern av typen R.438 (B839–841). I *Topographisk-statistisk Beskrivelse over Kongeriget Norge* skriv Jens Kraft «230 stykker jernpile eller spydodder, der vare af omtrent ½ alens længde, regelemæssigen stablede paa hinanden og temmelig vel conserverede» (1830:823–824). Dessverre vart berre fire av dei tatt med til Bergen Museum.

I gjennomgangen av hovudkatalogane til museet, samt Middelaldersamlingen i Bergen, fann eg at stangbarrar berre er funne i ytre kyststrøk, mellom Bergen og Masfjorden. Datamaterialet er likevel tynt og det er vanskeleg å gje noko klare svar, både når det gjeld datering og kvar jernet har vore framstilt.

Sjølv om det er få funn av emnesjern på Vestlandet, er det eit mønster i at det er ingen funn av typen R.438 sør for Hardanger. Dette kan moglegvis tyde på at jern frå Valdres og Hallingdal gjekk hit og ikkje lenger sør, medan Numedal, Øvre Telemark

og Øvre Setesdal i større grad forsynte sørlege deler av Hordaland og Sørvestlandet. Om ein tek utgangspunkt i denne premissen inneber det at varer på marknadsplassar i og nord for Hardanger vil ha inkludert jernbarrar av type R.438, medan sør for Hardanger vil handelen ha omfatta blesterjern.

Smedutstyr og smieslagg som handelsindikator

Sjølv om funn av jerndepot på Vestlandet er få sett opp mot Austlandet, viser graver med funn av smedutstyr eit anna bilete. Petersen (1951) sin gjennomgang viste at både i Møre og Romsdal, Sogn og Fjordane og Hordaland utgjer graver med smedutstyr ein høg prosent av det samla talet på manssgraver i yngre jernalder. På Austlandet er mengda såkalla smedgraver relativt sett mindre, sjølv om Vestfold også har eit høgt tal graver med smedutstyr.

Kva som kan bli definert som smedgrav, om smedgrav er eit relevant omgrep og kva desse gravene seier om jernet og smedens rolle i det norrøne samfunnet er omfattande spørsmål og har vore diskutert ved fleire høve (jf. Straume 1986; Barndon 2005; Bøckman 2007; Rullestad 2007). Petersen opererte med ei ganske vid definisjon av smedgraver og hans oversikt bør bli revidert opp mot nyare funn. Likevel viser dei til ein tradisjon for smedverksemd, der nokre område er meir framtrekande enn andre.

I tillegg kan meir direkte spor etter smedarbeid bli dratt inn i diskusjonen om kvar jernet vart utveksla, som funn av smier eller smieslagg. Visuelt, og kontekstuellt, kan ein skilje mellom smieslagg og slagg frå jernframstilling, og ved metallurgisk analyse kan ein skilje mellom slagg frå primærsmiing, det vil seie slagg frå omarbeiding av jernluppen eller blesterjernet, og sekundærsmiing, utarbeiding og reparasjon av reiskapar, verktøy og liknande (Jakobsen 1991:148).

Både større byar og einskilde gardar var avhengige av smier for å reparere gjenstandar eller utarbeide naglar, hestesko og andre mindre kompliserte gjenstandar, ein kan såleis vente å finne ein viss mengde slagg i dei fleste busetnadsområde. Større mengder slagg kan likevel tyde på meir organisert omarbeiding av jern og at staden også har spela ei rolle i vareutveksling med jerngjenstandar. Smieslagg er funne ved alle mellomalderbyane og ved fleire av marknadsplassane, som ved Borgund og Kaupanger (Herteig 1974; Knagenhjelm 2004:111–112).

Slagg frå primærsmiing utanfor sentrale jernframstillingsområde kan vidare vere indikator på handel med råjern eller lite omarbeidde emnesjern. Til dømes er slagg frå primærsmiing påvist i enorme mengder i Visby på Gotland. Slagget er der datert til før 1250 og basert på mengda smieslagg er det blitt anslått at det har blitt omarbeida ca. 30 000 tonn jern (Magnusson 2009:16). Også Kalmar, Jönköping og Lödöse ser ut til å ha hatt ein liknande sentral rolle i samband med både primær- og sekundærsmiing (Magnusson 2009:13; Andersson 2015; Andersson mfl. 2015:216).


I Trondheim er det undersøkt eit produksjonsområde på om lag 1250 m² med spor etter storstilt smedverksemd i perioden 1150–1350 (McLees 1989). Noko av slagget som er funnen her kan stamme frå primærsmiing (Espelund 1989).

Også i Bergen ved utgravinga av Domkirkegate 6 er det funne ca. 500 kg slagg (DRM 245).²² Dette var i utkanten av byen, der slik verksemd var tillate i fylgje Bylova av 1276. Metallurgiske analysar av dette slagget viser at det her har gått føre seg primærsmiing, så vel som sekundærsmiing. Aktiviteten kan daterast tilbake til 1120-talet, men dei fleste jernfunn her kjem frå slutten av 1200-talet og framover (Andersson mfl. 2015:230,241).

Det finst òg ein sjeldan skriftleg kjelde som kan understøtte at råjern har blitt innført til Bergen og omarbeidd her. I samband med dei arkeologiske undersøkingane på Bryggen på 1950–1960-talet vart det funne eit runekjevle med innskrift som er skriven av, eller på vegner av kong Sverres eldste son Sigurd Lavard (BRM448). Då Sigurd Lavard døydde i 1200 omkring 25 år gamal, veit ein at runeinnskrifta sannsynlegvis er frå 1190-talet (Liestøl 1964; Herteig 1969a:32). I runeinnskrifta ber Sigurd Lavard på vegner av kongen om eit langskip, samt at det blir smidd spyd av råjernet som han har sendt med ein Johan Øre til byen. Det kjem ikkje fram kva form råjernet har, det er såleis vanskeleg å spore kvar jernet var framstilt. Mengda jern er kvantifisert til ein verdi av atten alner vadmål (Herteig 1969a:196–197).

Det er sannsynleg at også noko av jernet vart smidd om til reiskapar eller andre gjenstandar i jernvinneområda, og at ferdig smidde gjenstandar også var handelsvare. Fleire gravfunn med smedreiskapar tyder på at det har vore ein tradisjon med omarbeiding av jern i Øvre Telemark og Valdres i yngre jernalder, jf. figur 7-4. Kartet

²² BRM 245 Arkivrapport om Metalhåndverk i Bergen. v. Brinch-Madsen, H. 1995



Figur 7-4, kart over gjenstandar per grav knytt til smeden og smiing. Kartet bygger på funnlistar frå tidlegare arbeid (Petersen 1951; Bøckman 2007), supplert ved å søke i dei arkeologiske gjenstandssamlingane på søkeorda: ambolt, hammar, fil, smedsaks, smedtang, tang og trådjern, datert til yngre jernalder (Kart: K. Loftsgarden).

gjev indikasjonar på kvar framstilt jern tok vegen i yngre jernalder og det kan vidare syne tradisjonar i smedarbeid og utgjer eit interessant supplement til kartet over funnfordelinga av emnesjern, jf. figur 7-3.

Inkludert i funna frå Øvre Telemark er gravfunnet (C27454) frå Bygland i Morgedal (Blindheim 1962). Denne unike grava inneheldt både snekker- og smedverktøy, samt landbruksreiskapar som sigd og ljå og eit omfattande våpensett av minst fire sverd, fem økser og tre spydspissar og indikerer ein allsidig handverkar med kompetanse som finsmed og grovsmed.

Med bakgrunn i denne grava og førekomsten av fleire rike gravfunn i dette området har Martens (1988:130) argumentert for at bøndene her var primære mottakarar av jern og andre produkt frå fjellbygdene i Telemark, og såleis kunne ha vidareforedla blesterjernet og så selt det vidare.

I Valdres ser ein også ein konsentrasjon, medan det er færre funn frå Hallingdal. Det same gjeld for Setesdal som er utan funn i det heile. På Sørvestlandet og nord til Romsdal er det derimot mange funn, og Vestlandet har ei prosentvis stor mengde graver med gjenstandar knytt til smedarbeid sett opp mot den totale mengda mannsgraver frå yngre jernalder (Petersen 1951; Barndon, Olsen og Roberts, under arbeid).

Då jern i liten grad vart produsert lokalt på Vestlandet i yngre jernalder og mellomalder er det mogleg at jern og ein stabil tilgang på jern har hatt høgare status her enn på Austlandet. Det at graver med denne typen gravgods utgjer ein relativt stor del av det totale talet graver kan indikere dette.

Jern og marknadsplassar

Som vist gjekk det føre ein omfattande overskotsproduksjon av jern i fjell- og dalbygdene omkring Hardangervidda i sein vikingtid–høgmellomalder og jern var slik ein viktig interregional og internasjonal handelsvare.

Kaupanger og Kinsarvik kunne utgjere sentrale knutepunkt mellom jernframstillinga i fjell- og dalbygdene, Bergen og resten av Hordaland og Sogn og Fjordane. Likeins kan jern som gjekk til Sørvestlandet og Sørlandet ha gått frå

jernframstillingsområda i Øvre Telemark og Setesdal via marknadsplassane i Røldal og Valle.

Jern frå Valdres og Hallingdal vart standardisert som emnesjern av typen R.438. Denne typen emnesjern inngjekk såleis i handelen i Kaupanger der jern vart omarbeidd og i Kinsarvik der eit depotfunn av denne typen emnesjern også indikerer dette. Verken i Øvre Telemark, Setesdal eller på Sør- og Sørvestlandet er det funne emnesjern av typen R.438, men det er funne fleire depot med blesterjern.

Der R.438 var standardiserte emnesjern på 100–125 gram eller 10–15 gram og kunne såleis lett inngå i ein handel, var blesterjern eit massiv stykke jern på fleire kilo og ein var avhengig av ei smie for å dele opp blesterjernet i meir handterlege stykke. Det tyder på at handel med jern i Røldal eller Valle mot Sør- og Sørvestlandet gjekk føre seg med blesterjern, med relativt få transaksjonar, men der kvar transaksjon omhandla store mengder jern.

Dei arkeologiske spora i Kaupanger tyder på at emnesjern frå Valdres har blitt smidd om til gjenstandar her og så skipa vidare. Store mengder slaggg frå primærsmiing som er funne i Bergen viser at det også kom emnesjern direkte til mellomalderbyen iallfall frå 1100-talet av, dette vart så smidd om til våpen og gjenstandar i byen.

Då jern frå Hallingdal, Valdres og Østerdalen i større grad ser ut til å vere utsmidd til R.438, er det nærliggande å tenkje seg at det er blesterjern frå Øvre Setesdal, Telemark eller Numedal som har blitt omarbeidd i Bergen. Sidan R.438 alt var betydeleg omarbeidd vil mengda slaggg som fanst i dette jernet vere lågt. I motsetnad til blesterjern som berre er lett omarbeidd på jernframstillingsplassen, og vil ha gjeve frå seg større mengder slaggg i samband med foredling, noko som vil vere meir synleg, og avspegle seg i kjemiske analysar og klassifikasjon som primærslaggg.

7.3 Jakt og fangst som ressurs og kjelde til handelsvarer

Av arkeologiske spor etter ressursutnytting i det sørnorske innlandet er moglegvis spor etter jakt og fangst det einaste som kan konkurrere med jernframstilling når det gjeld omfang, og viser at både gevir, pels, skinn og kjøt utgjorde betydingsfulle ressursar og varer frå innlandsområda.

Eit mål er å synleggjere desse som handelsvarer på marknadsplassane og belyse og drøfte kva økonomisk betyding desse varene kunne ha i sein vikingtid–høgmellomalder.

Innanfor dei geografiske rammene som er sett i denne avhandlinga er det særleg jakt og fangst av reinsdyr som har vore sentralt. Også fangst av elg har vore viktig, men i større grad i meir lågareliggande bygder. Fangst av mindre dyr for pels, som ekorn, mår, oter, bever og rev, samt falkefangst, har mest sannsynleg også spela ein stor rolle gjennom vikingtid og mellomalder. Denne fangsten er mindre synleg i det arkeologiske materialet, men kan likevel synast indirekte gjennom utanlandske tollregister og enkelte andre skriftlege kjelder.

Som også er tilfelle med andre utmarksressursar er skriftlege kjelder som omtalar jakt og fangst få, og dei som finst er seine, få eksisterer før 1300-talet (Mikkelsen 1994:9). Sjølv om skriftlege kjelder er få, er det arkeologiske materialet frå jakt og fangst tilsvarande stort. Særleg den omfattande mengda av fangstanlegg som finst i det norske høgfjellet vitnar om reinens rolle langt utover ein lokal kontekst. Også dei arkeologiske undersøkingane i mellomalderbyane indikerer betydinga av jakt og fangst, med funn av bein og produkt av gevir, som nåler og kammar (Lunde 1986; Lie 1989; Schia 1989).

Det er hovudsakeleg tre metodar som har vore nytta til jakt og fangst av reinsdyr i Noreg; pil og boge, fangstgroper og massefangstanlegg av ulik utforming. Frå Nord-Gudbrandsdal er det vist at frå sein vikingtid gjekk det føre ein storstilt reinfangst, der fangst i groper aukar i bruk og store massefangstanlegg er i drift. Etter omlag 1280 ser det ut til at jakt og fangst av rein minkar i omfang igjen (Mikkelsen 1994:110; Weber 2007). Det er liten grunn til å anta at dette er spesielt for Nord-Gudbrandsdalen, men at dette bilete også vil vere gjeldande for område lenger sør, som Hardangervidda.

Fangstgroper

Fangst med bruk av groper kan delast inn i to hovudtypar; jordgravne groper utan indre steinføring og groper med rektangulært steinmura fangstkammer. Forskingshistorisk er den fyrste typen ofte omtala som fangstgrop, medan den siste

typen har vore omtala som fangstgrav eller dyregrav, men det er i dag vanleg å omtale desse to typane som gravne eller mura fangstgroper.


Gravne fangstgroper, som har vore brukt til fangst av både elg og rein, har ein nordleg og austleg utbreiing i Fennoskandia, medan mura fangstgroper har i stor grad berre blitt brukt til reinfangst og finst i hovudsak i Sør-Noreg (Bang-Andersen 2004:75).

Berre på Hardangervidda reknar ein med 2000–3000 fangstgroper. Då det ikkje er gjennomført systematiske registreringar er det vanskeleg å vere meir presis (Hoftun 2011a). Eit mindretal av fangstgropene på Hardangervidda er gravne, men desse ligg ofte i større konsentrasjonar og svært opne til i terreng med kjente dyretrekk. Mura fangstgroper opptre meir sjeldan som del av større system, og ligg stort sett enkeltvis eller i par (Blehr 1972:116; Barth 1982:32–33; Bakke 1984:137).

Enkeltliggande fangstgroper er spor etter ein passiv fangst av individuelle dyr. Dei låge ledegjerda førte dyr, som naturleg gjekk og beita, sakte bort til fangstgropa som var dekt med kvist og vegetasjon. Sjølv om reinen går langsamt, vil sviktande underlag for eit av forbeina føre til at reinen bykser framover og landar midt i opninga og fell ned i gropa. Ein trong ikkje kontinuerleg oppsyn av fangstgropene, men dei måtte sjekkast jamleg (Bang-Andersen 2004:76).

Dateringar av steinmura fangstgroper har i Rondane og Snøhetta-området stort sett ligge innanfor perioden 500–1350, sjølv om det finst både eldre og yngre dateringar. Generelt er det likevel få dateringar av denne typen fangstgroper (Indrelid 2009:124).

Det er ingen jamn fordeling av fangstgroper i det sørnorske høgfjellet. Særleg i og rundt Nord-Gudbrandsdal er det kjent mange fangstanlegg. Dels skuldast dette ulike topografiske tilhøve og nærværet av stabile dyretrekk, og dels er dette eit representasjonsproblem (Jordhøy 2007; Jordhøy mfl. 2012). Ein må såleis ta visse atterhald når ein freistar å dra slutningar basert på fordelinga av fangstanlegg i Sør-Noreg.



Figur 7-5, Registrerte fangstgropar og tufter med beindynge på og ved Hardangervidda. Lokalitetar der fleire enn fire fangstgropar inngår er markert med raudt (Kart: K. Loftsgarden).

Likevel om ein ser Hardangervidda under eitt er det ein klar overvekt av fangstgroper aust og nord på Hardangervidda. Det vil seie i nærområda til Numedal og Hallingdal, men det er òg kjent ein rekke fangstgroper i Øvre Telemark, jf. figur 7-5.²³

Det er særleg på nordaustlege delar av Hardangervidda at fangstgropene inngår som del av større system og indikerer at det har gått føre ein ekstensiv fangst. Det betyr ikkje at jakt og fangst ikkje har vore av betydning i sørlege og vestlege delar av Hardangervidda, men her er talet på fangstgroper lågare og dei ligg meir spreidd, og aldri som del av større samanhengande fangstsystem (Bang-Andersen 2004:75; Bergstøl 2014:38). Den store overvekta av fangstgroper på austleg side kan best forklarast ut frå topografiske forhold og nærværet av føreseielege dyretrekk (Bakke 1984:154).

Massefangstanlegg

Massefangstanlegg er spor etter omfattande jakt og fangst som mest sannsynleg fann stad over korte periodar i løpet av året. Det er truleg at målet med fangsten var skinn, hud, pels og gevir for vidare utveksling. Sett opp mot funna av store mengder reinsdyrbein ved massefangstanlegga og på grunn av vanskane med å konservere og transportere store mengder kjøt over lengre avstandar er det sannsynleg at sjølve kjøtet var av mindre betydning.

Det er kjent forskjellige utformingar av massefangstanlegg for rein i Sør-Noreg. Ein type er dei ruseforma fangstanlegga. Slike anlegg har bestått av stolper som har leda reinen inn i ein smal trakt der reinen kunne bli avliva. I Sør-Noreg er denne typen fangstanlegg i hovudsak kjent i Dovre og Rondane.

Eit av dei største er Einsethø nordvest for Rondane nasjonalpark. Dette anlegget består av fleire stolperrekker kvar på ein til to km med til saman rundt 1700 stolper. Stolpene er datert til mellom 985 og 1280 (Barth 1982:44; Mikkelsen 1994:107–108). Rett aust for massefangstanlegget ligger restane etter fangstbuene ved Tøftom, ein sesongmessig bustad knytt til jakt og fangst. Funn og plassering, så vel som datering,

²³ Kartet vart utarbeidd ved å eksportere data frå Askeladden og generere ein buffersone på 100 m rundt kvar fangstgrop. Gjennom verktøyet «Select by attributes» i ArcGis kunne eg så utarbeide ein SQL-spørring for å markere grupper på meir enn fire fangstgroper med mindre enn 100 meters avstand.

gjer at det er liten tvil om samanhengen mellom massefangstanlegget Einsethø og Tøftom (Mikkelsen 1994:77, 108).

Ingen ruseforma fangstanlegg er så langt kjent på Hardangervidda, men også her er det kjent massefangstanlegg, så som fangstgroper i rekke. Desse finst desse berre på nordaustre delar av Hardangervidda, eit område som i mellomalder og tidleg nytid er knytt til Numedal og Hallingdal, jf. figur 7-5.


Det største samanhengande fangstsystemet av jordgravne fangstgroper på Hardangervidda er Dyregravshalli i fjellet vest for Uvdal (Hoftun 2011b). Dateringar frå to av gropene kan indikere at fangstanlegget i Dyregravshalli gjekk ut av bruk rundt 600–700. Sjølv om desse dateringane peikar mot aktivitet i merovingartid kan ein ikkje sjå vekk frå fangst også i seinare periodar (Bergstøl 2011; Jostein Bergstøl, personleg kommunikasjon, 13.5.2015). Det er generelt vanskeleg å datere fangstgroper, og det er naudsynt med fleire dateringar for å kunne dra sikre konklusjonar.

Sumtangen

Eit av dei mest kjente fangstanlegga, som òg bør bli karakterisert som massefangstanlegg, ligg ved Finnsbergvatn (1190 m.o.h.), om lag fem km sørvest for Hardangerjøkulen. På ein tange som nærast delar vatnet, Sumtangen, ligg det store beindynger og tre hustufter som spor etter storstilt fangst, særleg omfattande i høgmellomalderen (Bøe 1942; Indreliid 2010:30–31).

På bakgrunn av eit gjennomsnitt av 15 C-14-dateringar har Svein Indreliid og osteologen Anne-Karin Hufthammer konkludert med at hovudbrukstida på Sumtangen i mellomalderen var siste halvdel av 1200-talet, og meiner dette taler for ein intensiv fangst over relativt kort tid (Indreliid mfl. 2007:133; Indreliid og Hufthammer 2011:48). Det har likevel blitt påpeikt at denne bruken av dateringsresultat ikkje gjev eit korrekt bilete av brukstida på Sumtangen, då forskjellige år innanfor spennet av kalibrerte C-14-dateringar har ulike grader av sannsyn (Blehr 2012).


For betre å kartlegge brukstida har eg gjennomført statistiske analysar av dateringane frå Sumtangen og resultatata frå desse analysane viser ein sannsynleg start



Figur 7-6, Dateringar frå Sumtangen analysert gjennom distribusjonsmodellen «boundary», og viser sannsynleg start av aktiviteten, «Boundary Start» og sannsynleg slutt, «Boundary End». Dateringane er analysert og kalibrert gjennom OxCal 4.2 (Bronk Ramsey 2009; Reimer mfl. 2013).

av aktiviteten på Sumtangen rundt år 1200 og ein slutt rundt, eller noko før år 1300, jf. figur 7-6.²⁴ Dette tyder på at brukstida er atskilleg lenger enn tidlegare hevda.

²⁴ For ein gjennomgang av statistiske analysar av resultat frå C14-analysar, sjå Rundberget (2012:206-239) og Bronk-Ramsay (2009).



Figur 7-7, Rekalibrerte dateringar frå Krækkja N og Krækkja S (Blehr 1973:104). Dateringane er kalibrert gjennom OxCal 4.2 (Bronk Ramsey 2009; Reimer mfl. 2013).

Stadnamnet, segn og funn av båtnaglar peikar alle mot at reinsdyr vart drivne ut på Sumtangen og ut i vatnet, der jegerar venta i båtar og avliva reinen og drog dei med tilbake på land. Det er anslått at det er restar etter minimum 5500 reinsdyr utanfor mellomaldertuftene på Sumtangen, men at så mange som 7800 er meir sannsynleg (Indrelid og Hufthammer 2011:48). Beina som ligg att viser at det neppe var matauk som var hovudårsaken til fangsten, men heller reinsdyrgevir og -skinn.

Fleire tilsvarende anlegg som det på Sumtangen finst på den nordlege delen av Hardangervidda. Ved Store Krækkja ligg det to anlegg med steinbuer og beindynger, Krækkja N og Krækkja S. Ved Ørteren ligg det også eitt, men dette ligg no under vatn (Negaard 1911, 1912; Blehr 1971; Indrelid og Hufthammer 2011:45). I fylgje Indrelid (2010:34) er desse tre anlegga datert til andre halvdel av 1200-talet.

Ved å rekalibrere dateringane frå Krækkja N og Krækkja S (Blehr 1973:104), peikar resultatane likevel mot eit lenger tidsspenn enn andre halvdel av 1200-talet, jf. figur 7-7. Det må nemnast at desse prøvene er datert gjennom konvensjonell C-14-analyse og har såleis ein relativ vid feilmargin.

Handelsvarer frå jakt og fangst

Mikkelsen (1994:142–163) har gått gjennom det osteologiske materialet frå utgravingane av dei norske mellomalderbyane Trondheim, Oslo, Tønsberg, Stavanger

og Bergen, og skilt ut identifiserte restar etter ville pattedyr, fisk og fugl. Han har vidare sett på beinmateriale frå tilsvarende dyreartar frå byar og handelsplassar i Norden i vikingtid og mellomalder.

Den ernæringsmessige betydninga av desse ser ut til å ha vore liten, sannsynlegvis har ville pattedyr i hovudsak hatt ei rolle som råmateriale. I denne samanheng vil fokuset ligge på skinn, pelsverk og gevir av hjortedyr til kamproduksjon.

Med utgangspunkt i det osteologiske materialet frå utgravinga av «Mindets tomt» og «Søndre felt» i gamlebyen i Oslo konkluderer osteologen Rolf W. Lie (1988:195) med at pels og skinn frå ville dyr var av stor økonomisk betydning i Oslo i mellomalderen, men at dei ulike artene er betydeleg underrepresentert i det osteologiske materialet.

Det er likevel funne knokkelmateriale frå fleire artar som er innført til Oslo for pels eller skinn, dette inkluderer oter, raudrev, mår, ekorn, gaupe, hare og røyskatt (Lie 1988). I tillegg er rein, elg, hjort og rådyr representert. Dette tyder på at skinn frå ville dyr var ein interregional handelsvare i mellomalderen, og det er indikasjonar på at dette også inngjekk i internasjonal handel.

Historikaren Arnved Nedkvitne har analysert tollregistrere frå austengelske hamner mellom 1303–1311 og finn at Noreg har ein dominerande stilling i handel med skinn av rådyr, hjort, reinsdyr og bjørn (Nedkvitne 1983:37). Det må likevel bli presisert at mengda skinn ikkje var omfattande, fisk var den klart viktigaste internasjonale handelsvara frå Noreg i denne perioden.

Reinsdyrskinn er naturleg nok lite synleg i det arkeologiske materialet, men derimot er reinsdyrgevir kjent frå dei fleste norske mellomalderbyane (Hufthammer 1987:69; Christophersen 1994:247; Mikkelsen 1994:142–149).

Det ser ut til at gevir frå hjort, rein og elg er mest vanleg som kammateriale i nord-europeiske byar og handelsplassar i vikingtid og fram mot ca. 1300, men stort sett er det gevir frå ein av artane som dominerer, ofte arten som var lettast tilgjengeleg og som fanst meir eller mindre lokalt (Ambrosiani 1981:10–11, 38–39; Christensen 1986:115–117; Mikkelsen 1994:151–152).

Sjølv om det er mindre innslag av reinsdyr andre stader, er det i hovudsak i norske byar og handelsplassar at reinsdyrgevir dominerer som kammateriale (Mikkelsen 1994:160). Ut frå dette materialet er det lite som tyder på at reinsdyrgevir har utgjort noko stor internasjonal handelsvare, men at det har vore ein viktig regional og interregional handelsvare.

I løpet av mellomalderen blir gevir avløyst som kammateriale til fordel for bein eller horn. I Lund ser denne omlegginga ut til å starte allereie omkring midten av 1000-talet, og mellom ca. 1250 og 1300 skjer dette skiftet over resten av Skandinavia og frå ca. 1300 har gevir utspela sin rolle som råmateriale til kammaking (Mikkelsen 1994:163).

Det fyrste skriftlege vitnemålet om handel med skinn og pels er frå høvdingen og handelsmannen Ottar frå Hålogaland. Ottars skildring frå 894–895 inkluderer ei skildring av finneskatten han kravde inn og som skaffa han; 15 mårskinn, fem reinsdyrskinn, ein bjørnefell, ti ambrar fjør, ein kufte av bjørn- eller oterskinn og to skipsreip av kvalross- eller selhud (Eidnes 1954:26). Det blir fortalt at det meste av hans rikdom kjem frå denne skatten (Winroth 2006; McGillivray 2015).

Utover Ottar sin beskriving er det er vanskeleg å kvantifisere fangsten og den økonomiske betydinga av pelsdyr gjennom vikingtid og tidleg og høg mellomalder. Pelsverk frå Noreg blir nemnt i tollregistrer frå austengelske hamner på 1200-talet utan at omfanget verkar å vera veldig stort (Nedkvitne 1983:20). På byrjinga av 1300-talet utgjer import av pelsverk frå Noreg berre ein brøkdell av omsetninga her, og varer frå Østersjøen dominerer (Nedkvitne 1983:37).

Det viser seg eit bilete der den økonomiske betydinga av jakt og fangst minkar etter ca. 1300. Gevir som kammateriale vart avløyst av bein og horn, og den grad av eksport av skinn og pels frå vilt som fann stad vart utkonkurrert til fordel for varer frå Russland og Østersjøområdet.

Reinsdyr og marknadsplassar

Dei omfattande spora etter jakt- og fangst aleine tyder på at skinn, kjøt og gevir frå reinsdyr utgjorde ein verdifull ressurs og handelsvare frå fjell- og dalbygdene i sein vikingtid–høgmellomalder.

Dei skriftlege kjeldene skildrar ein grad av internasjonal handel med reinsdyrskinn og det arkeologiske materiale viser betydinga reinsdyrgevir hadde som råmateriale i samband med gjenstandsproduksjon, særleg av kammar, men òg andre gjenstandar som nåler eller spelebrikker.

Reinsdyrstamma på Hardangervidda vart beskatta i alle område, men særleg på nord- og austvidda gjekk det føre seg ein storstilt fangst. Det er såleis sannsynleg at det var marknadsplassane rundt desse områda som hadde den største omsetninga av reinsdyrskinn og –gevir.

Kamproduksjon frå reinsdyrgevir var eit fast element i norske mellomalderbyar fram til rundt 1300, og det er såleis truleg at reinsdyrgevir gjekk til Bergen via Kinsarvik eller Kaupanger. Det kan også ha gått føre seg ein grad av kamproduksjon i innlandsområda, utvekslinga frå fjell- og dalbygder mot kystområda treng såleis ikkje berre å ha avgrensa seg til råvarer. Undersøkinga på Bjørkum viste at i tidleg vikingtid gjekk det føre seg ein kamproduksjon også i indre Sogn (Loftsgarden mfl. 2017). Likeins er det i samband med undersøkingane av mellomaldertufta på Tøftom i Dovre funne sikre spor etter omarbeiding av reinsdyrgevir, og det er funne halvfabrikata til kammar (Mikkelsen 1994:72).

7.4 Brynestein

Det er framleis få kjente brynesteinsbrot frå vikingtid og mellomalder i Noreg. Det største og mest kjente ligg i Eidsborg i Øvre Telemark. Brynestein var ein viktig handelsvare i denne perioden og det gjekk store mengder brynestein frå Eidsborg langs Telemarksvassdraget via Skien (Myrvoll 1992; Nymoen 2011).

Skien si rolle i brynesteinshandelen kjem klart fram i eit dokument frå 1358 då Skien fekk fornya eller formalisert sine handelsrettar. Det blir spesielt nemnt at byen etter gamal vane fekk rett til å drive kjøp og sal av korn, hardstein (brynestein) og andre vareslag for heile Skiens syssel. Eit område som omfatta Grenland, Øvre Telemark og Numedal (DN XV, nr 20; RN VI, nr 489; Iversen 2015).

Arkeologiske undersøkingar i Skien har vist at brynestein har vore skipa ut via Skien iallfall frå tidleg mellomalder og har vore ein viktig faktor i framveksten av mellomalderbyen (Myrvoll og Mathisen 1996:85–86).

I rettarbota frå 1358 er det spesifisert at Skien har handelsrettar på hardstein, som er ein variant av brynesteinen i Eidsborg. Den andre varianten er såkalla blautstein, som finst i mindre mengder og var meir vanskeleg å få fram.

I *Topographisk-statistisk Beskrivelse over Bratsberget Amt* fortel Jens Kraft (1824:151) om skiljet mellom den ljosblå harde sandsteinen og den meir leireaktige blautsteinen. Hardsteinen blir ført utanlands via Skien, medan blautsteinen «sælges stykkevis i de omkringliggende Bygder». På 1800-talet er det fleire eksempel på brynestein, då utelukkande blautstein, som vart transportert over fjellet for sal i Ryfylke og Hardanger (Falck-Muus 1921:131).

Det at brynestein er nemnt i rettarbøter og diplom som hardstein tyder på at det òg i mellomalderen var eit skilje mellom ulike typar brynestein og der hardstein var brynesteinstypen som vart eksportert via Skien (DN XV, nr 20; DN IV, nr 651; DN XV, nr 23). Det er såleis sannsynleg at brynestein frå Eidsborg, og kanskje særleg av blautstein-typen, inngjekk i regional og interregional handel mot nord og vest, i tillegg til utskipping og handel med hardstein via Skien.


7.5 Andre ressursar

Fokus i avhandlinga har vore på varer og ressursar framstilt i fjell- og dalbygdene, eg vil her drøfte meir kva varer som kunne inngå i utvekslinga frå kyst- og fjordområda mot innlandet. Dette vil sannsynlegvis ha inkludert ein rekke varer som salt, fisk, korn, kleber eller kvernstein.

Eg vil avgrense mitt utval til kleberstein og salt, to ressursar som var viktige for befolkninga i fjell- og dalbygdene, men som i liten grad var tilgjengelege lokalt.

Kleber

Kleberstein er varmebestandig, samtidig som den er mjuk og lett formbar. Dette gjorde kleberstein svært anvendeleg til utforming av kar, støypeformer, spinnehjul,



Figur 7-8, Kart som viser spreinga av fragment eller heile kleberkar, -gryte eller -bolle og baksteheller. Datamaterialet er henta frå hovudkatalogane til KHM, BM, NTNU og AM. I tillegg er automatisk fredda klebersteinsbrot markert (Kart: K. Loftsgarden).

vevtyngder, garnsøkke og baksteheller. Gjenstandar av kleberstein utgjer ein av dei mest funnrrike gjenstandskategoriene i det arkeologiske kjeldematerialet frå vikingtid og mellomalder (Baug 2011:336).

Klebergjenstandar, og særleg kleberkar, var ein eksportvare frå Noreg i vikingtida (Skjølsvold 1961:129–135; Resi mfl. 1979; Resi 2006:263), men også regionalt og interregionalt gjekk det føre ein utstrekt utveksling av kleber, jf. figur 7-8.

Proveniensanalysar på klebergjenstandar i samband med Kaupangprosjektet viste at mesteparten av kleberkara frå Kaupang har same, men enno ukjente opphav, medan andre klebergjenstandar ser ut til å ha meir spreidd proveniens. Det har difor vore spekulert i om kleberkar kan ha vore kontrollert og organisert, både gjennom produksjon og handel (Baug 2011:334).

Det er ingen klebersteinsbrot i Vestfold, og interregional handel med kleber må difor ha gått føre seg (Baug 2011). Likeins er det få kjente kleberbrot i innlandet sør for Jotunheimen, jf. figur 7-8.

Eit unntak er klebersteinsbrotet Bøura i Tinn. Det er kjent fleire emne og uferdige kleberkar frå dette brotet. Då det er tatt ut stein her i nyare tid er det vanskeleg å kvantifisere omfanget av aktiviteten i vikingtid eller mellomalder. Skjølsvold (1961:55-56) meiner likevel at verksemda har vore betydeleg og over lengre tid. Det er også eit brot i Hjartdal i Telemark (id 77540), men det er usikkert om dette kleberbrotet vart nytta i jernalder eller mellomalder, då det er ingen hakkespor eller gryte/kar-emne i området.

På båe sider av Sørfjorden i Hardanger har klebersteinsdrifta hatt eit stort omfang i vikingtid og mellomalder (Skjølsvold 1961:124–125). Dei største klebersteinsbrota finn ein øvst i Kvitnadalen vest for Sørfjorden. Her er det kjent minst seks brot, det djupaste om lag 50 m langt med store avfallsdynger med hoggflis og øydelagde emne. Liknande brot kan ein finne ved Måge og på austsida av Sørfjorden (Kolltveit 1963:185–190). Proveniensbestemming av kleberkar frå 1100-talet i Bergen har vist at så godt som ingen stammar frå dette området. Kleberkar frå Sørfjorden finst elles i Hordaland, men ikkje Bergen (Gitte Hansen, personleg kommunikasjon, 8.4.2016).



Figur 7-9, Mågefunden, B6348 (Foto: Svein Skare, © Universitetsmuseet i Bergen, CC BY-NC-ND 3.0).

Eit talande funn for den økonomiske betydninga av kleber i Hardanger i tidleg mellomalder kom for dagen på byrjinga av 1900-talet. Mellom steinar i ein røys på garden Måge på vestsida av Sørfjorden vart det funne ei kleberskål med botnen opp og under låg det 260 sølvmyntar, tre sølvringar og to bronsebeslag (B6348), jf. figur 7-9. Til saman var det 240 norske penningar frå Harald Hardråde (1047–1066) og Olav Kyrre si tid (1067–1093). Dette skattefunnet vart difor sannsynlegvis lagt ned i perioden 1080–1093, eller noko seinare (Gullbekk 1994:64).

I tilknytning til Nidelva i Aust-Agder er det kjent fleire klebersteinsbrot med karproduksjon frå vikingtid og mellomalder (Schou 2007:45–52). Torbjørn Preus Schou (2007) argumenterer for at kleberverksemda her bør karakteriserast som spesialisera masseproduksjon med sikte på omsetning for ein marknad, der Fjæredistriktet var ein regional sentralplass og kunne difor spele ein rolle i kontroll og organisering av kleberverksemda.

Kleber og marknadsplassar

I Hardanger er det kjent ein rekke klebersteinsbrot og kleber herifrå var sannsynlegvis handelsvare i Kinsarvik. Funn av klebergjenstandar og kleberavfall kan indikere at det også gjekk føre ein grad av produksjon av klebergjenstandar her. Det verkar som kleberen gjekk via Kinsarvik mot austlege fjell- og dalbygder, så vel som til andre bygder på Vestlandet, men moglegvis ikkje til Bergen då det så langt ikkje er funne kleber frå Sørfjorden i mellomalderbyen Bergen.

Det er funne spor etter kleberkar i dei fleste fjell- og dalbygdene, jf. figur 7-8. Hallingdal skil seg ut med relativt få funn, medan det er funne særleg mange kleberkar i Telemark. Dette kan forklarast med klebersteinsbrotet i Tinn, men det kan òg tyde på at Øvre Telemark hadde ein tettare kontakt med Sørfjorden via marknadsplassane i Kinsarvik eller Røldal og/eller kystområda i Aust-Agder via marknadsplassen i Valle.

Også i Valdres kunne ein skaffe kleber frå Vestlandet via Kinsarvik eller Kaupanger, sjølv om det også har vore klebersteinsbrot i Vågå med spor etter gryteproduksjon (Voldheim 1995).

Salt

Salt er eit naudsynt tilsetningsstoff i kosten, både til menneskje og husdyr. I tillegg er salt viktig til konservering av mat, pels og skinn. Ein kunne framstille salt på fleire måtar, dei to vanlegaste var utvinning frå sjøvattn eller uttak frå gamle saltavleirningar. Då det ikkje finst bergsalt i Skandinavia er framstilling med utgangspunkt i sjøvattn det einaste alternativet til import av salt frå kontinentet (Omdal 2011).

Det føregjekk ein omfattande produksjon av salt på kontinentet (Lorentzen 1952:31), likevel ser det ut til at hovuddelen av saltet som vart nytta i Noreg fram til 1400–1500-talet var heimleg produsert (KLN M XIV:712). Saltproduksjonen var såpass omfattande at noko av saltet vart eksportert, både til England og til Sverige. Blant anna ligg eksport av salt til grunn for toll-lovgjevinga i 1316 (NgL III:118–119; Pettersen 2013:98–99).

I det sørnorske innlandet måtte salt bli innført frå kystområda. Saltutvinningsmåtar og den lange transporten gjorde at salt var ein kostbar ressurs. Det er såleis lite sannsynleg at salt vart nytta til konservering i noko utstrekt grad, men at

ein minimerte bruken av salt og heller tørka eller røykte fisk og kjøt. Salt var i fyrste rekke nytta i samband med mat til det direkte konsum ein trong av fysiologiske grunnar (KLN M XIV:696–697; Bjørke 1987:29).

To typar salt vart framstilt i Sør-Noreg, svart og kvit. Desse fylgjer av framstillingsmetoden, der kvit salt vart framstilt i ein kjele der ein fordampa sjøvatt til saltet låg att, medan svart salt vart framstilt ved å brenne tang (Fritzner 1896:163). Svart salt hadde betrakteleg dårlegare kvalitet og det er sannsynleg at det fyrst og fremst vart gjeven til husdyr.

I Gulatingslova er det presisert at jordleiger kan framstille salt, men då til eige bruk, «og never skal han ikkje flekkja til sals, utan han treng til å kjøpa seg svart salt for. Salt skal han ikkje laga, meir enn han lyt gjeva bufeet sitt, utan han treng kjøpa seg never» (G V 4). Saltbrennarar er òg blant anna spesifikt nemnt i Egilssoga (Egils-soga, kap. 4), og i saga om Fridtjov den frøkne.

Det er åtgangen til å nytte trevirke som var det springande punkt i framstillinga av salt, og dette har vore rekna som ein gardsrett. Og det er tydeleg at allmenningsskog ikkje fritt kunne bli brukt til saltbrenning etter dei gamle norske lovene (Rynning og Robberstad 1968:574). At landskyld vart betalt i salt fleire stader strekar ytterlegare under at saltbrenning har vore del av gardsdrifta og tilseier at salt hadde ein varig og stabil verdi (Rynning og Robberstad 1968:577–578; Pettersen 2013:98).

Saman med Oslofjordområdet, ser Hardanger ut til å vere eit av dei mest sentrale områda for framstilling av salt. Salt frå Hardanger er spesielt nemnt av Arent Berntsen i *Danmarckis og Norgis fructbare Herlighet* frå 1656 (Berntsen 1656:298). Likeins er Hardangersalt oppført fleire gonger i lensrekneskapa, blant anna i 1518 då det er ført opp 18 tønner Hardangersalt (NRJ I:191). Også i lensherren Vincents Lunges jordebok frå 1535 er salt vanleg som landskyld for gardane i Jondal, Øystese, Kinsarvik og Ullensvang sokn (NRJ IV:471–72).

Også ei rekke stadnamn i Hardanger peikar mot saltbrenning som ein sentral ressurs, som til dømes *Salbunes*, *Salbuvik* og *Saltnesskor* i Granvin, *Salthella*, *Saltheldren*, *Salthustufta* og *Salbuvik* i Ulvik, og *Salthellardalen* i Eidfjord. Likeins er Hardanger, saman med Oslofjordområdet, godt representert i diplomaterialet med omsyn til saltutvinning, som til dømes i brev frå 1316 der Munkelivs kloster i Bergen

makeskifta imellom Vambheim i Ulvik og Bakke i Herand og saltkokeplassen blir halden utanfor skiftet (DN XII, nr 52). Dette er eit av fleire døme frå mellomalderen der eigarrettar til saltkokeplassar eller saltkjelar fylgde jordhandel i Hardanger (t.d. DN VIII, nr 225 og DN XXI, nr 288).

I tillegg til trevirke var ein avhengig av ein saltkjele for å framstille salt ved koking. Kjelen måtte vere stor og så flatbotna som mogleg, så vatnet fortast mogleg kunne fordampe. I 1395 blir garden Reinlid i Valdres seld, saman med halvparten av eigarrettane til ein saltkjele, kjelen romma 7 laupar à 16,2 liter, eller 113,4 liter (DN III, nr 520; Steinnes 1936:151). Ein kjele av denne storleiken vil ha vore ein betydeleg investering, og i det same diplommet er verdien på halvparten av saltkjelen sett til 14 kyrlag.

Frå eit diplom frå 1356, mest sannsynleg frå Hallingdal (Steinnes 1930:151), blir det opplyst om ein jordhandel der tre fjerdedelar av eigarrettane til ein saltkjele fylgde handelen. Verdien på desse tre fjerdedelane er sett til 10 ½ kyrlag, det vil seie det same som meir enn ti fullgode kyr (DN I, nr 348; Pettersen 2013:307).

Både i Valdres og Hallingdal er det døme på gardar med eigerettar i saltkjelar ved Hardangerfjorden. Dette kravde stabile nettverk med gardar langs kyst eller fjord som kunne koke salt, og at det såleis vart oppretthalde ein stabil tilførsel av salt. Det er naturleg nok innlandsbygdene som har vore mest avhengige av ein tilførsel av salt utanfrå, anten ved at den einskilde gard hadde eigarrettar i ein saltkjele, eller ved vareutveksling.

Salt og marknadsplassar

I Hardanger føregjekk det altså ein omfattande saltframstilling og ein må rekne med at alle marknadsplassar der folk frå Hardanger møtte omfatta handel med salt, som Kinsarvik, Røldal, Hallingskeid i Grøndalen og Toresmoen. Det er også sannsynleg at det vart framstilt noko salt i Sogn, sjølv om det er få stadnamn eller skriftlege kjelder om saltframstilling her.

Stadnamn kan òg indikere betydinga av salt som handelsvare, til dømes *Saltmannaveg* som er namnet på fleire av vegane frå Valdres mot Vestlandet (Hvattum mfl. 1993:26), *Saltvoll* ved marknadsplassen i Røldal og marknadsplassen *Saltpytt* på Hardangervidda frå tidleg nytid.

7.6 Handelsvarer frå utmark – samlande vurdering

Med mål om å kaste ljøs over kva varer som del av handelen på marknadsplassar i sein vikingtid–høgmellomalder har eg drøfta kva ressursar som var gjenstand for overskotsproduksjon i fjell- og dalbygdene i innlandet i denne perioden, jf. figur 7-10.


Ein viktig ressurs i så måte var jern, og det var framstilt jern i mengder som oversteig det regionale og også det nasjonale behovet i denne perioden. Jern kunne utgjere ein handelsvare som ferdige smidde gjenstandar, eller som råvare i form av emnesjern. Ein kan skilje ut særleg to hovudtypar emnesjern, den standardiserte R.438 og det mindre omarbeidde blesterjernet. R.438 ser ut til å vera rådande i Valdres og Hallingdal, medan blesterjern er den einaste typen emnesjern som er kjent i Numedal, Telemark og Setesdal.

Fleire depotfunn av R.438 er kjent på Vestlandet, blant anna i Kinsarvik, og indikerer at jern frå Valdres og Hallingdal gjekk mot vest som handelsvare via Kinsarvik og Kaupanger. Det er funnen fleire smier i Kaupanger og slaggg i Kinsarvik som kan tyde på at jern også vart omarbeidd her.

Blesterjern er i praksis ein lett omarbeidd luppe og kan innehalde slaggg frå jernframstillingsprosessen. Slagg frå smier der blesterjern blir smidd om til gjenstandar vil såleis kunne bli skild ut frå anna smieslagg. Denne typen slaggg er funnen i Bergen og indikerer at noko av råjernet som kom til Bergen i høgmellomalderen var blesterjern og difor sannsynlegvis frå fjell- og dalbygdene sør for Hallingdal. Det er ikkje gjort funn av R.438 på Vestlandet sør for Kinsarvik, noko som kan tyde på at blesterjern frå Numedal, Telemark og Setesdal var rådande på Sørvestlandet og Vestlandet sør for Bergen.

Varer frå jakt og fangst som kjøt, pels, skinn og gevir er meir vanskeleg å spore i kjeldene. Arkeologiske funn viser at reinsdyrgevir har vore ein ettertrakta råvare blant anna til kamproduksjon i vikingtid–høgmellomalder og har utgjort ein interregional handelsvare i denne perioden.

Spor av skinn og pels av hjort, elg og reinsdyr i mellomalderbyane indikerer at også dette har vore handelsvarer. Engelske tollregister viser at dette var varer som òg inngjekk i ein grad av internasjonal handel i høgmellomalderen. Likevel er det dei



Figur 7-10, Oversiktskart over område med sannsynleg overskotsproduksjon i perioden 1000–1300 (Kart: K. Loftsgarden).

omfattande spora etter jakt og fangst av reinsdyr i sein vikingtid–høgmellomalder som mest tydeleg viser at det gjekk føre ein overskotsproduksjon av skinn og reinsdyrgevir i fjell- og dalbygdene.

Jernframstilling og jakt og fangst utgjorde såleis verdifulle ressursar og varer frå fjell- og dalbygdene omkring Hardangervidda i sein vikingtid–høgmellomalder. I same periode aukar også stølsbruk og utnyttinga av store fjellbeite og seinast på 1100-talet var stølsbruk ein innarbeidd del av gardsdrifta (Øye 2002:369; Svensson 2015).

Utmarksbeite gjorde at ein kunne halde eit større tal storfe og småfe, som i seg sjølve utgjorde handelsvarer, men dei kunne òg gje varer som smør, ost, skinn og huder. Frå tollregister frå austengelske hamner ser ein at på byrjinga av 1300-talet vart det innført relativt store mengder geite- og bukkeskinn frå Noreg (Nedkvitne 1983:37).

Likeins gjennom blant anna klagebrev og privilegiaforhandlingar kjem det fram at hanseatane gjennom mellomalderen dreiv oppkjøp og handel med hud- og skinnvarer både på Vestlandet og Austlandet (Blom 1970:530).

Det er vanskeleg å påvise handel med varer som stammar frå utmarksbeite og stølsbruk, men det er sannsynleg at både husdyr og smør, ost, skinn og huder var ein viktig del av handelen på marknadsplassane i Sør-Noreg i sein vikingtid–høgmellomalder.

Av varer som gjekk frå kyst- og fjordområda mot fjell- og dalbygdene har eg valt å fokusere på kleberstein og salt. I indre fjordområde gjekk det føre ein overskotsproduksjon av salt, samt klebersteinkar og -gryter. Dette var naudsynte varer som måtte bli tilført innlandet. Det er difor sannsynleg at noko av desse varene inngjekk i handel på marknadsplassane i byte mot jern, pels, skinn og gevir frå fjell- og dalbygdene.

8. Aktørar, råderett og organisering

Som vist fann det stad ein omfattande overskotsproduksjon av ressursar frå utmark i innlandet i sein vikingtid–høgmellomalder. I det fylgjande vil det bli drøfta korleis denne overskotsproduksjonen vart organisert og kven stod bak utnyttinga av ressursane og den vidare handelen på marknadsplassane. Er det forskjellar mellom dei ulike typane marknadsplassar og kan ein sjå ein endring over tid?

Vidare vil det bli fokusert på kva og kven som kan ha vore drivkreftene bak den ekstensive ressursutnyttinga og oppkomsten av årvisse møte- og marknadsplassar, både i økonomisk og sosial kontekst.

8.1 Organisering av jernframstilling og jakt og fangst

Topografi, klima og naturgrunnlag medførte at jordbruket neppe var den fremste føresetnaden for busetjing i fjell- og dalbygdene, store delar av næringsgrunnlaget var heller å finne i skog, hei og fjellområda (Martens 1992). Desse klimatiske og topografiske restriksjonane og moglegheitene kan representere ein seig overgripande struktur for befolkninga i desse områda.

Ein ervervsstrategi, som omfatta overskotsproduksjon for pliktytingar og handel, gjorde at befolkninga i fjell- og dalbygder tok i bruk ei rekke ressursar, som jakt og fangst av rein, jernproduksjon, utmarksbeite og stølsbruk. Denne ervervsstrategien er vist for nordlege delar av Østerdalen der garden i mellomalderen er tolka som eit kombinasjonsbruk der jordbruksverksemd og elgfangst har vore integrerte delar av drifta (Stene 2014:104).

I dette området gjekk gropfangst av elg ut av bruk samstundes som jernframstillinga vart intensivert, likeins skjedde det ein re-etablering av fangstgropsystema då jernframstillinga tok slutt (Stene og Wangen 2017). Samanfallet i tid tyder på at det var den same gruppa menneskje som stod bak dei ulike ervervsformene.

Fangst av rein og jernframstilling tok i bruk og utnytta ulike landskapssoner i fjell- og dalbygdene, og er såleis ikkje gjensidig utelukkande slik fangst av elg og jernframstilling var til dømes i Østerdalen.

Kven stod bak jernvinna?

Det er lagt fram fleire teoriar om forholdet mellom busetnad og jernvinne (t.d. Hougen 1947:294; Reinton 1957:259–260; Johansen 1979:84–85; Martens 1988:118). Grunnlaget for dei ligg i jernframstillingsstadene si geografiske og topografiske plassering og utbreiing, samt teknologisk og økonomiske tilhøve.

Grovt sett kan ein skilje mellom to teoriar; jernframstillinga vart utført av ein fast busetnad eller jernframstilling vart utført av omreisande spesialistar. Med omsyn til Hedmark-tradisjonen i jernframstillinga meiner Rundberget at det var aktørar knytt til jordbruksamfunnet som i eit etablert fellesskap stod for framstillinga, og dessutan at produksjonen hadde ein høg grad av spesialisering. Produksjonen var likevel ikkje fullt ut spesialisera med fast sysselsett arbeidskraft (Rundberget 2013:310).

Jernframstillingsanlegga i fjell- og dalbygdene omkring Hardangervidda er lokalisert i utmarksområde, ofte på, eller tett ved stølsvollar (Larsen 1991:283–284; Loftsgarden 2007:14). Ein kopling mellom jernframstilling og stølsdrift har difor vore framsett (Hauge 1946:20; Hougen 1947:19; Reinton 1957:260).

Ein må likevel vere open for omstende som kan ha ført til at jernframstillingsanlegg på stølsvollar er blitt overrepresentert. Jernframstillingsanlegg vil til dømes trå klårare fram på ein stølsvoll med lite vegetasjon enn i skogsområde. Likeins kan naturtilhøve som var viktige for å ta i bruk eit område til stølsdrift også felle saman med kva som var fordelaktig ved jernframstilling, som tørre område med fin grunn og lite stein, samt tilgang på vatn. Det kan difor tenkjast at stølar vart lagt til område som tidlegare hadde vore nytta til jernframstilling. Med desse atterhalda vil eg likevel hevde at det har vore ein kopling mellom stølsdrift og jernvinne eller rettare, mellom jernvinne og ein befolkning som også dreiv stølsbruk.

Klima og naturtilhøve i fjell- og dalbygdene omkring Hardangervidda med kort vekstsesong og til dels avgrensa areal med dyrkbar innmark er lite eigna til utstrekt korndyrking. I tidleg nytid var difor husdyrhald og stølsdrift ein sær viktig del av

gardsdrifta i desse områda (jf. Taksdal 1973). Som nemnt var stølsbruk ein integrert del av gardsdrifta iallfall frå tidleg mellomalder, og sidan jernframstillingsstader som ofte ligg på eller ved stølsvollar, er det usannsynleg at jernframstillinga kunne gå føre seg i fjell- og dalbygdene utan at den faste befolkninga var involvert, anten som aktiv eller passiv del av jernframstillinga.

Den kan ha vore driven av spesialistar, eller meir sannsynleg inngå i gardsarbeidet. Om ein ser jernframstilling som ein integrert del av gardsarbeidet med utgangspunkt i husdyrhald, er det truleg at sjølv blestringa vart lagt til vinterhalvåret då det var mindre arbeid elles på garden (Taksdal 1973, figur 2; Bloch-Nakkerud 1987:148–149).

I motsetnad til i delar av Østerdalen var det ein etablert busetnad i desse områda før jernframstillinga. Det kan indikere at jernframstilling som ressurs vart mindre systematisk bygd opp, men heller vart sakte inkorporert i gardsdrifta. Dette utelukkar likevel ikkje at jernvinna kunne drivast i fellesskap mellom fleire gardar.

Vinterblestring

Vegen frå myrmalm til ferdig jern er lang og tidkrevjande, og for at ein lokal befolkning i det heile kunne bruke tid på å framstille jern måtte jernvinna kunne kombinerast med gardsdrift.

Folkelivsgranskaren Turid Taksdal har detaljert beskrive ein årssyklus ved fjellgardar på Møsstrand i tidleg nytid (Taksdal 1973). Denne årssyklusen har så Bloch-Nakkerud jamført med alt arbeidet som omfattar jernframstilling. Tidleg på våren vart myrmalm grave og tre felt, baa låg så over sommaren for å tørke. På sommaren slo ein fyrst høyet på stølen og så rundt midten av juli tok heieslåttan til. På hausten etter slåttonna vart treet forkola og malmen røsta. Sjølv blestringa vart lagt til vinterhalvåret, då det var relativt roleg og mindre å gjere elles på garden (Reinton 1957:45; Bloch-Nakkerud 1987:147–148).

Det er sparsamt med skriftlege kjelder som omhandlar jernframstilling, likevel er vinterblestring nemnt i Egilssoga, der Egil er omtala som smed som dreiv mykje med jernframstilling om vinteren (Egils-soga, kap. 29–30).²⁵

²⁵ «Skalla-Grímr var járnsmiðr mikill ok hafði rauðablástr mikinn á vetrinn.» (Egils saga Skalla-Grímssonar, kap. 29–30)

Uansett når på året jernframstillinga gjekk føre seg ville det ha vore gagnleg å beskytte trekol og røsta malm mot nedbør, utan at det i seg sjølv betyr at det var naudsynt med blesterhus. Mange stader finn ein òg jernframstillingsstader utan slike spor. Det er såleis mogleg at blesterhus vart bygd for å beskytte mot snø og uver på vinterhalvåret, og ikkje primært for å halde kolet og malmen tørr.

Mykje av det arbeidskrevjande gardsarbeidet skjedde i vekstsesongen om sommaren, så det å leggje sjølv blestringa til vinteren ville hefte minst mogleg med anna arbeid på garden (Bloch-Nakkerud 1987:149). Kol kunne lagrast i kolgropa over lengre tid, og ved å merke kolgropa kunne kolet bli funnen om vinteren og frakta på slede, saman med andre naudsynte element til jernframstillingsstaden, som leire, belgar, heller og malm. Dei fleste blestertuftene som er registrert er relativt små, men store nok til å skaffe ly for vêr og vind, men truleg for små til å kunne brukast til overnatting over lengre periodar (Larsen og Mjærum 2014:116–117).

Jakt og fangst – ein lokal ressurs?

Som vist i kapittel 7.3, er fleire ulike jakt- og fangstmetodar nytta gjennom jernalderen og mellomalderen med endringar over tid knytt til organisering og kva aktørar som var involvert. Kjøt, skinn, pels og gevir kunne utgjere ein viktige ressursar og eg vil drøfte kven som stod bak organiseringa av jakt og fangst i sein vikingtid–høgmellomalder.

Innanfor undersøkingområdet er særleg fangst med bruk av fangstgroper utbreidd, men det er òg spor etter meir intensiv fangst, som Sumtangen er døme på. Desse to måtane å organisere jakt og fangst vil sannsynlegvis også ha spela inn på kven som stod bak, og ulike aktørar kan ha vore involvert, til dømes nærliggande gardar eller andre gardar med allmenningsrett, eller fangstspesialistar (Tveiten 2012:217).

Med omsyn til Rondane og Østerdalen er det foreslått at den mest ekstensive fangsten i høgmellomalderen vart gjennomført av samiske fangstspesialistar på oppdrag for kongen (Mikkelsen 1994:123–124; Bergstøl 2008:218). Likeins i samband med Sumtangen finn Indrelid det sannsynleg at fangsten vart gjort i teneste for stormenn i Bergen (Indrelid 2010:33).

Sumtangen og andre liknande massefangstanlegg

Sumtangen er spor etter massefangst, og det finst fleire liknande lokalitetar, særleg på nordlege delar av Hardangervidda. Indreliid har anslått at rundt 20 000 reinsdyr har blitt felt ved desse lokalitetane, og argumenterer for at fangsten her i siste halvdel av 1200-talet var organisert av byfolk, men der bygdefolk som kjente vidda stod for det meste av arbeidet (Indreliid 2010:33).

Dette blir blant anna grunngeve med at reinsdyrgevir var tiltrengt emne til kammakeri i mellomalderbyane. I tillegg er det funne fire merkelappar av bein med runeinnskrifter som; «ottar á» - «Ottar eig» på framsida og på baksida «klokær maðr» - «klok mann». Liknande merkelappar er funne i samband med utgravingane på Bryggen i Bergen. Indreliid meiner det er lite sannsynleg at bygdefolk var såpass gode runesmedar, og at omfattande merking neppe hadde vore naudsynt om berre bygdefolk var involverte (Indreliid 2010:33).

Eg finn denne tolkinga lite overtydande. Runeinnskrifter er godt kjent i rurale strøk både før og etter oppkomsten av byane, i tillegg kviler hypotesen til Indreliid også på slutninga om at fangsten gjekk føre seg over ein relativt kort periode i siste halvdel av 1200-talet, og at det er vanskeleg å forklare kvifor bygdefolk skulle organisere ein slik massiv fangst over nokre få tiår for så aldri ta den opp att. Som vist er denne korte brukstida likevel ikkje overveldande bevist i dateringsresultata.

Etter ein recalibrering av C-14-resultata ser det ut til at Sumtangen har hatt ei brukstid på nærare 100 år, noko som betyr om lag 78 dyr per år om ein ser det opp mot det anslegne talet på slakta reinsdyr på totalt 7800, eller ikkje meir enn 55 dyr per år om ein brukar det anslegne minimumstalet. Ein må rekne svingingar i fangstmengda, og mengda dyr som vart felt var jamt over stort, men ikkje større enn at det kunne bli gjennomført av ein lokal befolkning.

Fangst og jakt på rein var sesongmessig arbeidskrevjande, når reinen fyrst vart sett i området måtte folk organisere seg relativt raskt til fangsten. Samla finn eg det mest sannsynleg at jakta gjekk føre seg som eit lokalt initiativ, til dømes som samarbeid mellom gardar. Ein kan òg tenkje seg lokale stormenn som pådrivar. Skinn og gevir kunne bli utveksla som handelsvare eller inngå som pliktytingar i Kaupanger og Kinsarvik.

Meir presist kva gardar eller grender som organiserte og gjennomførte fangsten er vanskeleg å påvise. Sumtangen og dei tre andre liknande lokalitetane ved Krækkja og Ørteren ligg midtvegs mellom Hallingdal og Hardanger. I dag er Sumtangen del av eit sameige med gardar frå Eidfjord, medan dei tre andre lokalitetane er del av eit sameige med gardar frå Hol.

Fangstgroper

Eit segn som finst i fleire variantar i innlandet fortel om verdien og betydinga til fangstgroper. Kort fortalt handlar det om ein odelsgut eller –jente som vel fangstgropene på fjellet framfor garden i dalen (Opedal 1943:9–10; Skar 1997 [1907]:7–8). Det er grunn til å gå utifrå at enkeltliggande fangstgroper kan sjåast som del av ressursgrunnlaget til einskilde gardsbruk i fjell- og dalbygder. Verdien desse blir gjevne i segn og eigarskifte frå seinmellomalderen kan tyde på at også rein fanga i enkeltliggande fangstgroper kunne inngå som handelsvare og ikkje berre til eige forbruk.

Fangst i enkeltliggande fangstgroper var passiv og kravde eit regelmessig tilsyn, det var såleis viktig at fangstgropene låg relativt nær gard og grend. Fangstanlegg var dels knytt til gardens utmark og dels til allmenning, og retten til eksisterande fangstgroper var ein bruksrett, ikkje eigedomsrett (G V 22; L VII 63; Øye 2002:365).

Organisering av overskotsproduksjon i utmark

Eg vil her gå nærare inn på råderett over utmarksressursane i sein vikingtid–høgmellomalder og drøfte og vurdere organiseringa av ressursutnyttinga av jernframstilling, jakt og fangst i fjell- og dalbygdene.

Fangstgroper blei klassifisert som veidestader, i lag med andre geografisk bestemte og årvisst potensielle fangstlokaliteter. Det er vidare ofte ei nær tilknytning mellom fiskevatn og veidestader, som beskrive i Gulatingslova; «Vatn og veidestad skal kvar ha sine, so som han har hatt frå gamal tid» (G V 22). Eit prinsipp som openbert gjaldt allmenningar (Øye 2002:366).

Størsteparten av skog- og fjellområda var allmenningar i sein vikingtid–høgmellomalder, det vil seie område der allemannsretten gjaldt, samt enkelte særrettar


(KLNMI:98–102; Øye 2002:367). Bruksrett i allmenning kvilde på sedvane og hevd, (G VII 15), dette gjaldt både stølsbruk, uttak av ved, fisk og fangst (Øye 2002:367). Kongen hadde rett til å bygsle nyryddingar i allmenning, men det verkar som at det var gardane i tilgrensande område som hadde ope tilgang til allmenningane og hadde anledning til å opparbeide hevdsrettar (Øye 2002:367).

Spørsmålet er om hevd og bruksrettar for jernframstillingsanlegg fylde same prinsipp som ved fangstanlegg. Tveiten finn det sannsynleg at dei fleste gardane i Øye sokn, nordvest i Valdres, var involvert i jernvinna og kan ha organisert ressursane seg i mellom. Han meiner vidare at bruk av blesterhus på jernframstillingsplassane kan ha vore ein måte å markere hevd til særskilde jernframstillingsplassar (Tveiten 2012:232–233).

Jernframstilling er sjeldan direkte nemnt i skriftlege kjelder frå mellomalderen, eit unntak er ei rettarbot for Østerdalen frå 1358. Det blir då stadfest at østerdølar fritt kan ta ut malm til jernvinne etter gamal sedvane og at kongens ombodsmenn ikkje skal hindre dei i å føre varene til marknadsplassar. Det blir òg presisert at dei ikkje skal krevje meir skatt enn det som er gjort frå gammalt (RN VI, nr 483; NGL IV:378–380; Rundberget 2013:282). Jernframstillinga i Østerdalen tok i stor grad slutt før 1300, rettarbota peikar såleis tilbake på tidlegare praksis der den lokale befolkninga stod for produksjonen av jern (Rundberget 2013:283–285).

Ved fleire tilfelle blir jern inkludert i kjøp og sal i Valdres, som i 1331 (DN II, nr 186) og 1337 (DN II, nr 225; DN X, nr 27; Tveiten 2012). Dette tyder på at også her vart jern framstilt og organisert av den lokale befolkninga. I tillegg er fleire smedar nemnt i diplom frå Valdres i høg mellomalderen, som Olav smed i 1331 (DN II, nr 186), Sigurd smed i 1334 (DN IV, nr 209) og Kolbjørn smed i 1343 (DN II, nr 257).

Depotfunn av utsmidde gjenstandar kan også underbygge at jern vart framstilt og organisert lokalt. Det er ein klar konsentrasjon av slike funn i Valdres, jf. figur 8-1, frå Bagn i sør til Høre i nord er det ikkje mindre enn fem depotfunn. Dette utgjer rundt 25 prosent av den totale mengda depotfunn av denne typen. Som med emnesjern blir desse ofte funne nedgravne eller i røyser der gjenstandane har lege tørt og sikkert. Kartet, figur 8-1, er utarbeidd på bakgrunn av data frå landsdelsmusea sine hovudkatalogar. Reiskapar til jordbruk og gardsdrift utgjer den klart største gruppa av



Figur 8-1, Depotfunn med jerngjenstandar frå vikingtid/mellomalder. Tal på gjenstandar per funn er visualisert med sirkel. Depotfunn bestående berre av emnesjern er ikkje inkludert (Kart: K. Loftsgarden).

gjenstandar, som celt, øks, plogjern og ljå og ofte er emnesjern del av depotet. Pilspissar utgjer ein stor del av depotfunna, men dei er funne i typiske jaktområde og ligg ofte som einaste gjenstandstypen i depotet. Slike funn bør såleis sjåast som jaktutstyr.

I tråd med Tveiten og Rundberget finn eg det mest sannsynleg at overskotsproduksjonen av jern vart gjennomført og organisert av den lokale befolkninga. Dette står i motsetnad til kva som ser ut til å vere tilfelle med omsyn til dømes kvernsteinsbrota i Hyllestad (Baug 2015b) eller steinbrota i Ølve (Weber 1989; Baug 2013), der stormenn eller kyrkje/kloster kan ha stått bak og stod som eigarar i mellomalderen.

Det er ein openberr praktisk forskjell mellom å kontrollere ein produksjon som til dømes steinbrot, innanfor eit avgrensa geografisk område og det å kontrollere produksjon på dei sær mange og geografisk spreidde jernframstillingsanlegga eller fangstlokalitetane. I tillegg var jernvinna, samt jakt og fangst driven i utmark, i allmenningar, det var såleis andre rettar knytt til hevd og eigedom.

Årsakar til overskotsproduksjonen

Utmarka har utgjort ein viktig tilgjengeleg ressurs i område som kan karakteriserast som jordbruksmessig marginale. Til beite, førsanking, jakt, fangst, fiske, steinressursar eller jernframstilling. Dette gjorde ein overskotsproduksjon mogleg, men ikkje nødvendig. Spørsmålet er då kvifor det nettopp i sein vikingtid/tidleg mellomalder skjedde ein omfattande ressursmessig spesialisering og overskotsproduksjon i det norske innlandet.

Med omsyn til storstilt utnytting av myrmalm ser skiftet i jernframstillingsteknologi ut til å vere ein viktig faktor, der utviklinga går frå få og store anlegg i eldre jernalder og til dels merovingartid, til fleire og mindre jernframstillingsstader i vikingtid og mellomalder (Nørbach 1999). Ved å redusere storleiken og med det investeringa i tid og krefter på kvart anlegg vart teknologien også meir mobil og fleksibel (Tveiten og Loftsgarden 2017). Bruken av kolgroper, som også var del av dette skiftet, gjorde at ein i større grad kunne ta bruk i bruk småskog (Larsen 2009:32). Samla betydde dette at ein kunne utnytte tre og myrmalm i område som så langt hadde vore mindre i bruk til jernframstilling.

Ved bruk av kolgroper vart framstilling av trekol også skilt ut frå sjølve jernframstillinga og denne oppstykinga i fleire prosessar gjorde at ein lettare kunne tilpassa jernframstilling til gardsdrifta. Dette teknologiske skiftet mogleggjorde dermed at jernframstillinga i fjell- og dalbygder kunne bli organisert av mindre arbeidslag, moglegvis frå einskilde gardsbruk, og dei kunne ta i bruk nye område til jernframstilling, samt utvise fleksibilitet i samsvar med endringar i etterspørselen etter jern og også i høve til samfunnet for øvrig.

Jernframstilling, så vel som jakt og fangst, kravde lokal kjennskap om til dømes kvar ein fann god myrmalm, kvar ein fann leire til bygging av omnen eller når og kvar reinsflokkane trekte. Vidare føresette både jernframstilling og jakt/fangst krav til sosial organisering og samarbeid. Med omsyn til jernframstilling måtte ein ha spesialisert kunnskap og teknologi, ein måtte lage belgar, lage omn, brenne kol, finne og røste malm. Jernluppen måtte reinsast i ei smie, jernet måtte bli smidd ut i emnesjern og fraktast.

Jernframstilling var ein spesialisert kunnskap, men det var likevel ein erfaringsbasert kompetanse som når det fyrst var lært var meir arbeidskrevjande enn komplisert (Larsen og Mjærum 2014:116–117). Likeins kravde konstruksjon, vedlikehald og drift av fangstanlegga stor arbeidsinnsats og investeringane måtte bli hevda. Ein måtte avlive dyr, slakte, flå, handtere og konservere skinn. Jern, skinn og gevir måtte så fraktast til stader der dette kunne bli utveksla.

Sjølv om jernframstilling, jakt og fangst var gjennomført av lokale, kan òg andre ha vore involvert. Med omsyn til steinbrota i Hyllestad og Ølve i mellomalderen er det mykje som tyder på at lokale bønder arbeidde i brota og stod for den praktiske drifta, medan kyrkje/kloster i hovudsak stod som eigarar og såleis i stor grad kontrollerte produksjonen (Baug 2013, 2015b). Eg vil difor gå nærare inn på og drøfte eigedomstilhøve, administrative og økonomiske grenser i fjell- og dalbygdene i sein vikingtid–høgmellomalder. Dette er òg viktige premisser for den vidare analysen om kven som stod for handelen med utmarksressursar på marknadsplassane.

8.2 Eigedomstilhøve, administrative og økonomiske grenser

Som nemnt innleiingsvis har det blitt argumentert for at fjell- og dalbygdene omkring Hardangervidda tidleg i mellomalderen, og moglegvis før, utgjorde ein form for eining. Både kulturelt og med omsyn til ressursar, topografi og klima. Dette er område som utgjorde *patria 2* i Fjelllandet, i tillegg til Hallingdal og Valdres.


Eg vil i det fylgjande drøfte denne delen av innlandet med omsyn til eigedom og administrative og økonomiske grenser. Eg vil òg diskutere kva pliktytingar som vart innført i fjell- og dalbygdene i mellomalderen og omfanget av desse. Formålet med denne gjennomgangen er å drøfte forholdet mellom innlandsområda og sentralkongedømme, kyrkje og by, særleg knytt opp mot ressursutnytting og handel.

Jordeigar eller jordleigar?

Mot slutten av vikingtid skjedde det ei utvikling frå «oppstykk» høvdingdømme som i stor grad var basert på personlege alliansar til eit meir stabilt politisk system med etablering av sentralkongedømme, lokalt og regionalt delegert til lendmenn og seinare systemenn. Det er òg ei endring i eigedom som, ganske forenkla, omfattar at på 1100- og 1200-talet vaks det fram eit meir markant skilje mellom bruksrett (jordleige) og eigedomsrett (jordeigedom), der jordleiger eller leiglending måtte betale avgift til jordeigar (Iversen 1995, 2001).

I denne samanheng vil andelen sjølveigande bønder vere mest relevant. Og den underliggande premiss er at di høgare andel sjølveigande bønder, bondegods, di større er sannsynet for at ein overskotsproduksjon og påfølgjande handel på marknadsplassar var igangsett og organisert av ein lokal befolkning.

På bakgrunn av samtidige kjelder, kombinert med tilbakeslutning frå seinare jordeigedomsforhold er det anteke at fleirtalet av landets bønder ved utgangen av høg mellomalderen heilt eller delvis var leiglendingar under geistlege eller verdslege jordherrar. Rundt 35 prosent av skyldverdien til jorda var fordelt på sjølveigande bønder. Dei trong ikkje nødvendigvis eige heile garden for å ha bygsel- og råderett, så lenge dei eigde over halvparten av garden/landskylda, hadde dei i prinsippet full råderett (Sandnes 1977:533; Krag 2000:153).



Figur 8-2, Andelen bonde- og borgergods frå landskomisjonen i 1661, etter kart av Jørgen H. Marthinsens i Norsk historisk leksikon (2004), (Kart: K. Loftsgarden).

Ein overvekt av bondegods fanst i indre område i Agder, Telemark, Hallingdal og Numedal, samt Valdres, om enn i mindre grad. Også bygdene i Indre Sogn og Hardanger har ein relativt høg andel av sjølveigande bruk (Bjørkvik og Holmsen 1972:71; Helle 1974:158), jf. figur 8-2.

Fjell- og dalbygdene omkring Hardangervidda har dermed, ved utgangen av høgmellomalderen, ein høg andel sjølveigande gardar sett opp mot resten av landet. Dei kan sjåast på som einskaplege med likskapar i klima, topografi og ressursgrunnlag.

Ein bør likevel vere varsam med å handsama desse bygdene under eitt og slik sette opp ein enkel dikotomi mellom innland og kystområde. Innlandets bygder rommar ulike tradisjonar og det er ein variasjon med omsyn til utnytting av ressursar. Dette er tidlegare vist gjennom ulik organisering av jernframstilling og ulik utforming og bruk av emnesjern.


Denne distinksjonen mellom innlandets bygder kan også sjå ut til å bli meir markert, eller synleg, i samband med framveksten av ein sterkare organisering av sentralkongedømme og kyrkje, og ein meir utprega integrasjon mot mellomalderbyane. Særleg kan ein sjå eit skilje mellom Øvre Telemark og Numedal på den eine sida og Hallingdal og Valdres på den andre sida. Dette blir synleg ved ein gjennomgang av administrative og økonomiske skiljeliner.

Administrative og økonomiske grenser

Det er særleg tre hovudtypar av administrative og økonomiske skiljeliner som er sentrale; verdsleg administrative grenser, geistlege administrative grenser og skattemessig inndeling, det vil seie både verdsleg og geistleg pliktytingar. Ved å plassere fjell- og dalbygdene omkring Hardangervidda innanfor administrative og økonomiske grenser ser ein grenser som kryssast og endrast over tid, sjølv om ein neppe kan snakke om faste administrative grenser før på 1100-talet.

Verdsleg administrativ inndeling

I den geografiske inndelinga av landet i *Historia Norwegie* utgjer Telemark og Numedal *patria* 2, jf. kapittel 1.1. Valdres og Hallingdal er lokalisert mellom



Figur 8-3, Oversikt over lovområde og lagsogn ca. 1200 (etter Ødegård 2015), (Kart: K. Loftsgarden).


Kystlandet og Fjellandet, men ligg under Gulatingslagen. Ved byrjinga av 1200-talet blir inndelinga meir synleg i kjeldene, mellom anna gjennom det store riksmøtet 1223 (Þorðarson 1964 [1265]:79–87). Iversen har argumentert for det var ni sannsynlege lagsokn fordelt på fire lagdømme i Noreg på byrjinga av 1200-talet (Iversen 2017), der Setesdal, Valdres og Hallingdal var del av Ryfylke lagsokn, men innan Gulatingslagen, og Øvre Telemark og Numedal var del av Søndre Oppland lagsokn, innan Eidsivatingslagen, jf. figur 8-3.

I kva grad Øvre Telemark og Numedal reelt sett kan seiast å ha vore del av Eidsivatingslagen, er meir usikkert, då det er hevda at dei relativt seint vart innlemma i kongeriket si styring (Imsen 1990:51–53). Det er likevel kjelder som indikerer at Fjellandet alt tidleg vart del av kongedømet.

I HN vert Fjellandet delt inn i fire patria, desse vart så ytterlegare delt inn i tolv provinsar, jf. kapittel 1.1. Denne inndelinga i tolv kan ein skimte også i tidlegare kjelder. I eit skaldekvad av Sigvat Tordsson, som var skald hjå Olav den heilage, blir det stadfest at Olav den heilage fekk herredøme over elleve menn eller provinsar i Opplandene (*Upplønd*) (Jesch 2012). Pluss Ringerike, som kongen alt rådde over, blir dette dei tolv provinsane i Fjellandet.

Denne hendinga kan vere den same som blir referert i *Den Legendariske Olavssaga*, der Olav fangar elleve kongar eller kongsborne menn og krev at dei underordnar seg han om dei vil leve (OHLeg, kap. 23–24). Sidan Øvre Telemark og Numedal utgjorde både ein provins og patria i Fjellandet, kan dette indikere at det har vore ein form for regional høvding eller stormann i dette området i sein vikingtid–tidleg mellomalder, sjølv om det er usikkert kor mykje reell makt han eventuelt kunne ha. Valdres og Hallingdal er ikkje del av det «formelle» Fjellandet, dette og seinare administrative inndelingar kan tyde på at Valdres og Hallingdal i sein vikingtid sokna meir mot Vestlandet.

Etter 1223 skjedde det store endringar, fleire lagting kom til, rurale lagting vart flytt til byar og det var endringar i samhandlingsregionar (Seip 1934:16–24). Den gamle lagdømmeordninga vart supplert med nye lagsokn, eller lagtingskretsar, med mål om å skape overordna domstolar som kunne verke saman med kvar sin lagmann.



Figur 8-4, Oversikt over lagsokn ca. 1320, etter kart av Jørgen H. Marthinsens i *Norsk historisk leksikon* (2004) og Ødegård 2015 (Kart: K. Loftsgarden).

Lagmenn tok i stor grad fast opphald i byar eller ved andre administrative knutepunkt, og stemna folk til seg (Helle 1995:186). Dette gjorde at lagmannsdomstolane i byane vart viktigare enn dei tidlegare rurale stemne eller ting. Dette bidrog til ytterlegare å styrke byen si administrative rolle.


Nordre del av Borgartingslagen vart delt i fire lagsokn, kvart med sentrum i dei viktigaste byane rundt Viken; Tønsberg, Sarpsborg, Skien og Konghelle (Ødegaard 2015:108–109). Også søre del av Eidsivatingslagen blir oppdelt, Øvre Telemark og Numedal blir del av Skien lagsokn, medan Oslo aukar sitt interesseområde til å inkludere Romerike, Ringerike og dessutan Marker og halve Vingulsmark, jf. figur 8-4. Mellom 1334 og 1368 vart også Valdres og Hallingdal lagt inn under Oslolagmannen (Indrebø 1935:258; Imsen og Winge 2004). Kjeldene tyder altså på ein endring over tid der Fjellandet vart delt og knytt til mellomalderbyane.

Også revisjonane av Borgartingslova og omfattande rettarbøter for ulike opplandsområde må sjåast som eit forsøk på å bringe innlandet sterkare inn under konge- og kyrkjemakt (Dørum 2004:422).

Geistlege administrativ inndeling

Som vist er det endringar i det administrative samhandlingsromet i Fjellandet mot slutten av 1200-talet, men desse endringane ser ikkje ut til å skje med omsyn til geistleg administrativ organisering. Der Øvre Telemark og Numedal mest sannsynleg gjekk frå å vere del av Eidsivatingslagen til å bli del av Skien lagsokn, blir områda verande som del av Hamar bispedøme fram til 1600-talet (Kårstad 1953:53; Seierstad 1958:28). I Telemark gjekk truleg grensa mellom Hamar og Oslo bispedøme mellom Brunkeberg og Kviteseid (DN IX, nr 186; DN III, nr 291; Iversen 2017:268). Det same er gjeldande for Hallingdal og Valdres som vart lagt under Oslolagmannen frå midten av 1300-talet, medan den geistlege tilknytninga til Stavanger blei halde ved lag fram til 1600-talet (Frøholm og Lillebrænd 1973:95), jf. figur 8-5.

Verdsleg sett mista Stavanger Valdres og Hallingdal til Oslo, og Hamar mista det søre lagsoknet til Skien, Tønsberg og Oslo. For biskopbyane Stavanger og Hamar vart endringane mindre, og Øvre Telemark, Numedal, Valdres og Hallingdal hadde ein dobbel tilknytning frå 1300–1350 og fram til 1600-talet og sokna til ulike regionar, geistleg og verdsleg.



Figur 8-5, Oversikt over bispedøme ca. 1223–1537 (etter kart av Jørgen H. Marthinsens i *Norsk historisk leksikon* (2004) og Ødegård 2015 (Kart: K. Loftsgarden).

Skatteområde og pliktytingar

Som vist er perioden sein vikingtid–høgmellomalder ei tid med til dels store skifte og endringar, dette er også synleg med omsyn til pliktytingar, der det gjekk det føre ein overgang frå personlege ytingar til skattlegging basert på jord og produksjon (Øye 2002:267).

Det eldste skattesystemet vaks fram tett kopla opp mot forsvarsordninga. Sjølv om leidangen som sjømilitær forsvarsordning hadde militær betydning fram til byrjinga av 1300-talet, vart deler av leidangsplikten omgjort til skatt allereie på 1100–1200-talet (Ersland 2000:55). Med Landslova i 1270-åra vart leidangsskatten omgjort frå personskatt til ein fast skatt på eigedom.

Landskyld var opphavleg den årlege avgift leiglendingen utreidde til eigaren for bruken av leigd jord, medan i Landslova vart landskyld bruka som grunnlag for utlikning av leidangsskatten, og landskyld vart etter kvart ein verdimålar også for sjølveigarbruk (L III 6; KLN M XV:424–435).

Som leigeavgift var landskylda resultat av ein privat kontraktslutning, medan som takst vart den eit allment uttrykk for gardens bruksverdi (Hansen 1980:36). Landskylda vart vanlegvis betalt med det vedkommande gard produserte mest av, som korn, smør, fisk, huder og skinn av husdyr, samt andre varer som salt, malt eller pels (Bjørkvik 1965). Kjeldene om kva som inngjekk som landskyldvarer syner i stor grad situasjonen etter høgmellomalderen og ei tid då ressursar som reinsdyrgevir eller jern frå myrmalm i mindre grad vart utnytta i fjell- og dalbygdene.

I Borgartingslagen var leidangsskatten ein grunnskatt, men meir omfattande enn fastsett i Landslova. I Eidsivating var det ikkje ein eksisterande skipsleidang å gå ut i frå, men i rettarbøter frå slutten av 1200-talet nemnes ein skatt som seinare blir kalla vissøyre. Helle (1974:197) og Holmsen (1979:37–38) har argumentert for at vissøyren er ein oppregulering av ein eldre pliktyting som også omtalast i rettarbøtene. I tillegg vart det betalt ein skatt omtalt som opplandsleidangen eller utfareleidangen, denne er kjent frå fyrste halvpart av 1300-talet. Vissøyren er såleis opphavleg den einaste faste skatt i innlandsområda og er prov på statsmaktas ekspansjon på 1200-talet til å gjelde det meste av landet.

Likevel er det karakteristisk både for dei geistlege og verdslege skattane i innlandsbygdene at skattesatsane var svært låge (KLNМ XV:539–541). Historikaren Knut Dørum finn at den samla skattebyrda på innlandsbonden i Romerike i 1290-åra var på om lag halvparten av det ein bonde i kystområda ved Viken måtte ut med, og skattebyrda i innlandet tidlegare var enno lågare (Dørum 2004:420–421).

Dette viser dei til dels store regionale variasjonane i skattesystema i mellomalderen. Både Valdres og Hallingdal ser ut til å ha betalt ein årleg skatt som synast å vere vestnorsk, også landskyldrekninga er typisk vestnorsk, samstundes har dei betalt leidangskatt tredjekvart år, og denne synast å vere austnorsk (Steinnes 1930:133).

Det er òg regionale skilnader knytt til geistlege pliktytingar. Etter dei eldste kristenrettane skulle presten få sitt underhald av bøndene i distrikta, i tillegg hadde biskopen rett til veitsle for seg og sitt fylgje, samt eit årleg reie. Etter innføringa av tienda frå midten av 1100-talet skulle preste- og biskopreia falle bort. Dette vart likevel ikkje gjennomført ved fleire område i innlandet, der i blant øvre og vestlege delar av Telemark, samt Numedal (KLNМ XV:424–435; Brendalsmo og Riisøy 2014).

Frå midten av 1200-talet blir òg verksemder og ressursutnytting i skog tiendpliktig, til dømes tjærebrenning, saltbrenning, fangst og jernframstilling (RN I, nr 1009; NgL II:468–477; *Norske middelalderdokumenter*:148–149; KLNМ XVIII:282–283; Øye 2002:362). Dette blir presisert i sættargjerda i 1277, men med unntak for Hamar bispedømme, Romerike og Solør (NgL II:474; Seip 1942:150). Dette til tross for at Magnus Lagabøte i ein rettarbot i 1263 for Hamar bispedømme minner om at alle må betale tiend av utmarksressursar, inkludert jern og skinn (RN I, nr 1009; NGL I:462–463). Ikkje lenge etter sættargjerda trer i kraft blir uansett utvidinga av tienda også innført i desse områda (NgL II:486; KLNМ XVIII:282–283).

Øvre Telemark og Numedal vart likevel fritekne, og fangst og jernframstilling ser der ut til å ha gått føre seg utan geistlege avgifter (NgL II:483–484; Steinnes 1930:147). I desse områda vart det heller ikkje leidangsskatt, men ein kongsskatt og ein biskops- og Olavsskatt (Steinnes 1930:141–142). Kvar skatt var betalt med eit kalvskinn per gard (KLNМ XV:434).

Asgaut Steinnes set innføringa av biskops- og Olavsskatten og ei offisiell fastsetting av tiendfritaket til 1277. Dette året skal bøndene frå Telemark, og mest sannsynleg Numedal, ifylgje islandske annaler ha forlikt seg med Magnus Lagabøte (Storm 1888:195; Steinnes 1930:147). Dette forliket i seg sjølv føreset ein konflikt med kongemakta, ein konflikt Steinnes meiner går attende til borgarkrigstida.

Ein kan såleis hevde at Øvre Telemark og Numedal låg utanfor, og vart seint integrerte som del av det nasjonale kongedømmet. Likeins finn Dørum at riksstyret enno på slutten av 1200-talet hadde mindre kontroll over innlandsområda på Austlandet enn over Vestlandet og Trøndelag. Han knyt dette opp mot sterke sjølvstyrettradisjonar og lovtradisjonar (Dørum 2004:421–422). Dette kan tyde på at om Olav den heilage la under seg dei tolv provinsane i Fjellandet, som indikert gjennom frå skaldedikt og sagaer, var kongens makt i desse områda lite varig.

Også diplom og skildringar frå seinmellomalderen og seinare har bidrege til å styrke biletet av Øvre Telemark og Numedal som eit område utanfor sivilisasjonen, og det har blitt beskrive som eit nærast «arkaisk bondesamfunn» (Imsen 1990:53). Dette synet har blitt nyansert, og historikaren Lars Ivar Hansen (2010) argumenter for at i staden for å karakterisere Øvre Telemark (og Numedal) som område med førstatilege samfunnsnormer, bør ein heller sjå desse bygdene som stader der ein opererte med ein alternativ logikk til den statsbærande eliten når det gjaldt eigedoms- og slektskapshøve.

8.3 Aktørane i handelen

Eit sentral aspekt ved denne avhandlinga er å vurdere kva aktørar som var involvert i handelen med varer frå overskotsproduksjonen av jern og ressursar frå jakt og fangst i sein vikingtid–høgmellomalder. Eg vil òg belyse og drøfte relevante politiske, sosiale og økonomiske avhengigheitsband og faktorar som aktørane måtte ta omsyn til og som i varierende grad spela inn på ressursutnytting og handel.

Bonde og handelsmann

På bakgrunn av føregående drøfting og vurdering rundt organisering av jernframstillinga og jakt og fangst i fjell- og dalbygdene omkring Hardangervidda, finn eg det mest sannsynleg at denne ressursutnyttinga var ein integrert del av gardsdrifta i desse områda.

Organiseringa av jernframstillinga, med relativt små anlegg som kunne bli drifta av eit enkelt arbeidslag, kan forståast ut frå ein eigarstruktur med sjølvstendige gardseiningar med utmarksrettar eller tilgang og hevd i allmenning (Tveiten 2012:232–233). Stats- og kyrkjemakta si relativt sett svake stilling underbygger dette biletet og gjer det lite sannsynleg at stormenn utanfor fjell- og dalbygdene har vore direkte involvert i ressursutnyttinga.

Det neste spørsmålet blir då om det var dei same aktørane som stod for ressursutnyttinga, som også stod for den vidare handelen. Det er sannsynleg at noko av jernet, skinn og gevir frå 1100-talet av vart del av pliktytingar til kyrkje og konge. Det er likevel usikkert kor mykje dette utgjorde, som nemnt vart aldri tienda innført i Øvre Telemark og Numedal og skattesatsane i innlandet var generelt låge.

Rundberget ser det som sannsynleg at kongemakta var ein etablert maktfaktor i Østerdalen i tidleg mellomalder og at det låge skattenivået var eit privilegium gjeven østerdølane frå gamalt av for å stimulere til oppretting og auking av jernframstillinga (Rundberget 2013:283), men at frihandelsprinsippet som blir presisert i rettarbota frå 1358 var eit nytt gode som kongen skjenkte østerdølane (Rundberget 2013:282–283).

Denne rettarbota frå Østerdalen kan ikkje bli tillagt avgjerande vekt med omsyn til spørsmålet om ressursutnytting og handel i fjell- og dalbygdene lenger vest. Det er til dels store forskjellar i organiseringa av jernframstillinga i Østerdalen og den som fann stad i fjell- og dalbygdene omkring Hardangervidda og det er regionale skilnader knytt til graden av sjølveige og kongedømetts innverknad.

Blant anna tyder generelt låge skatter og avgifter og ein høg andel sjølveige på at det har vore ein større grad av sjølvstyre, og at konge- og kyrkjemakt har hatt mindre kontroll i fjell- og dalbygdene omkring Hardangervidda i sein vikingtid–høgmellomalder. Dette indikerer at handelen, så vel som organisering og produksjon med utgangspunkt i utmarksressursar var gjennomført ein lokal befolkning.

Bruk av tid og ressursar på den omfattande utnyttinga av utmarksressursar viser ein vilje til overskotsproduksjon og at det fanst moglegheiter for å omsette eit slikt overskot. Bøndene frakta varene med hest til marknadsplassane, men handelen kan òg ha involvert lokale eller regionale stormenn. Produkt frå utmarka, det vere seg jern, reinsdyrgevir, skinn eller smør kunne uansett vere ein måte å skaffe varer dei ikkje kunne, eller ville, produsere sjølv.

Gjennom handel fekk dei tilgang på nødvendige varer som korn og salt, men òg varer som markerte ei kulturell tilhøyrse til samfunnet (Martens 1989). Ved hjelp av tilgjengelege utmarksressursar kunne ein opparbeide eit økonomisk overskot som gjorde det mogleg å halde oppe eit sosialt akseptabelt forbruk og slik ta del i storsamfunnet, samstundes som dei kunne oppretthalde ei lokal tilhøyrse (Svensson 2007:197). Dette er synleg blant anna i gravgodset i yngre jernalder. Både smykke og våpenutstyr funne i graver i fjell- og dalbygdene er av same stil og type som finst i gravgodset frå meir sentrale jordbruksbygder, og frå store deler av resten av Skandinavia (Hougen 1947; Mikkelsen 1994:78–87; Martens 2009).

Det lokale overskotet som utmarksressursar kunne gje, kan ein såleis sjå både som økonomisk og kulturell kapital (Stene og Wangen 2017). For å forstå kvifor befolkninga i dal- og fjellbygder i Sør-Noreg gjekk i gang med ein overskotsproduksjon av utmarksressursar må ein sjå dei som økonomiske aktørar, så vel som sosiale vesen.

Om ein legg skildringar frå tidleg nytid til grunn, samt kunnskap frå dei kystbaserte islandske marknadsplassane, er det klart at det var eit mangfald i kven som møtte og handla på dei ulike marknadsplassane. Både menn og kvinner var til stades og frå tidleg nytid finst det døme på ekteskap som fylgje av møte på marknadsplassar (Solheim 1956:47–48).

Samstundes vil det òg ha vore meir spesialiserte handelsmenn til stades. Desse kunne operere fritt eller handle på vegner av stormenn, konge eller kyrkje. Som nemnt fortel Sverres saga om eigne kaupmenn i Kaupanger på midten av 1100-talet. Likeins er «kaupsveinn» nemnt i skriftlege kjelder som omhandlar innlandet, til dømes «Sigurðr kaupsveinn» (DN I, nr 187) og «Helgi kaupsveinn» (DN VIII, nr 153). Desse opptrer som vitne, i fyrste høvet på Vossevangen og det andre i Lom, høvesvis i 1326

og 1346. Men allereie på 1200-talet har handelsverksemda fått eit såpass stort omfang at kong Håkon Håkonsson i 1260 innførte eit forbod mot å fara i kjøpferd (NgL I:121–123; NgL IV:19–22; RN I, nr 975).

Det blir fortalt at ingenting gjer landet meir øyde enn at alle vil fara i kjøpferd og ingen arbeide for bøndene; «[...] allir vilia nú í kaupferðir fara en engi vinna fyrir bóndum» (NgL I:125). Det vart då sett eit minsteige (3 mark sølv) som føresetnad for å drive handel frå påske til mikkelsmesse. Dette forbodet vart også tatt inn i Landslova (L VIII 23). Dette ser ikkje ut til å ha hatt den ynskte verknaden, sidan forbodet blir gjenteke i fleire rettarbøter på 1300-talet. Som i ein rettarbot frå 1364 der minsteige blir auka til 15 forngilde mark (NgL III:184). Eller i ein rettarbot frå 1383 der trusselen dei unge menns kjøpferd utgjer for drifta av kongens og hans gode menns jord blir ytterlegare presisert (RN VII, nr 1117; NgL III:216–217).

Formålet med forboda har nok vore todelt. Dels har det vore eit reelt problem med mangel på arbeidskraft til storbønder og konge, men dels har det vore eit mål å samle handel på større kjøpstader og halde den unna dei mindre marknadsplassane utanfor kongens rekkevidde.

Det er såleis liten tvil om bønder og bondesøner dreiv med handel i mellomalderen. Skriftlege kjelder opplyser om dette frå midten av 1200-talet. Dette tilseier at denne handelen no har nådd eit såpass stort omfang at det har blitt ein utfordring for konge og stormenn, og betyr ikkje at handelen ikkje har vore til stades tidlegare.

Samla sett er det sannsynleg at fyrste ledd av handelen, på marknadsplassar, vart gjennomført av dei same som organiserte ressursutnyttinga, altså lokale bønder. I tråd med den samfunnsøkonomiske modellen skissert i kapittel 3.1 kan handel sakte over tid ha fått ein auka betyding på årvisse møteplassar, som igjen la til rette for ein ressursmessig spesialisering frå aktørar frå fleire bygder. Handelen var likevel neppe heilt fri, men fordra ein grad av pliktytingar til stormenn eller høvdingar og seinare konge- og kyrkjemakt.

Handelskvinner

Frå skildringar frå tidleg nytid veit ein at både kvinner og menn møtte på marknadsplassane (Solheim 1956:47–48), men kvinnene hadde tilsynelatande ingen tydeleg rolle i samband med sjølve handelverksemda. Også i sagaene er det menn som blir beskrive som aktørar i handelsamanheng. Dette betyr likevel ikkje at kvinner ikkje kan ha hatt ein rolle i samband med vareutveksling i sein vikingtid–høgmellomalder.

Anne Stalsberg (1991, 2001) har argumentert for at kvinner var aktive aktørar i handelen i vikingtid. Hennar datamateriale er gravfunn med skålvecter i Noreg, graver med vektutstyr frå Birka og graver med skandinaviske funn som inkluderer skålvecter og vektlodd i Russland. Frå ein femtedel (Noreg) til ein tredjedel (Birka) av desse gravene er vurdert som kvinnegraver (Stalsberg 1991:78–79).

Med omsyn til materialet frå Noreg tok Stalsberg utgangspunkt oversikten over graver med skålvecter publisert av Erik Jondell (1974). Stalsberg definerer kjønn basert på gravgods for 47 av desse gravene og finn at 17 prosent (åtte graver) var kvinnegraver (Stalsberg 1991:79). Dette talet ligg relativt nærme Petersen sin gjennomgang av vikingtidsgraver med skålvecter, han finn at fire av 30 graver, eller 13 prosent, er kvinnegraver (Petersen 1940:11).

Stalsberg tolkar kvinnegraver med vektutstyr til at dette er spor etter kvinner/husfruer som tok aktivt del i handelverksemda, men var stasjonære og knytt til hushaldet (Stalsberg 1991). Dette kan forklare kvifor andelen kvinnegraver med vektutstyr er større i Birka enn i Noreg. For kvinner knytt til eit gardshushald var moglegheitene for handel naturleg nok større i Birka enn i Noreg som heilskap.

Også gravfunn frå Setesdalen indikerer at kvinner kan ha vore involvert i handelverksemd, og Sæbjørg Walaker Nordeide finn indikasjonar på at handel og utveksling kan ha vore ein kvinneleg aktivitet i Valle (Nordeide 2011:186).

I Valle er det kjent fire gravfunn med handelsindikerande gjenstandar, funnkontekstane er ikkje godt dokumenterte og det er ikkje funn av beinmateriale, jf. kapittel 6.4, kjønnsbestemming må difor bli gjort på bakgrunn av funnsamansetninga. Nordeide (2011:352–353) definerer tre av desse gravene som våpen-dominert (C30540, C34684 og B5207), og ei som smykke-dominert (C30539).

Dette materialet kan utvidast med graver frå det nyleg undersøkte gravfeltet i Langeid sør for Valle. Her vart det utgrave fem graver med handelsindikerande funn, av desse er to tolka som mannsgraver (grav 8 og grav 20), to er tolka som dobbeltgravlegging med ein mann og ei kvinne (grav 6 og grav 18) og ei er udefinerbar (grav 15) (Wenn 2016b).

Kjønnsbestemming av graver ut frå gravgoods er utfordrande, men datamaterialet tyder på at kjønnsfordelinga i handelsverksemda i sein vikingtid–høgmellomalder sannsynlegvis var meir nyansert enn det ein får inntrykk av frå sagaene og skildringar frå tidleg nytid.

Likevel viser funna at ein neppe kan slutte at handel har vore ein kvinneleg aktivitet i Valle i denne perioden. Det er så langt berre funne ei grav med handelsindikerande funn som er tolka som kvinnegrav (Nordeide 2011:179). Dette er rett nok eit av gravfunna med flest vektlodd og myntar, men funnet inkluderer òg ei øks av Petersens (1919) type M. Sett i ljøs av materialet frå Langeid og dei uklare funnomstenda kan ein ikkje utelukke at dette kan vere spor etter gravlegging av ei kvinne og ein mann.

Som Stalsberg har påpeikt er det openbert at fordommar har verka inn på arkeologiske tolkingar rundt vikingtidens handelsverksemd. Og kvinnegravene med handelsindikerande funn viser at kvinner ikkje var åtskild frå handelsverksemd i vikingtida. Likevel indikerer skriftlege kjelder og skildringar frå tidleg nytid at for det sørnorske innlandet var transport av varer og handel på årvisse marknadsplassar i andre regionar i hovudsak ein mannleg aktivitet i sein vikingtid–høgmellomalder.

Likevel bør ein moglegvis sjå handelsverksemda som del av ressursgrunnlaget til enkelte gardar i denne perioden, heller enn å skilje ut handelsmenn eller handelskvinner.

Organisering og kontroll av handelen

Eg finn det sannsynleg at bønder frå fjell- og dalbygdene var aktørar i handelen på marknadsplassar i sein vikingtid–høgmellomalder. Når eg her vil diskutere kva aktørar som kunne stå bak organiseringa av marknadsplassane, er det viktig å skilje mellom

dei ulike typane marknadsplassar. Sannsynet for at marknaden var organisert og kontrollert aukar i takt med marknaden storleik og mengda varer som vart utveksla.

Det er lite som tyder på at årvisse marknadsplassar i utmark, type III, lokalisert i stølsområde eller allmenningar, var underlagt direkte kontroll.

Det er meir usikkert i kva grad årvisse marknadsplassar i innmark, type IIb, var organisert og kontrollert. Om desse marknadsplassane var organisert, er det sannsynleg at dette skjedde gjennom lokale stormenn. Frå vikingtid er det gravfunn som indikerer at handel har tilført rikdommar til stader som Valle og Røldal. Det er likevel vanskeleg å stadfeste om denne rikdommen er frå lokale bønder sin rolle som handelspartner og mellommenn mellom ressursar frå innlandet og kystområda, eller om den er gjennom organisering, tilrettelegging og kontroll av sjølvne marknaden.

Som vist er det sannsynleg at konge, kyrkje og regionale stormenn i liten grad var direkte involvert i ressursutnytting og handel frå fjell- og dalbygder omkring Hardangervidda. Frå tidleg nytid er det heller ikkje kjent privilegia eller rettar knytt til slike plassar.

Med omsyn til meir faste marknadsplassar, type IIa, tyder kjeldene på at desse har vore organisert og kontrollert. Oppkomsten kan skuldast lokaliseringa som knutepunkt og topografiske element som gode hamneområde, og mindre direkte planlegging. Men seinast frå 1100-talet er det klare band mot konge- og kyrkjemakta.

Konge og stormenn

Gjennom rettarbøter og privilegiebrev ser ein i høgmedalderen og seinare kongens, ofte fåfengde, forsøk på å styre handelspolitikken (Blom 1967:230–231). Gjennom dokumenta kan ein sjå forsøk på å halde ein viss kontroll over utanlandsk handelsverksemd, samstundes som det blir arbeidd for å kanalisere økonomisk aktivitet inn mot større marknadsplassar og byar for lettare å samle inn avgifter, og kontrollere handel så langt det let seg gjere.

Gravitasjonen av varer mot mellomalderbyane auka i takt med at byane vaks. Som fylgje av kongeleg og kyrkjeleg verksemd auka denne veksten i omfang og intensitet utover i mellomalderen. I tillegg gjorde også reint økonomiske faktorar seg gjeldande i samspel med den alminnelege veksten i europeisk handel som fann stad i høgmedalderen (Krag 2000:161–162).

Mellomalderbyane i Noreg synest alt tidleg å ha hatt monopol på oppkjøp av varer i omkringliggende område. Det er usikkert når desse rettane oppstod og for kva område privilegia rakk, det er fyrst rundt 1300 dette blir synleg i kjeldematerialet (Iversen 2015:243). Som i ein rettarbot frå 1299 der kongen forsøker å samle handel på kjøpstader og forbyr å «holde torg for hver manns dør» (NgL III:41–42; Norske middelalderdokumenter, nr 45).

Kongen freistar altså å formalisere mest mogleg handel og samle den på stader med kjøpstadrettar og takmark. For Bergen, Oslo, Tønsberg og Trondheim er denne grensa beskrive i Bylova av 1276 (Bl, kap. 26). Bylova bygger på Landslova av 1274 og Bjarkøyretten. Bjarkøyretten bygger i stor grad på Frostatingslova, men med tillegg som tek for seg by- og handelsforhold (Hagland og Sandnes 1997:IX–X).

I den tidlegare nemnde rettarbota av 1384 blir blant anna Vågan, Veøy og Borgund nemnt, i lag med «andre små kjøpsteder som fra gammelt av har hatt takmark» (NgL III:222–223; RN VII, nr 1191). I rettarbota er dei enkelte kjøpstaders omland definert, men rettarbota vendar seg mot «alle som bygger og bor nord for Stad» og er såleis ikkje ein utfyllande liste over stader med eigne kjøpstadrettar og definert omland. Til dømes fekk Skien i 1358 fornya eller formalisert sine handelsrettar (DN XV, nr. 20; RN VI, nr 489; Iversen 2015:248).

Sjølv om ikkje Kinsarvik og Kaupanger er nemnt i rettarbota av 1384 er det sannsynleg at båe har vore underlagt ein grad av kontroll i høg mellomalderen der kongen kunne krevje inn avgifter og pliktytingar. Dette er stader der det var knytt visse administrative funksjonar og dei inngjekk sannsynlegvis i økonomiske og politiske nettverk med Bergen (Helle 2006:71). Allereie tidleg på 1100-talet var Bergen eit senter der det gjekk føre stortilt interregional og internasjonal handel (Hansen 2005:207–212).

Det er hevda at den jamne bonde- og/eller fiskebondefamilie i høg mellomalderssamfunnet hadde små utsikter til å delta direkte i noko særleg omfattande handelsverksemd. Deira bidrag til kyrkje og statsmakt var indirekte, gjennom produkt og varer betalt inn som landskyld og andre pliktytingar. Det var jordherren som var handelsmann, han bygde sin rikdom på jordeigedommar og på varer og ressursar som kunne hentast ut frå desse jordeigedommane (Solli 1999:94).

Sjølv om dette nok er ein korrekt vurdering for delar av landet, er det viktig å ha i mente dei regionale forskjellane i det viking- og mellomaldersamfunnet. I høgmedalder kjem denne forskjellen som vist til uttrykk i andelen sjølveige, men òg gjennom geistlege og verdslege skattar.

Lokaliseringa og kjeldematerialet tyder på at mykje av varene i Kinsarvik og i Kaupanger vart utveksla av, kom frå, eller gjekk til, meir eller mindre sjølvstendige bønder i fjell- og dalbygdene omkring Hardangervidda. Samstundes utgjorde desse og liknande marknadsplassar viktige administrative og økonomiske knutepunkt for mektige stormenn og jordherrar, så vel som kyrkje og kongemakt (Solli 1999:94–95).

Direkte eller via marknadsplassar kom kongelege, kyrkjelege og private inntekter frå innlandet inn til byane i høgmedalderen. Dei varene og produkta som ikkje gjekk til forbruk for kongens menn, geistlege og deira familie og tenarar vart nyttiggjort i handel med inn- og utland (Helle 1974:169).

I tillegg til at byens rolle som økonomiske sentra auka utover høgmedalderen blir også byen det sjølvsegte administrative, rettslege og geistlege senter i løpet av mellomalderen. Alt i 1130-åra sat kongen i byen med hird og hær over vinteren og lenger, og frå kong Sverres tid var dei sjeldan utanfor byane i lengre tid. Lagmenn tok fast opphald i byar, samstundes som også andre verdslege stormenn i større grad busette seg i byar og deira private godsinntekter vart ført hit. Gjennom sine kyrkjelege institusjonar kom det også varer og ressursar inn til byane som tiender og bøter (Helle 1974:166–168).

Kongens menn i kvar region var stormenn, jordherrar og samstundes handelsmenn. Ein av desse var Jon Stål i Sogn. I 1201 er Jon Stål kongens mann i Sogn med garden Kvåle som setegard (Sverres saga, kap. 178). Han var både kongens mann og handelsmann.

I 1219 kjem han til Bergen med eit skip med 25 rom som han har latt bygge for kongen. Det er sannsynleg at skipet vart bygd i hans område i indre Sogn. Jon Stål hadde også eigne handelsfartøy. I 1225 fekk han løyve av den engelske kongen å koma til landet med sitt eige skip og varer, han er då omtala som handelsmann (*mercator*) (DN XIX, nr 169; RN I, nr 517).

Jon Stål var del av den utstrekke handelen som gjekk føre mellom England og Noreg på denne tida, kjøpmenn frå England kom til Noreg og *vice versa*. Fleire diplom og engelske tollrekneskap vitnar om omfanget av denne handelen (Nedkvitne 1983:19–20). Eksporten i høgmellomalderen bestod i hovudskap av råvarer og halvforedla produkt, med fisk og trelast som massevarer (Helle 1974:171). Frå ein tollrull i Brügge frå omkring 1200 blir det opplyst at det blir innført fylgjande varer frå Noreg til Flandern; jaktfalk, plank/tønnestav, kokt lær (tjukt herda lær), smør, talg, fett og bek/tran og cordovan-skin (skinn med særst høg kvalitet) (Gilliodts-van Severen 1904:19; Nedkvitne 1983:22).²⁶

Med omsyn til import finn ein i Bergen mykje austengelsk keramikk på 1200- og 1300-talet, medan tidlegare vart det importert ein del rhinsk keramikk. Då keramikk i liten grad er nemnt i skriftlege kjelder er det truleg at mykje av dette opphavleg var emballasje for andre varer (Herteig 1969a:55–56; Helle 1974:172). Utanlands keramikk frå høgmellomalderen finn ein òg på marknadsplassar innanfor type IIa, som Borgund, Kaupanger og Kinsarvik, men i mindre omfang og truleg via Bergen. Dette indikerer ytterlegare deira rolle som satellittar til Bergen i varehandelen i høgmellomalderen.

Ingen av kjeldene fortel kva Jon Stål eksporterte til England, men det er freistande å ta utgangspunkt i namnet hans. Lingvisten Erik Henrik Lind tolkar at namnet *Stáli*, *-a* kjem av *stál*, altså stål (Lind 1920). Men ordet kan også ha andre tolkingar som støl (i betydninga stiv og støl) eller sterk/hard (Magnússon 1989:948). Uansett veit ein at Jon Stål var systemmann i Sogn og med det Kaupanger, og om ein tek i betraktning den omfattande smieverksemda ein kjenner derfrå, er det nærliggande å tenkje seg at jern og stål frå Valdres har utgjord ein betydeleg del av ressurs- og handelsgrunnlaget.

Også i Hardanger er det indikasjonar på at det var stormenn som organiserte internasjonal handel. I sagaen om Hákon Hákonsson blir det fortald om Ogmund frå garden Sponheim i Ulvik som drog på handelsferd til Bjarmeland. Frå der blir det

²⁶ «Dou royaume de Norweghe viennent gerfaut, merriens, cuir bouli, burre, sui, oint et pois, cuirs de bouc dont on fait cordouan» (Gilliodts-van Severen 1904:19).

fortalt at ferda gjekk via Novgorod og Jerusalem før han og følget kom heim til Noreg att. Dette skal ha vore omkring 1217 (Þorðarson 1964 [1265]:75–76).

Også Marteín Kongsfrende som sat på garden Huse i Kinsarvik kan nemnast i denne samanheng. Han var del av kong Håkon Håkonssons indre sirkel og lendmann i Hardanger på fyrste halvdel av 1200-talet (Þorðarson 1964 [1265]:80) Det er ingen opplysningar om at Marteín skal ha opptreidd som handelsmann, men det er rimeleg å anta at han og hans ætt kan ha hatt ei overordna rolle i samband med marknaden i Kinsarvik.

Kyrkje og marknadsplass

Som vist er det sannsynleg at kongen og stormenn i høg mellomalderen har hatt ei rolle i marknadsplassane av type IIa. Eg vil her belyse kva rolle kyrkja hadde forhold til marknadsplassane, både den sentrale kyrkja med biskopane i spissen, men òg kyrkja som lokal institusjon.

Kyrkja var den viktigaste staden for regelmessige samkome i mellomaldersamfunnet, og særleg ved marknadane i Røldal og Kyrkjestølen i tidleg nytid var det tette samband mellom kyrkja og gudstenesta som gjekk føre seg og den årvisse marknaden.

På Kyrkjestølen verkar det til berre å ha vore ei messe i året, og det var på Syftesok samstundes med marknaden. Lokaliseringa av kyrkja, så pass langt unna fast busetnad og attmed ei av dei mest nytta ferdselsårene for varer og folk mellom Vestlandet og Austlandet, gjer det sannsynleg at kyrkja er ført opp i høg mellomalderen som fylgje av ein årvis marknad som allereie eksisterte her og ikkje omvendt.

I motsetnad til ved Kyrkjestølen ligg marknaden og kyrkja i Røldal nede i bygda, men også her er det band mellom den årvisse marknaden i tidleg nytid og kyrkja som pilegrimsmål. Både marknaden og messa då krusifikset skulle sveitte skjedde på St. Hans/Jonsok. Den sentrale lokaliseringa som knutepunkt mellom Telemark og Vestlandet, eit omfattande gravfelt, samt funn av delar av skålvekt i ein gravhaug på Seim kan tyde på at handel har vore ein realitet på staden også før ei kyrkje vart oppført.

Både ved Røldal og Kyrkjestølen kan det tenkjast å ha vore ein bruk av områda til sosialt samkome og utveksling frå vikingtid som vart vidareført og sett i ein kristen kontekst i mellomalderen.

Kyrkjene i Røldal og Kyrkjestølen var votivkyrkjer/lovekyrkjer og stod såleis dels på sidan av den sentrale kyrkjemakta. For tida etter reformasjon kan det virke som at kyrkjestadane har vore mest viktige for den vanlege bondebefolkning. Det var dei som heldt liv i dei meir eller mindre katolske skikkane der kyrkjene var pilegrimsmål og romma relikvie med undergjevande eigenskapar. Den sentrale protestantiske kyrkje ville på si side avskaffe både bruken av kyrkjene som pilegrimsmål og festane som var del av dei årvisse marknadane.

Det er knytt meir uvisse til kva rolle den sentrale kyrkja spela i samband med marknadene i Røldal og Kyrkjestølen i mellomalderen, men det er lite som tyder på at dei har hatt ein direkte rolle.

Med omsyn til Kinsarvik stiller ting seg noko annleis. Her er det ein sentral kyrkjestad allereie frå tidleg mellomalder, i tillegg er handelen av ein større skala enn det som fann stad i Røldal og på Kyrkjestølen. Sjølve marknaden gjekk føre seg på allmeningsgrunn attmed kyrkja, og som tingstadane var kyrkjene heilage stader som var verna av høgare makter og kunne utgjere ein nøytral arena for handel (Sigurðsson 2013:29).

Fleire andre stader finn ein òg at marknadsplassar opptre på sentrale kyrkjestader, så som i Veøy og Borgund (Herteig 1974:2). Det er mogleg at kyrkja kan ha hatt ei rolle i vareutvekslinga som gjekk føre seg i Kinsarvik i tidleg- og høg mellomalder, sannsynlegvis avgrensa til å vere ein form for organisator eller beskyttar av marknadsplassen.

Kyrkja ikkje ser ut til å få ein stabil tilgang på innlandets ressursar gjennom avgifter, som tienda, før godt ut i høg mellomalderen. Dette blir indikert i brev frå kong Håkon Håkonsson i 1263 der han minner alle i Hamar bispedømme om å betale tienda, og presiserer at tienda skal bli betala av korn, fisk, fugl, vilt, jern og skinn (NGL I:462–463; RN I, nr 1009; Tveiten og Loftsgarden 2017). Biskopen i Stavanger kunne etter kvart få jern og andre innlandsressursar gjennom tienda i Valdres og Hallingdal, medan Bjørgvin bispedømme ikkje rådde over større innlandsbygder, og frå skriftlege

kjelder blir det klart at biskopen i Bergen tidvis har mangla jern (DN VIII, nr 102; DN IX, nr 118; DN VII, nr 173). Det har såleis vore i kyrkja si interesse å fremje stabile handelsnettverk mellom innland og fjord.

8.4 Økonomiske prinsipp i sein vikingtid–høgmellomalder

I det føregåande har eg drøfta kva aktørar som tok del i handelen på marknadsplassane i sein vikingtid–høgmellomalder. Eg vil no gå nærare inn på kva form utvekslinga kunne ta på marknadsplassane, og diskutere om samfunnsøkonomisk prinsipp kan vere med å forklare framveksten av spesialisert ressursutnytting og oppkomsten av marknadsplassar der handel kunne gå føre seg. Samt sjå dette opp mot dei sosiale normene knytt til handel og utveksling.

Gåvebyte og sosiale relasjonar innanfor ein økonomisk kontekst kan ha vore viktigare for aktørane i det sørnorske innlandet enn for dei som budde i meir urbane område. I ein rural kontekst var regulert handel sjeldnare, og handelen gjekk føre seg mellom personar som mest sannsynleg kom til å møtast att. Dette vil ha fremma meir stabile nettverk, og ein større grad av personlege relasjonar, i motsetnad til utviklinga i byområde (Skre 2013).

Gåvebyte på marknadsplassane i innlandet var sannsynlegvis viktig for å opprette og vedlikehalde økonomiske, men òg politiske og sosiale nettverk. Det er likevel sannsynleg at størsteparten av utvekslinga gjekk føre seg som regulær handel, særleg handel med bruk av varepengar. Handel med varepengar vil seie å nytte utvalde varer som rekneskap- og pengeeiningar.

I Noreg i mellomalderen var fe særleg viktig som betalingsmiddel, men òg huder, skinn, pelsverk, korn, smør, ulltøy og jern. I tillegg til edelmetall, då særleg sølv (Skaare 1995:118–120; Lunden 2007:8). Sjølv om varepengar som eit kyrlag eller smør hadde ein bruksverdi, hadde dei også ein tilmålt eller fastsett verdi. Føresetnaden for at ei vare kan bli akseptert som ei pengeeining er at det finst sosiale kriteria for kva byteverdi denne vara har i høve til andre varer, og at det ligg føre ein generell konsensus om desse kriteria (Lunden 2007:9).

Ein grunneining i varepengesystemet i mellomalderen var eit kyrlag, og kva som utgjorde eit kyrlag er godt definert i lova (G II 10; L VIII 16; Lunden 2002:90). For Vestlandet, utanom Rogaland, for fyrste halvdel av 1300-talet gjaldt: 1 kyrlag (normalku) = 3 laupar smør = 3 huder = 120 (storhundre) standard stykke jern = 1/3 brend mark sølv (Hasund 1924:83; Skaare 1995:119; Lunden 2007:13). I fylgje Steinnes er vekta til 120 stenger jern, altså emnesjern, 12,3 kg (Steinnes 1936:103). Interessant nok svarar det til vekta av depotfunnet med emnesjern som er funnet ved Hardingbukta ved Møsvatn (C33241), jf. kapittel 6.8, og vekta av depotfunnet med emnesjern (stangbarre) ved Hope i Lindås (B4953).

Bruk av sølv og mynt som betalingsmiddel

Eit vanleg scenario på ein marknadsplass må ha vore ein utveksling av varer med noko ulik verdi. I slike tilfelle hadde ein to val. Ein kunne operere med gjeld, dette vil i dei fleste tilfelle bety ein grad av tillit, og var berre relevant om partane hadde ein form for forhold og kom til å møtast igjen. Det andre valet var å bruke ein form for medium for utveksling, eit betalingsmiddel, som til dømes sølv eller anna edelmetall.

Funn av vekter, vektlodd og vektjusterte arm- og halsringer frå eldre jernalder viser at edelmetall var verdsett etter vekt, men dei ser ikkje ut til å ha blitt nytta som betalingsmiddel i noko stor grad (Skre 2012:59). Faktisk ser det ut til at mynt var brukt som betalingsmiddel før sølv. I Ribe blir mynt slått tidleg på 700-talet, medan på 800-talet blir myntar slått i Hedeby (Malmer 2007). På Kaupang er det ikkje gjort funn etter eigen utmynting, men her er det funne både hakkesølv og vektutstyr, datert til andre halvdel av 800-talet (Pedersen 2008).

I vikingtid og mellomalder vart sølv eit utbreidd medium for utveksling. Det var ikkje utan grunn, sølv var verdifullt, lett, haldbart og enkelt å klippe og vege opp i ynskte delar. Sølv var vidare allment akseptert som betalingsmiddel (Skre 2011a; Holm 2017).

I arkeologisk samanheng er det to kategoriar der bruk av sølv som betalingsvare vil vere synleg. Den eine er naturleg nok funn av sølv, som heil eller klipt mynt, eller som betalingsring, barrar eller liknande. Den andre kategorien er vektlodd og skålveker, brukt for å måle opp ynskt mengde sølv.

I innlandet i Sør-Noreg er vektutstyr berre kjent frå gravkontekst. Dette betyr at det er vanskeleg å spore bruken av vektutstyr, og med det handel der sølv inngjekk, etter vikingtid. Med omsyn til sølv som betalingsvare, er sølvmynt heller ikkje ein uvanleg funnkategori frå gravkontekst, som i Valle der klipt sølvmynt er funnen saman med vektutstyr, jf. kapittel 6.4.

Det er også kjent fleire depotfunn med store mengder mynt, barrar og ringer av sølv. Det største skattefunnet frå Austlandet er Trånskatten frå Rollag i Numedal (C21858 a–bb). Funnet er på nærare 750 gram sølv og består blant anna av kufiske og tyske myntar, ringar av sølv og sølvbarrar. Basert på myntane er det sannsynleg at skatten var nedlagt omkring år 1000. Skatten ligg nær eit vad over Lågen og har difor blitt sett i samband med ferdsel og handel (Grieg 1929:216; Fønnebo 1988:131). Både depotfunn og gravfunn indikerer at sølv inngjekk som betalingsvare i innlandet i Sør-Noreg frå sein vikingtid.

Innføringa av sølv som betalingsmiddel og bruk av sølv er ein konsekvens av større samfunnsmessige og samfunnsøkonomiske endringar, og bruken av standardiserte vektlodd kan spegle ein aukande grad av internasjonal handel der sølv inngjekk som betalingsmiddel (Skre 2013). Regionale variasjonar i vektloddets vekt var ein ulempe, men overkommeleg så lenge handelen var av relativt beskjeden karakter. Ved kvar handel kunne seljar og kjøpar sjekke vekta med sitt eige vektutstyr. Dette var likevel upraktisk og arbeidskrevjande og meir merkbart etter kvart som internasjonal handel vaks i omfang. Ei løysing på dette var innføringa av standardiserte vektlodd, noko som skjedde i Sør- og Sørøst-Skandinavia frå ca. 860/870 (Pedersen 2008; Skre 2013:80–81).

Utover i mellomalderen blir mynt meir nytta som betalingsvare, og vil representere såkalla fullkomne pengar i dei tilfelle der den tilmålte verdien til mynten overstig verdien på metallet i mynten (Lunden 2007:9).

I kva utstrekning fullkomne pengar i form av mynt vart nytta i Noreg i mellomalderen er omdiskutert. Steinnes hevda at i mellomalderen var det ulike varer som vart nytta til betaling og som verdimålar (Steinnes 1936:129). Dette synet har også i ettertid vore oppretthaldt. Lunden (2007:12) hevdar at om ein legg saman

hovudskattane, leidangen og tienda, vart dei i mellomalderen betalt med om lag 95 prosent naturalia.

I dei seinare år har likevel fleire, då særskild numismatikaren Svein Harald Gullbekk, peika på at dette synet bør revurderast (jf. Skaare 2000; Gullbekk 2005; Gullbekk 2011). Dei hundrevis av lokalitetane med norske mellomaldermyntar vitnar om ein utstrekt myntbruk, også utanfor byane (Gullbekk 2011:518). Myntar finn ein både som myntdepot og under kyrkjegolv.

Eit myntdepot, Troppen-skatten, vart funnen ved ein allmannveg attmed Nore kyrkje i Numedal, og består av rundt 500 små meir eller mindre sterkt legerte norske brakteatmyntar og må reknast å vere ein indikasjon på bruk av mynt som fullkomne pengar i Numedal. Skatten vart nedlagt i løpet av fyrste halvdel av 1200-talet (Holst 1949).

Under golvet i Lom kyrkje vart det funne 2280 myntar, hovuddelen frå 1100–1300-talet. Likeins er det funne over 1000 myntar under golvet i Ål kyrkje i Hallingdal og i Kaupanger kyrkje i Sogn (Skaare 1978:128–129), og 420 myntar i Kinsarvik kyrkje (Svarstad 1962). Alle myntane ber klart preg av å ha vore brukt (Gullbekk 2011:520).

Mynt ser også ut til å ha vore ein vare i seg sjølv. Der ein måtte kjøpe mynt i ein instans, for å kunne bruke mynt i ein handel der seljaren kravde mynt i ein annan instans. Såleis kan bruk av mynt eller ikkje bli knytt opp mot tilgjengelegheit og preferansar som var ope for forhandling i ein utvekslingssituasjon (Skre 2013:78–79).

Ein må òg knytte bruken av mynt opp mot framveksten av kongemakta. Bruk av varer som betalingsmiddel hadde lange tradisjonar, medan eit pengevesen med utgangspunkt i norsk mynt var organisert og fremma av kongen (Iversen og Gullbekk 2017).

Det er som nemnt gjort myntfunn frå mellomalderen i fleire av kyrkjene som ligg tett knytt til marknadsplassane, som Kinsarvik, Kaupanger og Røldal. Men generelt er myntfunn gjort i dei fleste mellomalderkyrkjer som er undersøkt, og det er såleis lite som indikerer at myntfunn i kyrkjer har særleg samband til marknadsplassar. Med unntak av to sølvmynt frå høg mellomalderen i Kinsarvik, er det ikkje gjort funn av mynt på sjølve marknadsplassane som er undersøkt i dette prosjektet.

I Valle er det ein rekke gravfunn med sølvmynt frå sein vikingtid og tidleg mellomalder, men dei fleste av desse er oppdelt og bør slik sjåast i samband med sølvverdien, ikkje mynten i seg sjølv.

Den store majoriteten av folk i vikingtid og fram til høgmellomalder var direkte eller indirekte knytt til matproduksjon, og dei gjennomførte få transaksjonar i sitt daglege virke. Så sjølv om sølv og mynt etter kvart blir meir utbreidd var varepenngar som også hadde ein direkte nytteverdi den dominerande forma for betalingsmiddel dei fleste stader i Skandinavia (Skre 2012:61–62).

Det er vanskeleg sikkert å etterspore bruk av varepenngar i vikingtid–mellomalder, og den same utfordringa finn ein ved bruk av gjeld. Lån og gjeld var del av handel og utveksling og det finst blant anna detaljerte føresegn for regulering av lån og gjeldsoppgjer i Gulatingslova (G II 16).

Ved dei årvisse marknadsplassane i utmark, type III, er det sannsynleg at varebyte og utveksling med varepenngar har vore dei dominerande formene for handel. Sjølv med ekstensiv metallsøking ved fleire av lokalitetane har verken mynt eller vektlodd blitt funnen.

Ved bygdenære årvisse marknadsplassar, type IIb, er det indikasjonar på at sølv og mynt kan ha vore nytta som betalingsmiddel. Som i Valle der det er gjort ein rekke funn av oppdelt sølvmynt, vektor og vektlodd. Funnmaterialet frå Valle stammar frå graver frå slutten av 900-talet og til midten av 1000-talet, ein periode med få førkristne graver i resten av landet. Dette kan bety at handel med sølv som betalingsmiddel i sein vikingtid–tidleg mellomalder kan vera utbreidd òg ved andre samtidige marknadsplassar i innlandet, men er berre vist i Valle gjennom gravmaterialet.

Depotfunna som er nemnt over kan også indikere at sølv og mynt var i bruk som betalingsmiddel i innlandet frå sein vikingtid, omfanget er likevel vanskeleg å stadfeste.

Marknadsøkonomiske faktorar

Uavhengig av om utvekslinga gjekk føre med varepenngar, sølv eller mynt er det sannsynleg at visse marknadsøkonomiske prinsipp var gjeldande også i sein vikingtid–

høgmellomalder. Som endringar i verdivurdering av varer i høve til tilbod og etterspørsel.

Meir spesifikt kunne frakt ha innverknad på pris. Transport av varer krev ressursar som tid, arbeidskraft og bruk av hest, dette er ressursar som kunne bli nytta på andre måtar. Det er difor naudsynt at det var ein kompensasjon for frakta, elles ville den ikkje bli gjennomført. Lengde, terreng og topografi vil forenkle eller forverre frakta, noko som vil spele inn på fraktkostnadane. Dette er eksemplifisert gjennom det såkalla tingfareøret som er spesifisert i Landslova (L I 2). Dette er reisegodtgjersle for å dra på tingmøte og prinsippet var di lengre avstand, di høgare kompensasjon (Iversen og Gullbekk 2017).

Likeins er det sannsynleg at verdien på ei handelsvare auka høvesvis etter kor langt vekk ein kom frå produksjonsstaden. Om me reknar det er ei vare som er allment ettertrakta, kan ein gå ut frå at di lenger vekk frå produksjonsstaden, di mindre tilgjengeleg er varen og di større blir etterspørselen. Til dømes vil tørrfisk ha hatt mindre verdi i Lofoten enn i Hallingdal og jern vil ha hatt mindre verdi i Øvre Telemark enn i Bergen.

Varierende klimatiske forhold vil òg ha kunne verka inn på verdien av ei vare, til dømes ved uår. Uår kunne potensielt ha store innverknadar på produksjonen av ei vare, ved at varen vart rørd direkte, til dømes kornproduksjon, eller indirekte, som liten jernframstilling fordi arbeid og tid måtte bli brukt til anna, meir direkte matauk.

Tilbod, etterspørsel, lengda frå produksjonsplassen, fraktvanskar og klimatiske forhold er alle faktorar kan ha spela inn på rådande førestillingar om verdivurdering og rettferdig handel. Det kan ha innebore at jern utveksla i Kaupanger eller Kinsarvik hadde relativt sett større verdi enn om det skulle blitt utveksla mellom dei næraste bygdene til jernframstillingsområda, noko som kan ha vore eit insentiv for bøndene i fjell- og dalbygdene til å ta med jernet til marknadsplassane ved fjorden.

Som tidlegare nemnt er det likevel ikkje berre økonomiske forhold som verka inn på utnyttinga av utmarksressursar og den vidare handelen, også sosiale normer og forhold, som relasjonane mellom partane i ein utveksling, spela ein vesentleg rolle.

Handelens sosiale status

For å belyse og drøfte i kva grad dei sosiale normene knytt til handel og utveksling bidrog til framveksten av marknadsplassar er særleg dei islandske ættesogene verdifulle kjelder. Historisiteten til dette materialet er omdiskutert, men i alle tilfelle utgjør sagaforfattarane sine forteljingar og tolkingar viktige vitnesbyrd om tankar, sosiale normer og haldningar i tidleg- og høgmellomalder, også rundt handel og utveksling av varer (jf. Ebel 1977; Miller 1986; Pálsson mfl. 1992; Bagge 2000:13).

I blant anna Njálssoga blir dei strenge sosiale kodene knytt til utveksling skildra. Her møter ein Gunnar frå Lidarende som på grunn misforståingar knytt til dei strenge sosiale normene rundt handel går inn i ein dødeleg konflikt med ein kalla Otkel (Njálssoga, kap. 47). Det er eit av fleire døme i dei islandske ættesogene der handel blir framstilt som ein vanskeleg og til dels lite velsett handling.

Så som i sagaen om HøNSE-Tore. Denne sagaen skal skildre forhold på Island rundt 960–965, men er skriven ned på midten av 1200-talet. HøNSE-Tore blir introdusert som ein lite likt oppkomling. Han arbeider hardt og gjennom handel tener han seg rik og får kjøpt seg ein gard og blir bonde. Trass i rikdommen og statusen som bonde blir ikkje Tore møtt med respekt eller velvilje.

Også i Njåls saga blir det teikna eit lite heiderleg bilete av ein handelsmann. I samband med ein rettssak kler Gunnar ser ut som ein handelsmann og reiser rundt med smedvarer. Han er hissig og pratsam og oppfører seg som om han veit alt betre enn andre og går stadig tilbake på handlane sine (Njålssoga, kap. 22). Dette er ikkje ein ekte handelsmann, men det er hevda at dette gjer eigenskapane som er skildra desto meir teiknande for 1200-talets oppfatning av ein handelsmann (Norseng 2000:168–169). Denne forakta blir vidare synleggjort i Soga om Ølhette (Soga om Ølhette).

Lunden har argumentert for at handel i sagalitteraturen blir handsama som mistenkeleg og lite høgverdig fordi fenomenet er noko nytt og uvanleg (Lunden 1972:62). Dette kan vere del av forklaringa, men ein finn det same synet på vareutveksling og handel i etnografisk litteratur (jf. Chapman 1980:37–38; Bourdieu 2000).

I samfunn der handel i større grad var innvoven i personlege forhold er det akseptert å tene pengar gjennom handel, men ikkje å spare. Det var ingen ære i å vere

rik og gjerrig (Sigurdsson 2013:30). Det er også eit synleg skilje, i mellomalderen, så vel som i antikkens Roma, mellom småhandel og fjernhandel, og profittmotivert handel og statusmotivert handel. Dei som kjøpte varer for ein pris og selde vidare for ein annan vart tatt avstand frå, medan profesjonell fjernhandel vart møtt med større grad av respekt (Finley 1973:184; Norseng 2000:185).

I Njåls saga freistar Gunnar ein utveksling på gardstunet til Otkel, og det blir klart at både førespurnaden frå Gunnar om handel og staden for førespurnaden var feilplassert. I dette samfunnet kunne sjølv ein mindre misforståing eller hending sette i gang ein eskalerande utveksling av fornærmingar og motangrep (Orning 2013:51). Eigne stader for vareutveksling, altså marknadsplassar, kunne vere ein måte å sette handel og vareutveksling inn i faste rammor og kontrollere dei sterke sosiale normene rundt utveksling. Såleis vart det skapt eit fysisk og sosialt rom for ein handling som var vanskeleg å utføre elles i samfunnet (Brendalsmo 1994:24).

Dette kan ein sjå opp mot den samfunnsøkonomiske modellen skissert i kapittel 3.1, der handel sakte og over tid blir del av eksisterande årvisse samkome. Utveksling og handel gjennomført innanfor rammene av årvisse samkome kunne føre til at rollene og formåla var tydelegare definert og handelen kunne skje meir i tråd med sosiale normer, og omfanget av handelen kunne auke over tid og slik mogleggjere ein ekstensiv handel mellom regionar.

På marknadsplassar kunne transaksjonar òg i større grad gå føre seg mellom ukjente, og handelen vart meir nøytral og upersonleg. Aktørane kan vise økonomisk agens og graden av sjenerøsitet og kjensla av rettferd i desse strukturelt tvitydige relasjonane kan minke i favør av eigeninteresse og berekning (Bourdieu 2000:19).

8.5 Den sosiale betydinga av møte- og marknadsplassar

Samfunnsøkonomiske perspektiv bør stå sentralt om ein skal forstå bruken av årvisse marknadsplassar, likevel skal ein heller ikkje underslå den sosiale betydinga av samkome. Kva aktivitetar utover handel var del av desse samkoma og kva betyding hadde desse sidene ved marknadsplassane for folk som møttest her?

Fleirfunksjonelle møteplassar

For å belyse sosiale sider ved årvisse samkome kan det vere fruktbart å nytte historisk-etnologiske analogiar, og opne opp for eit breiare spekter av tolkingar.

Ved årvisse møte- og marknadsplassar verkar det ikkje å vere noko skarpt skilje mellom handel og sosiale samkome. Det er i det heile logisk og pragmatisk å nytte ei anledning til å gjera fleire ting samstundes, som til dømes marknad, tingmøte eller feiring av høgtider, særleg i samfunn med vanskelege kommunikasjonshøve. I tidleg nytid ser ein døme på dette ved at marknadar vart arrangert samstundes med kyrkjelege høgtider, som i Røldal eller på Kyrkjestølen på Filefjell, sjå kapittel 6.3 og 6.5.

Skildringane som finst om skeid og fjellstemne fortel om møte som må reknast som fleirfunksjonelle, med aktivitetar som til dømes fest, tevlingar konsum, produksjon og handel. Dette viser noko av kompleksiteten ein står ovanfor når ein freistar å karakterisere og definere ulike former for marknad- eller samlingsplassar med få fysiske spor.

I landskap med spreidd busetnad kan slike stader ha fungert som møteplassar og senter for kommunikasjon, og ha vore viktige regelbundne stader for å oppretthalde og styrke sosiale og økonomiske relasjonar. Desse stadane var ein av få gonger der sameint oppleving vart uttrykt i form av ein felles fysisk møteplass og bidrog til å skape og oppretthalde ein kjensle av fellesskap. Denne kjensla av fellesskap er ofte definert som sosial tilhøyrslø og å vere viktige for kvarandre og høyre til gruppa, og der felles behov blir møtt gjennom fellesskapet (McMillan mfl. 1986:9).

Ein bør heller ikkje undervurdere trongen etter å møte jamaldringar og framtidige partnarar i leik og tevling. Frå Hebridene har ein fylgjande beskriving frå eit samkome i tidleg nytid som blant anna inkluderte hestekappløp: “[...]this is a happy opportunity for the Vulgar, who have few occasions for meeting, except on Sundays, the Men have their sweet-hearts behind them on Horse-back, and give and receive mutual presents” (Martin 1703:79–80).

Hestekamp og hestekappløp

Hestar var ein vesentleg del av dei årvisse marknadsplassane, til transport av varer og som varer i seg sjølv. I tillegg var dei også del av underhaldning og leik, i form av hestekappløp og hestekampar. Særleg tydeleg er dette beskrive for skeida i Øvre Telemark og Setesdalen frå tidleg nytid.


Stadnamn som Hallingskeid og funn av hestesko og hesteskosaum indikerer at hestekamp og –kappløp kan ha vore del av mange marknader og samkome i vikingtid og mellomalder. På ein biletstein (föremål 180967. SHM 5137) frå Häggeby i Uppland i Sverige er det framstilt to hestar som er i kamp og tyder på at hestekamp i Norden kan førast attende til folkevandringstid (KLNVI:538).

Hesten var ein av dei viktigaste husdyra i sein vikingtid–høgmellomalder, og også den mest kostbare. Likevel ser hest ut til å vere nokså utbreidd i denne perioden (Øye 1976:95). Det er sannsynleg at hest var særleg viktig som transportmiddel i innlandet, medan i kystområda erstatta båten hesten (Øye 2002:360).

Det å eige ein sterk, vakker og velbygd hest kunne gje respekt, og tevlingar med hest kunne vere dramatiske og gje eigaren ære, så vel som skam. I eit samfunn der ære og maskulinitet står sentralt vil det å bli audmjuka i tevlingar kunne bringe stor skam og i sagaene endar ofte hestekampar med vondskap og strid (t.d Soga om Viga-Glum, kap. 13). Likevel trong ikkje fiendskap fylgje utanfor den sosiale ramma av ein tevling, iallfall om ikkje deltakarene ynskte det. Sagaskrivarene kan vidare ha overrepresentert tevlingar som ein arena for konflikt, for å drive ein feide framover og for å syne og rettferdiggjera fiendskap (Martin 2003:30–32).

Tevlingar kunne vere ein måte å etablere sosial status seg imellom. Fysisk styrke og dugleik var høgt verdsett og tevlingar var ein verdifull arena for å vise seg fram. Likeins kunne det å audmjuke andre i tevlingar vere ein politisk taktikk for å knyte nye og styrke eksisterande venskap og alliansar (Martin 2003:40).

Som vist var hestekampar ein viktig del i dei samkome eller skeid som gjekk føre seg i delar av Telemark og Setesdal i tidleg nytid. Landstad, som samla segn og folkeminne frå Telemark rundt midten av 1800-talet, beskriv blant anna samkome der




Figur 8-6, Kunstnarisk framstilling av eit skeid (Senter for pedagogiske tekster, Høgskolen i Sørøst-Norge, på <http://www-lu.hive.no/plansjer>).

bøndene møttest for ulike tevlingar og styrkeprøver. Hestekampar blir her kalla *gamaleik* (Landstad 1985 [1880]:64).

I sagaene blir hestekampar omtalt som *hestavíg* og ofte beskrive som del av større samkome der folk møttest for leik, kjøp og sal, så vel som stader for politiske avgjerder og løysing av konflikhtar (Gogosz 1999:27). Slike samkome er òg omtalt som *hestaping*, *leikmót* eller *leikstefna* (Wessén 1921:111; Gogosz 1999:17–18).

Folkloristen Terry Gunnell (1995:31) meiner hestekampar og -kappløp i seg sjølv hadde ein spesiell betyding i norrøn religion. Likeins syner blant anna utsmykking og gravgods at hesten har hatt ein særskild stilling i ritual og kultskikkar (Gjessing 1943; Meling 2000; Oma 2011).

Hestekampar og -kappløp har rituelle overtonar og spor av dette kan sjåast i overtrua som er knytt til hestekampane i Telemark og Setesdalen i tidleg nytid. Frå skeidet i Fyresdal i Telemark blir det sagt at dei år der hestane bit godt blir eit godt år (Glostrup og Huitfeldt-Kaas 1895:39). Frå ei anna bygd i Øvre Telemark, Hjartdal, var det slik at om ein hest vart drepen i hestekamp, måtte hesten ikkje bli flytt, men bli



Figur 8-7 a) Hallingskeidsanden (Foto: M. Ramstad), b) Hallingskeid, Fødalen (Foto: M. Ramstad), c) Hallingskeidstølen i Grøndalen (Foto: K. Loftsgarden), d) Øyane ved Nedre Grøndalsvatn (Foto: K. Loftsgarden).

gravlagd på staden. Saman med beksel, sal eller seletøy, då dette ikkje lenger kunne bli brukt på annan hest (Landstad 1985 [1880]:64–65).

Det er særleg i Noreg, Sverige og på Island ein finn spor etter samkome med hestekampar og –kappløp i vikingtida og mellomalderen. Enkelte engelske stadnamn antyder også at hestekampar vart introdusert til Nord-England med den norrøne ekspansjonen i vikingtid. Det er få spor som peikar mot at hestekamp eller -kappløp var ein utbreidd tevlingsform før denne perioden og utanfor stader med norrøn innverknad (Smith 1955:105–106). I Skottland har det likevel vore tradisjon med hestekappløp, men ikkje med hestekampar (Macaulay 1764:81–82; Whitaker 1958:89).

Hestekappløp eller -kampar vart haldne på flate graskledde sletter, i dalbotnar eller ved elvebredder, der tilskodarane fekk godt innsyn til tevlingane (Guðmundsson 1903:35; Gogosz 1999:30). Dei tre Hallingskeida som ligg i fjellområda mellom Hallingdal, Sogn og Hardanger har alle fine grassletter som skil seg ut i landskapet og som kan tenkjast å ha vore nytta til hestekampar eller -kappløp, jf. figur 8-7 a–b.

Undersøkingar med metallsøkar på desse grasslettene har påvist hestesko, hesteskosaum, så vel som knivar og eldstål.

Tidlege lovtekstar, stadnamn og islandske sagamateriale tyder på at hestekampar, -kappløp og andre tevlingar som bryting (glíma), styrkeløft eller ballspel som *knattleikr* har vore del av aktivitetane på stader der folk møttest iallfall frå vikingtid (F X 46; L VII 36; Wessén 1921; Gunnell 1995:24–35; Martin 2003; Gardeła 2012:240).²⁷

Både i Noreg og Island vart det haldne hestekampar også etter mellomalderen (Vilhjálmsson 1990) og dei beskrivingane ein finn frå tidleg nytid er skildra med store likskapar til dei skildringane som finst av hestekampar i sagamaterialet.

I det norske innlandet er hestekampar fyrst nemnt i biskop Nils Glostrups visitasbøker frå 1618. Han omtalar då hestekampar som blir arrangert «en liten fierdingsweys fraa Fyrrisdal», på Barsok eller St. Bartholomeus-dag (Solheim 1952:573).²⁸ Staden han referer til er Molandsmoen i Fyresdal, og skeidet der var ein av mange i Øvre Telemark og Setesdal (Landstad 1985 [1880]; Skar 1997 [1907]:172–175). Molandsmoen skal opphavleg ha hatt namnet «Hestvolden» (Bugge 1916:29). Området er også omtala av presten Hans Jacob Wille (Wille 1881:27–28) i 1786:

Paa Molandsmoen, en kort Fjerding frå Præstegaarden, er en slet Plan, hvor der har staaet fire spidse Stene opreiste, der har udgjort en Firkant til Kamp-plads for Kjæmperne i gamle Dage. Nu omstunder holdes derimod et lidet Market med Heste den 14de August, da man rider for at probere sin Heste og endelig løslader dem for at figtes om en Hoppe, som en Mand holder midt paa Pladsen og med en lang Stang forsvarer, indtil en har vundet Magt over dem alle. Den ene af disse igjenstaande Stene har en Runeinnskrift.

Steinane som Wille skriv om er også omtala av Nicolaysen. Moglegvis har to steinar blitt fjerna alt i Wille sin tid (eller tidlegare) for i Nicolaysen si beskriving av «Skeistenene», er berre to nemnt (Nicolaysen 1862:235). Desse to står også i dag,

²⁷ Hestekamp eller hestekappløp er nemnt i fylgjande sagaer: Soga om Viga-Glum, kap. 13 og 18; Grettes saga, kap. 29; Njálssoga, kap. 58 og 59; Soga om Røydølane, kap.23; Soga om Viglund og Kjellrid, kap. 8 og 9; Arons saga, kap., 18; Sagaene om Gudmund den gode som prest og gudmund dyre; kap. 4; Tåtten om Torstein Stangarhogg.

²⁸ 24. august med gregoriansk kalender

skild av ein veg. Steinen med runeinnskrift står på vestsida av vegen og om lag 25 m mot sør står den andre skeidsteinen. Steinen med runeinnskrift har ein høgde på 107 cm over bakken og har følgjande innskrift i runer: «þorolfr reit så skal råða runar, er lër stigreips». Filologen Magnus Olsen (1951:234) tolkar runeinnskrifta som; «Torolv skrev. Den skal råde (disse) runer, som låner (til en annen) stigbøile». Han daterer runesteinen til 1100- eller 1200-talet.

Skeidsteinane ved Molandsmoen skal i fylgje Wille ha utgjort ein firkant og avgrensa det inste området av skeidet. Det er ikkje kjent skeidsteinar i samband med skeidet i Valle og eg har heller ikkje funne indikasjonar på dette ved dei andre undersøkte Hallingskeida. Det finst likevel nokre eksempel som kan indikere at skeidsteinar har vore del av skeid på fleire stader enn Molandsmoen. Alle spor eg har funne etter skeidsteinar er frå Agder og kan indikere at dette er ein lokal eller regional tradisjon.

På Evjemoen om lag ei mil sør for Byglandsfjorden låg eit av dei største gravfelta i Agder med 45 gravhaugar, men der få står att i dag. Her skal også Galtelandssteinen opphavleg ha stått. Denne runesteinen er ein av dei tidlegaste med kristen innskrift og datert til tidleg 1000-tal. I ein beretning frå 1808 blir det opplyst at Galtelandssteinen var plassert midt i ein sirkelrund krets av andre steinar, og staden skal ha blitt kalla «Skeisteinene» (Låg 1999:183; Larsen 2000:23).

Også på Dølemo i Åmli står det to reiste steinar som er omtala som «skeidstein». Desse vart flytt i 1945 og stod opphavleg på «Skeidsteinmoen», ca. 300 m sørvest for der dei står i dag. I fylgje notat frå Elisabeth Skjelsvik, var det tre steinar her, medan i 1904 blir det omtala seks-sju steinar (Helland 1904:228; Skjelsvik 9.10.1957, UO top. ark.). Også på Skeidsmoen i Flekkefjord blir det fortalt om ein ring av steinheller som kjempande måtte halde seg innanfor når dei slåst. Desse steinane er i dag fjerna (Nuland 1973:14).

Det er sannsynleg at skeid, altså årvisse samkome med hestekampar og –kappløp, var utbreidd i vikingtid og mellomalder (Vikstrand 2001:360; Stylegar 2005). Som fylgje av ein regional overskotsproduksjon og samfunnsmessige endringar, er det grunn til å anta at handelen på slike årvisse samkome aukar i omfang frå sein vikingtid.

Kokegroper

Skeid-lokalitetane syner den sosiale komponenten knytt til årvisse møte- og marknadsplassar, og det same gjer funn av kokegroper. Kokegroper er påvist til dømes på Bjørkum, og på Hallingskeid er det kjent rundt 25 kokegroper, jf. kapittel 6.5. Dette er blant dei største kokegropfelte som er kjent i fjellområda.

Kokegroper er tolka som spor etter stader med rituell matlaging med sosio-politiske betyding. Der deling av måltid var ein effektiv måte å skape og oppretthalde alliansar og sosiale nettverk (Gustafson mfl. 2005). Kokegroper er særskild eigna til høve der ein mengde folk var på ein bestemt stad over fleire dagar (Skre 2007a:400). Det er estimert at ein kokegrop med diameter på ein meter kunne bli brukt til å lage mat til minst 30 personar, i tillegg kunne gropene dessutan bli brukt om att fleire gonger. Når steinane i ei kokegrop er blitt varma opp og gropa er dekt med jord og torv, kan gropa bli bruk til matlaging over fleire dagar (Pilø 2005:195).

Kokegroper var i bruk fram til yngre jernalder, men er oftast datert til romartid eller folkevandringstid (Gustafson 2005b). Dateringar frå kokegropfeltet på Hallingskeid i Grøndalen indikerer at dette har vore i bruk frå bronsealder til tidleg vikingtid, sjølv om dei fleste dateringane ligg innanfor romartid. Dette er mange hundreår før staden sannsynlegvis vart nytta som årviss marknadsplass og viser stadens betyding og kontinuitet som møteplass.

Liknande fenomen kan ein sjå med omsyn til tingstader. Som til dømes i Tjølling i Vestfold, der det ved hjelp av geofysikk er registrert så mange som 700 kokegroper datert til førromersk jernalder og romartid i eit område som i mellomalder er brukt som tingstad (Iversen mfl. 2013; Ødegaard 2015:301–309). Likevel, ein kan ikkje utan vidare kople kokegropfeltet med den seinare tingstaden, og heller ikkje kokegropfeltet på Hallingskeid med den seinare marknadsplassen. Det vitnar likevel om den varige rolla stadane har spela som møteplass. Både plasseringa som knutepunkt på fjellet og Hallingskeids særskilde topografi vil ha bidrege til å gjera staden eigna som årviss møteplass både i jernalder og mellomalder.

Enkelte kokegroper er kjent ved andre stader som kan ha blitt brukt til årvisse marknadsplassar, som ved Kolsfet og Hardingroe. Dette er i dag stølar og områda ligg dessutan under tregrensa. Kokegroper i slikt terreng er vanskelege å registrere og må

bli bekrefta med prøvestikk. Det er difor sannsynleg at det finst fleire kokegroper som ikkje er registrert. Likeins er kokegroper i innmark ikkje synlege før maskinell sjakting eller geofysisk undersøking. Det er såleis mogleg at kokegroper var i bruk også ved andre marknadsplassar, men er mest synleg på Hallingskeid som ligg over tregrensa og er lite forstyrra av moderne bruk.

9. Oppkomst og nedgang – ressursutnytting og marknadsplassar

Frå slutten av vikingtid og fram til og med høgmellomalderen skjer det fleire store samfunnsmessige omveltingar. Ein rekke ressursar blir utnytta i mykje større grad enn tidlegare og det er ei auke i handel og framvekst av marknadsplassar og sentralstader. Denne historiske trenden ser ein for store delar av Europa, òg i fjell- og dalbygdene i Sør-Noreg, men også i andre jordbruksmessig marginale stader i Nord-Europa (Pounds 1974; Astill og Langdon 1997; Svensson mfl. 1998; Svensson mfl. 2001:135). Samanfallet av den økonomiske utviklinga i Noreg med større delar av Nord-Europa indikerer at faktorar utanfor landet også bør bli dratt inn i diskusjonen rundt overskotsproduksjonen og marknadsplassane i innlandet i Sør-Noreg i sein vikingtid–høgmellomalder.

Den demografiske og økonomiske nedgangen mot slutten av denne perioden blir ofte sett saman med svartedauden og eit nær økonomisk og politisk kollaps av Noreg som stat. Samstundes mistar type IIa marknadsplassar som Borgund og Kaupanger sin betyding og tyske kjøpmenn blir dominerande i internasjonal handel (Nedkvitne 2014:331).

Eg vil i dette kapittelet diskutere moglege årsaker og konsekvensar av oppkomst og nedgang knytt til ressursutnytting og handel i det sørnorske innlandet i sein vikingtid–høgmellomalder.

9.1 Kvifor auka overskotsproduksjonen?

Årsaksforhold til den økonomisk og politiske utviklinga i perioden er samansette og komplekse, og fleire faktorar vil ha bidrege til auka i regional overskotsproduksjon. Ein sentral faktor må likevel ha vore at det fanst ein etterspørsel etter varene innlandet kunne produsere.

Med omsyn til jern er det sannsynleg at etterspørselen endra seg sakte og over tid. Overgang til større plog-/ardjern og jernskodde spader auka jernbehovet, det gjorde også at ein meir intensivt kunne dyrke jorda. Dette førte til ei folketalsauke som

igjen førte til eit auka behov og etterspørsel etter jern til gjenstandar, våpen og reiskapar.

Etterspørselen etter jern kan ha vore ein viktig faktor i avgjerla om å gå i gang med jernframstilling i fjell- og dalbygdene, i den forstand at auka etterspørsel kunne føre til at jern som ressurs og handelsvare auka i verdi. Dette kunne ha vore ein motivasjonsfaktor for å gå i gang med produksjonen, men verdien må vera høg nok til at det blir verdt å bruke allereie knappe ressursar som tid og arbeidskraft på jernframstilling. Det same prinsippet vil også gjelde for ekstensiv jakt og fangst.

Ein grad av jernframstilling var det òg tidlegare, men ein auka etterspørsel og med det verdi, førte til ein auke i utnyttinga av utmarksressursane. Og det er sannsynleg at ideen om jernframstilling som mogleg leveveg og ressurs spreidde seg frå gard til gard og bygd til bygd over tid, som Rundberget har vist var tilfelle i Østerdalen (Rundberget 2013:302–308).

I samband med jernframstilling er teknologi òg ein sentral faktor. I overgangen til yngre jernalder blir ein ny jernframstillingsteknologi tatt i bruk. Det eksisterer overgangsformer, men når ein kjem til siste halvdel av vikingtid er teknologien som er omtala som fase II i bruk.

Innanfor dette teknologiske komplekset er framstilling av kol skilt ut frå omnen, og blir gjort som ein eigen prosess i groper. Dette betydde at mindre og meir utilgjengeleg skog kunne bli nytta. I tillegg blir storleiken på omnane redusert, noko som gjer det mindre ressurskrevjande å anleggje nye jernframstillingsstader. Det er regionale forskjellar, men samla sett er jernframstilling ved fase II omn godt eigna til jernframstillinga i høgareliggande strøk og kan bli tilpassa gardsdrift med omfattande haustings- og beitebruk.

Ein ytterlegare viktig faktor for den omfattande overskotsproduksjon i fjell- og dalbygdene var stabile økonomiske nettverk og sikre arenaer for handel. For at ein fast befolkning skal framstille jern eller drive ekstensiv reinsdyrfangst må arbeidet bli prioritert framfor anna gardsarbeid med ein potensielt meir sikker avkastning. Det er difor sannsynleg at ein ikkje kunne risikere å bruke tid og ressursar på overskotsproduksjon om ein ikkje var viss på å få bytt jern, skinn eller gevir i andre

naudsynte varer. Dette føreset stabile samfunnsstrukturar som gjorde at handelsnettverk kunne oppretthaldast over lengre periodar.

Mot slutten av vikingtid fell desse faktorane saman og ein får ein auke i ressursmessig spesialisering og overskotsproduksjon i innlandet, særleg tydeleg er dette med omsyn til jernframstillinga.

Behovet og etterspørselen etter jern må ha vore til stades gjennom vikingtid, men auka i takt med folketal, samfunnsmessige endringar og tilgang på produkta. Mobil og fleksibel teknologi gjorde at jernframstilling enklare kunne bli kombinert med ein gardsdrift som i utgangspunktet tok i bruk ein rekke ressursar.

Den utløyssande faktoren til overskotsproduksjonen som vaks fram i fjell- og dalbygder mot slutten av vikingtid heng likevel saman med samfunnsstrukturar som no var stabile nok til å oppretthalde handelsnettverk mellom marginale område og meir sentrale stader over ein lengre periode, og eksistensen av årvisse marknadsplassar der varer frå regional overskotsproduksjon kunne inngå i ein handelssituasjon og alle aktørar var viss på at dei fekk bytt vekk eigne varer mot andre ynskte og naudsynte varer.

Drivkreftene kunne vera at jernframstilling vart vurdert som ein sikker og moglegvis lukrativ næringsveg. Også ein lokal og regional elite kunne ha arbeid for å fremje jernframstillinga, samt konge- og kyrkjemakt som er ein aukande maktfaktor i denne perioden, sjølv om eg vurderer det som lite sannsynleg at dei har vore direkte knytt utnyttinga av ressursane.

Det er sannsynleg at handel får stadig meir betyding på årvisse samkome i fjell- og dalbygdene, i takt med den aukande regionale spesialiseringa og overskotsproduksjonen. Gjennom årvisse møte- og marknadsplassar kunne det gå føre ein veksilverknad mellom ressursmessig spesialisering og handel, der jernframstillinga og andre ressursar kunne auke i omfang sidan overskotet kunne bli omsett på eigne stader med etablerte sosiale rammer, jf. kapittel 3.1.

9.2 Nedgangen

Nedgangen i denne økonomiske ekspansjonsperioden ser ut til å byrje meir enn 50 år før svartedauden (Øye 2002:394). I Sør-Noreg er nedgangen blant anna synleg i jernframstilling og fangstverksemd. Sjølv om det aldri blir slutt på jakt og fangst, og ein viss handel med varer frå denne aktiviteten, minka den kraftig i omfang og ingen massefangstanlegg for rein var i drift etter ca. 1300. Liknande bilete ser ein med omsyn til jernframstilling. Det er regionale forskjellar, men totalt sett er det liten jernproduksjon i Sør-Noreg etter 1300–1350.

Det er tidlegare peika på lokale faktorar som moglege årsaker til nedgangen i den ekstensive utnyttinga av desse utmarksressursane. Som at reinsdyrstamma vart overbeskatta på slutten av 1200-talet og slik minka dramatisk eller at jernvinna brukte opp malmressursane eller førte til at all skog vart hogd og ny skog ikkje rakk vekse til (Mikkelsen 1994:170; Øye 2002:386). Sjølv om dette kan vere medverkande faktorar medfører det faktum at nedgangen fell saman i tid, og at ein kan sjå det same biletet i andre liknande område i Nord-Europa, til at ein bør løfte blikket og vurdere samfunnsøkonomiske årsaksforklaringar og legge mindre vekt på lokale økologiske perspektiv.

På 1200-talet dukkar svensk jern, omtala som Osmundjern, opp i store mengder i England og Nord-Europa. Årsaka til dette er framveksten av eit omfattande teknologisk kompleks i Bergslagen i Sverige som inkluderte bruk av masomn, bergmalm og spesialiserte arbeidarar. Dette startar opp allereie på 1100-talet og på 1200-talet er det ekstensiv drift med framstilling av store mengder jern (Magnusson 2009:12). Rundberget (2013:320–321) argumenterer overtydande for at mengdene med rimeleg svensk jern var spikaren i kista for den storstilte jernframstillinga i Østerdalen. Det same vil vere gjeldande for resten av Sør-Noreg, heimleg produsert jern vart i praksis utkonkurrert.

Liknande utvikling kan ein sjå i kamproduksjon basert på gevir frå hjortedyr. Denne tok slutt i løpet av andre halvdel av 1200-talet, og bein frå husdyr vart no den dominerande råvara. Ein forklaring på denne utviklinga er at etterspørselen og produksjonen av kammar vart større enn tilgangen på gevir og alternative ressursar

måtte bli tatt i bruk. Store mengder bein var tilgjengeleg som slakteavfall, medan reinsdyrgevir var meir komplisert å skaffe seg. At overgangen frå gevir til bein ikkje skjedde før var på grunn av bein var mindre eigna som råmateriale til kammaking (Christophersen 1980:162–163; Mikkelsen 1994:172).

I eit samfunn der marknadsøkonomiske prinsipp og handel i aukande grad gjer seg gjeldande vart råvarer frå det sørnorske innlandet, framskaffa av bønder som del av gardsdrifta og utveksla på marknadsplassar, såleis utkonkurrert.

Ein medverkande faktor til dette kan ein moglegvis finne i den utanrikspolitiske konflikten med Danmark mot slutten av 1200-talet (Helle 1974:249–260; Krag 2000:195–196). Dette må ha medført ein nedgang i handelen med Danmark, men moglegvis ein auke i handelen med Sverige. Potensielle handelspartnarar kan såleis ha skifta frå Danmark, utan eigen jernproduksjon, til Sverige, med ein aukande eigen jernframstilling.

Ein må òg sjå nedgangsperioden i ljøs av ein forverring av klimaet. Frå byrjinga av 1300-talet er det fleire periodar med uår, dei verste i kriseåra 1315–1317 (Jordan 1997). Spesielle klimatiske forhold, i lag med dårleg utbygde kornlager og eit nær kollaps i kornmarknader, resulterte i ein av dei verste hungersnaudene nokosinne i Nord-Europa (Dybdahl 2010:189; Slavin 2014).

Det relativt stabile og varme klimaet frå tidleg 1000-talet bidrog til veksten i folketal og i forlenginga av det, den økonomiske utviklinga. Men dette førte til at ressursar vart strekte tynt og samfunnet var sårbart for uår og krisetider. Også Skandinavia vart rørd av uåra på byrjinga av 1300-talet, men tilsynelatande i mindre grad enn England, Frankrike og tyske område (Jordan 1997:8). Sjølv om ein må rekne med at Noreg indirekte vart ramma, då det allereie frå midten av 1200-talet gjekk føre seg ein betydeleg kornimport (Nedkvitne 1983:59; Bagge 2000:56).

Dei punktanalysar som vart gjennomført i samband med Det nordiske ødegårdsprosjekt viste likevel få spor etter krise eller nedgangstider før 1350 (Sandnes og Salvesen 1978:156). Desse punktundersøkingane undersøkte mogleg reduksjon i landskyld og verdi av jord, men om ein tek utgangspunkt i lov materialet er det indikasjonar på nedgangstider også før svartedauden. Frå Håkon Håkonssons rettarbot frå 1260 blir øydegardar og øydejord nemnt og det er føresegn som seier at den som

arbeider opp jorda og bygger hus på øydejord blir fritekten frå landskyld i tre eller seks år (avhengig av om landeigar bygger husa eller ikkje) (NGL I:121-123; NGL IV:19-22; RN I, nr 975; Norske middelalderdokumenter, nr 23). Problematikken med øydejord er også er tatt opp i Landslova (L VII 55). Det er likevel regionale forskjellar, og Austlandet kan ha hatt ein positiv befolkningsutvikling opp til ca. 1350 (Dybdahl 2010:203).

Samla sett, både med omsyn til utnytting av utmarksressursar og befolkningsutviklinga, ser det ut til å vere ein nedgangsfase som tek til mot slutten av 1200-talet og som kulminerte i svartedauden. Denne utviklinga fell til dels også saman med nedgangen, og til slutt avviklinga, av type IIa marknadsplassar.

I fyrste halvdel av 1300-talet blir det samla inn midlar for oppreising av Matthiaskirken i Borgund som står til nedfalls. Dette kan tyde på at kaupangen i Borgund alt då er i tilbakegang (Sørheim 2010:324). Og i ein rettarbot frå 1384 blir det klart at handelen er spreidd vekk frå mange av dei tidlegare kjøpstadane. Gjennom denne rettarbota freista Olav IV Håkonsson å motverke denne utviklinga og den aukande innverknaden og oppkjøparverksemda til utanlandske kjøpmenn. I rettarbota står det at kjøpstadane «forderves og legges øde fordi sjøfarende menn her hos dere ikke seiler med sine handelsvarer til de kjøpstemner som har vært fra gammelt» (DN V, nr. 331; NgL III:218–222).

Ein av konsekvensane til pesten var reduksjon i landskylda (Sandnes og Salvesen 1978:155–156), og i tillegg mista jordherrar, kyrkje og konge (billig) arbeidskraft, og resultatet var minska kjøpekraft og mindre kapasitet til oppkjøparverksemd.

Pesten betydde også at det vart meir jord til dei som levde vidare og utmarksressursar som næringsveg og ein ekstensiv vareutveksling mellom område vart såleis mindre aktuelt. Det er sannsynleg at desimeringa av befolkninga som fylgje av svartedauden medførte at dei økonomiske nettverka mellom ulike område vart kraftig svekka, og eksistensgrunlaget til mange av marknadsplassane fall vekk.



Figur 9-1. Den store nausttufta «Skiparstod» i Kinsarvik med mindre naust. Biletet kan sjåast som ein illustrasjon på dei økonomiske og politiske tilhøva før og etter nedgangsperioden på 1300-talet (Foto: ukjent, © Universitetsmuseet i Bergen / CC BY-NC-ND 3.0.).

Det vaks såleis fram ein generell re-orientering frå ein regional marknadsøkonomi til ein større grad av naturhushald og sjølvforsyning (Lunden 2002:95; Berglund mfl. 2009:74). Eit teikn på dette er ein auke i bruk av utmarksslåtter og korndyrking i utmark i denne perioden (Svensson 2015:293).

På stader som Kyrkjestølen, Røldal og Valle ser ein at frå 1500-, og 1600-, 1700-talet blir årvisse marknads plassar igjen tatt i bruk. Ressursar frå jakt og fangst kan framleis ha hatt ein rolle som handelsvarer, men òg til dømes talg til smørjing og ljos i gruvene, samt kjøt og skinn til ein aukande bybefolkning.

I det høvet kunne ein nytte dei store utmarksområda mellom Austlandet og Vestlandet. På våren vart storfe kjøpt opp på Vestlandet og store flokkar med storfe gjekk på fjellet på sommarbeite før flokkane med dyr vart ført austover og selde på årvisse marknads plassar på Austlandet. På austlandsbygdene var det ofte meir lønnsamt å kjøpe framfødde dyr enn å fø opp eigne kalvar. Sommarbeite i fjellet betydde at ein kunne fø mange fleire dyr enn det var vinterfôr til, og ved å auke

besetninga mellombels kunne fjellbygdene betre utnytte sine rike beiteområde (Tobiassen 1980:73–75; Bjørke 1987:82–83; Tobiassen 1989:19–20). Utmarka i samspel med årvisse marknadsplassar var slik av stor betyding for fjell- og dalbygdene i tidleg nytid, så vel som i sein vikingtid–høgmellomalder.

10. Marknads plassar omkring Hardangervidda – samlande drøfting og perspektiv

Ei overordna målsetning har vore å belyse kvar og korleis utvekslinga av varer og ressursar frå fjell- og dalbygdene gjekk føre seg i sein vikingtid–høgmellomalder. Sentrale spørsmål har såleis vore korleis identifisere marknads plassane, kvar låg dei og kva produkt vart utveksla her?

Vidare har det vore eit mål å undersøke når marknads plassane oppstod og kva brukstid dei hadde, samt å auke forståinga rundt kva aktørar som var involvert i produksjon basert på utmarksressursar og den vidare utvekslinga med desse. Slik har eg òg diskutert relasjonen mellom marknads plassane og den auka utnyttinga av utmarksressursar.

Perioden sein vikingtid–høgmellomalder er ein økonomisk ekspansjonsperiode med folketalsauke, etablering av konge- og kyrkjemakt og framvekst av byar. Eg har freista å sette innlandets utmarksressursar og utvekslinga med varer frå desse ressursane inn i denne konteksten og drøfte kva betydning dette hadde for fjell- og dalbygdene, men òg for samfunnet for øvrig.

Geografisk, tematisk og kronologisk er dette arbeidet omfattande og fokuset har av den grunn vore på dei overordna strukturane i ressursutnyttinga og handelen mellom innlandet og kyst- og fjordområda. Avhandlinga er difor utarbeidd i tråd med tidsbilete lagt fram av Braudel. Der dei lange, seige og overordna strukturane er styrande, men fungerer i samspel med mindre avgrensa hendingar. Ressursgrunnlaget i fjell- og dalbygdene med lite innmark, men store utmarksområde, kan sjåast som ein overordna struktur folk i desse områda levde innanfor. Dette har fordra ein grad av regional spesialisering med utgangspunkt i tradisjonar og ulike naturvilkår.

Det har blitt gjennomført arkeologiske undersøkingar på fleire av marknads plassane omkring Hardangervidda. Som geofysiske undersøkingar i Kinsarvik og synfaringar og metalløk på marknads plassar i utmark.

Funn og resultat frå tidlegare undersøkingar er samanstillt og blant anna nytta i GIS-analyser, til dømes for å vise mønster i spreining av emnesjern, eller vise overvekt av massefangstanlegg nord på Hardangervidda. Vidare er marknads plassane kartfest

og sett opp mot arkeologiske funn, kjente ferdselsårer, ulike område for ressursutnytting og historiske administrative grenser. Bruk av GIS har gjort det mogleg å sette marknadsplassane inn ein større kontekst og sjå dei i ljøs av arkeologisk, skriftleg og geografisk materiale.

Det er òg gjennomført statistiske analyser av tidlegare C-14-resultat og sett opp reknestykke for å anslå mengda framstilt jern i sein vikingtid–høgmellomalder. Resultata tyder på massefangsten på nordlege delar av Hardangervidda mest sannsynleg gjekk føre seg over store delar av 1200-talet, og at det gjekk føre ei jernframstilling i fjell- og dalbygdene som med klar margin overgjekk både regionalt og nasjonalt behov i denne perioden.

Mine funn og analyser indikerer at jernframstilling og jakt og fangst vart organisert og utført av ein lokal befolkning ved sidan av anna gardsdrift, og at varene frå denne overskotsproduksjonen vart utveksla på årvisse marknadsplassar eller meir faste marknadsplassar som Kinsarvik eller Kaupanger.

Framveksten av marknadsplassane og den ekstensive utnyttinga av utmarksressursar har blitt sett i ljøs av samfunnsøkonomisk teori. Der handel mellom stort sett likeverdige partar kunne sakte og over tid få ein større betydning på allereie eksisterande årvisse samkome, så lenge utvekslinga var fordelaktig, både økonomisk og sosialt, for alle partar.

Vareutveksling på slike stader var ein betydeleg faktor for overskotsproduksjonen basert utmarksressursar som gjekk føre seg i fjell- og dalbygdene omkring Hardangervidda. Gjennom marknadsplassane kunne befolkninga i innlandet få tilgang på naudsynte varer, som korn, kleber og salt. Likeins sikra marknadsplassane ein stabil tilførsel av jern, skinn, pels og gevir til kyst- og fjordstrøk, til mellomalderbyane og til konge- og kyrkjemakta.

Eg har forsøkt å syne og forstå befolkninga i fjell- og dalbygdene som aktørar i økonomiske og sosiale nettverk som batt saman regionane i Sør-Noreg i vikingtid og mellomalder. Marknadsplassane låg som knutepunkt langs ferdselsårer mellom ulike geografiske, og/eller rettsleg-administrative område, og vil såleis ha vore fokalpunkt for kommunikasjon og interaksjon, og stader der det vart spreidd varer, men òg idear, tankar og teknologi. Plassane kunne slik binde folk saman i økonomiske og sosiale

nettverk og fellesskap i vekslende grad avhengig av plassane sin storleik, funksjon og tidssamanheng.

Med ein kontekstuell tilnærming til marknadsplassane og eit breitt kjeldegrunnlag har eg freista å sannsynleggjere at handel og samkome på årvisse marknadsplassar var ein integrert del av samfunnet i det sørnorske innlandet i sein vikingtid–høgmellomalder.

10.1 Kvar låg marknadsplassane og når var dei bruk?

Ved å ta utgangspunkt i ein rekke kjelder og identifikasjonsmarkørar har eg utarbeidd eit oversyn over moglege marknadsplassar i Sør-Noreg. Datamaterialet inkluderer arkeologiske funn og strukturar, skriftlege kjelder, stadnamn, landskap og kommunikasjonsårer, segn og tradisjonsmateriale.

Dette datamaterialet vart tolka og analysert for å vurdere kva stader som kan ha vore i bruk i vikingtid–mellomalder. Eg har vurdert sju stader som moglege, seks som sannsynlege og 19 som sikre marknadsplassar frå vikingtid og/eller mellomalder, jf. kapittel 4. Av desse låg tolv innanfor den geografiske avgrensinga som er sett i prosjektet og har vore case-studiane eg har undersøkt nærare, jf. kapittel 5 og 6.

Marknadsplassane er lokalisert som kommunikasjonsmessige knutepunkt, der fjord og fjell møtast eller der ferdselsårer frå ulike bygder går saman, og mange av marknadsplassane ligg i grenseområde mellom ulike ressursar. Dette tyder på at marknadsplassane fungerte som interregionale møteplassar mellom innland og kyst. Det kan såleis vere tenleg å sjå marknadsplassane som knutepunkt i friskalanettverk, jf. kapittel 3.3.

Eit slikt nettverk var avhengig av relativt få sentrale mellomledd med mange kontaktar som sto for kontakten mellom meir marginale ledd i nettverket. Dette gjorde det særst effektivt, men òg sårbart og utstabil i krisetider, om nøkkelpersonar eller -stader skulle falle frå (Sindbæk 2007b:71; Loftsgarden 2011). I tillegg til varer kunne nyhende, tankar og liknande spreie seg hurtig innanfor eit friskalanettverk. Som knutepunkt i eit slikt nettverk kunne marknadsplassar bidra til å skape og oppretthalde ei kulturell og sosial tilhøyrse med resten av samfunnet, og gjorde det mogleg for folk

i fjell- og dalbygdene å vere aktive deltakarar i samfunnet, og ikkje passive mottakarar av kulturtrekk.

I eit samfunnsøkonomisk perspektiv vil det vere størst sjanse for fordelaktig byte (for alle partar) mellom område med ulikt næringsgrunnlag. Dette kan vere med å forklare framveksten av marknadsplassar lokalisert i grenseområda mellom innland og kyst. Dette vil også medføre at det vil vere færre marknadsplassar, der utveksling av subsistensvarer stod sentralt, i område der dei fleste produserer det same, til dømes innanfor ein region med gode jordbruksforhold.

Marknadsplassane som utgjer case-studiane er klassifiserte etter klassifikasjonssystemet som vart utvikla i samband med prosjektet. Denne fyrste klassifikasjonen vart nytta som utgangspunkt for å klassifisere og nyansere dei resterande marknadsplassane. Geografisk ser det ut til å vere eit mønster der det i fjell- og dalbygdene er relativt mange, men små årvisse marknadsplassar, omtala som type III eller type IIb, medan kyst og fjordstrøk har færre, men større plassar for ei vidare geografisk vareutveksling, type IIa. Desse er òg knytt opp mot regulære byar med ein større organisasjon og nettverk.

Kronologisk er den tidlegaste lokaliteten Bjørkum, som er datert til tidleg vikingtid og unik på fleire måtar. Det er tydelege spor etter produksjon på Bjørkum og det er indikasjonar på at handelen var meir tilslørt og moglegvis ein meir integrert del av sosiale samkome. Kjeldene tyder på at frå sein vikingtid blir handel ein meir uttalt del av årvisse samkome i innlandet. Det er skjer no ein markant auke i regional overskotsproduksjon, vektlodd blir standardisert og det er indikasjonar på ein større bruk av sølv som betalingsmiddel.

I Valle blir denne utviklinga særleg synleg i gravfunn med sølvmynt, importfunn og vektutstyr. Som nemnt er det mogleg at denne utviklinga skjer også i andre innlandsområde, men er mest synleg som gravfunn i dei seine før-kristne gravene i Setesdalen. Det er med tanke på dette mogleg at både Kaupanger, Kinsarvik og Røldal vaks fram som marknadsplassar på 1000-talet.

Kaupanger i indre Sogn, Veøy i Romsdalsfjorden og Borgund på Sunnmøre er dei mest framtrekande marknadsplassane, omtala som kaupangar og kjøpstader i kjeldene, mellom Bergen og Trondheim i sein vikingtid–høgmellomalder. Desse er

klassifisert som type IIa marknadsplassar, og dei tre stadane står fram, iallfall ut på 1100-talet, som marknadsplassar med fast befolkning og administrative funksjonar. Dei er òg knytt i økonomiske og politiske nettverk til Bergen, som får ein aukande politisk og samfunnsøkonomisk betydning i denne perioden.

Arkeologiske undersøkingar og funn tyder på at Kinsarvik bør bli inkludert som type IIa marknadsplass. Gjennom dei nye geofysiske undersøkingane og tidlegare registreringar og prøvegravingar, er det vist spor etter 18–20 hus som har stått samla på Almerket, allmenningen i Kinsarvik. Det er òg påvist tjukke kulturlag med funn av blant anna mynt, slagg, emnesjern, kleberstein og keramikk som tyder på handel og mogleg produksjon i mellomalderen.

